– Eg vil vere med å bygge bibelskolen i Tanzania! Her har du mi gåve! Han bar fram nokre velsigna ord om det gode tiltaket. Så la han igjen ein konvolutt på pulten og takka for seg.

1000 kroner låg att etter han. Mykje pengar, svært mykje i 1976. Den gåva var ikkje eineståande frå hans side.

Det var særleg tre tilhøve TB var oppteken av i samband med eit møte. På førehand – om folk ville kome. Etter møtet om budskapen hadde nådd fram, og om kor mykje som kom inn til misjonen. Det første trong han ikke bekymre seg for. Av og til var han misnøgd med gåva til misjonen, og det kunne han og gi uttrykk for.

– Å, det burde kome inn meir. Såg du den veldige bilparken, og så ikkje meir til misjonen!?

Fyrste gongen eg minnest eg hørde om TB, måtte sikkert vere ein mørk vinterkveld ved kjøkkenbordet heime. Om vintrane var far oftast på reis med evangeliet rundt om i bygdene på Sunnmøre og i Romsdalen. Etter fjøsstellet om søndagane kunne mor ta eit blad eller ei bok og lese for oss. Vi likte også å sjå i minneboka som ho hadde frå tida på Fjellhaug, og mor kosa seg når ho fortalde om opplevingar frå den tida.

TB hadde og skrive eit minne, og han hadde ikkje spart på blekket. Og biletet av den unge mannen var limt inn på same sida. Og så var det han som skreiv så mykje i Utsyn. Ennå minnest eg mor sin kommentar ved eit høve: ”Ingen skriv så varmt som Trygve Bjerkrheim!”

Og så var det han som hadde skrive songen ”Han

tek ikkje glansen av livet”. Det vart ein av slagarane ved andaktene heime.

Då eg i 1973 byrja som redaktør i Ungdom og Tiden, var det ikkje lenge før TB banka på døra. Ofte kom han med eit dikt eller fleire i lomma.

TB var nok vonbroten meir enn ein gong fordi eg ikkje tok inn fleire av versa hans. Men han vakta seg vel for å gi uttrykk for slike tankar overfor meg. Desto meir takka og lova han for dei som kom på trykk. Så vart også ei mengd dikt og notesongar spreidde mellom folket gjennom Utsyn og UT i all verden i desse åra.

Etter kvart forstod eg meir av TB sitt problem, han produserte meir enn bøker og blad kunne svelje unna. Tok eg inn to av dikta hans i Utsyn, hadde han gjerne skrive to nye før han nådde heim til Sinsen same dagen. Ofte skreiv han på trikken. Og før han hadde sovna om kvelden hadde han gjerne ”fått” to til. Ikkje sjeldan måtte han opp om natta. Det flaug ein fugl (les: dikt) på vindaugget, og han måtte opp og ”sleppe han inn”.

Før han igjen banka på kontordøra – med eit par dikt i lomma, hadde forrådet gjerne vakse både med ti og tjue.

Det hende han kommenterte at nokon meinte at han skreiv for mange. Det øyra ville han helst ikkje høyre på.

– Dikta er som fuglar, dei kjem til meg. Og skal eg då ikkje ta imot dei? sa TB sjølv.

Men tilbake til starten. Det var i Bjerkreim i Rogaland Trygve Alvgeir Bjerkrheim kom til verda – 26. august 1904. Ved ei krystallklar elv, og medan hundreåret enno var ungt, som han sjølv ynda å legge til. Bruset frå elva var som musikk i barneøyrene, og vart ein del av den naturoppleving som gjennom

heile livet gjorde så sterkt inntrykk på naturlyrikaren TB.

Det er gripande å lese kva faren skreiv i dagboka si då Trygve var vel komen til verda:

”Atter en gledens dag for mitt hjem. Abigael nedkom nemlig med et velskapt guttebarn, nummer åtte, som er nummer fire av gutter. Vi hadde bedt meget til Gud om et heldig utfall, og mange venner var også med. Det viste seg at Gud hører sine, og at Guds kraftige arm var med. Ja, tenk: Nå åtte barn. – Kjære Gud, må vi få være sammen hos deg i evighet. Vår bønn er: La oss bli dine sanne barn! Og han har lovet at – Jeg og mitt hus skal bli frelst. Pris skje Gud. Så anbefaler vi også dette barn til deg.”

Heile livet var Trygve ekte glad i heimbygda si – Bjerkreim, sjølv om han berre var 9 år då heile familien flytte til Austlandet og Løken i Høland. Bjerkreim kommune har og vore framsynt nok til å heidre TB sitt minne. For fleire år sidan er det etablert ei Bjerkrheim-stove i bygda.

TB var slektstbevisst, og han held det som ei stor velsigning å få vekse opp i ein barnerik familie – med heile 11 sysken.

Begge foreldra vart åndeleg vakte og tok imot frelsa i vaksen alder. Først mora, som etter kvart også fekk lokka mannen sin til å gi seg over til Gud. Når TB fortalde frå heimen, og det gjorde han ofte, var det helst mor som levde i hugen hans. Ingen tvil om at det var ei særmerkt kvinne. Abigael hadde stor arbeidskraft, men hjartelaget for Guds folk og misjonen var endå større. Mest av alt er ho hugsa for brennande vitnemål og ønskje om å vinne fleire for det evige livet.

Som ung kristen, meinte TB, hadde ho gitt Herren ein lovnad om å at alle som kom innom heimen, skulle få med seg eit ord om Jesus.

– Så langt eg veit, trur eg ho heldt denne lovnaden, hugsar eg TB sa ved eit høve.

Det var i denne åndsatmosfæren TB voks opp. Her var samlingar i heim og på bedehus, med vekkinga sitt livsalvor og frelsesfryden sine lovsongstonar. Her lydde inntrengjande vitnemål om å vende om medan det enno var dag, snart kunne det verte for seint. Vegen var smal og porten trong. Når det i det heile var mogleg å fote seg på Vegen, var det på grunn av Jesu verk åleine.

Barndomsheimen hadde ei opna dør for predikantar og misjonærar og for dei truande i bygda. Foreldra var med på å reise to bedehus – eit i Bjerkreim og eit på Løken.

Etter middelskolen, hausten 1920, sende faren TB til Misjonssambandet sin ungdomsskole på Fjellhaug. Der fekk TB ganske snart lagt grunnsteinen for livet sitt. TB var aldri i tvil om kva som var faren sin fremste strategi med dette trekket. Han hadde nok tankar om vidare skolegang for den snarlærde sonen, men det viktigaste no var at Trygve måtte verte ein personleg kristen.

Etter 14 dagar på Fjellhaug hende det. Det var gripande å høyre TB fortelje om korleis ein ung bibelskoleelev frå Fyresdal kom inn på rommet hans etter eit laurdagsmøte. Han formante unge Trygve til å få si sak i orden med Gud. Dei enda på kne – ikke berre dei to, men også romkameraten. Denne store avgjerda var til glede og fryd for TB heile livet – ikkje mindre mot enden av livet sin veg!

TB kom til å fortsetje å bu på Fjellhaug resten av sitt yrkesaktive liv – omkring 50 gode år. Ikkje rart at denne staden kom til å stå i ein eigen glans i livet hans. Etter ungdomsskolen held han fram ved Kristeleg Gymnasium. Etter ein god eksamen



fekk han ei vanskeleg tid, han visste rett og slett ikkje kva han skulle bruke livet sitt til. Men han var interessert i språk, derfor fall det naturleg å velje filologi. Etter å ha vore innom både fransk og engelsk fall TB likevel ikkje til ro med at han var på rett veg. Han likte seg verken i den litteraturen studentane måtte igjennom eller i miljøet. Etter eit par år med tvil og uro, og med militære innimellom det heile, enda han opp med teologi ved Menighetsfakultetet.

TB humra når han fortalde kva faren hadde skrive i dagboka si i denne tida: ”Håpar han inkje vasar seg inn med prestskapet”.

TB sjølv tenkte heller aldri tanken på å bli prest, slik alle dei andre MF-studentane gjorde medan han gjekk der. Til det var spranget for stort for det lekmanssynet som TB sjølv og heile miljøet hans i den tid var ein del av.

TB treivst med teologien, men han sat for det meste heime på Høland og las. Han tok ein førsteklassens eksamen i 1929. Det han fekk med seg desse åra, vart hans gode forråd både som lærar på Fjellhaug, og frå 1936 også som redaktør for Kineseren – nå Utsyn. TB fekk 35 år som redaktør og omkring 40 år som lærar ved Fjellhaug – det meste av tida som timelærar.

TB trong ikkje gå langt for å finne den store kjærleiken. Thea Karina Maudal voks opp på ein av nabogardane. Etter eit møte ein kveld fylgde TB henne heim. Då han tok henne i handa for å seie farvel, slo det gneister som funkla i to par auge. Den kvelden trilla sykkelan uvanleg lett heimover, fortalde TB. Det vart starten til eit langt og kjærleg samliv – også i vonde sjukdomsår for Thea. Det var eit sagn for dei at dei ikkje fekk barn.

TB snakka ofte om Thea si ekte gudsfrykt, hennar

kjærleik til misjonen, og korleis ho var ei støtte i arbeidet og på vegen mot det evige liv.

I over 20 år sleit Thea med ein vond sjukdom og mykje smerter. I over to år vart ho liggande hjelpelaus på Ullevål sjukehus, og TB besøkte henne kvar dag. Kvar gong song han for henne og andre pasientar. Særleg var Thea glad i å høyre: ”Du får koma til Jesus med det som er tungt, med di synd og di sorg og di sut. Du skal vita for visst: Om du kjem som du er, skal han slett ikkje støyta deg ut.”

TB sa det sjølv ved Thea si bære då han måtte følgje henne til grava etter 53 års ekteskap: – Gamal kjærleik rustar ikkje!

Utan tvil hadde TB særleg interesse og anlegg for språk. Etter kvart tilegna han seg store kunnskaper innan faget. På lange køyreturar kunne han halde interessante utgreiingar. Latinen hadde han visst berre glede av, og det var stor underhaldning når han kunne briljere og imponere om røter og opphav til einskilde ord og uttrykk.

TB var kunnskapsrik på fleire område – nysgjerrig, interessert, undrande og imponert som han var, både over livet, tilværet, naturen og universet. Langt til han nærma seg 90 år låg det bunker av bladet ”Illustrert Vitenskap” på bordet hans. Jo, han hadde slik moro av å følgje med på nye oppdagingar i natur og univers!

Ein gong kom vi i snakk om Ivar Aasen og hans undring over universet og ”kva som er utanfor røymdi då”, som det heiter i eit av dikta hans – og vidare – ”ei tru må stydja oppunder”. Så bryt TB ut:

– Å! Eg er så imponert over Skaparen og skaparverket. Veit du, sola er 1.300.000 km i diameter ...! Og så doserte han vidare om kor lang tid lyset tok på ferda frå sola til jorda. Og vidare kor lite universet skal skippe seg før det heile kollapsar. Og

han visste akkurat kor lite sola skulle nærme seg jorda før det vart uleveleg heitt for oss.

For TB var naturen og himmelrommet og naturlovene eit mektig vitnemål om Gud, som styrte alt dette i sine rette baner.

Ein gong vi sat og venta på ”take off” på Fornebu, kjem det frå TB:

– Eg er så imponert over flygemaskina! Så hadde han site og lese om kor mange tonn denne ”jarnfuglen” kunne ta inn og endå lette. Og endå større, at han også kunne lande så mjukt.

– Tenk for erfaring og ingeniørkunst som ligg bak eit slikt meisterverk. Men eg er endå meir imponert over Gud som har gjort alt dette mogleg!

Det var nettopp på reiser eg verkeleg fekk lære TB å kjenne på nært hald. Berre i 1991 hadde vi 25 møte saman rundt om i heile Sør-Norge – for vår felles store hjartesak, misjonen og Utsyn. På mange av desse møta fekk vi og vere saman med Rannveig og Randulf Saunes, som spela og song TB-songar.

La det forresten vere sagt med ein gong. TB har vore velsigna med gode song- og tone-ambassadørar til songane sine. Her stiller songaren Randulf Saunes og toneskaparen Mons Leidvin Takle i særklasse. Gunstein Draugedalen og Egil Haugen kan og nemnast. Ein vart forsvarslaus i rett forstand, og ein opplevde song-innhaldet så sant og rett, når Saunes i si tid stemde i – anten det var: ”Det strøymer ei livselv av lukka” ... ”Eg lever og alltid får leva Ved han som leid døden for meg”, ”Det finst ingen grunn til mismod”! for å nemne nokre.

TB imponerte i kraft av den personen han var, venleg, omsorgsfull, positiv og kunnskapsrik – med stor og lang livserfaring. Han var ikkje feilfri. Også

TB var ein syndar og eit sårbart menneske. Det var han sjølv også klar over, derfor kunne han også gi oss nokre av dei songane som vi er aller mest glade i.

*Du får koma til Jesus når gale det gjekk,  
Du får koma for tusende gong.*

Nokre har nok meint av TB var *vel* konservativ. Det er ikkje berre rett. Teologien låg fast. Han visste kven og kva han trudde på. Det som galdt trua sitt innhald og grunnfjell, der var han ikkje til å rikke. Men han var ikkje fastlåst på ein usunn og bastant måte. Det var interessant å høyre når han ofte kunne refse uvist ”kjepphesteri”, som dessverre NLM heller ikkje er spart for.

Han forstod godt å skjelne mellom det som hadde med trua sitt fundament og innhald å gjere, det som må stå fast, og det som i det kristne arbeidet heile tida må forandre seg, – det som har med former og arbeidsmåtar å gjere. Han hadde for eksempel teft for det som braut på innanfor kristen song og musikk, og han gledde seg over at nokre av songane hans fekk meir moderne uttrykksformer.

Han kunne ha ei framferd som både kunne vere særmerkt og noko høgtideleg. Han kunne virke aristokratisk, hadde liksom anlegg for det. Men desse personlege draga ved han stengde ikkje for kontakt med vanlege menneske.

For det var nettopp i møte med menneske TB kom til sin verkelege rett. Han elska ”den eine”, samstundes som han gledde seg i godt lag. Særleg treivst han saman med medarbeidarar og misjonsvenner. ”Medarbeidarar” var forresten eit særleg verdfullt omgrep for TB, og det omfatta så visst ikkje berre tilsette i misjonen. Nei, han elska alt Guds folk, og særleg dei trufaste misjonsvenene i

NLM. Ofte kunne han spørje: – Er det ein av våre? Var svaret ja, var gleda dobbel.

Å stå framfor ei forsamling, det var ei oppleving for han – like stor kvar gong. Å, kor han elska det. Dette var noko TB meistra som ingen andre. Og folket elska han. Det varme andletet hans strålte med ein særleg glans når folk hylla han for dikta og songane. Då kunne TB gle seg og vere kry som eit barn. Han hadde ein glupande appetitt på godord. Og vart det for mykje, og det skulle mykje til, sa han det ofte slik: ”Eg slyngjer æra høgare opp!”

Ein gong fekk eg vere med TB i eit TV-program hos Knut Bjørnsen, ”Æres den som æres bør”. Det var ei underleg oppleving. På si ferd mot studio måtte han innom den eine stasjonen etter den andre – sminkerom, servering osv, med ulike typer menneske. Eg skal seie 90-åringen tok folka med storm! Han imponerte alle. Etter programmet ville damene på huset ha ein klem av TB. Eg var glad at eg fekk rive han laus og lose han trygt heim til Lørenveien den seine kvelden.

Ein ting kunne ikkje TB forstå etter det programmet. Han ville gjerne ha sagt at han ikkje frykta å døy – i sin høge alder. Men det vart for sterkt for programleiar, han ville ikkje ha snakk om noko så trist som døden i eit underholdningsprogram ein laurdag kveld.

– Men døden er jo ikkje noko trist, sa TB i bilen heim den seine kvelden. – For ein kristen er døden også noko ljost og fagert som fører oss til Guds herlege bustader. Han visste at ”Over graven skinner håpet” og at ”Når døden sin brottsjø du møter, vil Jesus dra båten i land”.

TB elska livet, ja, han var rett kristent forstått ein livsnyttar. Eg kjenner knapt nokon som kunne fryde seg over å vere til som TB. Så kjenner eg knapt noko

som kunne tale så ope og engasjert om himmelen og dei evige bustader. Dit hadde han tenkt seg! TB frykta ikkje døden, ferjemannen over til det landet ”der æveleg høgtid du held”!

TB er utan tvil ein av vår tids store kristne personlegdomar, og særleg er det songane som har gjort TB udøyeleg. Han er visst verdensmeister i kristen diktning når det gjeld produktivitet. Ikring 15000 dikt og songar skal det liggje igjen etter han. Meir enn 400 er det så langt sett tone til. Han har rekordmange produksjonar i Sangboken. Og det tener komiteen til lita ære at ikkje fleire TB-songar kom med i Salmeboka.

Ei mengd av songane har blitt kvar manns eige, representert som han er i alle landets kristne songbøker. Og fleire er omsette til ei rekkje framande språk.

Og så alle kantatene, jubileums-, julekantater og påsekantater. Dei er for mange til å rekne opp. Dei talar for seg sjølve, og dei talar sterkt.

Berre tenk på denne udøyelege perla frå julekantata ”Den store stjerna”, som Mons Leidvin Takle har gitt vengjer:

*Ikkje til sjølvhjelpete sjeler,  
ikkje til stolte sinn,  
men til dei brostne hjarto,  
stig verda sin skapar inn.*

Og Kristuskvadet – dette poetiske storverket. Kven er hans like?

Når det gjeld innhald, har TB gitt oss evangeliske perler som blenkjer og lyser og kastar glans over Jesus – på veggen ”til det landet” der alt er evig ungdom. Han roter ikkje evangeliet bort i utydelege ord og vendingar. Enkelt, men ekte, det er TB sitt varemerke. Tydeleg og forståeleg for alt folket.

Inspirert av Kristus – ”kjelda den klåre”, makta han å tolke Jesu frelsande hjartelag på ein slik måte at syndaren kjenner seg igjen – og sjølv vert gripen av Kristus.

”Eg kan ikkje unnvera deg.”

Kan det seiast klarare, sannare og meir alvorleg: ”Du kjem ikkje utanom Jesus..!”

Og kan ein syndar som har gått seg fast, finne sælare trøyst: ”Det er nok det som Jesus gjorde ...!”

Og kven vil ikkje juble med: ”Den sælaste lukka i livet vart di ...”, sjølv om ein må bekjenne – og samstundes be: ”Og hjarta ditt burde då fortare slå ved Golgata-kjærleikens brann ... At alle må høyra om Han”.

TB var rett forstått stolt av å vere ein kristen, og det gjennomsyrer songane hans. Begeistra syng han om den useielege glede det er å få vere eit fattig, men likevel rikt og trygt, Guds barn.

*Eg noko veit som du aldri tregar  
at du i livet gjekk Herrens vegar.*

Han har noko å gi både til unge og eldre, til folk i sine beste år, og til dei som sjukdom og alderdom har teke til sides. Sterkast er kanskje songane om det kristne livet.

Jesus er for heile livet, og for alle slags livssituasjonar, det har TB lært oss i songane sine. Kven kjenner seg ikkje igjen i den enkle songen: ”Gå til din Skapar og gråt ...?”

Folk som har tenkt seg til himmelen, har fått ”vegmerke” til å syngje seg frametter – til den staden.

Det var heilt naturleg at TB fekk Kongens fortenestemedalje i gull i 1993. Det var ei enkel sak å avgjere, gav fylkesmann Kåre Willoch uttrykk for på festsamværet. Han kvalifiserte for medaljen med

god margin. Sjølv kalla TB denne opplevinga for ”Glitretinden i livet mitt”.

Og då har vi enno igjen å nemne alt han skreiv om naturen, Guds storfelde skaparverk og fedrelandet. Det er ikkje utan grunn at første diktsamlinga han gav ut, vel og merke i mogen alder, i 1946, nettopp heitte ”Landet og lyset”. Naturpoeten Theodor Caspari gav TB då denne attesten: ”Jeg ser i ham en lovende naturlyriker, en dikter som med varm henførelse og betydelig vingefang flyr hen over Sollandet Noreg.”

Då TB runda 90 år, ville Utsyn heidre han ved å gi ut nokre av dei så langt upubliserte dikta og songane hans. Eg fekk vere med han heim, og vart vist til eit arkivskap i garasjen. Saman med ei gamal folkevogn, fann eg her foldar etter foldar med dikt. Eg tok med meg eit knippe, fekk heller ta ein ny tur. Men eg var overraska over kor få eg sorterte ut. Eg samarbeidde om prosjektet med lektor i norsk ved gymnaset i Volda, Kari Mørk. Eg fekk snart melding frå Volda at bunken ho hadde teke imot, inneheld meir enn nok til eit hefte.

Olav Skraastad teikna så meisterleg omslaget på heftet som fekk tittelen ”Takk for sangen”. Han sa om diktet ”Det skjer noko stort i det stille”, som han både skreiv og teikna på baksida av heftet: ”Det må vel være noe av det beste Bjerkrheim har skrevet.” At Utsyn-lesarane sette pris på heftet, og elles songane som TB har gitt oss, fekk vi endå eit kraftig svar på: 1 million kroner vart jubileumsgåva til misjonen ved dette høvet!

Mange minneblad får berre liggje. TB nemnde at mora hadde gitt Herren ein lovnad om å gi dei som kom innom i heimen, eit ord om Jesus med på veggen.

Tru ikkje om TB sjølv hadde noko av det same hjarteønskje? Han spilte så visst ikkje tida med tome ord når vi møtte folk, om det var på fly eller på ein kafé langs landevegen. Han fortalde gjerne kven vi var, om den store misjonsorganisasjonen som vi representerte, om misjonærar og om arbeid alt i 11 land! Og om møtet vi skulle ha til kvelden. Mange gav uttrykk for at dei både kjende ”Det er makt i de foldede hender” og ”Han tek ikkje glansen av livet”! Det viktigaste for TB var å nytte høvet til å slå an ”himmeltonen” hos menneske han møtte på sin kvardagsveg. Han ønskte å vere ein kvardagskristen!

Eit kjært ”blad” å ta med frå minneboka etter den Kristus-gripne pilegrimen.

Han fortalde frå sine unge dagar. Han hadde vore heime i Høland og hadde teke farvel for å reise attende til Fjellhaug. Då han var vel ute av huset, kjem mor etter og ropar han inn att.

– Trygve, det er noko eg vil seie deg!

Inne i gangen slår ho armane om ungguten sin.

– Trygve, eg vil berre minne deg om at Jesus er glad i deg!

Så kunne han reise. TB fortalde denne historia av og til, og alltid la han til:

– Enno i dag, over 70 år seinare, kan eg kjenne korleis desse orda varmar mitt gamle hjarta. Er det ikkje stort å få vere ein kristen! Tenk, Jesus elsker meg, og han elsker deg!





## BAKGRUNN FOR NOEN AV SANGENE

# ”DET ER MAKT I DE FOLDEDE HENDER”

FORFATTAREN FORIELOM BAKGRUNNEN TIL 75 AV SINE SONGAR  
1979

## *Opnings-klanger*

”– OG DERSOM DU HAR FÅTT DET –”

Ein kald vinterdag på ein kyrkjegard i ei skogbygd langt mot aust i landet. Det er djup snø, og sno frå nord.

Eit lite fylgje er samla rundt ei open grav. I den kvite kista ligg den avsjela lekamen til ei russisk kvinne. Ho hadde vore sinnsjuk, og i privat pleie på ein av gardane. Det vart sagt at det var ulukkeleg kjærleik som gjorde at ho miste forstanden.

No var ho død, og skulle leggjast i ei kald grav langt borte frå heimlandet, – etter eit tragediefylt liv.

Det var før grav-kapellet kom, so den aldrande presten las ritualet ute på gravbakken, i snø og kald-sno. Skriftordet han las, hadde eg ikkje hefta meg ved før, hadde kanskje ikkje høyrte det heller. Men fordi det er so talande, og vart lese i denne noko dramatiske situasjonen, har eg aldri gløymt det sidan. Og kvar gong eg høyrer det lese, må eg minnast gravferda den kalde vinterdagen for om lag 50 år sidan, då den ulukkelege russiske kvinna vart lagd i ei vinterkald grav i skogbygda der aust.

– Og slik lydde det apostoliske ord:  
”Kva har du som du ikkje har fått? Men om du no og har fått noko, kvifor rosar du deg då som om du ikkje hadde fått det?”

Eg minnest ikkje prestens tale no, etter desse

mange år. Men på bakgrunn av den dystre lagnad til ho som no låg i si grav, ville han nok seia oss: Me som har ein lukkelegare livslagnad, me må minnast at alt me har, er ei ufortent gåve frå Gud. Difor må me ikkje rosa oss, men takka ”alle gode gavers giver”.

Dette ordet har tidt kome til meg med tanke på dei songar, salmar og kvad som eg fekk formidla i dei mange år, frå ungdoms-våren til alderens haust. – No vil eg vera varsam med å seia at det diktet og den songen har eg ”fått”. Held det ikkje mål, so skal ikkje himmelen ha skuld i det! Men i alle høve, – om skalde-evna er stor eller lita, so er ho lagd ned i sjela av den store Skaparen.

Og har du fått det, so er det ufortent gåve. Og kvifor rosar du deg då som om du ikkje har fått det? Og ein har ikkje bare fått det beinveges frå Gud – i form av givnad og inspirasjon – men ogso gjennom medmenneske. Eg kan nemma song etter song som aldri var blitt til om det ikkje hadde vore ein som sa dette eller hint, gav ein tråd til å spinna vidare på. – I staden for å rosa seg får ein då grunn til – og trong til – å takka og prisa både Gud og menneske.

”JE HAR GJORT DET DOM BAD MEG  
Å GJERA!”

Misjons-kvinnelaget hadde møte på ein gard i skogbygda. Og vesle Arne hadde fått lov av mor til å vera med. – Det går ofte gemyttleg for seg på desse elles alvorsame møte, og so seier mor til vesleguten: ”Nå, Arne, må du gi tante Else en god klem!”

Ja, Arne var lydig. Og den aldrande Else fekk ein klem av den vesle karen. – Etterpå spøkte mor med småguten sin og sa:

– Men Arne da, å er det du gjer? Gir du jentene en klem?



Då svara den vesle sveinen, som no er vaksen og lærar, – og det er ikkje utruleg at det skein ei tåra i augo:

– Je gjer det dom bad meg gjera!

Når ein skal fortelja om songar og salmar som ein sjølv fekk formidla, kjennest det ikkje godt å skriva om sine eigne saker. Då må eg minnst det som litle Arne sa på misjons-kvinnemøtet: ”Je gjer det dom bad meg gjera.” – Og det har ikkje vore få oppmodingar frå år til år om å skriva ned saga om nokre av songane. Forlaget har bede meg, og fleire andre. Første gongen, minnst eg, var på Oslo-gata for mange år sidan. Eg møtte ein studiekamerat, og han bad meg innstendig om dette. Snart kan ein falla bort, sa han. Og då er det for seint.

So tykte eg det kunne høva no når eg – underleg nok – nærmar meg ein ganske stor milestein.

Det ligg meg ogso på hjarta å nemma at forfattaren av denne boka ikkje bare fortel om seg sjølv, men om mange, mange andre, som var årsak til at songane vart til og vart sungne, – anten det er ein gamal kristen pilegrim høgt oppe under Folgefonna, ei ung, døyande lærarinne i Telemark, ein far ombord i kystruta, som tek farvel med son sin, eller ei bibelskule-jente som seier skulen takk. Og fleire andre.

### ”OGSO DEI SMÅ SONGANE HAR SINE SKJEBNER”

Det er i det gamle K.F.U.M.-huset i Møllergata i Oslo, ei stund etter den siste verdskrigen. Dei kristelege forlaga i byen har tillyst ein bokkveld. Og dei har bede den kjende svenske forfattaren *Sven Lidmann* om å koma og tala.

Det var vel skjegg-pryden hans som gjorde at han såg eldre ut enn han var. Men eg minnst at han

sprang so lett opp den høge troppi til talarstolen. – Lidmann tok til med å sitera eit gamalt latinsk ordtak: ”Habent libella sua fata,” som han omsette slik: ”Även de små böckerne hava sina öden” – sjølv dei små bøkene har sine skjebner.”

So fortalde han korleis han for mange år sidan, i ei av dei mange antikvitets-buene ved Seinen, i Paris, hadde kome over ei gamal, lita bok av Thomas a Kempis: ”Kristi Etterfølgelse”. Det var vel ei bestemor eller tante som hadde gjeve denne namngjetne ”Imitatio Christi” til ein konfirmant, meinte Lidmann. Og på tittelbladet hadde ho skrive med sirleg skrift, på fransk: ”Usæle dei som hefter seg ved dei jordiske ting! For dei skal forgå saman med dei!”

Desse alvorsame ord slo ned i den unge livsnyttande og verdslege mannen som eit tordenskrall. Frå den stunda tok eit nytt liv til for Sven Lidmann. Han vart ein kristen.

Med like stor rett kan me seia: ”Habent canticula sua fata – ogso dei små songane har sine skjebner.” Og det er nokre av desse ”skjebner”, lagnader, som denne bok vil freista å fortelja om.

Oftast vert det bare ”bakgrunnen” eg kjem til å ta med, det som førde til at songen vart skriven. – Opp gjennom åra har eg fått ganske mange brev som bar bod om kva ein song eller eit kvad hadde å seia for ein og annan. Men bare i etter måten få tilfelle har eg teke med sovore. Det har i det heile vore vanskeleg å vita kva som skulle verta med i dette attersynet.

Då eg tok til med dette arbeidet, visste eg ikkje at stoff-tilfanget var so stort. Fleire songar er blitt tekne med enn eg først tenkte. Likevel er det mange andre eg nok kunne ynskja å fortelja om, men som av plassomsyn ikkje vart med. – Av dei mange omsetjingane frå andre mål er bakgrunnen til desse tekne med: ”Velsigna band som bind”, den gassiske

”Martyrsongen”, og so nokre frå Island. – Heller ikkje er misjons- og julekantatane omtala.

Den av songane som har fått den breiaste omtalen, er ”Han tek ikkje glansen av livet”. Grunnen til det er at soga om denne songen er noko spesiell, både når det gjeld bakgrunnen, dei ymse tonane og songen sin lagnad etter at han vart skriven.

Under arbeidet med boka har tankane gått med takk til dei mange tonekunstnarane som har sett nokre vakre ”vengjer” – melodiar – til dei små ”dikt-fuglane”, og på den måten har hjelpt dei til å flyga vidare ut og lenger om land. – Denne takk går ogso til dei komponistane som har skrivne tonar til songar som ikkje er nemnde her.

Teksten til dei songane som ikkje står i ”Sangboken”, har eg – heilt eller delvis – teke med her. På denne måten ville eg at denne boka skulle ha ikkje bare eit opplysende, men vonleg ogso eit forkynnande og oppbyggeleg sikte.

Eg ville gjerne tidfesta og stad-festa dei ein-skilde songar og salmar. Det føyde til ikkje lite granskar-arbeid, men har vonleg lukkast i dei fleste tilfella.

### *Ei kjelda tek til å olla*

”VER GOD MENS DU KAN!”

I 1934 vart dei tri songane til som først fekk plass i ei songbok. Den eine er: ”*Ver god mens du kan!*”

Det er på ei bryggja i Oslo, – eg trur helst det var ein haustkveld. Kystruta skal leggja frå land. Det var før Sørlandsbanen var ferdig. Oppe ved rekkja stod far, som då var om lag 70 år gamal. Han skulle fylgja båten til Egersund, og gjesta si barndoms-bygd. Nede på bryggja stod sonen.

Skipsklokka ringjer for siste gong. Landgangen vert teken bort, og skipet glir frå land. – Far står der oppe og vinkar. Og sonen nede på bryggja vinkar. Då slår med eitt ein tanke ned i han: Kanskje du ikkje får sjå far igjen. Og i alle fall kjem det ein gong då du seier farvel med far for godt. Då slo ein annan tanke ned i hugen: Du må vera god mens du kan!

Denne tanken arbeidde vidare i hjernevindingane medan eg vandra heimover i dei mørke gatene framom Akershus festning, og vart forma i nokre vers, til tonen ”Far, verden, farvel!”

*Ver god mens du kan!*

*Ver trufast og kjærleg, ver ærleg og sann!*

*Når kvelden kjem på og di sol sig i hav,*

*då angrar du ikkje på det som du gav*

*mens dagane hasta og åri dei rann.*

*Ver god mens du kan!*

*Ver god mens du kan,*

*før landgangen går og eit skip legg frå land!*

*Du står der aleine; ein kjær er ombord.*

*Du når han ei lenger med kjærlege ord.*

*Ja, snart kan det henda at ein legg frå land.*

*Ver god mens du kan!*

*Ver god mens du kan,*

*når våren legg solskinn so varmt over land,*

*i sommarens ynde, i hausten sin fred,*

*når snøen kjem stilt ifrå skyene ned,*

*ved gry og når sol gyller kveldsky si rand!*

*Ver god mens du kan!*

*Ver god mens du kan!*

*Strø ut dine såkorn med kjærlege hand!*

*Ver god mot dei gamle, dei unge, dei små!  
Å, lat dei eit solskin i auga ditt sjå!  
Lat Herren deg fylla med kjærleikens brand!  
Ver god mens du kan!*

Same året vart songen prenta i ”Kineseren” (no ”Utsyn”). Sidan tok Halvor Fottland han med i ”Songbok for norsk ungdom”. Han står også i ”Humorforbundets sangbok”. – Underleg å tenkja på at dei orda som slo ned i sinnet ei mørk kveldstund for 45 år sidan på bryggja i Oslo, enno ”lever”, og vert sungne rundt om i landet. – Men han som stod oppe ved rekkja i kystruta, han visste ikkje at ein liten song vart til i den stunda, og at han sjølv og den songen han var opphav til, skulle omtalast so lenge etter.

#### ”LAT JESUS FÅ DIN FØRSTE MORGON!”

Ein annan song frå 1934 er: *”Lat Jesus få din første morgon!”* – Ein spesiell bakgrunn for denne songen kan eg ikkje minnst. Men eg vanka mykje mellom unge, då eg var lærar på ungdoms-, bibel og misjonsskulen på Fjellhaug. Ikkje alle ungdomsskule-elevane var vedkjennande kristne, og sjølv sagt var det mitt høge ynske at dei alt i livsvåren måtte gå inn i Guds rike. Det var dette ynsket som førde til at denne ungdomssongen vart skriven, til tonen ”Lær meg å kjenne dine veie!” Seinare har *Egil Haugen* komponert ein melodi. Han er omsett til færøysk av Edm. i Gardi, og til svensk: ”Låt Jesus få din levnads morgon!”

*Lat Jesus få din første morgon  
og sidan livsens lyse dag!  
Seg ja til honom når han kallar,  
so får ditt liv so lyst eit lag!*

*Og om di sol til sist må siga,  
di livssol, ho går aldri ned.  
Når dagen sloknar, skal ho stiga,  
og stråla evig i Guds fred.*

*Lat Jesus få din første kjærleik!  
For einast han er honom verd.  
Då vert du borgar i Guds rike,  
ein stridsmann i hans lyse hær.  
Hans herlegdom skal livet gylla;  
ja, du er rik når du er hans.  
Ditt hjartans tempel vil han fylla,  
til sist deg gjeva livsens krans.*

Songen vart teken med i ”Unge Røster” i 1938, og i ”Songbok for norsk ungdom”, seinare også i ”Sangboken”. – Han var opphavleg på 3 vers, og det tredje stod også i ”Songbok for norsk ungdom”. Men i den siste utgåva av denne, og i ”Sangboken” er dette verset utelate. Det er eit personleg vitnemål, og lyder slik:

*Eg fann min Gud i livsens morgon.  
Det er det beste eg har gjort.  
Og som min dag mot kvelden skrider,  
eg synest det vert meire stort.  
Eg takkar han som mild og kjærleg  
tok meg i Jesu rike inn.  
No er mi framtid lys og herleg.  
For eg er hans, og han er min.*

#### ”ME TENKJER PÅ LANDET”

Heimlandet, fedrelandet – dette fagre og gode landet langt i nord, – med tusenår-gamal arv – har vore emne for mange kvad. Det første – eller eit av

dei første vart til alt for 45 år sidan: ”*Me tenkjer på landet.*” Songen vart skriven ein haustdag i 1934.

Når skulane på Fjellhaug slutta utpå vårparten, vart eg av Misjonssambandet send til Nordmøre – og stundom til Trøndelag – som emissær. Det hende år etter år på 1930-talet. – Heimvegen gjekk over Molde, Romsdalsfjorden, Romsdalen, Gudbrandsdalen og Mjøslandet til Oslo. – I 1934 gjekk turen dit vest ikkje om våren, men om hausten.

På heimturen vart eg på nytt teken av kor vakkert Noreg er, kor godt det er å bu her og kor miskunnsam Gud har vore mot dette landet. Desse tankane leika i hugen min då eg like etter heimkoma – ein av dei første dagane i september – gjekk att og fram i ”kirsebærtre-alleen” i hagen på Fjellhaug. (No er han bare eit minne).

Ei setning tok til å tona i hugen: ”*Din nåde mot Noreg var stor.*” Det var song i denne setninga. Kanskje det kunne verta eit kvad? Og korleis skulle det ta til? ”Begynnelsen” kom: ”*Me tenkjer på landet.*” – Det vart eitt vers, og so eit til og endå eitt. Det første lydde:

*Me tenkjer på landet, det land du oss gav,  
so underleg fagert frå høgfjell til hav,  
med ynde som ikkje kan tolkast med ord.  
Å Herre, din nåde mot Noreg var stor.*

Eg gjekk frå kirsebær-alleen og opp i stova på ”Solbakken” på Fjellhaug. Der skreiv eg ned det som stod skrive i hjernen, og ”plussa på” nokre vers. Tankane gjekk, med takk til Gud, ikkje bare for det gode landet, men og for fridom og hundreårs fred, for heimen med dei kjære, for Guds ord, for ”alle som Herren har kjær” og for livsvåren i det

høge nord, og munna ut i: ”*Me takkar deg, Herre, for Noreg.*”

\*\*\*

Like etterpå gjekk eg bort til min medlærer, hymnologen *Lars Aanestad*, som då budde i første høgda i den gamle villa ”Fjellhaug”. Det var utpå ettermiddagen ein vakker haustdag. Aanestad sat ved pianoet i den store, solfylte stova. Han seier til meg:

– Du har vel ikkje ein tekst til ein flaggsong? Eg har i heile mitt liv bare skrive ein einaste melodi, – til ei tevling i USA om ein norsk flaggsong. Det var norskamerikanarar som arrangerte denne tevlinga. Men tonen nådde ikkje opp. I desse åra har han lege i ein skuff, og eg har ikkje tenkt på han. Men nettopp no dukka han opp. Du skulle vel ikkje ha ein tekst til han?

Eg svara at eg ikkje hadde nokon flaggsong-tekst, men nettopp hadde skrive eit fedrelands-dikt.

– Spring ned etter det! bad Lars.

Eg svara at det var mykje uvisst om tonen ville høva til teksten, sidan det er eit utal av ulike verssmål. Men Lars heldt på sitt, og Trygve var lydig og og sprang etter den nylaga teksten. Og so syntet det seg at tone og tekst høvde til kvarandre som fot til hose. Det einaste som måtte endrast, var å ta opp att den siste verselina, med ei noko anna ordstilling: ”*Din nåde var stor imot Noreg.*” Men det gav bare versa meir ”klem”.

Det var i alle høve eit underleg samtreff: Ein tone som nettopp hadde dukka opp etter sju år i ein skuff, og so ein tekst som vart til so å seia i same stund.

Same kvelden vart songen sunge i heimen til Marie Gulbrandsen på Fjellhaug. Eg minnest at m. a. var skulestyrar E. Osnes og bibelskuleforstandar Gunnar Dehli til stades og var med og song. – Same året vart ”*Me tenkjer på landet*” prenta som notesong i ”Ved

Juletid”. Sidan vart han teken inn i ”Sangboken” og i ”Songbok for norsk ungdom”.

Han vert særleg sunnen den 17. mai, men ogso elles.

– Då songen vart til, ana eg sjølvsagt ikkje at han so snart skulle få ein tone og verta nytta, – no alt i over ein mannsalder. Og eg kjenner meg takksam mot min gamle ven og kollega Lars Aanestad fordi han gav denne fedrelandssongen so vene ”vengjer”.

### ”DEN SOM EINGONG HØYRDE ROPET”

Me er komme til slutten av 1930-talet, til 1938. Det året vart ein misjonssong til, den første av det slaget eg skreiv. – Bakgrunnen var svært lite dramatisk. Men ogso av ein ”liten” bakgrunn kan av og til noko varande – og vonleg verdfullt – veksa fram.

Det var ein laurdag ettermiddag ute i tunet på Fjellhaug, framføre misjonsskule-bygningen. Det stod eit par turist-bussar der. Og det var ikkje so vanleg den gongen. Turistane var frå eit land aust for Noreg. Den gongen var det heller ikkje so vanleg som no å sjå so mange frå eit anna land, so det hadde noko av ”nyhetens interesse”.

Og tankane tok til å sviva endå lenger mot aust, til dei store, folkerike land der evangeliet om Guds rike er ukjent for millionar. Me som har fått høyra gledebodet, me står i gjeld til dei. Og denne skuld må betalast. Det stig eit rop, eit mektig rop frå millionane som lever utan Gud og utan von: ”Kom over og hjelp oss!”

Dette ropet – og den gjenklang det gjev i hjarto hjå Jesu vener – vart tolka i nokre vers der ute på Fjellhaugtunet i sommarkvelden for over 40 år sidan no. Og kjært er det at denne vesle misjonssongen har synt seg å vera liv laga, særleg etter at dei tok til å syngja han til den kjære og kjende tonen ”Hvilken

venn vi har i Jesus!” – Elles har han ogso fått ein melodi av *Egil Haugen*.

*Den som eingong hørde ropet  
frå dei store folkeslag:  
Kom og hjelp oss, for me vandrar  
utan von og utan dag!  
aldri, aldri meir han gløymer  
denne såre sukk som stig  
frå dei arme folk som ventar  
medan deira livssol sig.*

— — —

*Og han kviskrar: ”Herre, bruk meg  
medan enno det er dag!”*

### ”DET VAR DU, GUD, SOM SKAPTE DEI HØGFJELL EG SÅG”

Sommaren 1938 fekk eg min første ”fjellferie”, fjorten dagar i hytta til lærar Flaten ved det vene Skarvatnet i Oppdal. – Det var glitrande sol frå det høge himmelblået dag etter dag, over dei fagre fjella og den stille sjøen. Ikkje minst var det hugtakande å sjå opp mot den djup-blå himmelkvelven og dei gamle fjella når kona og eg rodde langs strendene på det vakre Skarvatnet.

Den storfelte naturen og den djupe stilla, og fjellheimen lauga i sommarsol, gjorde eit sterkt inntrykk på ein som elles budde i det blide låglandet.

Etterpå tolka eg dette inntrykket slik: ”All denne ynde, alt dette velde grip oss. Ein kjenner som ein pust av æva. Ein vert ståande der med ei kjensle av at her har Gud vore. Dei veldige fjell som no ligg der i si ro – Guds evige allmaktshand har vore der. Gud vert stor der oppe i fjellheimen. Ja, høgfjellet greip meg – med sitt velde og si ro, og den klåre luft til dei ytste tindar.” – So vart det til eit lite kvad:

*Det var du, Gud, som skapte dei høgfjell eg såg  
med den solskire snø som om toppane låg.  
På ditt ord steig det fram, dette mektige land,  
med dei veldige syner frå snøfjell til strand.*

*Det var du, Gud, som gjorde det storfelte verk,  
med di skaparhand, evig, uendeleg sterk.  
Desse veldige høgfjell i nord og i sud  
talar stilt, talar sterkt om vår evige Gud.*

*Og når høgfjellsol glitrar og solskinet fell  
på dei drøymande vidder og rolege fjell,  
på den blånande sjø, på den skinande bre, –  
lyt eg bøya meg stilt og lovsyngja og be.*

Medan eg var der oppe, fekk eg brev frå min frende, skulestyrar Halvor Fottland på Framnes folkehøgskule i Hardanger. Han heldt då på med å revidera ”Songbok for norsk ungdom” og bad meg senda nokre songtekstar. Det var første gong eg fekk ei slik oppmoding, og eg sende då nokre til han, m.a. eit par som alt er nemnde (”La Jesus få din første morgon!” og ”Ver god mens du kan!”) – Eg sende også den songen eg hadde laga inne i den fagre fjellheimen.

”OG DE HAR SEIRET –”

Bibelens siste bok – ”Bibelens krone” – er rik på sigers-proklamasjonar. Trass i alle mørke makter i tilværet, trass i forfylgjing og trengsel, trass i vondskapens åndehær, med ”denne verda sin fyrste” i brodden, ja, trass i døden, den siste fiende, lyder det triumferande: ”Og dei har sigra, i kraft av Lammets blod og det ord dei vitna.”

Då me skulle setja eit bibelord på fars og mors gravstein, var det naturleg å velja dette ordet frå

Johannes Openbaring. – Begge hadde vore trugne Kristus-vitne. Ikkje minst galdt dette mor. Frå ho i unge år vart ein vedkjennande kristen, og til ho flytte frå denne verda i sein livskveld, var ho trufast mot den lovnaden ho gav i sine unge år: Å seia eit godt ord om sin Herre og frelsar til dei ho møtte på sin livsveg. Dette bibelordet levde etterpå sterkt i hugen. So vart det – til tonen ”På Gud alene” – forma til ein salme, som sidan vart teken med i ”Ved kjærleikens hav”. – Tanken gjekk ikkje bare til dei to kjære, men til alle som opp gjennom tidene vann siger i tru på Herren Jesus Kristus, og som ”nå er heime hos Gud”.

*Og de har seiret i kraft av Lammets blod,  
har lenge feiret Guds fest ved livsens flod.  
De her i tiden fornektet verdens glans.  
De valgte striden mot kjøtets sånn og sans,  
av Jesus siden ble kront med seirens krans.*

*Nå deres minne oss maner sterkt og stort:  
Vi og må vinne vårt liv, som de har gjort!  
De kampens stunder, hva har de vel å si!  
Kun små sekunder, og striden er forbi.  
I livsens lunder er sjelen løst og fri.*

*Vi òg skal seire i kraft av Lammets blod.  
Vi òg skal feire Guds fest ved livsens flod.  
Vi fritt bekjenner vår tro på Jesus Krist,  
til ham oss vender, – han øker troens gnist.  
Og ferden ender i paradiset til sist.*

*Er jorden fager i vårens lyse stund,  
tenk Edens hager med sang i li og lund!  
Der intet gremmer; nei, endt er all vår ve.  
Vi sorgen glemmer i sang ved livsens tre.  
Vår Gud oss gjemmer. Vi skal hans åsyn se.*

## *I krig og fred*

”SLEPP HIMLEN I SJELA DI INN!”

Ogso Noreg vart drege inn i den siste store verds-krigen, våren 1940. Og mykje gjekk då i stå. Mellom anna vart dei kristelege vekeblada førebels stansa. Og eg som då var bladstyrar for ”Utsyn”, vart gjerandslaus. So sa generalsekretær Tormod Vågen at eg likso godt kunne reisa ut til ”Fredlund”, mors heim i Nordre Høland, Nedre Romerike. – Der vart eg verande utover våren.

Og du for ein vår! Livet braut fram i ein fullnad so rik og fager som eg sjeldan hadde sett, tykte eg. Det var bare so sårt å tenkja på at fedrelandet var hærteke, og det som fylgde med dette, av ufridom, fengsling og mykje anna vondt og leidd.

Men over skaparverket var det noko himmelsk, slik som det synte seg i den nye, unge våren. Og eg minnest at eg freista å skildra dette vakre vår-eventyret i eit kvad. Samstundes gjekk tanken til dei som ikkje sleppte himmelens vårliv – Guds rike – inn i hjarta. Og ein solrik dag – den 3. juni 1940 – då eg hadde vore nede på heimegarden, Tøyen, og rusla tilbake til ”Fredlund”, forma denne tanken seg til ei inderleg oppmoding, til tonen ”Ei langt, ei langt fra Guds rike”:

*Å menneske, skapt for Guds rike,  
du hungrar forutan Guds brød.  
Og utan hans signande nåde  
er sjela di sollaus og død.*

*Slepp himlen i sjela di inn!  
Slepp himlen i sjela di inn!*

*Å menneske, skapt for Guds rike,  
slepp himlen i sjela di inn!*

*Du har ikkje fred i ditt hjarta.  
Du har ikkje fryd i ditt sinn.  
Du har ikkje vårliv i sjela.  
For Sola fekk ei sleppa inn.*

*So lev ikkje lenger i skuggen,  
der kulden og vinteren rår!  
Men opna ditt hjarta for Jesus –  
og inn strøymer himmelens vår!*

Det var *Arne Aano*, ”den syngjande konditoren”, som først song denne songen inn, ogso på grammofonplate. I eit intervju med biletbladet ”Ut i all verden” fortel han: ”Eg song eingong ”Slepp himlen i sjela di inn” i Norea radio. Etterpå kom det eit brev frå ei kvinna på Vestlandet. Både mannen og sonen var fiskarar. Dei hadde site og høyrte songen i Norea. – ”Då eg kom heim frå misjonslaget, hadde begge gjeve sitt liv til Gud,” jubla brevet.”

So får me tru at oppmodinga frå vårdagen i 1940 om å sleppa himlen i sjela inn, har vorte til evig signing. Gud skal ha takk for det.

”BLI MED TIL LIVET!”

Me er komne til 1940-åra, og til brennande krig. Ei stund før påske i 1941 kom to gymnasiastar innom heimen vår på Fjellhaug. Det var misjonær-borna *Erling* og *Solveig Karstad*. Dei fortalde at dei arbeidde med eit songhefte til den første påske-leiren for kristenruss, og so spurde dei vakkert om eg ville skriva ein song til dette songheftet. Eg lova å freista.

Då dei var gått, kom eg til å tenkja på at bladet

til det kristelege middelskulelaget (no realskule) heitte "Bli med!" Det syntest eg var ein god "pinne" å spinna vidare på. So vart det "*Bli med, bli med til Livet!*" (I 1930-åra kom det ut ei bok som heitte "Livet med stor L". So skreiv ogso eg "Livet" på den måten.)

Erling og Solveig kom att og fekk songen. Og etter påske kom dei igjen med det vesle raude songheftet. Der stod ogso "Bli med til Livet!", til tonen "Til kamp for Jesus". – Då deira foreldre var kinamisjonærar, sa dei seg glade fordi ein medarbeidar i Kinamisjonsforbundet (no Misjonssambandet) hadde skrive denne songen. – Sidan komponerte organist *Elling Enger* den tonen som sidan er vorten nytta.

I tidsskriftet "Concordia" skreiv organist *Olav Orheim* at han trudde at då denne songen vart til, stod både komponisten og tekstforfattaren like innved paradis-portane. Noko so fint tør eg ikkje seia om han som skreiv songen, men det er ikkje utruleg at tonekunstnaren stod der.

Når dette vert skrive, er eg nettopp komen heim frå Elling Engers gravferd. Han fekk eit uvanleg vakkert ettermæle, denne lyslynte, fine tonekunstnaren. Eg minnest han med stor takk, ikkje minst for den vakre tonen han sette til songen me no har fortalt om.

Solveig Karstad – som hadde sol ikkje bare i namnet – vart ikkje gamal. I ung alder fekk ho heimlov. Eg minnest ogso henne med takksemd. Ho var ei av dei to som gjorde at denne ungdomssongen vart til.

Han er blitt mykje sunge i dei snart 40 år som er gått, ikkje minst i skulelaga. Og det er mi glade von at han i desse år har lokka ein og annan ung til å bli med til livet, – livet med stor L.

Songen er omsett til islandsk (av Bjarni Eyjolfsson), til færøysk (av Edm. i Gardi), til svensk (ved Anna-Lisa Jørstad) og no sist til tysk (av Robert Jedermann): "Komm mit, komm mit ins Leben! "

## "NORGE"

Heimlandet var i naud og fare, hærsett av ei framand og fiendsk stormakt. Dei herja, øyde og tynte, og tusentals av Noregs ungdom og manndom vart drepne på land og på hav og i fangeleirar. Og ingen visste kor lenge krigen og trældomen ville vara. Seint gjekk dei vonde åra, for – som det heiter i salmestrofa som den danske kong Kristian siterte: – "Tunge tider langsomt skrider."

Ikkje underleg at fedrelands-kjærleiken loga opp og at dikt om heimlandet vart mange. Av desse skal me her nemna to. Det første fekk tittelen "Norge", og er eit av dei fedrelands-dikta eg har fått formidla, som eg sjølv set størst pris på. Difor sette eg det ogso aller fremst i den første boka eg fekk senda ut, etter at storkrigen var enda: "Landet og lyset." Det stod først i "Utsyn" nr. 14, 1943.

Fleire har sett tone til kvadet: *Olav Orheim, Elling Enger, Per Meringen, Edvin Berild* og *Thoralf Skraastad*. Den sistnemnde fortel at då han såg dette fedrelandsdiktet i "Utsyn", tok det han sterkt, og han gjekk med det same til pianoet og "fekk" melodien. Han var dirigent for elevkoret ved gymnasiet i Ski – der ogso den seinare so kjende songarinnen Ingrid Bjoner var med – der øvde han songen inn.

*Norge – det tonar i namnet,  
so sterkt og so fagert, – det syng!  
Med eitt ser eg skogar og tindar,  
eit hav som vert vogga av vindar,  
og vidder med lysande lyng.*

*Norge – av saga det susar,  
av årtusunds solspel og strid.*



*Snart høgsumar låg over landet;  
snart sov det i isvinter-bandet,  
snart lyste i vårsoli blid.*

*Norge – for kraft i det namnet,  
og styrke og velde og makt!  
Men Norge er ei bare mynde.  
Kvar såg du eit mildare ynde  
i våren si draumfagre drakt?*

*Norge – i hjarta vårt er du,  
det heimland me fekk av vår Gud.  
So storfelt du ligg for vårt auga,  
i nordlys og midnattsol lauga,  
frå nordhav til langt imot sud.*

*Norge – det namnet me elskar,  
den kjæraste heimen på jord.  
Gud, signe dei komande ætter!  
Lat lysa i sumar og vetter  
ditt evige, levande ord!*

#### ”NOREG – VÅR MODER”

Under storkrigen fekk eg sjå ein finsk fedrelands-song, som svor heimlandet truskap. Songen heiter ”Vala” – ”Eiden”: ”Høyr vår heilage eid, dyrebare Finland!” Denne songen kjenner og elskar alle finlendarar. Då landet var under Russland, var det forbode å syngja den. Ikkje minst tonen – opphavleg ungarsk – tok tak i meg. So fekk eg hug til å skriva ein norsk fedrelandssong til denne melodien. Og det vart gjort: ”Noreg – du vår moder.”

Ein av medlærarane på Fjellhaug – organist og komponist *Ole Fredrik Johnsbråten* – underviste i song og musikk. Han skreiv musikk til fleire av mine tekster. Og so syntest han at den nemnde songen

burde ha ein norsk melodi. Og slik vart det. – Han er vorten sungen alt opp til no, av mannskor.

*Noreg – du vår moder – høyr vårt truskaps-ord:  
Me deg ei vil svike, gamle fridoms-rike,  
kjærast land på jord.*

*Fagert er du, Noreg – himmel, hav og land –  
vent når soli glitrar og når vårfugl kvitrar,  
bylgjor slær mot strand.*

*Her var våre heimar, her var far og mor.  
Her har våre feder stridd i sorg og gleder, –  
kviler i di jord.*

*Noreg, du vårt heimland, høgt me elskar deg.  
Du med alt ditt ynde, velde, makt og mynde  
mjukt oss til deg dreg.*

*Du so sterkt har sunge deg i hugen inn.  
Du med skog og tindar, sjøar, solgangsvindar  
tonar i vårt sinn.*

*Noreg – Gud vår Fader eingong oss deg gav.  
Finast hjartebandet bind oss då til landet,  
til vår kveld og grav.*

*Herre, du som gav oss fagrast land på jord,  
du må Noreg verna, lata fridoms-stjerna  
lysa her i nord!*

#### ”HAN BER FOR MEG”

Ei av dei sælaste sanningane i evangeliet er eg redd for har hatt eit alt for lite rom i hjarto våre.

– Kva tenkjer du på no?

– At den herleggjorde Jesus Kristus lever i den

himmelske heilagdomen og alltid går i bøn for oss der, ved den store kvite truna. Forfattaren av Hebrearbreve klagar ogso over at denne store og viktige sanning hadde so liten plass hos dei Kristus-truande som han skreiv til.

Det var med tanke på dette at eg under den siste storkrigen skreiv songen ”*Han ber for meg.*” – Komponisten *Elling Enger* sette tone til, og nytta han i Forbundskoret, som han dirigerte. Songen vart prenta i ”*Concordia*” nr. 2, 1945.

Eit kjært minne er knytt til denne songen. Forbundskoret song annankvar sundag f.m. på Rikshospitalet. Ein gong dei stod i korridoren og song, var dørene til sjukeromma – som vanleg i slike høve – opna. Songarane visste nok ikkje at i eit av romma låg kronprinsesse Märtha sjuk. Men etter at siste songen var stilna, kom ei sjukesøster ut frå rommet hennar og bar fram kronprinsessa si takk for songen. Ho døydde ei tid etter, i 1954.

For meg er det, som nemnt, eit kjært minne at eg fekk vera med, ”på sangens vinger”, å bera ei god helsing inn i sjukerommet til Noregs folkekjære kronprinsesse:

*Han ber for meg. Å, sæle trøyst:  
Eg er hos Gud ei gløymt.  
I Jesu hjarta er eg gøymt.  
Den fryd har gjennom sjeli strøymt.  
Mitt namn er teikna i hans hand.  
Han meg ei gløyma kan.*

*Han lever alltid, har han sagt,  
i bøn for oss han går;  
for Herrens åsyn evig står  
og trufast talar saki vår,  
til faderhjarta har oss lagt.  
Oss vernar himlens makt.*

*Ja, på sitt hjarta han oss ber,  
vår store øvsteprest.  
Det me til kvar ei tid treng mest,  
det veit vår dyre frelsar best.  
Og alt som tenleg for oss er,  
av faderhand me fær.*

*Med evig kjærleik elsker han.  
Og evig blodet gjeld.  
Ei trufast hand ho fast oss held,  
og trygt det står, vårt frelsefjell.  
Me difor glade vandra kan  
og nå det gode land.*

#### DET REISTES ET KORS

Sentrum i kristendomen er korset, Jesu Kristi kors. Denne ”skammens og fornedrelsenes pel” vart menneskeslekta si evige berging. Og difor har millionar menneske i tilbeding lovprist korset: ”Ave crux – spes unita! – ver helsa, kors, mi einaste von!”

Difor er det naturleg at ein som syslar med kristne kvad, ogso stansar ved ”The old rugged cross – det gamle, knudrete kors.” Og for mange år sidan freista då ogso eg å syngja korset sin pris.

Ikkje hadde eg tenkt å nemna denne songen her. Men so høyrde eg ganske nyleg at han vart sunge i Oslo av den blinde song-evangelisten *Arve Fjellstad* og fru Jenny. Dei song han sterkt og varmt, og har sunge han mykje opp gjennom åra. Eg har ogso funne teksten i fleire blad, ogso frå U.S.A. (Den blir sunge til tonen ”Det stod i mitt hjerte så hård en strid.”)

*Det reistes et kors midt i tidens strø  
av hårdeste menneskehender.  
Og dog ble det svaret på slektens drøm,  
den bønn som i hjertene brenner.  
Å, var ei det korset i jorden satt,  
da åndet vi enn i en håpløs natt.*

*Hvor kunne de flette en tornekrans  
kring Mesterens hellige hode,  
og slå ham, tross åsynets edle glans,  
den skjønne og rene og gode!  
Og dog han tålmodig og stille led.  
Hver torne, hvert slag ble for oss til fred.*

*Med spytt de besudlet det bleke kinn,  
drev nagler i hender og føtter.  
Og spydet de stakk i hans side inn,  
det rev i hans hjertes røtter.  
Og solskiven sortnet, og det ble natt.  
Han ropte i angst, av sin Far forlatt.*

*Da ble åpenbaret et ondskaps hav  
i hjertene harde og kolde.  
Men Frelseren villig sitt livsblod gav.  
Dog, graven ham ei kunne holde.  
Han seirende sprengte de dødens bånd.  
Nå troner han høyt ved Guds høyre hånd.*

*Så står det et kors midt i tidens strøm.  
Om ikke dets gåte vi fatter,  
vi vet det er svaret på slektens drøm  
og glemmer forsoningens skatter.  
Vær hilset, vårt håp i vår angst og nød.  
Vi favner deg kjærlig i liv og død.*

”ALL VERDI SKULLE VED SOLEFALL –”

Dersom du spurde kva for eit tema eg mest har sunge om – bortsett frå det sentralt kristelegt – so trur eg at eg må seia solfallet, solnedgangen.

Det er høgtidssamt og majestetisk når den store lyskjelda – som grekarane kalla helios, og latinarane sol – går ned i eld og glod, anten det er i havet eller bak åsen eller fjella i vest, medan kveldskyene logar og lyser i dei fagraste fargar, stundom i purpur og skarlagen.

Skapningens Gud har lagt høgtid og fest over dagen, både når han tek til og når han døyr.

Ikkje minst fylgjer det alvor med solnedgangen. Endå ein dag er til ende, i tillegg til alle dei som du før har fått. Korleis har du nytta dagen, og dagane?

Og endå ein tanke melder seg: No er du endå ein dag nærare den evige verda. Du har no ein dag mindre å leva. Og du veit ikkje kor mange nye du får før di livssol sig i hav.

Teken av slike tankar og kjensler var det at eg i ei solfalls-stund, den 6. mars 1946, skreiv dette kvadet, som *Ole Ledang* sette tone til. (“Concordia” nr. 2, 1949).

*All verdi skulle ved solefall  
den takande tale høyra,  
og til det heilage alvors-kall  
kvar kveldstund leggja sitt øyra.*

*Når soli sig attom fjell og skog,  
då legg ho oss mildt på minne:  
Den dag som nettopp ifrå dykk drog,  
de aldri igjen vil finne.*

*So stans ei stund i det travle jag,  
når soli til avskil gyller.*

*Ja, lær å telja kvar kostbar dag!  
Då bøni ditt hjarta fyller.*

### ”SO ER DÅ SPORVEN ÒG I HERRENS HENDER”

Til ein og annan liten song og tone knyter det seg eit lyst og muntert minne.

Ein varm solkveld i mai 1948 sat eg ute på verandaen på ”Solbakken” på Fjellhaug, der me då budde. – Ikkje kan eg no minnast korleis eg kom til å tenkja på våre små vener sporvane den vårkvelden; men truleg såg eg nokre av desse ”vingede vesener” i den vesle hekken nedanfor verandaen.

Eg har stor vyrdnad for sporven. Han tek til takke med tarveleg mat, ofte på vegen og i gata. Og sjølv i kalde dagar sit han grytidleg og kvittrar og tjartrar og pratar i den nakne klungerhekk. Og mest i godlag er han når det lider mot vår. (Det er han elles ikkje aleine om).

Vel, tankane gjekk frå sporvane til han som har skapt dei og har omsorg ogso for desse små skapningane. Og eg måtte minnast dei forunderlege – og underfulle ord av Menneskesonen, at det fell ikkje ein sporv til jorda utan at vår himmelske Far vil det. – Og so dana det seg nokre vers der ute på verandaen: ”So er då sporven og i Herrens hender.”

Ei tid etter sat musikk-sekretær *Øivind Tønnessen* og eg i stova vår og gjorde eit førebuande revisjonsarbeid med ”Sangboken”. I ein liten pause tok eg ein liten tur inn i eit anna rom. *Øivind* rusla då omkring i stova, og kom bort til skrivebordet mitt. Der låg det eit papir-ark med eit dikt. Og *Øivind* las: ”So er då sporven og i Herrens hender.”

Då hende det som det stundom gjer med tone-

kunstnarar: Ein melodi so å seia datt ned i han, – ein vakker melodi. Og då eg etter ei kort stund kom inn att i stova, – då brusa eit tonevell imot meg frå pianoet, der *Øivind* sat og leika med tangentane.

Songen og melodien vart prenta i vekebladet ”Dag over Norge”. – *Sjølv* set eg pris på denne vesle sporvepraten og den vene tonen:

*So er då sporven òg i Herrens hender,  
den vesle skapning på den granne grein.  
Imot den siste solglim du deg vender  
og syng og syp ei kvelds-luft klår og rein.  
Tenk, ogso deg vår Gud ein tanke sender!*

*Eg tenkjer på dei mange fugle-ætter.  
Det er 'kje langt frå egget og til grav.  
Men lell du hugleg kved når lauvet spretter.  
Du lovar Gud for livet han deg gav,  
ja, ogso i den kalde, kvite vetter.*

*Du fløyttar fjåg, den store gleden kjenner,  
i morgon munnen ligg i moldi gøynd.  
Kven bryr seg vel? – Ein fugl! – Jau,  
**ein** seg vender  
mot stakkars sporv, – du er av **Gud** ei gløynd.  
So er då sporven òg i Herrens hender!*

*Du store Gud som ville livet gjeva,  
du elsker alt, frå mann til makk i mold,  
og mauren som i tua si må streva,  
og litle lerka over vårvarm voll.  
I denne trygge tru eg glad kan leva.*

## Songar frå Sagaøya

### ”DEN SÆLASTE LUKKA I LIVET”

Våren 1947 fekk eg, av den unge *Bjarni Eyjolfsson* – bladstyrar, songforfattar, misjonsleiar og reiseleiar – innbyding til å gjesta Island. Underleg var det, og teken vart eg av å høyra det islandske tungemålet, om lag det same som fedrane våre tala for tusen år sidan. – Ei oppleving var det ogso å høyra den kristne songen på Sagaøya. Møtet med den fekk noko å seia ogso for denne songen i vårt land.

Bjarni gav kristenfolket på Island ein rikdom på nye salmar og songar, både eigne og omsette. Hans ven og medarbeidar *Gunnar Sigurjonsson* fekk tak i notesongar frå USA og Skandinavia. Desse spela han for Bjarni, som då sat og lydde. Når då ein song ”sank i sinnet”, tok Bjarni og omsette den.

Ein gong hørde han soleis Gunnar spela songen ”Kan andre se Jesus i deg?” Bjarni lika tonen, men tykte at teksten var noko kravfull. At andre kan sjå Jesus i ein kristen, kan ein nok forstå rett, men han tykte det var for sterkt sagt. Dermed skreiv han ein heilt ny tekst: ”Du røynde det sjølv, og veit det difor vel at Frelsaren har makt til å taka bort synder og sigra over helheimen. Men fortalde du andre om det?” – Det var i 1942.

Eg budde hos den islandske misjonær-pioneren Olafur Olafsson og den norskætta fru Herborg. Olafur gjorde meg merksam på denne songen – tykte han var noko utanom det vanlege. Det var på den islandske lands-venestemna på leirstaden Vatnaskogur, like etter at eg var komen til landet. – Eg omsette han då med det same.

Den første lina omsette eg først ordrett: ”Du røynde det sjølv; difor veit du det vel –.” Men eg var ikkje

nøgd med denne løysinga. Og etter at eg var komen heim att til Noreg, dumpa ein annan ”begynnelse” ned i hugen: ”Den sælaste lukka i livet vart di, den gong du til Jesus fekk gå.”

Songen ”tende” ogso her i landet. Han vart med i den reviderte ”Sangboken”, 1955. Der har han 3 vers, medan originalen har 5. Me tek her med vers 2 og 3:

*”Og seg du meg: Fekk ikkje hjarta ditt fred,  
og kvile di dødstrøytt sjel  
då børa du lagde hjå Frelsaren ned?  
Var dette ein draum bare, vel?”*

*Hans heilage bilete auga ditt såg.  
Du hørde han sagde til deg:  
Di synd og di skuld, på mitt hjarta dei låg.  
Eg sjølv tok alt dette på meg.”*

Den norske versjonen av songen er omsett til færøysk. Få månader før Bjarni døydde – i januar 1972 gjesta han Noreg. På eit par store samlingar hørde han songen sin sunge med varme og kraft. Og det gledde nok hjarta til denne fine songaren, som ikkje lenge etter gjekk for å møta den Herre og frelsar som han so inderleg elska.

Eg fekk ogso omsetja tre andre av Bjarnis songar. Den eine heiter „Galilea, Galilea“. Der skildrar han sin sterke lengt etter å møta og sjå han som ein gong vandra der oppe ved den galileiske sjøen.

### ”Å, STORE LØYNDOMS DJUP”

I den andre tek kvart vers til med ”O, leyndardoma djup” (Å, store løyndoms djup). Den har ein gripande melodi, og skildrar den store løyndomen at den heilage Gud, som englane hyller, døydde for han

og elsker han som ”ser seg som støv”. Songen er breiddfull av tilbeding:

*Å, store løyndoms djup:  
Min Gud, når eg får sjå  
du tvifald heilag er,  
som støv eg ser meg då.  
Sjølv himmel-englar helgar seg,  
som skarn seg finn når dei ser deg.*

*Å, store løyndoms djup:  
Du, Herre, elsker meg.*

*Å, store løyndoms djup:  
ditt barn eg vera får,  
om enn eg gav deg hogg  
og djupe hjartesår.  
Og krossens tunge pinsleveg,  
eg, dyre Frelsar, valda deg.*

*Å, store løyndoms djup:  
Du døden leid for meg.*

*Å, store løyndoms djup:  
Når eg din kjærleik ser,  
min Gud, eg sanna lyt:  
Eg djupt uverdige er.  
Sjå, englar sæle prisar seg  
når dei vert sende ut for deg.*

*Å, store løyndoms djup:  
Du kallar ogso meg!*

*Å, store løyndoms djup:  
Tenk, no eg fridom har  
for Jesu Kristi skuld  
å kalla deg min Far!*

*Kjerubar sæle prisar seg  
når dei får sjå ein skimt av deg.*

*Å, store løyndoms djup:  
Som far du famnar meg!*

Den 3. songen var mykje sunge på Sagaøya. Den lyder i omsetjing:

”EG NYNNAR OM DAGEN”

*Eg nynnar om dagen mitt kjæraste kvad.  
Den songen meg signar, og gjer meg so glad.  
I glede og gaman, i naud og i natt  
eg song honom tidt; han vart hjarta sin skatt.*

*Og soga om Jesus er songen min her,  
det sælaste bod i den vidande verd, –  
so einfeld at småborn kan henne forstå,  
men djup so ein vismann ei botnen kan nå.*

*Det synet eg såg i den heilage bok,  
det alltid om hjarta meg underleg tok.  
Sjå barnet i krybba, det smiler so blidt,  
på småborn si vis opnar famnen sin vidt.*

*Den vidopne famnen er overskrift god  
på alt, ifrå krybba til korset sitt blod.  
Med signande hender han vandra på jord,  
med vidopen famn han til himmelen før.*

*Det synet meg fyller med song og med mod:  
Eg ser attom krybba og korset sitt blod  
den kjærleik som enno den bodskap meg gjev  
at signande hender eg over meg hev.*

Tonen er av *James R. Murray* (1841-1905), og vert nytta til den kjende engelske julesongen ”Away in a Manger, no Crib for a Bed.”

”SJÅ, MORGONSOLI FAGERT GLIMAR!”

Ved den lange, fagre Eyjafjorden på Island ligg Akureyri, den største byen på Nord-Island (og den nest største i landet). Der har Det islandske Misjons-sambandet eit lite bedehus: ”Zion”.

Eg fekk vera med ein flokk unge islendingar frå Reykjavik dit opp. Me skulle vera med på nokre møte. Me reiste med buss den lange vegen. Framkomne vart me innkvarterte i Zion.

Ved 12-tida om natta drog me ned til fjorden for å sjå midnattsola, som då gjekk lågt over fjorden i nord. Og det var eit vent syn. – Då me so kom heim att til Zion, vart gutane plasserte på golvet, i soveposar, i den vesle bedehus-salen. Gjesten frå Noreg fekk liggja på ein divan.

Endå klokka bare var om lag ett om natta, strøymde solskinn og dagen inn i romet og fylte det med eit blendande, klårt lys. Og nordmannen borte på divanen vart so teken av dette skire synet at det ikkje var tanke på svevn med det første. I staden tok det til å tona, til ein melodi han hadde høyrte sungen på møta der borte:

*Sjå, morgonsoli fagert glimar!  
Stå opp, i heilag skrud deg kled!  
I livsens lyse morgontimar,  
min unge ven, i Gud deg gled!*

*Morgonen gryr. Skuggane flyr.  
Fuglane kved. Ungdom, vert med!*

Sidan vart denne songen sungen i bibelklassen på Fjellhaug, og soleis vart han kjend i Noreg. So vart han med m.a. i ”Sangboken” og i ”Songbok for norsk ungdom”. – Tonen er tysk, frisk og festleg: ”Es klingt ein Lied in Deutschen Gauen” – Det kling eit kvad i tyske bygder.

Mitt ynske med denne songen er at ein og annan ung ved den må vakna tidleg i livs-morgonen og verta med i Guds rikes klåre dag. For ”det triste er ikkje at livet tek so tidleg slutt, men at mange so seint tek til å leva.”

”SOV, DU VESLE VENEN MIN!”

På Sagaøya høyrde eg ein hugtakande folketone til ein islandsk voggeseing. I staden for å omsetja han vart ein ny tekst skriven. Han er nytta i barne-timen i NRK, og er teken med i ”Songbok for norsk ungdom”:

*Sov, du vesle venen min!  
No er dagen enda.  
Stilt og søtt du sovnar inn.  
Mor, ho ber for skatten sin.  
Og englar vaker; inkje vondt skal henda.*

*Sov du, mor og far sin skatt!  
Takk for denne dagen!  
Kvil no godt den lange natt,  
til du sist på vaknar att,  
når soli skin og fuglar syng i hagen.*

*Sov du, vesle skatten vår!  
Å, kor me held av deg!  
No du til di kvila går,  
englar ved ditt lægje står.  
Me takkar Gud som kjærleg til oss gav deg.*

## ISLANDS UNICUM

Den islandske presten, ungdoms-leiaren og salmediktaren *Fridrik Fridriksson* har eg kalla ”Islands unicum” (eineståande). Og eg er mykje takksam og glad fordi eg fekk møta han. Første gongen var i 1947. Og då var han nær 80 år gamal, med grått hår og skjegg. Han var ein mykje særmerkt mann, hadde eit eineståande minne og var ein lærd latinar. Då han vart kreert til æresdoktor ved Reykjavik Universitet, heldt han takketalen på latin. Det vart sagt at det var bare *ein* i salen som skjøna det som vart sagt, og det var han sjølv!

I sine unge år freista han i kjærleiks-sorg å ta sitt eige liv. Men midt under denne freistnaden vart han funnen av Den gode hyrdingen. – Det var sira (pastor) Fridrik som tok til med det kristelege ungdomsarbeidet på Island. Han hadde ogso eit uvanleg godt lag med dei unge, særleg då gutane.

Han skreiv ogso mange salmar og songar. Og ein islandsk prest sa – i 1947 – at han trudde sira Fridrik då var den største salmediktaren i Norden. – Han hadde elles sin eigen måte å omsetja salmar og songar på. Han greip fatt i hovud-poenget i originalen, men omsette elles noko fritt. – I ”Sangboken” er han representert med songen ”Å Golgata, du dødsens haug.”

Siste gongen eg møtte han, var i 1960. Det siste han sa til meg, var: ”Når du no kjem ned på tunet, skal eg stå oppe i vindauga og vinka. Og so må du helsa til Noreg!” – Han døydde året etter, 93 år gamal. Når me fortel om han her, so er det av den grunn at dersom han ikkje hadde omsett ein mykje kjend engelsk salme til islandsk, so hadde me truleg ikkje hatt den på nynorsk. Det er:

## ”VELSIGNA BAND SOM BIND!”

I Noreg sluttar ein ofte møtesamværa med ”Å, tenk når engang samles skal!” På Island la eg merke til at dei til slutt song ein salme med ein særmerkt ”voggande” melodi. Den lydde, på islandsk: ”Sterk eru Andans bønd, sem eru i Gudi knytt” (Sterke er Andens band, som er knytte i Gud). – Under stod forfattarnamnet Fridrik Fridriksson.

Eg vart glad i denne salmen, og fekk hug til å omsetja han til norsk. Men det vart ikkje noko av det før nokre år seinare (i 1951). Då oppdaga eg at denne bare var omsett, frå engelsk, av Fridrik, men var dikta av den engelske presten *John Fawcett* for snart 200 år sidan (i 1782).

John Fawcett (1740-1817) var engelsk baptistprest, i eit lite kall på landet, Hebden Hill i nærleiken av Halifax. Då han hadde halde ei preike i Carter Lane Church i London, var dei so tekne av hans forkynning at dei bad han søkja kallet til denne kyrkja. Det hadde nettopp vorte ledig. Fawcett, som bare hadde eit fattig kall, og ein stor barneflokk å syta for, syntest han burde søkja seg til London. Og gjorde so det.

Men då den fattige kyrkjelyden fekk høyra dette, fylte det dei med djup sorg. Og dei bad so vakkert dei kunne, at han ikkje måtte reisa frå dei. Men no hadde Fawcett halde si avskilspreike, og tradisjonen seier at dei hadde lest på seks eller sju vogner med møblar, bøker og anna. Og då so stunda kom at han og huslyden skulle fara, stod sokneborna – menn, kvinner og born – i ein krins ikring presten og kona og borna deira, grét og var djupt ulukkelege.

Den siste vogna vart lasta, og prestefolket sat på flyttelasset og grét. Kona såg inn i dei tårefylte augo hans, og då brast det ut av henne: ”John, dette



kan eg ikkje greida! Eg veit ikkje korleis det skal gå.”

”Ikkje eg heller,” svara han. ”Og me vil heller ikkje reisa. Less av lassa, og ber alt på plass att!”

Då gret kyrkjelyden, men no var det av gleda. – So sende presten brev til London og sa ifrå seg kallet i Carter Lane Church.

Det var til minne om denne hendinga at John Fawcett skreiv salmen: ”Blest Be the Tie that Binds our Hearts in Christian Love! – Velsigna vere bandet som bind våre hjarto i kristen kjærleik!”

I to hundre år har denne salmen lydt, ikkje bare i England, men i mange kristne land, på dei store kristne stemmer og på små venesamvær. Den ”vog-gande” tonen er av Hans G. Någeli (1773-1836). Då eg omsette salmen, var eg ikkje merksam på at han alt i førstninga av dette hundreåret vart omsett til bokmål, av *J. A. Øhrn*. Han er blitt kalla ”baptistenes sang”, og vert alltid sunge ved deira verds-kongressar.

Då eg omsette han, tok eg med noko av Fawcett’s original og noko av Fridriksson’s islandske omsetjing, og omsette elles noko fritt. Vers 2 er soleis av den norske omsetjaren, likeins uttrykket ”Guds rikets vår” i siste verset, og andre ord og uttrykk. Den engelske originalen har, sovidt eg har konstatert, bare 4 vers, – den islandske 6. Sidan to utgåver skulle støypast om, vart den norske på 8 vers. Av desse står 6 i ”Sangboken”. Dei to andre er:

*Og møter me ein bror,  
so varmt vårt hjarta slær.  
Me stundom skifter kjærleiks-ord  
og for einannan ber.*

*Det same store mål  
oss vinkar på vår veg.  
I same strid, med tru og tål  
me mot vårt heimland dreg.*

Det var godt at den engelske presten for 200 år sidan sa nei til det fine kallet i London, og vart verande i det litle landsens soknekallet. Elles hadde denne vakre salmen neppe vorte til. Han er blitt kjær ogso for Kristi kyrkjelyd i Noreg.

”SJÅ KOR JESUS LYSER!”

Medan me er inne på Sira Fridrik Fridriksson, har me hug til å nemna ein av hans mange original-salmar, som eg møtte der borte og fekk omsett til norsk. (Den har stått som notesong i ”Concordia”). Melodien er L. Nielsens til den danske salmen ”Se, nu stiger solen af havets skød.”

*Sjå kor Jesus lyser, den livsens sol,  
lyser over jord frå Guds kongestol!  
Himlen ser eg open, eit engte-vell  
flokkar seg kring høgsetet no i kveld.*

*Ja, den kjære Frelsaren fagert skin.  
Strålar fell frå honom på hugen min,  
signar hjartans blomar som ventar vår,  
tinar snø og is so dei vokster får.*

*No eg er i hjarta so lett og god.  
Freden rår der inne, og heilag ro.  
Gud eg lovar glad for det milde lys,  
Frelsaren som signar kvar sjel som frys.*

*Jesus fekk eg sjå. Han for meg har stridt,  
lever no der oppe og helsar blidt*

*kvar og ein som kjem. Ja, han kronar meg.  
Kjære gode Jesus, eg elsker deg.*

”SO ER DU KONGE, JESUS KRIST!”

Den salmen som tok meg aller sterkast på Island i 1947, var *Hallgrimur Peturssons* ”So er du konge, Jesus Krist!” – Den vart sunge til ein folketone som vel må vera ein av dei vakraste på Island.

Hallgrimur Petursson er Islands største salmeskald (1614-1674). Han vart fødd i ein fattig heim, og livssoga hans er dramatisk og gripande. Omsider fekk han prestekall, men måtte slutta som prest alt i 1667, då han var vorten spedalsk. Dei siste åra levde han i stor naud og pine, var enkjemann, og både spedalsk og blind. Han fekk verkeleg gullharpa si glødd i eld.

Det finaste i hans salmedikting er dei namngjetne 50 ”Passiusálmar” – om ”historia pinunnar og dau-dans Drottins vors Jesu Kristi”. – Desse salmane har høyrte med til det islandske folket sin kjæraste lesnad. I fastetida vart dei nytta kvar dag ved andakten i heimane. I denne tida vert dei ogso nytta dagleg i Islands Radio. Og opp gjennom tidene hende det tidt at dei døyande ynskte at ”Passiusálmar” vart lagt på bringa deira i kista.

Alt i 1947 var denne litle boka komen i over femti opplag. Ho er omsett til fleire mål, m.a. til engelsk, ungarsk, kinesisk, latin, dansk, og no sist til norsk. Me møter her ikkje bare høg versekunst, der dikteren leikar på det framifrå instrumentet som det islandske (og gamalnorske) målet er. Men Hallgrimur legg heile si sjel i tilbedinga av den korsfeste.

Den ovanfor nemnde salmen er frå den 27. pasjonssalmen, om Jesus framføre Pilatus, der dik-taren priser Jesus som kongen: ”Visst ertu, Jesu, kongur klår!” Eg fekk hug til å omsetja den, og

misjonær Olafur Olafsson hjelpte meg med språket. I den første freistnaden fylgde eg originalen ord for ord: ”Visst er du, Jesus, konge klår.” Men ogso for islendingane i dag lyder uttrykket ”konge klår” noko uvanleg. Og det var biskop *Ragnvald Indrebø* som rådde meg til å nytta denne forma: ”So er du konge, Jesus Krist.”

*So er du konge, Jesus Krist  
ein evig konge sant og visst,  
kongar sin konge, kongen vår,  
konge allmektig, myndig, stor.*

*Jesus, den trui trøystar meg:  
Eg skal eingong få gagn av deg,  
når du – imedan luren læt –  
domsstolen din i skyi set.*

*Frelst kjem eg, Kristus, for din dom,  
høyrer ein ljuvleg livsens ljom.  
Utvalde sjeler då, ved deg,  
utvald vil kalla meg hjå seg.*

*Jesus, eg konge kallar deg.  
Trælen din kalla du so meg.  
Aldri den ros vår jord kan gje,  
meiner eg liknast kan med det.*

*Jesus, din kristne kyrkjelyd  
konge-æra deg atter byd.  
Styr du henne, me audmjukt bed,  
so fram ho når til den sæle fred!*

Salmen vart prenta i juleheftet ”Ved Juletid” i 1947. Misjonsskulekoret på Fjellhaug har han på reper-toaret sitt, og dei har ogso sunge han i NRK.

— — —

I Pasjons-salmane (det siste verset av den 25.) står eit vers om Jesus som Guds Son:

*Guds Son i sanning er du,  
Guds Son, og Frelsar min.  
Guds Son, meg syndar gjev du  
all sone-arven din.  
Du Guds einborne Son,  
må kvar ein mann i verda  
no glad, Guds Son, deg æra  
med æve-songen sin!*

Dette verset er i originalen kunstferdig oppbygt, idet alle dei seks første verselinene tek til med ”Guds Son”. – På Island vart det fortalt at dette verset hadde halde trua på Jesus Kristus som Guds Son ved like i det islandske folket, ogso i tider med forneking.

Hallgrimur har heile tida det praktiske siktet: Å syna Jesu døds verd for oss:

*Gjennom Jesu reine hjarta  
inn i himlen kan eg sjå.*

Hallgrimur ynskjer inderleg at morsmålet hans må verta nytta til å forkynna ordet om Jesu lidning og død, so lenge folk bur på den store øya der vest:

*Gud, gjev at modersmålet mitt –  
ditt namn til evig heider –  
frå all villfaring løyst og fritt  
det ord om krossen breider  
ut over land til moy og mann!  
Det signar våre grender  
so lenge du let her oss bu.  
Gud, me til deg oss vender.*

”MITT BARN, NO ER DU BORE  
I HERRENS HAGE INN”

Hallgrimur hadde ei lita dotter, Steinun, som han var mykje glad i. Då ho døydde, skreiv han to salmar. Den eine er eit sokalla akrostikon, der den første bokstaven i kvar line danar: ”Steinun min litla kvilist nu.” – Den andre omsette eg til norsk: ”Mitt barn, no er du bore i Herrens hage inn.” (Sangboken nr. 812). Det første verset lyder:

*Mitt barn, no er du bore  
i Herrens hage inn.  
Ved livsens elv, den klåre,  
der gled seg hugen din.  
Med Gud du no kan tala, –  
meir fager enn ei sol  
som aldri meir skal dala,  
ved Guds og Lammets stol.*

Nokre år før Hallgrimur døydde, brann huset hans i Saurbær ved Kvalfjorden ned, og han miste alt han åtte. Gripande er det at sjølv då lydde det ingen klagelyd, men fager lovsong. Til eit program om Petursson i NRK vart eg beden om å omsetja denne salmen. I siste verset syng han:

*Av all min skatt er inkje att.  
Eg såg han frå meg fløyma.  
Eg grét – ber no, min Frelsar god.  
Du må meg ikkje gløyma!  
Lat meg hjå deg, når bort eg dreg,  
i himmel-sæla lende!  
Ditt namn so søtt fær brotet bøtt.  
Velsigna vere du utan ende!*

## MARTYR-SONGEN FRÅ MADAGASKAR

For 150 år sidan song dei kristne på Madagaskar sine songar under harde forfylgjingar. Ein av desse songane nådde på forunderlege vegar – og omvegar – vårt land. Det er den sokalla ”martyr-songen”: ”Å, kom no, heile heimsens hær!” Madagaskar-misjonæren fru *Ingrid Aasen* er ein kjennar av den kristne songen og musikken på ”Solskinsøya”. Her gjev ho ei skildring av den:

”I 1818 kom de første misjonærene til Madagaskar. De var engelske og sendt ut av Londoner-misjonen. Trass i begynnervansker og mange slags hindringer fikk de satt i gang et rikt misjonsarbeid. Men det fikk en brå slutt. Den hedenske dronningen og hennes rådgivere gikk til forfølgelse av de kristne. I 1836 måtte misjonærene forlate landet.

Men etter dronningens død i 1861 fikk de komme tilbake igjen. Det viste seg da at de kristne i denne martyrtiden var kommet styrket ut av lidelsene og at de hadde økt sterkt i antall. Det som aller mest hadde styrket dem, var de skjulte samvær i huler og grotter, der de leste Guds ord og nynnet salmer. Av frykt for å bli oppdaget våget de sjelden å synge høyt. Misjonær G. A. Meling forteller gripende om dette i sin bok ”Lovsang i lenker”. I ”Kristen Sang og Musikk” kan vi også lese om disse martyrenes sangbehov og sangglede. Slik skriver misjonær *L.J. Danbolt* der:

”Den kristne sang forstummet ikke i forfølgelsestiden. Det ble de forfulgte kristne til usigelig trøst at de kunne samles på ensomme steder og synge kjære salmevers som de hadde lært av misjonærene. Martyrer som ble slept av sted for å henrettes, sang med løst tunge om vegen til himmelens lyse hjem, og om den Frelser som hadde gitt seg selv for dem.

Gasserne har et eget navn på disse martyr-sangene:

de sot-svarte (gassisk maintimolaly), d.v.s. så gamle som sot under takbjelken. Noen få av disse martyr-sangene synges fremdeles, og med en egen henførelse. – Melodiene til disse ”sot-svarte” sangene lar seg for det meste ikke identifisere. Det er formodentlig gamle forsamlingsmelodier fra England og Wales fra før 1820, som ved å synges uten støtte av noter gjennom en 30-årig forfølgelsestid ble forvandlet til ukjennelighet.”

En av disse martyrenes lovsanger, som altså skriver seg fra lang tid før norsk misjon kom til Madagaskar, er fortsatt en av gassernes kjæreste salmer. Og den har i alle år hatt sin plass i den gassisk-lutherske salmebok.”

— — —

Det var på Island, sommaren 1947, at eg første gongen høyrde denne songen. Han stod i det songheftet (”Søngvar”) som dei nyttar ved stemnene på leirstaden i Vatnaskogur, 9 mil nord for Reykjavik. – Han tok til slik: ”O, komid, allur heimsins her, og heidrid Gud, er skapad oss!”

Under står: ”1. versid frå Madagaskar. B(jarni) E(yjolfsson)”. – Av dei 5 versa er soleis bare det første frå ”Martyrsongen”.

Bjarni hadde sett dette verset i *A. Thunem's* bok ”Vekkelsen på Madagaskar”. Hans ven, *Gunnar Sigurjonsson* fortel at han fann denne boka hos fru *Johanna Thor* i byen Akureyri på Nord-Island. I den boka stod melodien og det 1. verset av songen. Som nemnt gjengav Bjarni dette verset på islandsk, og ”spedde på” med fire eigne lovsongs-vers.

Då eg høyrde denne songen, med den ”voggande” tonen, sungen med glede og eldhug, fekk eg hug til å omsetja han til norsk. Eg omsette då alle fem versa, i januar året etter.

Madagaskar-misjonæren *Undheim* budde då på Fjellhaug. Eg kom til å nemna for han songen eg

hørde på Sagaøya. – Han fortalde då at originalteksten er på 3 vers, og han var venleg og tolka innhaldet av den madagassiske teksten for meg. Eg tok so og kledde det i ”poetisk drakt” på norsk. – Eg nytta songen i bibelklassen på Fjellhaug. Sidan vart dei tri versa med i den reviderte ”Sangboken”. Han står ogso i ”Salmer -73”.

Ingrid Aasen fortel at den melodien som står i Thunem’s bok – og i Melodiboken til Sangboken – er ”den samme som finnes i både lutherske og reformerte melodibøker fra Madagaskar fra begynnelsen av dette århundre (1903 og 1905). Senere kom det inn noen forandringer (vi kan gjerne si forvanskninger). Men det interessante er,” skriv ho, ”at i den store melodiboken som kom i 1978 – felles for lutheranerne og de reformerte – der finner vi melodien til Martyrsangen gjengitt nøyaktig som i den lutherske melodiboken fra 1903, og den reformerte fra 1905, og altså lik den som står i den norske ”Melodiboken”.

I en av de gamle reformerte melodibøkene fant jeg i registeret at melodien stammer fra en engelsk bok som heter ”Union Songs”. I den norske melodiboken derimot står det at det er en gassisk tone. Det må i så fall Thunem ta ansvaret for. Han skriver nemlig at sangen synges på en nasjonal melodi. Men om Thunem har tatt feil her, så er det i hvert fall i første omgang hans fortjeneste at vi har fått denne sangen på norsk.

Gledelig er det at den gassiske martyrsangen fortsatt vil klinge fulltonende i de store menighetsforsamlingene der ute, slik som den alltid har gjort det i de siste 150 år,” skriv Ingrid Aasen.

## *Ei kjelda fløder i 1950-åra*

”Å GI ER Å SÅ”

I 1950-åra vart nokre av dei songane til som er blitt mest sungne av dei som vert fortalt om i denne boka. Først skal me nemna ein liten song om å gi.

Kva tid på året det var, i 1950, minnest eg ikkje no, bare at det var ein søndag i ”den lyse årstid”. – Eg hadde vore på formiddagsmøtet i Forbundssalen i Oslo (no Misjonssalen). Den gongen vart gavene til misjonen tatt opp ved utgangsdøra (ikkje som no i benkene). Og denne dagen stod eg der, for første gong. Eg tykte det var både gildt og høgtidsamt å sjå misjonsvenene – eldre og unge – gå forbi og leggja sine kjærleiks-gåver til ”Jesu hjertesak” i kollektbøssa, som eg heldt i handa.

På heimvegen fylgde eg, og ein god ven og misjonsarbeidar, *Nils Brandsæter*, trikken opp til Sinsenkrysset. Då eg skildest frå Nils, var det nokre hundre meter att heim til Fjellhaug. Medan eg då gjekk bortover Lørenveien – der eg sidan kom til å bu – tenkte eg på den gilde opplevinga ved ”tempelkista” i Forbundssalen, og kom til å minnast eit svensk sitat: ”Att giva är innerst inne det samma som att få.”

So laga det seg til nokre einfelde vers på vegen. Samstundes tok det til å tona. Og då eg kom heim til Fjellhaug, var tekst og melodi ferdige.

Songen vart prenta i ”Utsyn”, og det kom framlegg om å ta han inn i ”Sangboken”, som då var under revisjon. – Dette vart drøfta på eit møte som songboknemnda hadde på Hurdal Verk. Dei tykte godt om teksten, og spurde om melodien. Eg sa då som sant var at eg hadde nynna teksten til ein melodi, men nemnde ikkje at det var eg som stod for tonen. Dei ville høyra han, og eg

nynna han spakt Til mi undring tykte dei godt om han.

Lenge var eg uviss om det verkeleg var eg som hadde laga denne einfelde moll-melodien, eller om det var ein som eg hadde høyrte før og som hadde ”bobla opp” samstundes som teksten vart til. Men alle som eg spurde, hadde ikkje høyrte tonen før. Då måtte han nok like vel vera ”original”. Og ingen andre har til dags dato påberopt seg eigedomsretten til han. So hende det høgst utenkte at han fekk plass i den store ”Melodiboken”.

Det er elles svært få songar som handlar om å gi. (Eg minnest bare ”Gud sin egen Sønn oss gav.” Men det er nærmast ein julesalme.) Difor treiv dei ikkje sjeldan til ”Å gi er å så” når temaet for ein andakt i NRK var å gi. – Og har denne vesle songen vore med og opna syn og hug for det store ved å få gi, – ja, so er gleða på mi side.

#### ”DET HENDE I NATTSTILLE STUNDER”

”I årenes løp”, som det heiter, vart talet på julekvad heller stort. Og det hadde sin naturlege grunn. For det var ”i embeds medfør” at dei vart til, for det meste. I 40 år redigerte eg juleheftet ”Ved Juletid”, og i vel 35 år ”Utsyn”, organ for Norsk Luthersk Misjonssamband. Og kvart år skulle det gjerne vera eit juledikt til kvar av desse to publikasjonane. Til dette kom oppmodingar om å skriva slike kvad ogso til andre julehefte. I tillegg kjem tekst til tri julekantatar: ”Den store stjerna,” ”Den store Kongen” og ”Julestjerna over Betlehem”. – Det var vel ikkje for mykje om eit par julekvad fekk vera med.

Den som vel er blitt mest nytta – utanom nokre julesalmar eg har omsett frå engelsk – er ”*Det hende i nattstille stunder*”.

I dei mange åra eg ”stelte med Utsyn”, gjekk turen

minst ein gong kvar veke frå kontoret i Grensen 19 til Grøndahl & Søns store boktrykkeri i Munkedamsveien, bortanfor Vestbanestasjonen. – Ein dag føre jul, for mange år sidan, var eg på veg dit. Det var ein sur og guffen vinterdag, med sludd frå overskya himmel – ikkje fullt så ille som dagen i dag når dette vert skrive.

Medan eg gjekk gjennom gatene og tenkte på Utsyns julenr., som var i arbeid, gjekk tankane langt av leid, heilt til Det heilage landet. Det er so greidd med tankereisene: Dei er so rimelege økonomisk, og so går det so forrykande fort. På mest null komma null kan du vera alt i Israel, ja, endå lenger: i Solrenningslandet i det fjerne aust.

Ruskeveret var gløymt. Eg levde i det største som har hendt på den aldrande jord. Og i Munkedamsveien forma juletankane seg til nokre vers. Det vart prenta i Utsyns julenr. 1952:

*Det hende i nattstille stunder,  
i æveleg austerlands-ro,  
eit sælt og useieleg under,  
snart to tusen år sidan no.*

*Heroldar frå høgheimen helsar.  
Å, høyr dette herlege kvad:  
I dag er det fødd dykk ein frelsar,  
ein konge i David sin stad.*

*Og hyrdingar høyrde dei ordi.  
Og det som var lova, dei fann.  
Og sidan dei gjekk over jordi  
med jubel frå land og til land.*

*Mi sjel, ogso du treng ein frelsar  
på ferdi frå vogga til grav.*

*Og difor velkomen eg helsar  
den gáva som himmelen gav.*

Songen har fått tone av *Else Berntsen-Aas* ("Concordia" nr. 5-6 1959) og *Torbjørn Knutsen*.

"DAG OVER JORD!"

*Magnus Brostrup Landstad* syng om julekvelden:  
"Hver juleaften jeg tender mitt lys. Da samles vi gamle og unge. Så hjelpes vi ad Guds ære og pris med hjertens glede at sjunge. *Det er den kjæreste stund jeg vet blant årets triste og tunge.*"

Tusentals born og vaksne i Noreg seier seg samde med vår store salmediktar i dette. Og so er det sunge og tala og skrive og dikta til julaftens pris som til ingen annan kveld i året.

Og so vart eit julekvad til julekvelden 1955, – ute hos mi då 85 år gamle mor i heimen hennar, Fredlund.

Eg ser det slik at formelt er dette julediktet helst vellukka, endå det vart "i hast nedskrevet". Verse-linene er stutte, men kvar av dei har enderim. Bokstav-rim er det ogso. Få adjektiv er det, og dei som finst, er sterke: heilag – gledesfylt – glødd. So vert det ein sokalla lapidarstil, "stein-stil", stutt, sterk, knapp – utan eit overflødig ord, som hoggen i stein.

Diktet vart med i "Det gode år" (1959). – *Kjell Børjesson* sette tone til. *Thorbjørn Lindhjem* song han inn på LP-plata "Evig er livsens blom", og *Ola Valland* på LP-plate. Han er ogso nytta i NRK, og har fått plass i Lunde forlags store leseverk, "Liv og Lagnad".

*Kveld millom kveldar,  
signa du er.  
Heilage eldar  
helsing oss ber.  
Englar tek tonen,  
gledesfylt, glødd:  
Menneskesonen,  
no er han fødd.*

*Tempel vart stallen.  
Himlen var nær.  
Høgtid i hallen.  
Gud kviler der,  
han som skal bera  
høgfjell av skuld,  
gjeva åt verda  
frelsa sitt gull.*

*Himmelens gáva  
helsar me glad.  
Herren skal lova  
heilage kvad.  
Hjelpi han sende,  
naudi var stor.  
Natti tok ende.  
Dag over jord!*

"HAN TEK IKKJE GLANSEN AV LIVET"

Denne songen er nok den som er blitt mest sungen ved sida av "De foldede hender" – av dei som denne boka fortel om.

I 1921-22 gjekk ei ung Telemarks-jente på ungdomsskulen på Fjellhaug. Det var *Signe Edland* frå Edland-grenda i Vinje i Vest-Telemark. Eg budde sjølv på Fjellhaug den gongen, og minnest godt Signe. Etter den siste storkrigen kom ho att til skulen

oppe på Sinsen, denne gongen til bibelskulen. Og eg hadde den gleden å ha henne til elev. Ho hadde då i eit år vore lærarinne oppe i Troms, i Lyngen, og sidan var ho i om lag 20 år – like til sin død – lærarinne i si heimbygd. – Frå Fjellhaug kjende eg ogso hennar syster Margit. Utan denne kjennskapen hadde nok ikkje ”Signe-songen” vorte til.

Det er ikkje vanskeleg å nytta vakre ord når ein skal freista å skildra Signe Edland. Skal ein vera poetisk, kan ein seia at ho var naturleg og frisk som ei fjellbjørk og ein fjellbekk, men også som fjellvatnet med den djupe botnen. Ho var open og ærleg, storlagd og sterk, livsfrisk og festleg, ein heilstøypt karakter, utan fusk og svik. Me visste alltid kor me hadde henne. Godlynt og i godlag var ho, kunne spøka og skjemta, men det heilage livsalvoret låg alltid under.

Ei sterk nasjonal-kjensle hadde ho, og kunne ”toppa” når ho merka at nokon såg ned på Noreg og det som var norsk. Ho nytta då ogso eit vakkert norsk mål, både i skrift og i tale.

Signe var ogso glad i ”Fjell-Noreg”. Vel ei mils veg frå heimen nede ved riksvegen – som går vidare til Haukelifjellet og Vestlandet – hadde familien Naustnut-setra. Der var ho og mor Ingjerd, broren Halvor og systrene Gunhild, Margit og Torbjørg mykje om sommaren. –Setra låg like ved det fine Songavatnet (som no er regulert, med den store Songa-demningen). Ut frå dette vatnet renn elva Songa, klår og frisk, mellom lyngtuer og moltegras, ned mot Urbø-glupen. Og eg minnest at Signe sa, då me var der oppe: ”Høyrer du Songa, kor vent ho syng?”

Ho var glad i borna, – i folkeskulen, sundagskulen og misjonsbarne-laget. Og dei var glade i henne. Eg tenkjer det var fordi ho gav so mykje, var so gild og gjæv.

Mest elska ho misjonens Herre, Jesus Kristus. Alt i unge år hadde ho gjeve han sitt hjarta. Og hende det på lærarskulen at nokon pirka borti henne fordi ho var ein avgjord kristen, so kunne ho, kort og kontant, svara: ”*Jesus tek ikkje glansen av livet!*” – Det ser ut til at dette var hennar motto-ord, hennar valspråk. Det vart ogso hennar livs siste vitnemål.

Sommaren 1949 fekk kona mi og eg innbyding til å feriera oppe på Naustnuten. Me reiste då opp til Edland, der Signe og søskena og deira 80 år gamle mor, Ingjerd, budde i det kvite huset like ved vegen. ”Støylen” heiter det. Det ligg under ei skogli, og attmed stova står eit kjempestort furutre. På den andre sida av vegen blenkjer og blinkar og glitrar det i fjell-elv og sjø.

Derfrå gjekk me to, i lag med Margit, opp til setra. Den gongen var det ingen bilveg, so turen tok nokre timar. – Det var i førstninga av august, og det året var det eit uvanleg rikt molte-år. Då me nærma oss setra, raudna det av molter i tusental. Det var eit takande syn for oss som aldri hadde sett eit slikt syn før.

Der oppe på setra, like ved Songavatnet, og under fjellet som heiter Naustnuten, – på grensa til Hardangervidda – var me då i to ugløymande veker. Signe kom ogso opp, og var med i seter-stellet: mjølka geitene, kinna og ysta. I den lyse sommarkvelden hende det at me ”hoppa taug”. Det hende ogso at me var på moltetur i lag innover fjellviddene. Denne ”Nordens drue” var størst og venast inne i bjørkeriset. Og eg minnest at eg tok eit fargebilete av ei hand som heldt om ei diger, raudgul, fullmogen ”mølte”. Handi var Signes.

Der oppe såg ein so vidt, til berg som blåna langt i vest. Der var myr og mo, fjellbjørk og fjellblom, lysande lyng og mognande molter, og ein mektig, blånande himmel over. Og Signe var glad



og i godlag. Nest heimen var denne staden den kjæraste for henne. Og i stille kveldar kunne ho seia: ”Høyrer du Songa, kor vent ho syng?”

”INGEN SKAL SJÅ MEG FELLA EI TÅRE . . .”

Sommaren gjekk, og hausten med. Ei stund etter nyttår kom det eit uventa bod: Signe Edland ligg på Menighetssøsterhjemmets sjukehus i Oslo. Kreft. Det var ikkje med lett hjarta eg styrde mine steg dit, kvidde meg for å møte ein god ven som no hadde fått sin ”dødsdom”. Men eg kunne ha spara meg mine tunge tankar. Det vart – underleg nok – ei lys og god stund. For sjølv var ho lys og blid. Det var ei frimodig Signe eg møtte. Ho tok sin tunge lagnad på ein heroisk måte. Og eg kan aldri gløyma hennar ord der ved sjukesenga: *”Ingen skal sjå meg fella ei tåre fordi om eg lyt døy ung!”*

Før eg sa farvel, vart me samde om at eg skulle ta ein tur opp til Edland eingong til våren.

– Før du døyr, tenkte eg.

– Før eg døyr, tenkte vel ho.

Men ingen av oss sa noko om det.

I førstninga av mai fekk eg so brev frå soknepresten i Nissedal i Telemark, *Knut Andersen*, om eg ville koma dit og tala på ein 17. mai-fest. Det takka eg ja til. – Det året var denne høgtidsdagen midt i veka, onsdag. So tenkte eg: Det høver godt. Først dreg eg til Nissedal, og deretter opp til Edland.

Men det gjekk ikkje slik. Ein dag kom ein mann frå den bygda i Nedre Romerike – Nordre Høland, dit me hadde flytta frå heimbygda i 1913 – innom kontoret i Grensen 19 i Oslo. Kristian Haukebøl heitte han. Og han fortalde at min gamle folkeskulelærer, Oskar Østreng, skulle fylla 70 år laurdagen etter den 17. mai. Om eg ville ordna med ein ”kunstnerisk utstyrt” adresse til læraren, og so vera

gild og koma dit ut og ”overrekke” adressen til han på fødselsdagen hans.

Eg lova å gjere det. Men dette gjorde at eg laut brigda reiseplanen: ta turen til Edland først, og deretter til Nissedal. – Hadde ikkje denne forandring i reiseplanen kome, hadde nok ”Signe-songen” ikkje blitt til. For no nådde eg henne med den siste bussen eg kunne nå henne med i live. Hadde eg kome med neste buss, hadde det vore for seint.

Då eg kom til Edland søndag kveld, såg Signe bussen stansa, og gledde seg til samtreffet. Det same gjorde sjølvstakt den langframande òg. So hadde me det hugnadleg og gildt i lag med Edland-huslyden til seint på kvelden. Signe var som vanleg i godlag. Ho, og hennar kjære, hadde enno von om at ho skulle vinna over sjukdomen.

Men morgonen etter, då eg vakna, skjøna eg at noko alvorleg var på ferde. Signe var brått vorten verre, og me skjøna at det var hennar siste strid som hadde teke til.

Hennar 80 år gamle mor, sysken, nokre andre nærskylde og eg stod rundt hennar dødsseng. Smerterne var svære. Men Signe var tapper. Og like til det siste var ho realistisk og ekte. Då ein nemnde at når ho kom til paradiset, var det ikkje liding og sorg der, svara ho: ”Å, eg synest det har vore gildt å leva her på jordi ogso.”

Elles var det ikkje stort ho sa. Ho stridde med smertene, og hadde nok med det.

”JESUS DREG BÅTEN I LAND!”

Då dei skulle stella henne, gjekk hennar mor og eg ned i stova. Eg ser henne enno for meg, gamle Ingjerd, ei sterk Telemarks-kvinne, der ho sat ved bordet, med handi under kinnet, og sa fram – utaboks – 28 vers om Kristi liding. Ho hadde skrive dei, i

hovudet, då ho låg på sjukehuset i Skien. (Eg fekk henne sidan til å skriva dei ned for meg.)

Då me kom att, var Signe vorten kleinare. Mora sa då til henne:

”Signe, Jesus dreg båten i land!”

Ei stund etter tok ho det opp att: ”Signe, Jesus dreg båten i land!”

Ho sa ikkje meir til si døyande dotter. Men skal tru om desse orda ikkje kom som eit lysstreif til Signe i hennar siste strid? Og sidan har dei gått ”langt om lande”, og kome med eit lysstreif til mange.

Lenge etter spurde eg Ingjerd om det var eit gjengs uttrykk der oppe, noko dei sa når ein kristen pilegrim døydde.

– Nei, svara ho.

– Kvifor sa du det då?

– Eg *måtte* seia det.

Stilt gjekk eg bort til den døyande, tok henne i handa til ei siste takk og farvel.

– Veit du, Signe, kven som tek deg i handa no? vart det spurt. Og ho svara:

– Ja, den handi kjenner eg vel.

Det var noko av det siste ho sa. For meg er det kjært å minnast.

— — —

Signe Edland sin dødsstrid var hard, men stutt. Medan me stod der rundt senga hennar, anda ho ut. Og det er vår tru at det låg ein realitet i mor Ingjerd's ord: Jesus drog båten i land, på den stormfrie, solfylte strand, der det er lett å gløyma jordlivets smerte og strid.

Eg vart verande i heimen den dagen. Sorga var sjølvstarkt stor hos mor og søsken. Sværast var det nok for broren. Han og Signe var bundne saman med sterke venskapsband. Dertil kom at dei tykte dei hadde fått gode lovnader om at Signe skulle verta god att. Det var eit hardt vonbrot.

## I EIN SOLBAKKE

Morgonen etter fylgde eg bussen nedover den lange dalen, til sentrum i Kviteseid. Der skulle eg byta buss, og so dra vidare til Nissedal. – Eg gjekk opp i ei bakkehelling og sette meg der og venta. Det var ein uvanleg vakker vårdag, med glitrande sol over denne ”perla i Telemark”, over sprettande bjørkelier, fagre fjell og blenkjande vatn.

Medan eg sat der, gjekk tankane naturleg til Signe og hennar siste strid. Og eg tenkte på hennar siste vitnemål. Like før eg sundags-kvelden kom til Edland, var det ei ung nabo jente som såg innom Signe. Då sa ho: ”Du burde verta ein kristen, du! For Jesus tek ikkje glansen av livet.” – Det var hennar søster Margit som hadde høyrte dette, og sidan nemnde det for nokre av oss. Og takk for det!

Det var so vakkert sagt at det kunne vera emne for eit kvad. Og medan sola spela og vårfuglane song og nokre småborn leika omkring meg, vart so nokre vers ”i hast sammenskrevet”, for atter å tala med Hans Adolf Brorson. Like vel fekk songen då den form han sidan har hatt. Det einaste brigdet som er gjort, er at ”døden sin dal” er vorte til ”dødsskuggens dal”.

Når eg no tenkjer tilbake, synest eg det er underleg at denne songen vart til so snøgt og so lett, og at han like vel kunne få so stort og vidt eit virkefelt, år etter år, i fleire land.

So gjekk ferda vidare til Nissedal. Dagen etter deltok eg, saman med sokneprest. Knut Andersen, i 17. maifesten i Nissedal soknehus. Der kom eg til å nemma Signe Edland. Litt brydd drista eg meg ogso til å syngja den nyskrivne songen, til tonen: ”O, åpne ditt hjerte for Herren!” – Forvitneleg var det at då eg om lag 20 år etter kom til Nissedal, helsa eg på fleire som hugsa den første gongen ”Signe-songen” vart sunge.

I ”Utsyn” skreiv eg eit minneord om Signe Edland. Ved sida av dette stod songen prenta. Ikkje lenge etter song *Arne Aambø* han på Drottningborg handelsskule ved Grimstad. Og sidan for songen utover landet.

## SLIK VAR SIGNE

Ei veninne av Signe Edland, *Gerda Sagstad*, fortel i eit brev nokre minne om henne. Dei er so vakre at me tek dei med her:

”Eg møtte Signe att på eit påskemøte nord i Fagerfjell, i 1947. Gleda var stor. Ho opna seg med det same, – hadde det ikkje godt nettopp då. Ho *måtte* få lys og oppleva påske på nytt. – Kor det skapte naud hos meg! Her var oppgåva lagd nett på meg.

Eg hugsar so vel opnings-orda på påskemøtet: Matt. 26,18 B. Signe *måtte* høyra dei orda frå Jesus: ”Hos *deg* vil eg halda påske.” – Under samværet skulle me ha barnemøte langfredag. Der skulle eg tala. Signe spurde om ho fekk høyra på. Kva skulle eg seia? – Eg grua meg. Ho skjønna tankane mine. Nei, ho skulle bare vera *barn* – og ta imot.

Gud gav meg ei forteljing under møtet. Den gjorde langfredags-bodskapen tindrande klår for oss alle. Kort fortalt var det ein umuleg gut, som læraren inga onnor råd visste med enn å straffa. Men so baud ein annan gut seg fram: Han ville gå god for den andre. Kvar gong noko gale vart gjort, so skulle han, den skuldause, ta straffa.

Gud var so underleg nær. Vi såg han, den korsfeste, – for at vi skulle gå fri.

Eg kom då til å hugsa på Signe. Tårone trilla. Og ho let dei trilla. Meisteren var komen for å halda påske hos henne.

Om kvelden vart ordet gitt fritt til korte vitnemål. Og vi fekk slike. Men so steig Signe fram, lærarinna

frå Telemark. Ho lyste av ei indre glede, – og eg kan sjå det for meg når eg vil. Ho tala, ope, rett på sak, eit so einfelt, hjartevarmt vitnemål som greip. Det sokk i ungdomsflokken.

Det var frelsesjubel den kvelden i Fagerfjell. For eit vitnemøte! For eit påskemøte!

— — —

Eit par år seinare råkast Signe og eg i Oslo, på gjennomreis båe.

– So underleg at eg skulle få sjå deg og takka! No er det siste gong her på jorda. Eg skal snart *heim*. Han – Jesus – har gått god for meg til i dag.

Slik fall orda.

– Han hjelper heilt fram, Signe.

Dermed sa vi farvel.

Eg opplever songen om Signe Edland gong på gong, ikkje minst ved sjuke- og dødssenger, som det ofte fell i min lut å sitja ved. Når eg ser ”døden sin brotsjø” og Jesus som ”dreg båten i land”, ja, då må eg vel takka. Det er bare eit par dagar sidan eg opplevde det so underfullt. Ei ung mor laut i all hast forlata alt, mann og to små. Det heile gjekk so fort. Mannen nådde henne ikkje i live.

– Jesus, hjelp meg! kom det frå den døyande. Og du kan tru at eg og ropa – utan ord. Like etter sende ho meg ein strålande smil. *Han* kom. So var det slutt. Ja, ”han hjelper i brattaste bakkar, og stydjer når vegen vert smal.” Velsigna bodskap som held i liv og død.” – So langt brevet.

— — —

Ei tid seinare gjesta eg atter heimen til Signe. Der fekk eg sjå Bibelen hennar. – Over det siste kapitlet i ”Preikaren” – Predikerens bok – der det står om å tenkja på Skaparen i ungdoms-åra, hadde ho skrive: ”*Takk, Jesus, som har teke deg av meg!*”

Og over Joh. 14 – der Jesus talar om farshuset med dei mange rom – står det: *”Takk for husromet!”*

So er det kristeleg rett å tru at ho no er i dette ”husromet”, i ”de evige boliger”. For

*Han gyller din morgon og kveld,  
og opnar ei dør til dei salar  
der æveleg høgtid du held.*

#### EIT OG ANNA OM ”SIGNE-SONGEN”

Småborn syng på si vis. Ein liten gut på Drottningborg song slik: ”Han tek ikkje glansen av vedet” (vettet)! Og ein liten kar – det var visst i Haugesund – song: ”Han tek ikkje livet av glansen.” –Og begge deler er sant!

Nokre songar er spesielle ungdoms-songar. Det er denne og. Elles er det underleg at han vert sunge av alle årsklassar: born, ungdom, manndom og alderdom.

Mi mor var 80 år då denne songen kom. Ho døydde då ho var 91. Midt i sjukdom og smerter gjorde ho Signes vitnesbyrd til sitt: ”Jesus tek ikkje glansen av livet.” – Ho ville so gjerne syngja songen, men var då komen opp i den alder då det var vanskeleg å læra utaboks. ”Korleis lyder det vidare?” kunne ho spørja. – Eg hadde ikkje tenkt på dette før. So gjeld det å fylla hugen med det gode – og læra det grundig – medan ein er i den unge, mottakelege alder. Det kjem vel med når ein er blitt gamal. Spørsmål og svar frå Pontoppidans kristenlære, og songar som mor lærde i barndom og ungdom, dei mintest ho inn i den seine livskvelden.

#### TIL ANDRE TUNGEMÅL

Då denne songen vart ”i hast sammenskrevet” i solbakken i Kviteseid, tenkte ikkje han som krota

ned desse einfelde versa, at denne vesle ”fuglen” skulle koma til å flyga so vide, over fleire landegrenser. To islendingar omsette han til islandsk: den unge presten *Magnus Runolfsson* og redaktøren *Bjarni Eyjolfsson*. – Runolfsson’s omsetjing tek til slik:

*”Hann sviptir thitt lif ekki ljoma,  
så lausnar, er kallar å thig.”*

Av Eyjolfsson’s omsetjing tek me med v. 3:

*”han stydur i brekkunum bröttu,  
svo bresta ei krafta thig skal,  
og jafnt og å grundinum grænu  
hann gledur i skuggana dal.”*

1. vers i den færøyske omsetjing lyder:

*”Han tekur ei gledina frá tær,  
tann Jesus, id kallar å teg.  
Bert tå kanst av sonnum tu liva  
um hann kann tær fylgja å veg.”*

Songen er ogso omsett til færøysk av *Alfred Pedersen*:

*”Hann livsgledi tina ei tekur,  
sum Frelsari kallar å teg.  
Tu ei fyri streyminum rekur,  
um Jesus her visir tær veg.”*

På islandsk og færøysk har dei nokre bokstavar som ikkje finst på norsk. I slike høve har me tilnærma vår rettskriving til dei to nemnde språka.

— — —

Ogso til dansk vart songen tidleg omsett. Der lyder siste verset:

*”Han tar ikke glansen af livet.  
Han højner din morgen og kveld  
og åbner en dør til Guds sale  
når dagen engang går på held, –  
ja, åbner en dør til Guds sale,  
til livslykkens evige væld.”*

Til svensk er den omsett av *O. Wallin*. Det siste verset har fått denne form:

*”Då dimmor och töcken försvunnit,  
alt strålar i evighetsglans,  
och du är med Jesus förklarad,  
för evigt och fullkomligt hans.”*

Alt tidleg vart songen omsett til engelsk, av tekstforfattaren. Som eit kuriosum tek me med det 4. verset i denne omsetjinga:

*”He guides you across life’s big ocean,  
stands by till the journey is o’er.  
At last, when the breakers are roaring,  
then He pulls the boat on to shore.”*

Me tek med dette verset ogso fordi det er ein av dei få omsetjingane som har fått med gamlemor Ingjerd’s ord om at ”Jesus dreg båten i land”.

Den andre omsetjinga til engelsk har bare 4 vers. Heller ikkje her er ”Jesus dreg båten i land” teke med. Me har ikkje funne ut kven som har omsett den. Det første verset tek til med at ”livets fortryllelser er ikkje tapt for ein kristen”:

*”Life’s thrills are not lost for a Christian.  
The Savior enriches each day.  
Life truly commences in earnest  
when His way is also your way.”*

Til japansk vart ”Signe-songen” omsett av dåverande misjonær *Leif Salomonsen*. Han omsette den til ein ungdomsleir. I 1959 vart den sunge på Nojiri, feriefjellet for Japan-misjonærane. Fru *Randi Grasmo* skreiv frå Nojiri:

”Vi skandinaver ble bedt om å komme fram for å synge fedrelands-sangene våre. Men først ble det til at Salomonsen fra N.M.S. og en svensk misjonær skulle synge duett, – først på norsk, så på engelsk og til slutt på japansk. Det var ”Han tek ikkje glansen av livet”. Det var nok første gangs opptreden på japansk, og det var så stilt i den store brogede forsamlingen at det var rent underlig.”

Her er det 1. verset, gjengitt med latinske bokstaver:

*”Jesu no koe o kikite  
miato o yukeba.  
Sono toki yasukiari,  
tomoshihi wa kieji.  
Shu yo tomo ni areba,  
mimegumi tsukiseji.”*

Då eg reiste frå Japan, sommaren 1966, song koret ved bibelskulen i Kobe denne songen for meg, på deira eige tungemål. – Salomonsen skriv: ”De ville ha den ”lette” melodien, og den slår utvilsomt bedre an hos ganske unge.”

Då Signe Edland bar fram sitt siste vitnemål, og gamle Ingjerd trøyta si døyande dotter, ana dei sjølv sagt ikkje at deira vitnesbyrd skulle lyda alt aust i Solrenningslandet.

Songen har ogso lydt i Tanzania. Skulejentene på Usangi skulle syngja for ein norsk misjonær som var på gjesting . . . ”Og gripende var det å høre dem syngje ganske tydelig: ”Han tek ikkje glansen av livet.”

Det siste ”skudd på stammen” er ei omsetjing til tysk. Den tyskfødde *Robert K. Jedermann*, som no bur i Ribe i Danmark, omsette han i 1978. – Då det var vanskeleg å føra over ”glansen av livet” til tysk, valde han det tilsvarande ”Freude am Leben” – gleda ved livet. Det første verset lyder:

*”Er nimmt nicht die Freude am Leben,  
der Heiland, der innig dich liebt.  
Wenn du Ihm das Ruder gegeben,  
Er Inhalt dem Leben dir gibt.”*

Som me ser, er det enderim i alle fire verselinjer.

”DET ER SÅ SANT, SÅ SANT!”

For å syna kva Gud kan nytta eit einfelt vitnemål frå ei ung døyande kvinna til, tek me med eit og anna av det me har fått kjennskap til i brev og elles.

Dotter til den kjende blinde salmeskalden *Matias Orheim* skreiv i brev frå Stårheim i Nordfjord, 29/6 1965: ”Det var den siste kvelden, etter at dødskampen hadde teke til. Vi hadde sjukesøstera her, og ho stod ved senga og turka sveitten av panna hans. So sa ho: ”No trur eg Jesus kjem snart og dreg båten i land, Orheim.” – ”Ja, no får de snakka med han om det. Han har lyklane,” svara han. – Og ei lita stund etter var han framme.”

---

Ei sjukesøster, *Elbjørg Hovda*, fortalde den 6/10 1957: ”Han var ingeniør, først i 40-åra. No låg han

på Ullevål, i svære smerter, – kreft. – Dei sjelelege lidingane var ogso store; og det var uråd for han å få fred og kvila. – Sjukesøstera som hadde nattevakt, var ein gild kristen. Ho tala med den dødssjuke unge ingeniøren om Jesus.

Då han låg på det siste, las ho frå Bibelen for han, og so song ho: ”Han tek ikkje glansen av livet, den Frelsar som kallar på deg.” Og: ”Når døden sin brotsjø du møter, vil Jesus dra båten i land.”

”Ja, slik er det,” sa han og smilte. Det gjekk eit forklara drag over han, og ei stund etter anda han ut i fred.”

---

Den kjende presten *Martin Tvetter* døydde i 1959, etter måten i ung alder. Me var vener frå Kristelig Gymnasium først i 1920-åra. – Fru *Esther Tvetter* skriv i brev 4. mai 1959:

”Jeg sitter her ved Martins sykeseng, som jeg nå har gjort hver dag i to måneder og ofte før. Nettopp sang de her på sangen ”Han tek ikkje glansen av livet.” – Da begynte Martin å gråte, og sa: ”Det er så sant, så sant. Han tek ikkje glansen av livet.”

---

”Ein 8½ år gamal gut miste livet i Birkeland ved ei trafikk-ulukke,” skriv sokneprest *Trygve Nortvedt* frå Kristiansand, 20/1 1962. – ”Ved kista – før me song ”Han tek ikkje glansen av livet” – fortalde mor hans at når dei skulle syngja ved andakten heime, gjorde vesle Reinart mest alltid framlegg om å syngja denne songen, som endar med: ”– og opnar ei dør til dei salar der æveleg høgtid du held.”

---

Om fru *Karoline Holen*, Sæbø på Sunnmøre, vert dette fortalt til ”Utsyn” frå hennar siste strid: ”Då

ho skjøna at livsdagen hennar snart var enda, vart songen ”Han tek ikkje glansen av livet” ein av hennar kjæraste songar, og då særleg 3. og 4. verset. – Då døden til sist henta henne bort frå sjukdom og liding, vel 77 år gamal, fekk ho ogso oppleva det ho song: ”Når døden sin brotsjø du møter, vil Jesus dra båten i land.” – Etter hennar eige ynske song tri av barneborna hennar denne songen før kista vart boren til grava.”

— — —

Som me skjønar, set ikkje minst born og gamle pris på å syngja Signe og Ingjerd Edlands einfelde vitnemål. Frå ein barnehage i Trondheim vart dette fortalt 20/12 1964:

”Vesle Dag Nygaard, 4½ år, var elev i barnehagen. I en ”samlestund” fikk Dag ordet, til enten å fortelle noe eller syngje en sang. Med klar barnestemme stemte han i: ”Han fører deg frelst over fjorden, heilt fram til den himmelske strand. Når døden sin brotsjø du møter, vil Jesus dra båten i land.” – Det grep.

#### ”HELE BRYSTET FULLT AV TONER”

Ei anna lita barnesoge: I ”Dag over Norge”, nr. 9, 1958, fortel *Finn Emmanuel Olsen*: ”I en bygd jeg var, stanset jeg ved ei grind. Ei lita jente stod der inne. Hun så opp på meg og spurte: ”Skal jeg syngje for deg?” ”Ja.” – Hun tok tonen så klart med en gang: ”Han tek ikkje glansen av livet.”

– Hvem har du lært den av?

– Mor. Eg kan mange songar.

Å, hele brystet var fullt av toner.”

— — —

I eit brev frå Nesttun, 14/10 1961, fortel *Rebekka Rein* om eit yngre ektepar som hadde 8 born. ”I vår

kom mora i stor angst for desse borna sine. Og ho sa til Gud at dersom han ikkje kunne få frelsa dei når dei voks opp, so måtte han ta dei når dei var små. Ikkje lenge etter fall ein gut – 3½ år gamal – på sjøen og drukna. Då guten var stelt og lagd i kista, gjekk mora og la seg på kne ved båra og takka Gud for lånet.

Dagen etter at denne guten var gravlagd, var det ein ung gut, 21 år, som vart fylgd til grava. – Like før dei skulle bera kista ut or kyrkja, reiste far til småguten på 3½ år seg og sa at han var mint om å syngja songen ”Han tek ikkje glansen av livet.” – Han og kona gjekk fram ved sida av båra og song. Men då dei kom til siste verset, greidde ikkje mannen meir. Men kona song verset til endes. – Det gjorde eit mektig inntrykk på forsamlinga.”

— — —

Den kjende forkynnaren *Emanuel Minos* skriv i brev 4/12 1973 at ”sangen er blitt et klenodium for meg personlig,” og fortel so om si mor:

”Våren 1965 hadde jeg en vekkelseskampanje i ”Betlehem” i Oslo. Min mor var til stede på alle møtene og bad for meg. I praktisk talt hvert møte brukte vi å syngje denne sangen som en slags signatur-melodi, og det grep de store folkeskarene som var samlet. Ikke minst skulle min mor bli grepet av denne sangen.

Senere gikk hun hjemme og stullet og stelte og nynnet den for seg selv. – Jeg spurte henne:

– Hva er det du nynner på, mamma?

– ”Han tek ikkje glansen av livet.”

I juli måned samme år tok Herren henne hjem etter et smertefullt sykeleie. Like før hun døde, bad hun meg å komme bort til seg, og spurte om jeg ville syngje en sang.

– Hva skal jeg syngje, mamma? spurte jeg.

Hun svarte: ”Han tek ikkje glansen av livet.”  
Jeg klarte å komme igjennom de første vers. Men da jeg kom til strofen om å møte dødens brottsjø, da brast min stemme.

Min mor sa da: ”Det går an å få kraft til å dø.” – Hun fortsatte med å si: ”Her ved evighetens grense blir alt borte fra meg, om jeg har hatt medgang eller motgang. Bare en ting står igjen. Det er navnet Jesus.”

Siden den gangen har denne sangen vært noe ekstra for meg, og jeg har nevnt dette på flere møter. Det har også resultert i at folk har søkt Gud til frelse. Denne sangen har du fått fra Herren. Det er sant: ”Han tek ikkje glansen av livet.”

#### ”KVA SKAL ME SYNGJA?”

Og so atter frå ein gamal til eit barn: *Brita Rognes* frå Loen i Nordfjord fortel: ”Me var for første gong i ein nyskipa heim. Mannen var nyleg vorten ein kristen. Sjølv fortalde han at han før ofte var redd om måndagen – han skulle på arbeid – for kva han kunne ha sagt eller gjort i fylla om helga. Han sa til seg sjølv mange gonger at no skulle det verta slutt. Men når helga kom, vart det freisting på nytt. Livet vart so tomt.

Men so fekk Jesus sleppa til. Det vart noko heilt nytt. Lysta til det gamle festlivet vart teken heilt bort. No var han nygift, lukkeleg og glad. – So var me der for første gong. Det var i jula. Me hadde sett oss til bords, og so seier han: ”No må me syngja. Men kva skal me syngja?” – Sjølv var han flink songar. – So sat me der. Tankane arbeidde, – det var liksom ikkje nok bare med eit vanleg bordvers, eller ein jolesong.

Då kjem det frå ein liten gut, som òg var med: ”Kan ’kje me syngja ”Han tek ikkje glansen av livet, den Frelsar som kallar på deg?”

For ei utløyning av alt det som trengde på inne i barmen! Me song, med tåre på kinn, i glede og takk, kjende kor kvart ordet var sant.”

– – –

Endå eit ord frå barnemunn: ”Det var siste laurdagskvelden. I radioen hadde vi nettopp fått høyrte res. kap. Myklebust sin enkle og gripande minnetale over dei ni fiskarane som kom bort ved ”Myrnes” sitt forlis, utanfor Seydisfjord på Island. Vi sat og tala om dette, og tankane våre gjekk til dei som sat att. Orda blir so fattige i ei slik stund.

I romet ved sida låg borna, og døra stod halvopen. Den eldste jenta på 11 år, hadde lege vaken og høyrte på minnetalen. Med eitt seier ho: ”Veit du, mamma, ein song som passar til denne ulukka?” Og so siterte ho verset:

*”Han fører deg frelst over fjorden,  
heilt fram til den himmelske strand.  
Når døden sin brotsjø du møter,  
vil Jesus dra båten i land.”*

”Kunne det finnast eit høvelegare vers enn dette?” spør ”Far til småjenta” (”Adresseavisa”, sept. 1959).

Dette barne-vitnemålet held kanskje ikkje strengt teologisk, men er eit fint vitnesbyrd om kor trygg og tillitsfull barnetrua er, – og om kor songen sitt innhald ogso når barnehjarta.

#### TIL HJELP I LIVSENS STRID

Eit vitnemål om at songen har vore til hjelp i livsens strid, kom nyleg frå ein skulekamerat frå ungdomsskulen på Fjellhaug, vinteren 1920-21, *Guðrun Mosby*, frå Mosby ved Kristiansand. Åra har gått, og me som var unge den gongen, er no gamle vortne.



Gudrun har også vore mykje sjuk dei siste åra. I 1972 fekk ho eit alvorleg hjarteinfarkt og var døden nær. Etter at dette var lækt, fekk ho store pustevanskar, og fekk høyra at hjarta var heilt utslite, og at også lungene var heilt utslitne p.g.a. forkalkning. Det kom som eit sjokk på henne.

”Da doktoren var gått, stod jeg stille på golvet og sa: ”Kjære Jesus, takk for at jeg er frelst! Vis du meg noe fra deg som jeg nå kan holde meg til hver dag? – Da var det som en røst sa: ”709 i ”Sangboken”!” – To ganger hørte jeg samme stemme si: ”709 i ”Sangboken”!”

Jeg var ikke sikker med det samme hvilken sang det var. Jeg fant da fram ”Sangboken” og sangen, men så først på det som stod øverst på siden: ”Ungdomssanger”! – ”Nei, kjære Gud, hva mener du med dette?”

Så tok jeg til å lese, vers for vers i nr. 709, om hjelp i dei brattaste bakkar. Jovisst ble bakkene bratte for meg. Men så kom slutten: ”*Og lyser i dødsskuggens dal.*” Å, takk, takk! Nå kjenner jeg at du følger meg, Jesus. Så kom det 4. verset: ”Han fører deg frelst over fjorden.” Og: ”Når døden sin brotsjø du møter, vil Jesus dra båten i land.” – Og så det siste: ”Han opnar ei dør til dei salar der æveleg høgtid du held.” Jeg leser hele sangen flere ganger om dagen, og sier: ”Takk, kjære Frelser, fordi du gav meg sangen 709 i ”Sangboken”! Jeg både gråt og takket – og det gjør jeg ennå – for budskapet.”

Dette brevet frå min gamle skulekamerat både gledde og greip meg. Og det stadfester noko som eg meir og meir har tenkt: Denne einfelde songen må eg visst ha *fått*.

Han trudde det same, den gamle misjonsvenen Øverby, då eg trefte han i Oslo den 3. november 1956. Med det same han såg meg, sa han: ”Å, du

Bjerkheim, je er så gla i sangen 709. Det er visst en engel som kom ned til deg med den.”

Noko so fint vågar eg ikkje seia sjølv.

— — —

”Denne songen vil vera med og skapa glans over ungdomslivet i Noreg,” skreiv sekretær *Lars Halle*. – Ja, skulle han gjera det – om det bare var ”i beskjeden grad” – då var det noko stort og fint.

Det som har gledd meg mest, er eit og anna vitnemål om at han er blitt brukt til å setja ein og annan i ”den evige bevegelse”. – Me vil ta med nokre døme.

*Bjørn Valde*, ungdomssekretær i Trøndelag krins av Misjonssambandet, skriv: ”Jeg var en ungdom lik mange andre som ikke tenkte på Gud eller Jesus. Det hadde liksom ingenting med virkeligheten å gjøre. Men en sommer ble jeg stanset opp for Guds kall. Jeg skulle hjelpe til med å sette opp ei hytte. Der hvor jeg da var, fikk jeg høre sangen: ”Han tek ikkje glansen av livet” på ei grammofonplate.

Jeg syntes det var en underlig sang. Jesus tar ikke glansen av livet! Selv tenkte jeg at den som ble en kristen, måtte si farvel til livets gleder og fikk det grått og trist resten av livet. – ”Tilfeldigvis” hørte jeg denne sommeren et program i radio, der sangforfatteren fortalte om bakgrunnen for sangen. Det grep meg sterkt å høre at det var ei forholdsvis ung kvinne som hadde sagt dette. Det åndet av trygghet og håp. – Jeg måtte gi mitt liv til Jesus den sommeren.”

— — —

I gjesteboka i Edlands-heimen skreiv *Øyvind Kristiansen*, emissær i Skien krins av Misjonssambandet: ”Han tek ikke glansen av livet” – som er blitt skrevet her oppe – var det som gav støyten til at jeg ble en kristen.”

## ”HAN SKAL HA MITT LIV”

Til sist tek me med det som *Trond P. Gravem*, frå Gjøra i Sunndalen, skreiv (26/10 1959): ”Eg fekk den gleda å taka ein tur i lag med det kjære Sula musikklag. Eg trur ikkje eg brukar for sterke ord om eg seier at denne flokken er den beste, ved Guds nåde, eg enno har møtt. Og vi har opplevd so mykje av Guds nåde i lag ogso.

Du skulle bare ha vore ein tur der langt ute mot havet (på fiskeværet Sula) og høyrte korleis desse våre kjære vener kan syngja ”Han tek ikkje glansen av livet”! – Ei ung sjukesøster høyrde dei nyleg syngja denne songen. Då møtte ho Guds kall på ein slik måte at ho tek beslutningen: ”*Han skal ha mitt liv!*”

*Det er den finaste frukt av Signe Edlands vitnemål.*

## ”DET VAKRASTE FJØSET I VERDA”

Oppe på fjellet mellom Valdres og Hallingdal ligg Hermannstølen, den nest største setergrenda i landet. – Ein av setrane vart i 1956 gitt til Norsk Luthersk Misjonssamband av to søstre: *Guri Sand og Oline Fodnes*.

Då får deira stridde sin siste strid, sa han til døtrene sine: ”De får verne om Guds gjerning då, jento!” – Og då mor deira døyde, sa ho: ”De få’kje gløyme å halda dikka te Jesus, då!”

Dei to jentene kunne ikkje gløyma fars og mors siste vilje. So gav dei stølen til misjonen – til minne om foreldra. – Seter-fjøset vart restaurert og innreidd til forsamlingsal og peisestove.

Målaren *Leif Stensrud* dekorerte peisestova med rosemåling. Og veggene i den vesle forsamlings-salen dekorerte han med motiv frå songen ”Han

tek ikkje glansen av livet.” – Grunnen til det var at i påskehelga var det samla ein stor flokk av unge til møte der, og denne songen var motto for påskemøtet.

På ein av illustrasjonane ser me ei ung jente som strever opp mot korset med ei tung bør på ryggen. Det symboliserer kallet til Guds rike: ”Den Frelsar som kallar på deg.” – På eit anna ser me apostelen Peter som søkk, men vert berga av frelsarhanda. Det er Jesus som ”hjelper i brattaste bakkar”. – På eit anna målarstykke ser me ein båt som er komen inn i ”dødens brotsjø”. Den døyande ligg hjelpelaus i båten og retter begge hendene opp mot himmelen. På stranda står Frelsaren. Nei, han har gått ut i bylgjene, i brenningen. Han har fått tauet frå båten godt rundt hendene. Og so dreg han med kraft båten i land på den himmelske stranda, med dei naglemerkte hender. Kanskje det mest gripande av alle bileta.

På det siste biletet står Jesus med utbreidde hender. Han har ”opna ei dør til dei salar der æveleg høgtid du held”. Og me får ein glimt dit inn.

Eg fekk vera med generalsekretær *Tormod Vågen* til Hermannstølen då denne ”Misjonsstølen” vart vigsla til ungdomsheim, i slutten av juli 1956. Under møtet vart seterhuset kalla ”det vakraste fjøset i verda”. Og truleg med rette! Vågen tala, og eg vart beden om å fortelja om bakgrunnen for ”Signe-songen”. – I referatet i ”Utsyn” står det: ”So talar generalsekretær Tormod Vågen. Med ein storfelt ramme av norsk natur kringom seg, og ein stor flokk av norske kvinner og menn frå våre fagre bygder, ringjer han med ”evangeliet si sølvklokke” og kallar inntrengjande til å tru på evangeliet, som er ei Guds kraft til frelsa. – Etterpå spela musikklaget den songen som no særleg er knytt til ”Misjonsstølen”. – Forfattern av songen sa at gjennom sitt siste

vitnemål vitnar Signe etter sin død. Og hennar gamle mor – då 86 år – er ogso med i vitnetenesta.

Leif Stensrud var ogso med. Det var sist påske, sa han, at Gud hadde gripe inn i hans liv her oppe i Valdres, so han vart ein personleg kristen. Og like etter kom kallet til å dekorera ”Misjonsstølen”. Både han og Vågen hadde kome på den tanken å nytta den før nemnde songen til motiv.”

Leif Stensrud vart ikkje so gamal. Men dei vakre maleriene har – saman med songteksten, som er teken med – tala til tusentals unge, og formidla kallet til å gå inn i Guds rike.

#### TONANE TIL NR. 709

Er det sant at ”kjært barn har mange namn”, so har ogso ein og annan kjær song mange melodiar. Soleis ogso nr. 709 i ”Sangboken”.

Då denne songen vart prenta i ”Utsyn”, saman med eit minneord, stod det over: ”Tone: O, åpne ditt hjerte for Herren!” – Eg tenkte då på den melodien eg hadde høyrte brukt til denne ungdoms-songen.

Som før nemnt var det Arne Aambø som først song han og gjorde han kjend. Det var like etter at han var prenta. Han nytta ein annan tone til ”O, åpne ditt hjerte for Herren!” – ein som eg i min ungdom høyrde sunge til ”O, kom, la oss lovsynge Jesus!”

Sidan er fleire tonar komne til. Men den som er vorten mest nytta, er den som Arne song på Drottningborg.

Snart etter vart to nye tonar laga, den eine av musikksekretæren i Indremisjonsselskapet, *Øivind Tønnessen*. Den andre er komponert av *Erling Moen*, som då var dirigent i ”Betlehem” i Oslo. – Begge vart tekne med i den nye utgåva av ”Melodiboken”. – Tønnessens tone er nytta en del. Moens er brukt

i ei plate-innspeling i Finland, og ligg truleg finsk song-kjensle nær.

Eg minnest godt då Erling Moen og kona kom oppom heimen vår på Fjellhaug med den nye tonen. Eg har ogso eit bilete av han der han sit ved pianoet og spelar denne melodien.

Mens eg skriv om denne songen, kjem det melding frå Drammen, heimbyen hans, at Erling har fått heimlov. Det var med vemod eg høyrde dette. Eg gøymer minnet om denne fine komponisten i hjarta med vørnad og takk.

Den tonen som var mest brukt, kom dessverre ikkje med i Melodiboken. Grunnen til dette var truleg den at utgjevarane tykte at han er for ”lett”. Men at han ikkje er nokon ”lettvektar”, syner fylgjande: I svensk ”Budbäraren”, nr. 49, 1972, skriv redaktøren, *Lennart Linder*, at denne populære tonen ”till nio tiondelar överensstämmer med den gamla tyska folkmelodien till ”O Helige Ande, jag beder.” (”Sionstener nr. 86).

Den svenske hymnologen, dr. teol. *Oscar Lövgren* skriv i sitt Salme- och Songlexikon: ”Melodien har stor likhet med en tysk folkemelodi, tryckt 1810. Den fins i Erks „Liederschatz“ 1,2, till texten „Ach, Mädchen, nur einen“. Denna melodi går också igen i Aug. Bondesons Visbok II, till texten ”En flicka erövrat mitt hjärta”.”

Eg tykte det var gildt å høyra om den nære slektskapen med den tyske folketonen.

Den siste melodien som er komponert til songen, er *Egil Haugens*. Den er folketone-prega, og mykje vakker. Han er blitt mykje nytta, ikkje minst i NRK, både radio og TV. Dei som først song han inn på plate, var *Randulf Saunes* og *Kjartan Grimstad*. Seinare er han ogso sunge av songgruppa ”Sjemi-nit” og andre.

Det var dei som – med rette – ottast at dei mange

tonane til songen skulle skapa ”forvirring” og gjera at han ”dabba av”. Dette har heldigvis ikkje halde stikk.

Og so vonar me at han framleis må leva og gjera ei still og god gjerning – i gamle Noreg og i andre land.

### *Framleis i 1950-åra*

”KRISTUS IMPERATOR”

Når verda vert sturta ut i svære katastrofer, og svolt og sott og lidning og død råkar millionar menneske, då er det mange som spør: ”Kor er Gud? Er Gud til? Og er han til, korleis kan han sjå på alt dette utan å gripa inn?”

Og Jesus Kristus, Fredsfyrsten, med all makt i himmel og på jord, – kor er hans makt og hans fredsrrike? – Ikkje minst under den siste verdskrigen melde slike tankar seg for mange, som dei nok melder seg ogso i dag.

Då var det godt å minnast at nettopp slike ting og tider rekna Menneskesonen med, og varsla oss om. Han sa ogso at hans rike ikkje er av denne verda. Hovdingen over denne falne verda er Satan. Han er ”den sterke”, men Kristus er den sterkaste. Riket hans skal gå til endane av jorda, og til sist skal han koma att i herlegdom, og råda til evig tid.

So held Guds hender trass i alt verdensrattet. Og Kristus er Kyrios – Herren – og Imperator – kongen. – Desse tankane vart forma i eit kvad som vart skrivne i ei nattstund den 3. oktober 1953. Og *Erling Moen* sette tone til. (”Concordia”, nr. 2, 1954). – Nyleg har han fått ein ny melodi, av *Joh. H. Grimstad*.

*Du som styrer stjerners gang  
med de naglemærkte hender,  
alt til verdensløpet ender,  
kjenner støvets kår og trang, –  
opp til deg min sang jeg sender.*

*Du som led for verdens ve, –  
enda du var lysets lue, –  
måte blekne, bløde, grue  
for at vi Guds smil skal se,  
glad jeg engang deg skal skue.*

*Du som styrer solers hær, –  
stjerners diadem deg kroner; –  
signer slekter og nasjoner,  
er ditt folk i miskunn nær,  
evig lovsang mot deg toner.*

”GÅ GLAD DIN VEG!”

Livet er ikkje like lett for alle. Og for ingen av oss er det vel heilt lett. For mange er det heller tungt. Og for somme mykje tungt, kanskje alt i unge år.

Svarte skyer gjer himmelen mørk. Det kan vera sjukdom, vanskar i heimen og i arbeidet, næringsssorg og andre sorger. Då ser ein ogso framtidshimmelen svart og trugande. Ein kjenner seg redd og engsteleg ved tanken på komande dagar. – Det er ein situasjon som ikkje er heilt ukjend for han som skriv dette heller.

Då skjer som ein lysstråle frå Guds evige verden ordet som vart tala gjennom profeten Jeremia til dei som var bortførte til Babel: ”Eg veit kva tankar eg hev med dykk, seier Herren, tankar til fred og ikkje til ulukka, å gjeva dykk framtid og von.” – Då er, trass i alt, framtida lys. Då kan eg ganga glad min veg.

Det vart eit kvad ut frå desse tankane, ein dag i

slutten av november 1953. Det vart prenta i Utsyn, og fekk plass i ”Song under stjernene”. Der vart det observert av *Ragnar Ørstavik*, og han forsynte diktet med ein melodi. So vart det ein song:

*Gå glad din veg! La mismod ei deg tyngja!  
Du opp skal sjå og takkesongar syngja!  
Din Far og frelsar omsut har for deg,  
gjev hjelp i rette stund, – gå glad din veg!*

*Gå glad din veg! Det ingen morgon randar  
då ikkje Gud den rette livsdrykk blandar.  
Ja, bare godt og miskunn møter deg.  
Det beste kjem til sist, – gå glad din veg!*

*Gå glad din veg! Vår frelsar har oss vunne  
ein evig arv og oss til himlen bunde.  
Hans pakt står fast. – det fjell ei rikkar seg.  
Kvar stund han er deg nær, – gå glad din veg!*

*Gå glad din veg! Imillom englar gjeng du.  
Dei vaktar deg, – då ikkje ottast treng du.  
Eit evig utsyn sistpå opnar seg:  
Det sæle livsens land. – Gå glad din veg!*

### ”GÅ MED GUD!”

Eg har lagt merke til at i Norsk Rikskringkasting vert ofte – like før morgon-andakten – spela ein vakker gamal velsk folketone: ”All through the night – gjennom heile natta.”

Song- og musikk-læraren på Fjellhaug, *Ole August Ledang*, bad meg omsetja denne songen til norsk. Då eg tykte at songen var noko spesiell, valde eg å skriva ein heilt ny tekst: ”Livsdagen lang” i staden for ”natta so lang”. – Songen vart skriven den 6. desember 1954.

Ledang arrangerte melodien, og nytta songen i ungdomskoret ”Jubilo”. Han vart ogso gitt ut som notesong i ”Jubilo”s noteserie. ”Livsdagen lang” er – i Ledang’s arrangement og med den norske teksten – gitt ut på LP-plate i ”det norske Amerika”.

Songkoret i Isfjorden i Romsdalen nytta denne songen, men tykte det var noko lite med bare to vers. So bad dirigenten, *Selma Moldsvor*, om eit vers til. Det er her det andre verset:

*Gå med Gud! Han vil deg vara  
livsdagen lang.  
Kvar ein dag du trygt kan fara,  
livsdagen lang.  
Bare miskunn han deg sender,  
til det gode allting vender,  
signar deg med faderhender,  
livsdagen lang.*

*Gå med Gud, som Enok gjorde,  
livsdagen lang!  
Mett di sjel med himmel-ordet,  
livsdagen lang!  
Hald deg nær til livsens kjelda.  
Dag for dag ho rikt skal vella.  
Jesu verk for deg skal gjelda  
livsdagen lang.*

*Han på ørnevenger ber deg  
livsdagen lang,  
er kvar stund i nåde nær deg  
livsdagen lang.  
Åri gjeng, og tidi strøymer.  
Aldri, aldri han deg gløymer,  
i sin himmel trygt deg gøymer –  
æva so lang.*

## SONGEN OM ”DE FOLDEDE HENDER”

Denne songen er – særleg gjennom Ønskekonserten – vonleg vorten endå meir kjend enn ”Han tek ikkje glansen av livet”. – Ogso den tek no til å ”dra på åra”.

Det er ein sundag føremiddag i 1954. Møte i Forbundssalen i Oslo (no Misjonssalen). Den endå unge kinamisjonæren *Jon Berg* tala over ”dagens tekst”, om bøn. Han sa m.a.:

*”Fronten med dei falda hender er den veldigste stormakt i verda.”*

Det var ord som sokk i sinnet. So vart dei skrivne ned på eit ”blomsterkort” med eit bibelord på, og lagt i mitt vesle franske testamente. (Der ligg det forresten enno.) Og då eg plar ta dette testamentet med på desse sundagsmøta, kom eg ofte til å sjå på misjonærens sterke ord om ”fronten med dei falda hender”.

Eg fekk ogso hug til å skriva eit kvad om hendene som er falda i bøn. Men nokon freistnad vart ikkje gjort. Orda arbeidde nok vidare i undermedvitet, og året etter dukka dei opp igjen i dagen, og då i form av ein liten, fullt ferdig song.

Det hende ei sommarnatt i 1955. ”Nærmere bestemt” natta mellom 1. og 2. juli. Eg vakna ved 2-3-tida, og kom til å tenkja på orda om dei falda hender. Då tonte det for meg: ”Det er makt i de foldede hender.” – Eg skrudde på nattlampa over senga, fann ein papirlapp og noko å skriva med, på nattbordet. So skreiv eg ned eit vers, og eit kor, og eit vers til. Orda kom so å seia av seg sjølv, som etter diktat. Eg hadde bare å skriva dei ned. Og sidan er ikkje eit einaste ord i songen blitt endra. – So sløkte eg lyset, og sovna igjen.

— — —

Misjonssambandets årbok det året heitte ”Dypere ned”. På omslags-sida stod eit fargebilete av ei lita kinesarjente. Ho står med bøygd hovud og hendene lagde i hop i bøn. På den første sida av årboka vart det nye diktet prenta, under det same biletet.

Då lærar *Egil Haugen* på Drottningborg fekk sjå den vesle songen, slo ein tone ned i han med det same. Dermed hadde den fått sine første ”vengjer”, som snart bar den ut over landet.

Noko seinare sette ogso musikk-sekretær *Øivind Tønnessen* ein tone til han. Og den unge svenske songaren *Lage Wedin* song han inn på grammofonplate. Snart dukka han opp i Riksringkastinga sin ynskekonsert. Då hadde han alt fått eit nytt vers, og ein tridje tone.

Den var laga av oberst i Frelsesarmeen *Jens Linderud*. Han hadde virka i Armeens ungdomsarbeid, var no utsliten og førtids-pensjonert. Det var hjarta som svikta.

Ein dag kom han oppom kontoret i Grensen 19. Han fortalde at han hadde skriva ein melodi til ”De foldede hender”. Han var blitt glad i denne songen, og no bad han om skriftleg tillatelse til å nytta teksten til denne tonen. Det fekk han sjølvsagt.

So sa oberst Linderud: ”Min kone og jeg vil gjerne høre om du ikke ville skriva et vers til. Det skulle være til dem som ber for sine barn.”

Eg lova å freista. Og etter han var gått, lys og blid og høfleg, vart det tridje verset skriva:

*Du som ber for ditt barn, dine kjære,  
er i forbønn fra år og til år,  
om du tålmodets lekse må lære,  
himlens bønesvar engang du får.*

Dette hende den 18. desember 1957.

Nokre dagar etter kom Linderud oppom kontoret

igjen, like lys og blid, og fekk det nye verset. Han var eit solskinsmenneske, smilte, takka og gjekk. Det var siste gongen eg såg han.

Ei tid etter gjesta han og kona Egersund, der han hadde arbeidd mellom unge i fleire år. Før har skulle på møtet om kvelden, sette han seg i ein lenestol for å kvila litt, i den heimen der han budde. Med eitt fall hovudet hans tilbake, og den trufaste frelseskrigaren var ”forfremmet til herligheten”.

Eg minnest han med takk for det solskinet som strøymde ut frå han, og fordi han vart årsak til at eit nytt vers i ”De foldede hender” vart til. På det store minnemøtet song ein kvinneleg frelsesoffiser hans melodi til den vesle songen om ”de foldede hender”.

---

Som nemnt har songen vore mykje nytta i Ønskekonserteren i NRK. Til tider vart han sunge der mest kvar veke. I 1977, då ønskekonserterne hadde vore på lufta i 25 år, prenta ”Programbladet” ei liste over dei 15 songane og tonane som hadde vore mest sungne og spela i desse åra. Øvst på lista stod ”De foldede hender”, og som nr. 2 den vakre ”Ut mot havet” av *Edvard Fliflet Bræin*.

Uventa var det at ”De foldede hender” skulle verta gravferd-song. I Oslo og andre byar, og utover landet er han nok sunge – som solosong – tallause gonger i gravferder. Ein solosongar i Oslo sa at dersom han hadde hatt ei krone for kvar gong han hadde sunge denne songen ved slike høve, so hadde det vorte ein stor sum. – Når han vert sunge so mykje ved gravferder, er det fordi dei ”pårørende” ber om det.

På ferder rundt om i landet har eg – for å ”heisa flagg” – spurt framande medpassasjerar om dei har høyrte songen om ”De foldede hender”. Jau, alle har

høyrte han, og seier at dei er glade i han. So er ogso han som fekk formidla songen, glad fordi den gjennom NRK, og på andre måtar, er sunge inn – med ein god bodskap – i hundretusentals norske heimar.

Songen er ogso omsett til andre tungemål: til islandsk (av Bjarni Eyjolfsson), til finsk (av Marja-Terttu Tolamo), til svensk (av Anna Lisa Jørstad og Sven Forsberg), til esperanto (av Hans Amund Rosbach), til engelsk (av forfattaren), og no sist til tysk, av Robert K. Jedermann:

*Es ist Kraft in gefalteten Händen,  
sind sie schwächlich, und sind sie auch klein.  
Wenn zum allmächt'gen Gott sie sich wenden,  
bist du nimmer und nirgends allein.*

---

Han låg på sjukehuset i Drammen, den 80 år gamle Berner, syskenbarn til kona mi. Sjukdomen var alvorleg og vond, og smertene ikkje til å halda ut. – Ei natt han låg slik i svære smerter, kom han til å minnast ei songstrofe han hadde høyrte i Ønskekonserteren: ”Kall på meg! Og du hjelpen skal få!” – So gjorde han det, falda hendene sine og bad: Med det same opplevde han at ”du hjelpen skal få”. Og det som var endå større: Himlen kom inn i hans sjel. Han var eit nytt menneske.

Sidan låg han alltid med falda hender.

– Hvorfor gjør du det? spurde Tora, kona hans.

– Jo, fordi ”det er makt i de foldede hender”, svarta han.

Og kvar einaste dag måtte dei spela denne songen for han på grammofon.

Ein dag før påske 1965 skulle eg, i lag med kona, til eit misjonsmøte på Kjellstad i Lier ved Drammen, i heimen til Leander og Ragnfrid Bergsdal. Me kom fram i god tid. Og då sa Thea: ”Skal vi

ikke kjøre ned til Høvik og hilse på søskenbarnet mitt, Berner Maudal?” – Me hadde høyrt at han var alvorleg sjuk.

Han hadde i fleire år vore i USA, men hadde no ein fin og god heim like utanfor Drammen. Han hadde vore med i Drammens mannskor, var flink til å teikna, var ein dugande fruktdyrkar og ein heidersmann, men hadde ikkje rekna seg som ein personleg kristen.

Eg gløymer ikkje då me steig inn i sjukerommet til han. Kveldsola skein inn, fylte sjukeværelset med lys, og skein på det bleike andletet på puta. Med det same han såg meg, brast han i gråt, og då eg bøygde meg ned over han, la han hendene rundt halsen min og sa: ”Gud velsigne deg! Eg har venta på deg, og no var det gildt at du kom, Trygve, for eg vil so gjerne få takka deg for songen.”

– Kva for ein song? spurde eg forundra.

– ”Det er makt i de foldede hender.”

Og so fortalde han korleis denne songen hadde kome til han med hjelp i den djupaste naud.

– Nå vil jeg gjerne leve lenger, sa han, for nå har jeg virkelig noe å leve, for. – Og han fortalde at det første han hadde gjort, var å skriva eit brev til ein nabo, som ogso var mykje sjuk. Han minte han om at Jesus er den store legen både for lekam og sjel.

Berner hadde bede Gud om å få ein ny livsdag og arbeidsdag her nede. Men Guds plan var ein annan. Ikkje lenge etter påske fekk han heimlov.

Ein solrik vårdag – den 4. mai 1965 – vart han gravlagd frå Frogner kyrkje i Lier. Kyrkja var fullsett av slekt, vener og grannar. Medan me sat stille og venta, vart romet med eitt fylt av eit mektig og vakkert tonevell. Sterkt og varmt tona det: ”Det er makt i de foldede hender.” Det var ei solo-songarinne frå Drammen som song. Og sjeldan har denne songen vore tolka som då.

Sokneprest *Rosef* sa i sin tale ved båra: ”Jeg har aldri kommet til noen mann som har hatt det så klart med Gud som Berner.”

Ein lyt vera varsam med å seia at det og det diktet, den og den songen ”har eg fått”. Men når det gjeld denne songen, kjem eg ikkje ifrå at han kom til meg på ein spesiell måte. Det er nok ogso difor at han er blitt nytta på ein sær s måte. Og ”dersom du har fått han - -!”

So er det mi von at han enno må få lyda, og vera til velsigning.

— — —

*Astrid Hope Faye* låg alvorleg sjuk på eit hospital i Oslo. Blod-prosenten var nede i 28, og det såg alt anna enn lyst ut. Det var små voner om at ho skulle koma seg att. Men so kom det brått ei vending. Mannen hennar, lærar Gunnar Faye, fortalde det slik under eit møtesamvær på Huseby blindeskole i Oslo, ein dag i september 1970: ”Da tonte det for henne: ”Det er makt i de foldede hender.” Det var som om en kobber-hvelving var hvelvet over henne, så ikke noe vondt kunne røre henne. Og hun fikk beholde livet.”

”ER DU GLAD I DIN BIBEL?”

Sommaren 1925 – for 54 år sidan – tente eg mi verneplikt på Gardermoen, i saniteten. På det vesle bordet attmed senga hadde eg Bibelen og songboka ”Verden for Kristus”. Bibelen var i skinn, og stor og tjukk. Og so var han ikkje min. Eg hadde lånt han heime, av ein av syskena mine. So var det klart: Eg måtte få min eigen bibel. Eg visste at den første nynorsk-bibelen nyleg hadde kome. Den ville eg ha.



Den gongen var det nokso langt mellom kronene. Og då eg var student og derfor ikkje tente noko sjølv, sette eg meg føre å spara til ny bibel. – No, det var ikkje store daglønå å spara av, – siger og skriver 25 øre for dagen. Dertil kom at rekrutt-tida bare var 48 dagar dei åra. Difor vart det ikkje å gå på kantina, som dei andre gjorde.

25 x 48 øre var til saman kr. 12,00. (Fullt so mykje hadde eg nok ikkje spara). Og endå Bibelen bare kosta nokre kroner meir, måtte far spe på med nokre kroner. – So hadde eg min eigen bibel, flunkande ny lommebibel, i skinn og India-papir. Han vart min studie-bibel, og difor velbrukt. Og endå det vart fleire biblar sidan, var nok den første den kjæraste.

Me veit at ikkje alle set pris på Bøkenes Bok, endå Bibelen er Guds gode bodskap til verda, og det i ei eineståande fin form. Her finn me den djupaste visdom og ”sannhet til salighet”, den høgaste poesi og den finaste prosa.

Og so melde spørsmålet seg, til meg sjølv og til andre: ”*Er du glad i din bibel?*”

– Spørsmålet vart utforma i nokre vers. Det var ute i mors heim, Fredlund, søndag 24. juli 1955.

Som det stundom har hendt, melde det seg ein melodi med det same. *Elling Enger* harmoniserte den, og songen vart prenta i ”Concordia”.

Det knytter seg eit lite minne til dette. Biskop *Sigurd Lunde*, som den gongen var programsekretær i NRK, ringde meg opp, takka for notesongen i ”Concordia” og oppmoda meg til å halda fram med å komponera melodiar. Eg takka for oppmuntringa, men meinte at eg nok ikkje dugde til dette. Han heldt på sitt, og om verda ikkje har tapt nokon stor

tonemeister i meg, so sette eg stor pris på Sigurd’s oppmuntrande ord.

*Er du glad i din bibel, som Jesus deg gav,  
det skinande fyrlys på livet sitt hav?  
Er du glad i din bibel, din trugnaste ven?  
Og seg, har du takka din Frelsar for den?*

*Er du glad i din bibel, mi syster, min bror,  
di kjelda ved vegen, det levande ord?  
Er du glad i din bibel, er den blitt din skatt,  
den stjerna som strålar i verdi si natt?*

*Er du glad i din bibel, det levande brød,  
den lækjande salven mot synd og mot død?  
Er du glad i din bibel, og brukar han vel?  
Han syner deg leidi, han signar di sjel.*

*Er du glad i din bibel? Den arven er dyr.  
Sjå, dagane hastar, og åri, dei flyer.  
Er du glad i din bibel, so stans i ditt jag,  
og kvil deg ved kjelda kvar einaste dag!*

”EI TÅRE”

Ein dag – det var ei stund etter at eg var komen heim frå Japan i 1966 – møtte eg to komponistar på gata i Oslo. Eg minnest at det var der Pilestredet i Oslo tek til. Den eine, Kjell Børjesson, kjende eg frå før. Han presenterte meg for den andre, den kjende tonekunstnaren Edvard Fliflet Bræin. – Då eg var gått vidare, spurde Børjesson om ikkje Bræin kunne tenkja seg å komponera nokre tonar til tekster av T. B. Jau, meinte han, men ikkje sentrale kristelege tekster (”Jesus-tekster”. Eg legg til at det ikkje var av motvilje mot slike tekster. Bræin og eg var ofte i lag sidan).

Eg fekk den gleda at denne framifrå gåverike komponisten – vel ein av dei fremste i Noreg – laga melodiar til to natur-dikt: ”Ei tåre” og ”Enno”, begge frå diktsamlinga ”Lysande Land”.

”Ei tåre” handlar om ein liten apal som var ”sjuk til døden”. Då eg ein haustkveld – søndag 18. september 1955 – gjekk framom han, ute i hagen ved skogen, la eg merke til at han hadde nokre få og små eple. Og eit av desse epla hadde ein stor vassdrope – ei ”tåre” – på ”kinnnet”. – So vart det eit lite kvad om den vesle sjuke apalen og eplet med tåre på kinn.

Eg fekk sidan høyra at dette diktet tok Edvard Fliflet Bræin sterkt. Han stridde då sjølv med harde problem. Kanskje kjende han seg att i skildringa av den vesle apalen. Nokre år etter gjekk han bort, i relativt ung alder. Men diktet ”Ei tåre eg ser på eit eplekinn” fekk hans verdfulle tone.

*Ei tåra eg såg på eit eplekinn,  
ein haustkveld so skir og klår.  
Kvi græt du i dag, vesle venen min,  
når andre med solsmil står?*

*Det svara meg ikkje, men tåra brann  
i sorgmod den skire kveld.  
Då såg eg på treet, og løysing fann.  
So fekk eg då svaret lell.*

*Då skjøna eg grant: Det var siste gong  
den busken sin alde bar.  
Han skulle ’kje meir høyra livsens song.  
For – sjuk han til døden var.*

*So lite var lauvet, og tynt og vart,  
og epli var få og små.*

*Men tåra på kinnnet, ho skein so bjart.  
Og kvifor? – Eg veit det nå.*

”ENNO”

Det andre diktet som tok Edvard Fliflet Bræin om hjarta, var ”Enno kan eg gå i mjuke vollar.” Det vart skriva ti år etter ”Ei tåre”, den 17. juli 1965.

Når det meste av livstida er gått, set ein større pris på enn før at *enno* kan ein ”gå i mjuke vollar – høyra bjøllelåten og barnegråten”, sjå soloppgangen, og – størst av alt – høyra himmelklangen.

Som nemnt greip denne tanken ogso komponisten Bræin. Og so komponerte han ein melodi til kvadet. – Begge desse notesongane vart prenta. Eg minnest Edvard Fliflet Bræin med takksemnd og vemod.

*Enno kan eg gå i mjuke vollar.  
Blide blommar angar mildt mot meg.  
Enno ser eg opp mot støe kollar,  
som i solskir luft mot himlen tøyser seg.*

*Enno kan eg helsa aftan-glimen.  
Å, kor han er gild og ljuv og god!  
Enno kan eg stå i morgontimen,  
sjå kor soil renn i opphøgd æve-ro.*

*Enno kan eg høyra bjøllelåten, –  
slåmaskinen som i engi syng.  
Enno kan eg høyra barnegråten,  
sorgmod-sukken sår i haustens lyse lyng.*

*Enno kan eg himmeltonen høyra,  
som om evig dag og vår ber bod.  
Å, kor stort at enn han når mitt øyra,  
denne livsens tone sæl og ljuv og god!*

### ”GUD HAR DEG KJÆR”

At Gud elsker dei andre, det er ikkje so vanskeleg å skjøna, især dei som ein ser opp til. Men det kan – i alle fall av og til – knipa med å tru at han ogso er glad i meg.

For mange, mange år sidan var eg heime og såg om mor. Ho stod – som ho alltid gjorde – på trappa og vinka då ho tok farvel. Då eg hadde gått eit lite stykke, hørde eg at mor ropa på meg. Eg snudde meg, og då stod ho der enno og vinka, og so sa ho: ”Trygve, Jesus er glad i deg!”

Det var ei helsing som gledde ungguten, vermdde i hjarteregionen og gjorde so godt. Og seinare har dei orda opp gjennom åra vermt mitt hjarta – og gjer det enno. Slik kan ei god helsing gleda og gagna år etter år, livsdagen lang. So lat oss ikkje spare på gode ord!

Det er denne helsing frå mor til son som ligg bak ein einfeld song om Guds kjærleik, – ikkje ”i all almindelighet”, men retta mot den einskilde – mot meg. – Eg ser at han vart skriven under Fjellhaugringens julefest den 11. desember 1955. – *Olav Orheim* og *Ragnar Ørstavik* sette tonar til songen:

*Gud har deg kjær. Elska du er  
alt ifrå evige tider.  
Han er deg nær medan du her  
andar og lengtar og lider.*

*Gud har deg kjær. Kostbar du er.  
Han i sitt bilet’ deg skapte.  
Gud er so god: sonande blod  
kjøpte attende det tapte.*

*Fritt kan du nå lækjedom få,  
arva ein lut utan like:  
heilagdoms skrud, sidan hos Gud  
leva i lyset sitt rike.*

*Difor deg gled! Lovsongar kved!  
Sjå mot den voni som ventar!  
Dag etter dag Jesus held lag,  
heim til sin himmel deg hentar!*

### ”DU KJEM IKKJE UTANOM JESUS!”

Nyttårsdags kveld 1956, på veg inn til Oslo frå landet. Bussen vert fylt av unge jenter og gutar. Og eg var so ”lokalkjent” at eg visste at alle skulle på kino, og at dei ikke var vedkjennande kristne.

Tankane vart opptekne med dei unge som ”søker sin glede i jordiske ting”, men ikkje går inn for ”det ene nødvendige”. Og på vegen vidare inn til byen forma desse tankane seg til nokre vers:

*Du kjem ikkje utanom Jesus  
om inn du til livet vil gå.  
Får han ikkje synet deg gjeva,  
Guds rike du ikkje kan sjå.*

*So gjev då ditt hjarta til Jesus!  
Sitt liv han for deg gav eingong.  
Om vegen er smal, han deg fører  
til æveleg sæla og song.  
(Første og siste vers.)*

Det er *Arne Aano* som komponerte den første melodien til denne songen og har sunge han inn, ogso på ”skive”, og i det heile nytta han mykje. – Ogso *Kyrre Hegle* har gitt songen ein tone. Han er ogso omsett til færøysk, av *Edmund i Gardi*: ”Tu kemur ei uttanum Jesus”.

”PRØV Å FÅ GJORT DET DU KAN!”

Far var heller fāmælt. I venelag kunne nok praten gå livleg, men elles var han ein mann av få ord. Eit ogso anna av det han sa, haka seg fast i hjartedjupet.

Soleis minnest eg at han ein dag sa – og det var sorgmod i stemmen: ”*Det som no tyngjer meg mest, er dei ugjorde ting.*”

Slik er det ogso tolka i eit gamalt, mollstemt kvad: ”Det er ikke det som du gjorde, men det som du ugjort vet, som ligger deg tyngst på sinne ved kveld, når solen går ned.”

Det er noko ein kjenner på når åra vert mange. Då brenn det ogso ei bøn i barmen, at ein må få hjelp til å nytta dei mange gylne høve, medan den dyre arbeidsdagen varer, – før natta kjem då ingen kan arbeida. –

Det var dette som utkrystalliserte seg i eit kvad som fekk overskrifta ”Medan dagen er din.” – Eg tok det med i diktsamlinga ”Song under stjernerne” (1959). Der fann *Ragnar Ørstavik* denne teksten, og gav han ein fin tone. Den som nok har sunge han mest, er *Randulf Saunes*.

*Prøv å få gjort det du kan medan enn det er tid!  
Året ditt hallar, og livsdagen lakkar og lid.  
No har du høve. Gå inn gjennom vidopen dør!  
Skund deg, før livssoil lågt over åsane glør!*

*Prøv å få gjort det du kan medan dagen er din!  
Kjærleiken alltid ein utveg til teneste finn.  
Når du til kvelden er komen og tidi er all,  
tregar du ei at i truskap du fylgde ditt kall.*

*Prøv å få gi det du kan, medan enn det er råd!  
Minnast at sælare er det å gi enn å få!  
Tids-elvi hastar, og stundene strøymer og skrid.  
Prøv å få gi det du kan – medan enn det er tid!*

”NO DET SYNG I MI SJEL”

Det absolutt største og aller høgaste i tilværet som eit menneskebarn kan nå, er å vera barn av den evige, allmektige, allherlege og allkjærlege Gud.

Det fyller ein kristen med alltid ny undring og gleda. Når ein so meir og meir lærer ”sin egen dårlyghed at kjende”, ser kor uverdige og vesale og liten ein er, då kjem stundom spørsmålet: Kan det vera råd at eg er barn av Gud? Er det verkeleg sant at eg har so høg ein rang, so ufatteleg stor ei æra?

I slik ei stund var det som himmelklokkor ringde og det tok til å syngja i mi sjel, i året sin siste dag anno Domini 1956, då eg las det kjende ordet Joh. 1, 12: ”Alle som tok imot han – Jesus – dei gav han rett til å vera Guds born, dei som trur på namnet hans.” – Og denne gleda og fryd vart tolka i nokre vers:

*No det syng i mi sjel, hjå ein fugl som vart fri  
frå det tynande, tærande garn.  
For min frelsar har sagt: Den som meg tek imot,  
har fått rett til å vera Guds barn.*

*Omkved:  
Ja, det syng i mi sjel; eg som før var ein træl,  
eg har rett til å vera Guds barn.*

*Eg til Jesus sa ja, og i miskunn han ga  
denne rett til å vena Guds barn.*

*Ingi makt her på jord kan den rett frå meg ta,  
som av Jesus vart vunnen til meg.  
Difor syng det i sjeli, og hugen er glad:  
For hans skuld har eg barnerett, eg.*

*Eg har Frelserens fullmakt; på bergsikker grunn  
er mitt barnekår tufta og bygt.  
Sjølv i stormen og døden og domen si stund  
skal det standa urikkande, trygt.*

Songaren *Arne Aano* har sett tone til songen, sunge han mykje, og ogso sunge han inn på "plate".

#### "DET STRØYMER EI LIVSELV"

Etter ein tur til Finland i 1951 var det fleire tonar frå Suomis land som heldt fram å syngja i sinnet. Ein av dei var "Sunnuntai-aamuna – Sundagsmorgon" – ein melodi av Hjalmar Backman, til tekst av Simo Korpela, omsett til svensk av Nino Runeberg. Til denne tonen skreiv eg, 20/10-57, eit kvad: "*Det strøymer ei livselv av lukke*".

Men det skulle koma til å få ein annan melodi, av *Ragnar Ørstavik*. Og "ogso den har si vesle soge," fortel komponisten. "Songaren *Randulf Saunes* skulle ha ein møteserie hos oss. Og ein av siste dagane leverte han meg denne teksten, som han sjølv var blitt så glad i.

Då hende det merkelege at eg prøvde meg med eit akkompagnement-motiv som høvde med tekst-rytmen, og ut ifrå dette kom melodien etter kvart fram. Oftast er det omvendt. *Randulf Saunes* likte tonen med ein gong, men han peika på at etter hans smak ville han ha ei anna melodiføring eit

par stader. Eit års tid etter bad R. S. meg laga eit nytt akkompagnement. Det gjorde eg, med dei små brigde han hadde peika på i melodien."

"Det strøymer -" vart så innspelt til andaktsbruk for NRK i 1961. Han vart ofte brukt i ønskekonserten. I 1963 vart opptaket ført over til plate, Ep. Nor. 111, og i 1978 til ei samleplate med same tittel: "Det strøymer ei livselv", LyLp 524. Vidare Epnor 128 med Brita Finne (solo), med det opphavlege akkompagnementet.

I arr. for kor og solo er den sungen inn av ungdomskoret Jubilo, FORLP 6109. Han er komen med i "Songbok for norsk ungdom" og i "Ny Treklang".

Det er noko lyst både over tekst og tone, ein lovsong til det livet som er Guds underfulle gåve, og som er på veg mot eit herleg, evig mål, i tru på "han som leid døden for meg, men sprengde dei gravlekkjor svære, og opna til livslandet veg."

Bakgrunnen hadde eg forlenget gløymt. Men i manuskriptet der songen er nedskreven, står kort og godt: "Sundag 20. oktober 1957. *Etter ei natt-verdstund.*"

I den 3. lina i første verset støyter to t-ar saman, og det gjer det litt vanskeleg å syngje. Betre vil det vere med eit lite brigde her.

*Det strøymer ei livselv av lukke,  
av fryd fordi eg er til.  
Guds bilete fekk eg til gåva,  
og aldri han gløyma meg vil.  
Eg lever, og alltid skal leva  
ved han som lei døden for meg,  
men sprengde dei gravlekkjer svære,  
og opna til livslandet veg.*

*Ja, Kristus er kjelda, den klåre,  
eit havdjup av fryd og av fred.  
Vel blenkjer det stundom ei tåre,  
men livsvoni atter meg gled.  
Snart gryr det ein æveleg morgon,  
og då skal eg verte han lik.  
Det strøymer ei livselv av lukke,  
min Gud, eg er endelaust rik.*

### ”JESUS KJEM ALDRI FOR SEINT”

I den gamle festsalen på Fjellhaug er det avslutningsfest for vinterkurset på bibelskulen. Det er søndag den 23. mars 1958. – Ogso ved dette høvet var det ein av elevane, ei ung jente, som tolka klassen si takk. So nemnde ho ei hending frå Jesu liv som hadde fylt henne med glede og takk og trøyst.

Det var det som hende ei stormnatt på Gene-saretsjøen. Læresveinane var fylte av angst, og ropa: ”Me går under!” – Men då naudi var størst og undergangen nær i den fjerde nattevakt – kom Meisteren til dei og truga storm og ville våger. Det vart blikkstilt. – Og då fall dei orda frå den unge bibelskule-jenta: ”*Jesus kommer aldri for seint!*” Ho hadde sjølv opplevd sanninga i dette ordet.

Eg fekk vera med på den festen. Og denne setninga sokk i sinnet. So vart det der nede i festsalen til nokre vers ut frå det eg nyst hadde høyr:

*Du som er ute på sjøen i storm –  
det myrknar på båretung veg –  
å, minnast at Frelsaren ser deg, og no  
seg nærmar med hjelpi til deg.*

Og so omkvedet:

*Jesus kjem aldri for seint.  
Nei, Jesus kjem aldri for seint.  
Når myrkast det er, då hjelpi er nær.  
Jesus kjem aldri for seint.*

*Jesus var oppe på berget i bøn.  
Hans vener i uveret var.  
Då bårone ville dra båten i kav,  
då kom han med løysing og svar:*

*Kanskje han dryger mens vaktene lid,  
men det skal du vita for visst:  
Du aldri til fånyttes ventar på han.  
Og uveret legg seg til sist.*

*Soli skal renna, om natti er lang.  
Den stormfrie strandi du når.  
Takk, Herre Jesus, fordi at du kjem  
med morgon, og æveleg vår!*

Eg visste ikkje namnet på den unge eleven, og gløynde å spørja etterpå kva ho heitte. Det var eg lei meg for, og trudde at eg aldri skulle få greie på det. For elevane vart spreidde over heile landet, og eg visste ikkje kva landslut ho var ifrå. – So hende det noko utenkt. I august ifjor (1978) var eg på eit misjons-jubileum på Kårvåg på Averøy, sør for Kristiansund. Etter festen kom ei kvinne fram, helsea på meg og takka for sist, på bibelskulen.

So fortalde ho – sjukesøster *Margit Bryn* frå Hedrum i Vestfold – til mi undring og gleda – at det var ho som for 20 år sidan, på farvelfesten på Fjellhaug, sa: ”Jesus kommer aldri for seint!” – Og ho la til: ”Erfaringen i disse 20 år understreker at det er sant. Det holder, det som står i Hebr. 13,8.”

Det er vitnemål ogso frå andre om at denne songen har hatt mykje å seia for dei i trengselstider. – Og so syner det seg atter at Herren kan bruka eit einfelt vitnesbyrd til velsigning for mange i år framover. Og for tekstforfattaren er det atter ei påminning: ”Kva har du som du ikkje har fått?” – Det er andre sine vitnemål som eg har fått formidla vidare.

Den vakre tonen er av *Egil Haugen*.

### ”DET SISTE SKAL VERTA EIN VÅR”

Det er fint med dei ymse årstidene her i Norden. Det er denne skifting i naturen som er med og gjer året rikt og interessant. Og kan vinteren stundom vera hard å koma igjennom, so vert våren desto kjærare. Av årstidene er det nok våren og hausten som har fått harpa til å tona mest. Og våren vinn nok prisen. Difor fekk han ogso dei fleste kvad. Han er då og uvanleg vakker i det høge nord.

Men når åra vert mange, kan nok ein vemodstone lista seg inn i gledekorset. Ein skjønar at det minkar med vårar. Ein har ikkje so mange att. Og ein gong kjem den siste.

Nei, ikkje den siste. Det er det underfulle med den kristne von. Ho lovar ”ein betre vår eingong”, ein evig vår i livsens paradys hos Gud. Det er denne tanken eg freista å tolka i kvadet ”*Det siste skal verta ein vår*”. Det vart skriva ei solfallstund laurdag 19. april 1958. – Diktet vart teke med i samlinga ”Det gode år”, og komponisten *Tormod Knutsen* komponerte ein vakker melodi til diktet. Den er sunge inn på LP-plata ”Evig er livsens blom”:

*Aldri det hende med' verdi var til –  
i alle dei aldrar og år –*

*at fuglen ei fylgde den minningi mild,  
og kom med den vaknande vår.*

*So høyrer eg ogso det tonar i kveld.  
Dei heim til sitt vårland har vendt.  
Det strøymer imot meg eit sylvtone-vell.  
Eit livsunder atter har hendt.*

*So veit eg for visst, og den von gjer meg glad:  
Ei livs-lov i tilværet vår.  
Nei, aldri skal enda det sylvklåre kvad.  
Det siste skal verta ein vår! –*

### ”DET ER NOK, DET SOM JESUS GJORDE”

I stova til *Øivind Andersen*, som då var styrar på Fjellhaug skoler i Oslo, var det – den 13. februar 1959 nokre vener samla til eit lite farvel-lag for *Arne Grønning*, som no skulle reisa ut att til Japan som misjonær.

Mellom gjestene var *Torgeir Fjærtøft* frå Jondal i Hardanger, høgt oppe under Folgefonna. I mange år på rad kom han til Oslo ei tid før påske – som det første vårbod – for å gjesta ei dotter og ein son og elles møta misjonsvenene. I dei vekene han var her, var han alltid å sjå på møta i Misjonssalen. Og so fylgde han førelesningane på Menighetsfakultetet, på Fjellhaug og andre stader. Ei oppleving var det å høyra han kåsera om Det heilage landet, sjømanns-kyrkjene ute i verda og dei norske misjonsmarkene. ”Lommekjend” var han på alle desse felta, og visste vel kor alle sjømannsprestane og misjonæranne var stasjonerte. I fjor fylte han 90 år.

Ein kan gjerne kalla *Torgeir Fjærtøft* ein ”Gol-gatakristen”. ”På Golgata er godt å bu,” sa han. Og Jesus Kristus og hans soningsverk er sentrum i hans liv.

Og no sat eg ved sida av han i sofaen i stova til Øivind og Astrid Andersen på Fjellhaug. Fleire bar fram helsing og gode ynske til misjonæren. Ogso Torgeir reiser seg opp og ber fram ei helsing. Mellom anna seier han: *”Det er nok, det som Jesus gjorde!”*

Det sokk i mitt sinn. Ein penn og noko til å skriva på, kom fram. Og so vart nokre vers ”i hast sammenskrevet”, for atter å tala med Hans Adolf Brorson:

*Det er nok, det som Jesus gjorde.  
Det er nok, det som han har sagt.  
Han har sona di synd, den store,  
og deg kunne so rein ei drakt.*

*Det er nok, det som Jesus gjorde.  
Det i livet og døden gjeld.  
Me vil byggja på nådeordet.  
Det er berggrunn som evig held.*

Songen har to vers til.

Dagen etter vart songen reinskriven, og send til Arne Aano. Han sette tone til den med det same, og song han same kvelden på eit vekkingsmøte. Om dette fortel han:

”Det var i Flekkefjord. Kona hadde gjeve seg over til Gud; men mannen hennar, den staute underoffiseren, fekk liksom ikkje gripa evangeliet. Då fekk eg tilsendt ein song av T. B.: ”Det er nok, det som Jesus gjorde.” Den song eg på møtet om kvelden. I 3. verset står det: ”Nei, du treng ikkje lenger tvila, for hans nåde er nok for deg. På eit fullført verk får du kvila, og so ferdast med fryd din veg.” – Då underoffiseren hørde det, fann han lyset.”

Aano fortel vidare: ”No lyder denne songen på vegane og kring i heimane. Ja, du verden kor mang

ei sjel det er som har sett inn i den frelsande nåde gjennom denne songen!”

Atter eit spontant kristent vitnemål, bore fram av ein gamal pilegrim høgt oppe under Folgefonna – inne i ei stove i Oslo. Kven skulle den kvelden tru at det i komande år ”på sangens vinger” skulle verta bore rundt om i landet – og verta til signing for so mange?

(Når eg no sit og les korrektur på denne boka, har eg nyleg fått melding om at venen Torgeir Fjærtøft har gått heim til Gud. Hans vakre vitnemål vil leva vidare i denne vesle songen).

#### ”EG FALDAR MINE HENDER IKRING DEN GAMLE BOK”

Min far, som var fødd i 1865, voks opp i ei tid med mykje radikale straumdrag. Han las dei store, moderne forfatarane, og dessutan ”fritenkjar -litteratur”. Dette påverka den unge guten, og til sist vart han sjølv ”fritenkjar”. Men i sin manndoms år kom han inn i livsstraumen, i vekkingsvåren, Guds rikes vår. Han vart ”lesar”, ja, til og med ”pietist” samstundes som han hadde sterke samfunns-interesser og var teken av misjon og fråhaldssak. Han var ivrig lesar av aviser og misjonsblad. Men Bibelen var hans kjæraste lesning.

Eg minnest frå hans siste år at han tok Bibelen kvar einaste morgon, og las to kapittel av Det Gamle Testamentet og eitt av Det Nye. På den måten fekk han lesa heile Bibelen fleire gonger. – Og levande kan eg sjå mor for meg, kor ho – med sylv i håret og brillene på – ivrig grov og granska i ”den gamle bok”. Ho heldt seg mykje i Davids Salmar.

Til minne om fars og mors Bibel skreiv eg: *”Eg faldar mine hender ikring den gamle bok.”* – Ein notis i ei skrivebok fortel at songen vart til etter ein



morgon-andakt midt i desember 1959. – *Gunstein Draugedalen* har sett tone til:

*Eg faldar mine hender ikring den gamle bok,  
som mine fedrar før meg so tidt i handi tok.  
Der fann dei von på vegen, og lys i stormfull natt.  
På livsens vandring var ho so dyr ein perleskatt.*

*Eg enn so vel kan minnast min gilde, gode far.  
I bibelboki fann han på livsens gåta svar.  
Og julekvelden tok han – med handi mo og mødd  
den gamle bok, og jubla: Oss er ein frelser fødd!*

*Og aldri kan eg gløyma mi milde, trugne mor,  
kor vel ho las og leita og grunda på Guds ord.  
Det var i bratte bakkar ein sterk og stødig stav,  
og hennar trøyst i kvelden, då soli seig i hav.*

*Eg faldar mine hender ikring den gamle bok,  
som mine fedrar før meg so tidt i handi tok.  
Ho ogso meg skal leida, og lysa meg i land, –  
til sælt og sorgfritt møte på sollys himmelstrand.*

## *Det syng i 1960-åra*

### ”EG LEVER PÅ JESU REKNING”

Lars Berg heitte han, og var ”ekt trønder”, men voks opp på Strømmen, dit foreldra hans hadde flytta.

Lars var ein glad gut, kameratsleg, omgjengeleg, festleg, hyggeleg og mykje, mykje anna, – m.a. staseleg, stor og sterk. Det var alltid gildt å møta han. Lars kunne vera ”lystig, munter og modig” – som den danske songaren Johannes Levinsen skildrar himmelvandrarane – men på hjartebotnen låg det djupe, heilage alvor.

I unge år valde han ”den gode del”, og det synt seg snart at han hadde nådegåve til å vera forkynnar. Og det vart han, – etter å ha gått forkynnarkurset på Fjellhaug. I fleire år var han by-sekretær i Kristiansand, og fekk ein god inngang der. Sidan var han i nokre år by-sekretær i Misjonssalen i Oslo. Dei siste åra arbeidde han i ”Vårt Land”.

Det var alltid godt å sitja under talarstolen hans. Han var gripen av Kristus, og hadde sett djupt ned i løyndomen i evangeliet. Difor kunne han gjeva tilhøyrarane ”mat”.

Lars Berg var 52 år då ein alvorleg sjukdom braut den sterke karen ned. So laut han i sine beste år flytta frå si kjære Ingrid og den nye, gode heimen. Men han fekk fara til eit betre land, og til ”de evige boliger”.

Og so lever vidare eit og anna han sa i si forkynning. Torsdag 9. juni 1960 fekk eg ”snappa opp” desse orda av han under eit møte i Misjonssalen: ”Jeg lever på Jesu rekning.” – Det var ”ord som sank”. Og denne fine tanken vart med det same forma i nokre einfelde vers:

*Eg lever på Jesu rekning.  
Hans rikdom er nok for meg.  
Sjølv er eg so arm og einsleg  
og veit meg 'kje nokon veg.*

*Eg lever på Jesu rekning,  
hans heilage liv og død.  
No er han med all sin siger  
min arv og mitt himmelbrød.*

*Eg lever på Jesu rekning,  
hans rettferd – og ikkje mi.*

*Sjølv tok han mitt tunge ansvar  
og stridde min harde strid.*

*Eg lever på Jesu rekning.  
Han sjølv gav meg lov til det.  
So vil eg for honom leva,  
i kjærleiken hans meg gle.*

*Eg lever på Jesu rekning.  
Og når eg skal døy eingong,  
min Frelsar for meg skal gjelda.  
Hans namn er mi sol, min song.*

Melodien til denne songen er skriven av *Peder Tønnessen*.

#### ”GUDS GAVE TIL DEG ER JESUS”

Forkynnaren *Lars Berg*, som gjekk bort i sine gode år, var ”foranledningen” til endå ein song. – Sundag den 11. juni 1961 tala han i Forbundssalen (no Misjonssalen) i Oslo. Då sa han m. a.: ”*Guds gave til deg er Jesus.*” – Han var alltid kristo-sentrisk når han tala. Evangeliet om Jesus Kristus og hans frie nåde var grunnklagen og hjartebladet i hans forkynning.

Det han sa om Guds gave, var ei sanning som sakk i sinnet, og vart til ein liten song. Og dei versa som vart til nede i ein av benkene, skulle syna seg ”levedyktige”. Grunnen til det var at songaren *Arne Aano* sette tone til, og har sunge den mykje:

*Guds gave til deg er Jesus,  
og alt det han er og har.  
So er du i han rettferdig.  
Og Gud er din gode Far.*

*Guds gave til deg er Jesus.  
For inkje han alt deg byd.  
Då eig du ein evig rikdom,  
i lag med Guds kyrkjelyd.*

*Guds gave til deg er Jesus.  
Om urein du er og arm,  
den bortkomne sonen tek han  
med fryd til sin faderbarm.*

*Guds gave til deg er Jesus,  
meir verd enn den vide verd.  
Å, skulle du ikkje takka  
og evig ha honom kjær!*

*Guds gave til deg er Jesus.  
So retta då ut di hand!  
Då legg han i henne perla,  
som dyrt han åt verdi vann.*

#### ”JEG KAN IKKE SLIPPE JESUS”

Endå ein song har sitt ”utspring” i noko som *Lars Berg* sa, like før han fekk heimlov, sommaren 1976. Kort tid før han døydde, sa han til venen *Harald Midtsian*, som såg innom han: ”Min tro er ofte anfektet. Men en ting vet jeg: Jeg kan ikke slippe Jesus.”

Over dette vitnemålet – vel eit av *Lars Bergs* aller siste – vart eit lite kvad bygt, sundag 26/9 1976, under eit samvær i den nye festsalen på *Fjellhaug*. – Det har fått ein tone av fru *Dagrun Karstad*. Ho fortel at då ho såg denne songen i ”Utsyn”, tykte ho at dette vitnesbyrde var so vakkert. Og so kom tonen med det same til henne.

*Jeg kan ikke slippe Jesus.  
Min salighets håp er han.  
Kun han har himmelbrødet.  
Kun han har livets vann.*

*Jeg kan ikke slippe Jesus.  
For han er mitt hjertes skatt,  
den klare morgenstjernen  
i verdens mørke natt.*

*Jeg kan ikke slippe Jesus.  
Han perlenes perle er,  
den herligste av alle.  
Han har mitt hjerte kjær.*

Medan eg sit og minnest dette, kjem eg til å tenkja på at denne litle songen vel bør ha endå eit vers:

*Jeg kan ikke slippe Jesus.  
Og han vil ei slippe meg.  
Når livssolen sist på synker,  
da tar han meg hjem til seg.*

Ogso gjennom desse tri vitnesbyrd – som vart til songar – vil minnet om venen Lars Berg leva i velsigning.

”VER GOD MOT DIN BROR”

Du og eg går ikkje aleine gjennom livet. Me er alle sette inn i ein samanheng, eit samfunn. Og dei me er i lag med, i heim og yrke, i skule, kyrkje og bedehus og dei me elles møter på ferda over livsfjorden, på gater og vegar – dei er alle menneske som er skapte i Guds bilete, på veg mot æva. Og alle treng me kjærleikens vermande solskin.

Og fordi kvar og ein av oss er ”kandidatar til

det evige livet”, er det Guds vilje og vårt høge og heilage kall at me skal ”hjelpa kvarandre fram til det evige livet”, vera noko for kvarandre, vera til velsigning for kvarandre.

Og det er bare ein einaste gong me lever livet her på jorda. Difor gjeld det å nytta dei gylne høve til å vera gode mot kvarandre. – Desse tankane leika i hugen ein av dei første dagane i februar 1961, og vart forma til eit kvad. Det vart med i salmesamlinga ”Ved kjærleikens hav”. Der såg komponisten *Hans Ihlen Nistad* denne songen og sette ein ven melodi til han. Han har vore ikkje lite nytta i NRK. – Sist er han sunge inn på LP-plate.

*Ver god mot din bror,  
den einaste gongen du ferdast på jord!  
Du hev nokre dagar, du får nokre år;  
det skifter med sumar og vinter og vår.  
Og so er du borte, – so fort åri før.  
Ver god mot din bror!*

*Mot æva me går.  
Og det du hev gjort, eingong atter du får.  
Det lider med natti, men no kan du så  
og kjærleikens vegar med Frelsaren gå.  
Å, ver då eit ljøs i den lidande verd!  
Sjå, æva er nær.*

*Ver god mot din bror!  
Han treng dine milde og kjærlege ord.  
Han ber på ei sjel som må bergast til sist;  
so syn honom veg om han skatten hev mist!  
Då fagert det etter ditt fotefar gror.  
Ver god mot din bror!*

”EG STEND OG SER PÅ EI NAGLA HAND”

Synet har ofte stansa ved Frelsarens naglemerkte hender. ”Han bunden vart so eg vart løyst”, syng ein salmediktar. So fekk ogso eg hug til å syngja om dei.

Me kan nemma ”Lat meg få sjå dei naglemerkte hender!” Eg kan ogso nemma diktet ”Dei naglemerkte hender styrer verdi”, og so songen ”Eg stend og ser på ei nagla hand.”

Ogso til den songen sette Egil Haugen tone. Og fru Egil Haugen song den inn på plate:

*Eg stend og ser på ei nagla hand.  
Ho spikra til krossen vart.  
Og lell ho løyste mitt træle-band,  
i dødsstundi skum og svart.*

*Eg stend og ser på ei nagla hand.  
Og blodsdropar dryp og fell.  
Ho opna veg til eit fridomsland,  
der straumar av vårliv vell.*

*Eg stend og ser på ei nagla hand.  
Min Frelsar, det var for meg.  
Og difor ikkje eg anna kan  
enn tilbe og elska deg.*

*Og når eg eingong i livsens land  
fær skoda deg som du er,  
då ser eg, Jesus, di frelsar-hand,  
ho merke av naglar ber.*

Eg kan ikkje no seia kva tid songen vart skriven. Men han stod – med notar – i ”Utsyn” nr. 13, 1961, so det må vera før den tida.

”LAT MEG FÅ SJÅ DEI NAGLEMERKTE HENDER!”

Tanken på den lidande frelsar på korset har til alle tider teke dei Kristus-truande sterkt, og oppteke dei mykje. Nokre har sunge om ”hoved høyt forhånet”, andre om ”Siden hvor spydsticket brenner”.

For meg har ogso dei harde jern-naglane, som vart hamra gjennom Frelsarens hender og føter, tala sitt sterke språk. So vart diktet til: ”Dei naglemerkte hender styrer verdi,” og eit par singlar.

Den eine av dei: ”*Lat meg få sjå dei naglemerkte hender!*” vart skriven sundag 3. desember 1961, etter eit vitnemål av *Oddny Jonsdottir* frå Reykjavik, som fleire gonger har gjesta Fjellhaug, der ho ogso har vore elev på bibelskulen.

*Lat meg få sjå dei naglemerkte hender!  
Dei vitnar stilt at Jesus elsker meg.  
Og difor gjekk han viljug alt til korset,  
den tunge, lange, vonde lidings-veg.*

*Lat meg få sjå dei naglemerkte hender!  
Dei stungne vart so eg skal ganga fri,  
med kalde naglar vart til korset festa  
den dagen då du sona syndi mi.*

*Lat meg få sjå dei naglemerkte hender!  
Eg treng det syn kvar dag på livsens ferd.  
Dei minner meg at eg må vandra varleg.  
Dei gjev meg trøyst når tyngd av tvil eg er.*

*Lat meg få sjå dei naglemerkte hender!  
I æva all dei stilt skal minna meg  
om han som elska meg med evig kjærleik  
og difor gjekk den tunge lidings-veg.*

Komponistane *Olav Orheim, Olav Mo* og *Jakob Bjoraa* har gjeve denne teksten tonar.

### ”GUDS KJÆRLIGHET NÅR TIL DET DYPESTE DYP”

Det er godt og kjærnt å minnast Guds kjærleik. Den skotske naturvitskapsmannen Henry Drummond sa – i si tolking av ”kjærleiks-kapitlet” (1. Kor. 13) – at denne kjærleik er det største i verda. Og då er ingen ting større og sælare enn å vera elska av Gud og å minnast hans ufortente kjærleik i Kristus Jesus.

Men for den som har lært seg sjølv å kjenna, er det ikkje sjølv sagt å vera elska av den heilage, herlege, evige Gud. Då er det ufortent. Og då er ingen ting kjærare enn det.

Ein kjend engelsk song, som eg fekk i oppdrag å omsetja: ”Guds kjærlyghet” (”The Love of God”) gjev ei mektig skildring av denne:

*Om alle hav av blekk ble fylte,  
var himlens hvelv av pergament,  
og var en penn hvert strå på jorden,  
hver mann med skrivekunsten kjent, –  
å skildre rett Guds kjærlyghet  
vil tømme alle hav,  
og himlens hvelv fra bryn til bryn  
ei plass til skriften gav.*

Det blir fortalt at dette verset vart funne oppslått på veggen i cella til ein sinnsjuk. Trass i sin tunge lagnad kvilde han i trua på Guds ufatteleg store og rike kjærleik.

– – –

Den 18. april 1961 talte dr. *Sverre Norborg* i Misjonssalen i Oslo. Han sa m. a.: ”*Guds kjærlyg-*

*het når til det dypeste dyp!*” – Det var so stort og fint sagt at det med det same tok til å arbeida i ”verse-verkstaden”. So vart det ein salme som Norborg fekk med seg på Amerika-båten, og som vart med i salmesamlinga ”Ved kjærleikens hav”. *Trond Kverno* har komponert melodien. (”*Concordia* nr. 1, 1968.”)

*Guds kjærlyghet når til det dypeste dyp  
og ned i de dunkleste grunner.  
Han elsker det usleste, urene kryp  
i kraft av sin kjærlyghets under.  
Å, var du enn største synder på jord,  
han byr deg til gjest ved sitt rike bord.*

*Guds kjærlyghet ofret det største av alt  
da Sønnen til verden han sendte.  
Han stod der hvor slektene sviktet og falt.  
Og evighets-håpet han tente.  
Men ingen kan fatte hans sjelekval  
da dypt han steg nedad i dødens dal.*

*Nå flommer Guds kjærlyghets varmende vell.  
Den alle, ja, alle vil eie.  
Den søker det tapte, ved fjord og ved fjell,  
og utover hav, over heie.  
Den løfter deg lint fra det dype fall.  
Så følg da Guds kjærlyghets klare kall!*

*Og engang, når uro og angst er endt  
og evighets-året er inne,  
Guds kjærlyghets-sol som fikk lyset tent,  
blir jordlivets vakreste minne.  
Og det blir det største vårt hjerte vet:  
En endeløs dag i Guds kjærlyghet.*

## ARVING TIL EVIG LIV

I påskehelga 1933 var eg på nokre møte i Svinndal i Østfold i lag med forkynnaren *Hans Gulbrandsen*. Lik den namngjetne overtollaren Sakkeus var han liten av vekst, men ein god og trufast predikant.

Det eg minnest, er når han – med eit andlet som lyste av lukke – sa: ”*Det er fint å være en kristen!*” Ogso på andre kantar av landet minnest eldre kristne dette vitnesbyrdet til denne fine forkynnaren.

Javisst er det fint! Å vera barn av den evige Majesteteten, det er himmelsk høgadel, finare enn det høgaste adelskap i verda.

Noko av det som er so stort ved å vera ein som trur på Jesus Kristus, er at me er ”arvingar til det evige livet”. – Denne tanken leika i hugen ein dag i slutten av januar i 1963. So vart det til nokre vers: ”*Eg arving er til evig liv.*” – Kvadet kom med i ”Ved kjærleikens hav”, og *Kjell Børjesson* sette tone til. – Salmen har vore nytta i NRK.

*Eg arving er til evig liv.  
Det er so høg ei æra.  
Der skal eg i den gode vår  
min krans, mi krunga bera.  
Kor sælt det vert: i Paradis  
hjá livsens Gud å vera.*

*Eg arving er til evig liv.  
Det er so rik ei kjelda.  
Ho ollar ifrå æve-djup,  
og alltid skal ho vella.  
Og liljone som blømer der,  
skal aldri bladi fella.*

*Eg arving er til evig liv.  
Tenk, aldri skal det enda!*

*I år og aldrar utan tal  
eg skal Guds sæla kjenna.  
Den sol som aldri skal gå ned,  
eg snart i aust ser renna.*

*Når tusund millionar år –  
ja, endå meir – har fare,  
har æva nettopp teke til, –  
ei liti byrjing bare!  
Der syng Guds lov til evig tid  
den store kvite skare.*

## ”EG LYFTER AUGO MINE OPP TIL DEI HØGE FJELL”

Det var uventa å finna dette diktet att i ”Salmer -73”. – Fordi det står der, er det ogso m.a. blitt nytta i morgon-andaktene i NRK.

Bakgrunnen for salmen hadde eg forlengst gløymt. Men so kom eg over at han vart skriven den 5. juni 1963 i heimen til *Gunnar* og *Marta Kaldestad* i Sandane i Nordfjord. Begge var gamle kjenningar frå Fjellhaug, der dei hadde vore elevar på bibelskulen. På mi første ferd til Nordfjord var eg på heimvegen frå pinsestemna i Olden innom deira heim i Sandane.

Truleg var det dei fagre fjell i Nordfjord, med snø kring krunga, som førde tanken til den 120. Davidssalmen. – Same året tok eg diktet med i salmesamlinga ”Ved kjærleikens hav”. Frå den er ho so komen inn i ”Salmer -73”. Men ikkje ante eg, då eg i ein misjonsheim i Nordfjord freista å tolka denne mektige Salmen, at han sidan skulle koma til å tona ut over Noregs land, – ogso til Sandane i Nordfjord, der han såg dagsens lys mellom kvitkrona fjell.

*Eg lyfter augo mine  
opp til dei høge fjell.  
Frå kven skal hjelpi koma,  
den hand som fast meg held?  
Mi hjelp, ho kjem frå Herren,  
som skapte denne jord,  
med hav og himmeltindar  
og stjerneverdi stor.*

*Han styrkjer stegi mine,  
so eg 'kje ustø gjeng.  
På ørnevang han ber meg,  
og gjev meg alt eg treng.  
Sitt folk so vel han vaktar,  
og ikkje slumra kan.  
Han fylgjer meg som skuggen  
tett ved mi høgre hand.*

*Meg skal 'kje soli stinga  
i middags-heten hard.  
Om natti vert eg verna  
som barnet vert av far.  
Min utgang og min inngang  
han vara vil so vel,  
frå no og i all æva.  
– Min Gud, kor eg er sæl!*

Den vert sunge til *Melchior Teschners* melodi frå 1615. (Ogso nytta i ”Er Gud for meg, så trede -!”).

”DU TOK MEG INN I LIVSENS STRAUM”

”Eg får aldri ein glad dag meir dersom eg vert ein kristen.” – Kor mange unge har vel ikkje tenkt slik. Og Matias Orheim song: ”Skal eg ein kristen verta, vert all mi gleda spilt.”

Tenk det!

Å vera i fylgje med den beste som har vandra på vår jord, vera i personleg livssamfunn med skapningens Gud, med sigerherren over alle livsens fiendar, – at det skal vera fattigsleg, gledelaust og grått!

For mykje over to tusen år sidan var det ein som song om Gud: ”Av dine gleders straum gjev du dei å drikka.” Og dei som etter alle desse århundre ferdast i fylgje med Menneskesonen, dei syng det same.

Etter snart 60 år på pilegrimsvegen kan ogso han som skriv dette, stadfesta at hos Gud er livsens kjelda.

Den 22. august 1963 fylgde han bussen frå Høland på Romerike til Oslo. Truleg tenkte han på kor rikt det er å ha kome inn i sjølve sentrum av tilværet, der livsens kjelda ollar. Og so, medan bussen rulla inn mot byen, vart denne tanken forma ut i nokre vers: ”Du tok meg inn i livsens straum.” – Han vart nynna til Evangeline Booths tone til ”Så trett og syk til deg jeg går.” – *Arne Aano* fortel at han har sunge denne songen mykje.

*Du tok meg inn i livsens straum,  
din underfulle skapardraum,  
den fulle, frie frelse-flaum.  
Eg lovar deg, min Gud.*

*Omkved:*

*Før du meg fram på livsens veg,  
so eg ein dag fær møta deg,  
ditt namn høglova æveleg,  
min konge og min Gud!*

*Kor stort at ogso eg vart med,  
i dine underverk meg gled!  
For von om evig liv og fred  
eg lovar deg, min Gud.*

*Vel kjem det stundom skodde-lag  
og vintervindars kalde drag.  
Du lyser atter opp min dag,  
min konge og min Gud.*

*Du hjelper meg til siste kveld  
med alltid nye signinga-vell.  
Og når eg evig høgtid held,  
eg lovar deg, min Gud.*

### ”DET ER DITT, DET SOM JESUS GJORDE”

Eg minnest vel korleis det gjekk til då songen ”Det er nok, det som Jesus gjorde”, vart skriven. Derimot hadde eg reint gløymt at eg har skrive ein song som tek til om lag likt, har same versemål og difor kan syngjast til same tonen. Men eg vart gjort merksam på det av ein som hadde høyrte songen sunge.

Eg sa til han at eg ikkje kunne seia visst at det var eg som hadde skrive denne songen: ”Det er ditt, det som Jesus gjorde”. Men i ei gamal notisbok finn eg at songen vart skriven i ”Storsalen” i Oslo søndag 22. november 1964, ut frå noko som sekretær *Tore Tunngland* hadde sagt i Norea Radio. Då han ikkje står i nokon songbok, tek me med teksten her:

*Det er ditt, det som Jesus gjorde.  
For han gjorde det alt for deg  
då han vandra den tunge vegen  
og på Golgata ofra seg.*

*Det er ditt, det som Jesus gjorde.  
Det var nettopp for deg at han  
tømde kalken til siste drope  
og ei æveleg rettfærd vann.*

*Det er ditt, det som Jesus gjorde,  
som om sjølv du har gjort det alt.  
Han sitt hovud i døden halla.  
Då var heile di skuld betalt.*

*Det er ditt, det som Jesus gjorde.  
Du skal ikkje med slit og strev  
deg fortæna den dyre arven.  
Bare sjå på Guds Lam, og lev!*

*Det er ditt, det som Jesus gjorde,  
det han leid, det han var og er.  
Difor eig du ei evig rettfærd  
og dei skinande kvite klær.*

*Det er ditt, det som Jesus gjorde.  
Du har rett til det dyre gull.  
Å, so kom med den tome handi!  
Du får skatten – for Kristi skuld.*

Det er song-evangelisten *Arne Aano* som gav teksten tone, og har sunge han inn.

### ”DET FINST INGEN GRUNN TIL MISMOD”

Eg minnest at *Ludvig Hope* i sine siste år sa: ”Eg synest å merka eit sterkt drag av mismod hos Guds folk i landet vårt.” – Det var etter den siste storkrigen. Og han åtværa forkynnarane mot å ”så mismod i Guds leir” i landet.

No har Gud ikkje gjeve oss ei Ånd som verkar motløysa, men ei Ånd som verkar kraft og kjærleik og tukt. Men like vel har mismodet lett for å siga inn over oss, især i vanskelege og tunge tider. – Då gjer det godt med eit oppmuntrande ord.

Hausten 1921 tok misjonsskulen på Fjellhaug til med eit nytt, stort kurs. Mellom elevane var Tormod



Vågen og Asbjørn Aavik, og mange fleire. Ein av dei var *Alfred Lien* frå Hyllestad i Sogn. Eg minnest kor stillfarande og fåmælt han gjekk imellom oss. – Sidan vart han ein god og trufast misjonær, først i Kina i mange år (1928-46). Deretter var han i fleire år misjonær i Tanzania. Han fekk heimlov i 1974.

Før jul 1964 fekk eg vera med på Misjonssambandets sekretær-møte. Der var det ein som siterte noko som misjonær Lien nyleg hadde sagt: ”*Det finst ingen grunn til mismod.*” – Det var ord som nok sakk i mange sinn, ogso i mitt.

Nokre veker etter, onsdag 3. februar 1965, dukka denne helsinga frå den då 60 år gamle misjonæren opp att i hugen, då eg sat på misjonens kontor i Grensen 19 i Oslo. Og ein liten song vart skriven ned:

*Det finst ingen grunn til mismod  
for deg som på Kristus trur.  
Når han fylgjer med på ferdi,  
kvi då ganga trist og stur?*

*Det finst ingen grunn til mismod  
når Gud er din gode Far.  
Han alt til det beste vender;  
sjølv lagnaden beisk og hard.*

*Det finst ingen grunn til mismod.  
So ver då frimodig, du!  
Og lat ikkje hjarta ottast!  
På Gud og på Kristus tru!*

*Det finst ingen grunn til mismod  
om bårer mot båten slær.  
Når dei vil i kav deg draga,  
er Jesus med hjelpi nær.*

*Det finst ingen grunn til mismod.  
So syng då eit takkekvad!  
Det lysnar av dag der framme.  
Ver hugheil, mi sjel! Ver glad!*

Songen vart prenta i Utsyn nr. 7, 1965. Og Alfred Lien's vitnemål sokk nok ogso i hugen til handelslærer Egil Haugen på Drottningborg. For han gav diktet ”vengjer” då han sette ein god tone til det.

Songen har vore nytta i NRK. – Dei som elles har sunge han mest, er nok *Anne* og *Leif Ivar Solberg* frå Sogn, ”heim-fjorden” til Alfred Lien.

Alfred Lien ana nok ikkje at det spontane vitnemålet hans – som han kanskje sjølv gløymde – skulle ”snappast opp” av ein medarbeidar, verta sitert på eit sekretær-møte i misjonen, og so etterpå – på eit kontor i Oslo – av ein annan medarbeidar verta nytta i ein song, som sidan fekk ein tone av endå ein medarbeidar nede på Dronningborg!

Ogso på den måten vitnar den stillfarande misjonæren etter sin død.

”VIA DOLOROSA”

Frå hausten 1965 til sommaren etter fekk eg den gleda å bu i storbyen Kobe i Japan. Eg var send ut av Misjonssambandet for å vera lærar ved bibel- og forstandarskulen i Aotani – ”den grøne dalen” – i millionbyen. Nokre skildringar av naturen og folkelivet i Japan, og nokre andre kvad, vart til boka ”Songar frå Solrenningslandet”. I denne tok eg ogso med fleire omsetjingar frå andre språk, mest frå engelsk. Den gamle læraren, dansk-amerikanaren dr. *J. M. T. Winther* forsynte meg med engelske songbøker og hymnologisk litteratur.

Eg omsette ogso eit dikt av den finske bibelskulelærarinna og forfattar *Marja-Terttu Tolamo*: ”Via

Dolorosa” – Lidingsvegen. – Denne songen, sungen av fru *Ertta Salo*, til den mektige tonen av *Jaakko Immonen*, gjorde eit sterkt inntrykk på meg, og eg fekk hug til å omsetja teksten til norsk:

*Lidelsens bitreste vei han går;  
korset tålmodig bær.  
Først han på Gabbata dømtes,  
kleddes i narreklær.  
Er det først derfra, –  
er det først derfra  
lidelsens tunge vei tar til –  
Via Dolorosa –  
som går til Golgata?*

*Krybben med oksenes halm og strå,  
det ble vår Konges seng.  
Himmelens haller han forlot,  
kom til en verden streng.  
Han som var hellig, –  
han som var hellig, –  
vandret i syndens verden.  
Via Dolorosa, Via Dolorosa  
går utfra Betlehem.*

Denne songen vart i Finland sungen inn på grammo-fonplate og kassett av operasongarinna *Ertta Salo*. Og ein kan ikkje anna enn kjenna seg djupt gripen av hennar herlege song. Sjølv fekk ho gå ein lidingsveg gjennom livet, og det er vel difor hennar praktfulle røyst er so inderleg, varm og sterk nettopp i denne songen.

Eg bad cand. teol. Marja-Terttu Tolamo, som er lærar ved Bibel-Instituttet i Kauniainen (Grankulla), å fortelja litt om den finske songarinna: ”Ho kom til vår bibelskule i mai 1964, – kunne ikkje lenger halda fram med operaen, – hadde fått kreft, og visste

at det ikkje var mykje att av livsdagen. Ho budde i lag med to døtre i Helsinki. Livet var gått i stykker på alle måtar. – Kristus fann henne. Og det siste året fekk ho syngja himmelens songar. Og som ho syng! – Ho døydde i juni 1965.

Bare eitt år med himmeltonane på jorda; men framleis syng ho mykje for oss, – ganske mykje ogso i radioen.”

Det var ikkje so lenge *Ertta Salo* fekk syngja ”himmelens tonar” på jorda. Men enno lyder hennar fagre røyst til velsigning i Finlands bygder og byar. – Me kan nemna at ho ogso har sunge inn ”Det er makt i de foldede hender” på finsk.

”Via Dolorosa” er solosong. I Noreg vert han særleg sungen av *Ola Valland*.

## ”TO HENDER”

Ogso dette kvadet i ”Songar frå Solrenningslandet” har sin ”skjebne”, og har fått sin tone, – endåtil to. Bakgrunnen er langt frå dramatisk, men heller noko uvanleg.

Eg var snart ferdig med mitt ”oppdrag” i Nippon (Japan), og skulle no heim til Noreg. Ein varm vårdag, den 23. juni 1966, oppsøkte eg det engelske konsulatet i Kobe for å få visum til Hong Kong. Eg kom dit kl. 12, bare for å sjå eit skilt på døra, som melde at mellom kl. 12 og 13 var konsulatet stengt!

Litt ”ergerlig” var eg. Ein stiv klokke time å venta! Ein heil time bortkasta!

Eg gjekk ut på gata. Og i den varme solsteiken traska eg – for å fordriva tida (noko ein aldri skulle gjera) utover ei utstikka-bryggje som var ”lang og lenger enn lang”.

Etter å ha gått eit stykke kom eg framom ein bil som stod parkert. I forbifarten kasta eg eit blick inn

i bilen. Der sat ei japansk kvinne, og det einaste eg la merke til, var eit par små, fint forma hender.

To hender – eit Skaparens kunstverk! Kva vert dei nytta til! Og kva har skapningens Gud tenkt dei til? – Og dermed var tankane i sving. Og som stundom elles ”dansa” dei på verseføter. So vart det nokre vers undervegs bortover bryggja. Omsider snudde eg og styrde stega tilbake til konsulat-bygningen. I første etasje var det ein liten ”snackbar”. Og etter den varme bryggeturen var det godt med eit kjøleg rom og noko mineralvatn ved eit lite bord. Der vart då dei versa som var dana på utstikkar-bryggja, skrivne ned, før eg gjekk opp til det engelske konsulatet og fekk ordna med visum til Hong Kong. – Same dagen fylgde eg toget til Tottori. Og då vart det siste verset skrive.

*To hender er tenkt til å takka, –  
so mykje vår Gud let oss få.  
To hender er tenkt til å faldast,  
og lyftast i bøn mot det blå.*

*To hender er tenkt til å famna,  
og ei til å støyta ifrå.  
To hender skal tårone turka  
der dagen er traurig og grå.*

*To hender er tenkt til å signa,  
og ikkje til harde å slå.  
To hender er etla til yrke,  
det edlaste såkornet så.*

*To hender er tenkt til å tena  
og trøysta dei arme og små.  
To hender er tenkt til å gjeva,  
i kjærleik – meir sælt enn å få.*

*To hender på korset skal peika,  
so heim me til himlen kan nå.  
To hender mot truna skal rettast  
i fryd når me Herren fær sjå.*

Det er ikkje første gongen i livet at ”ergrelse blir velsignelse”, og at ventetid som me trudde skulle bli bortkasta tid, kan verta nytta til noko verdfullt som elles ikkje var blitt til.

Komponisten *Kjell Børjesson* sette snart ein tone til diktet. Sidan har det kome ein melodi av songaren *Gunstein Draugedalen*, som ogso har sunge han inn på LP-plate.

I NRK er han ogso nytta. Og eg har eit minne om dette. Fleire år etter Japan-tida sat eg ein ven sommardag utanfor ei stove ved storskogen. Vindauga stod ope, og radioen stod på. Med eitt strøynde det ut i dagen eit tone-vell: ”To hender er tenkt til å faldast – og lyftast i bøn mot det blå.”

Tankane gjekk tilbake den lange vegen til ei utstikkar-bryggje fjernt der aust i Solrenningslandet, for år attende. Og no tonte dei versa som vart til der, ut over Noreg og inn i hundretusentals heimar. Underleg var det. Og gildt.

### ”GUDS JULEGAVE ER JESUS”

Endå ein julesong lyt eg få nemma.

Ei einaste julehelg har eg feira i framandt land. Det var jula 1965 i Kobe, Japan, – i misjonens bibel- og forstandarskule i Aotani, Den grøne dalen.

Det var jul i heilt andre ”omgivelser”. Ikkje snø og ikkje kulde. Frodige grønsak-felt, blomstrandetre og tre med frukter som likna store appelsiner.

Men julebodskapen var den same i Solrenningslandet som i Midnattsollandet. Og i lag med japanske kristne og norske misjonærar fekk kona og eg

syngja julesongane og høyra det gamle, evig-unge evangelium.

Ein tanke som vart kjær for meg den julehøgtida, var at Jesus er Guds julegave til jorda, til oss. Denne tanken tok eg til å forma i vers då me var samla i den norske sjømannskyrkja i Kobe. Det er ikkje utruleg at eg høyrde denne tanken nemnt nettopp der. Det minnest eg ikkje no. – Diktet vart fullført oppe i Aotani fire dagar etter.

Samstundes kom ein tone smygande inn. Ute på gangen i bibelskulen der me budde, stod eit lite husorgel. Der skreiv eg tonen ned (noko som ikkje ofte hender).

*Guds julegave er Jesus, –  
det største som himlen eig.  
Han var so herleg, han var so rik,  
men fattig ned til oss steig.*

*Gud julegave er Jesus.  
Han æveleg rik deg gjer.  
So kan du koma og ta imot,  
ja, koma just som du er.*

*Guds julegave er Jesus.  
Og alle som trur på han,  
dei gjev han rett til å bli Guds born,  
den rett han på korset vann.*

*Guds julegave er Jesus.  
Min Frelsar, eg famnar deg.  
So er eg rik fordi du er min.  
No gjeng eg med von min veg.*

”JESUS GJELDER I MITT STED”

Når eit dikt eller ein song vert fødd og sidan kjem ”på prent”, er det uråd å vita kva som kjem til å vera liv laga. Sjølv synest ein kanskje at ein og annan fortener ein tone og å verta sunge. Men det vart bare ikkje slik.

Andre gonger kan ein – heilt uventa – møta att eit einfelt kvad, no utstyrt med melodi og på veg til å ”syngja seg inn”. – Slik møtte eg att songen ”Jesus gjelder i mitt sted.”

Det er sett tonar til av *Stig Andresen* og *Egil Haugen*. Sjølv skreiv eg songen til tonen ”Stille ut til Golgata.” – Når songen vert nytta, er det nok fordi teksten er sentralt evangelisk og har fått ein enkel tone som høver til innhaldet.

Atter var bakgrunnen for songen gløymd. Han er heller ikkje dramatisk. Men her, som svært ofte, er det andre som har gjeve den berande ideen og gjorde at songen vart til. Denne gongen står eg i takksemd til min gamle studiekamerat og medarbeidar *Øivind Andersen*. I manuskriptet står at teksten vart skriven 22. januar 1967, ut frå ei setning i Andersens bok ”Livets brød”. – Den vart først prenta i ”Utsyn” nr. 7, 1967:

*Jesus gjelder i mitt sted.  
Det er all min glede.  
Salighet og liv og fred  
er i ham til stede.*

*Jesus gjelder i mitt sted.  
Det er ankergrunnen.  
Mine synders straff han led,  
drakk min kalk til bunnen.*

*Jesus gjelder i mitt sted.  
All hans arv jeg eier,  
hele hans rettferdighet  
og hans store seier.*

*Jesus gjelder i mitt sted.  
Fritt jeg fram tør trede,  
falle for Guds åsyn ned,  
takke og tilbede.*

*Jesus gjelder i mitt sted  
for den hvite trone.  
Derfor skal i evighet  
takken til ham tone.*

#### ”EVIG ER LIVSENS BLOM”

Vesleguten hadde fått ein liten hund av far. Han var glad i hunden, og syrgde sårt då den trufaste venen hans døydde. Til trøyst gav far han ein fin kanarifugl. Og guten var useieleleg glad i denne vesle, vakre, kvitrande skapningen. Difor var sorga so stor då guten ein dag fann kanarifuglen død i buret. Han hikstegret og var utrøysteleg.

Då var det at han sa til far: ”Gjev meg noko som ikkje kan døy!”

Til alle tider har menneskeborna leita og lengta etter livsens urt, etter eit ”farmakon athanasias”, eit ”legemiddel mot døden”. Kristendomen – og bare den – gjev oss den lyse og glade og trygge tru at livsens urt er funnen. Og dette underfulle ”legemiddel mot døden” er Menneskesonen, Guds Son, han som for vår skuld vart fattig då han var rik, so me ved hans fattigdom skulle verta rike.

Det er desse tankane som ligg attom diktet ”*Evig er livsens blom*”. Eg kan ikkje opplysa meir om

denne songen enn at han vart skriven like innunder jul 1968. Det var den tilstundande julehøgtid som opptok meg. Men tankane gjekk vidare til påske og himmelferda. No råder han som kom til jorda den første jul, i herlegdom.

*Kjell Børjesson* har sett tone til. Og ei LP-plate der denne songen er med, har fått tittelen ”Evig er livsens blom.”

*Vår Frelsar vart fødd i so trong ein stall  
og lagd i eit krybberom.  
Men barnet voks til, og ein gut vart mann.  
Og krybba er longe tom.*

*Vår Frelsar vart nagla til krossens tre.  
Til løn fekk han denne dom.  
Då kvelden so kom, tok dei honom ned.  
Og krossen er longe tom.*

*Vår Frelsar vart lagd i den nye grav.  
Der visna låg livsens blom.  
Men påskedag sprengde han dødsens band.  
Og gravi er longe tom.*

*Men Frelsaren opp til sin Fader for,  
og råder i herlegdom.  
Han himmelen fyller, og all vår jord.  
Og evig er livsens blom.*

#### ”HERRE KRIST, DU TIL OSS KOMMER”

Frå slutten av 1960-åra er det fleire einfelde kvad som fekk ”vengjer” og vart ”fuglar” som flaug ut over landet. Ein av desse er ”*Herre Krist, du til oss kommer*.”

Endå ein gong hadde eg gløymt bakgrunnen, og endå ein gong skriv songen seg frå eit misjonsmøte,

– og atter ein gong vart han til etter eit vitnemål eg fekk høyra.

Manuskriptet i arkivet fortel at ”foranledningen” var eit møte i Misjonssalen i Oslo, søndag den 6. oktober 1968. Og det som sette tankane – og pennen – i sving, var noko som den unge *Geir Hoaas* – no misjonær i Japan – sa:

*Herre Krist, du til oss kommer  
når vi kaller på ditt navn –  
som en venn og ei en dommer –  
møter oss med åpen favn.*

*Herre Krist, på deg vi kaller,  
trenger at du kommer nær,  
når det gryr, når mørket faller.  
Du vårt skjold, vår styrke er.*

*Kristus, du er alt vi trenger.  
Du må ikke fra oss gå!  
Skal vi vandre veien lenger,  
må du ved vår side stå.*

*Herre Krist, du til oss kommer  
når det kvelder her på jord,  
tar oss til en evig sommer,  
til den klarhet hvor du bor.*

Han har fått tonar av *Kjell Børjesson* og *Ragnar Ørstavik*. Han er m.a. sunge inn på LP-plate av *Randulf Saunes*.

### ”GUD HAR EIN PLAN MED DITT LIV”

Sundag 10. november 1968 var det ein av dei tradisjonelle huslydkveldar på Fjellhaug, ein tradisjon som er om lag 60 år gamal. Ved sida av ”huslyden”

– skule-familien – møter mange andre opp, frå Oslo og omlandet.

Festtalen vart denne kvelden halden av misjonsskulelærer *Olav Uglem*, som i mange år har vore lærar på Drottingborg og Fjellhaug. Hovudfaget hans er kyrkje- og misjonsoge, og ikkje song og musikk. Men den kvelden sa han noko som fekk med både song og musikk å gjera. – Han sa nemleg m.a.: ”*Gud har ein plan med ditt liv.*”

Det var ei setning som sokk i sinnet, ogso hos ein aldrande poet som sat nede i salen. Tanken vart med det same utforma i nokre vers:

*Gud har ein plan med ditt liv.  
Han tenkte so kjærlege tankar.  
For han har deg inderleg kjær.  
Hans hjarta so varmt for deg bankar.*

*Gud har ein plan med ditt liv.  
Han framtid og von vil deg gjeva.  
So lat han få visa deg veg.  
Då får du i livsstraumen leva.*

*Gud har ein plan med ditt liv,  
ein plass bare du no kan fylla.  
So lat han få leida deg dit!  
Hans signing skal livet ditt gylla.*

*Gud har ein plan med ditt liv.  
Eit verk skal for honom du gjera,  
og sidan hans herlegdom sjå,  
i æva ein sigerskrans bera.*

Det var den unge organisten og komponisten *Mons Leidvin Takle* som sette tone til dette kvadet.

At livet ikkje er meiningslaust, men at livets Gud har ein plan med kvart menneske – har tenkt

kjærlege tankar med det og vil gjeva framtid og von – det er gode ord for spørjande og kanskje urolege og lengtande ungdoms-sinn. So har denne songen, med den friske og fengjande melodien, vorte mykje sunge i ungdomskor rundt om i landet. Han finst ogso på grammofon-innspelningar, og er nytta i NRK. Første gongen vart han lansert på plata ”Jesus min Frelsar” i 1973, av *Hildegunn Saunes Botnen*.

”FOR SEINT!”

Han var ein av dei mest særmerkte menn eg har møtt. Og første gongen det hende, var på ein pressekonferanse som den russiske kyrkjemannen Nikodim heldt i Oslo for mange år sidan. – Då det vart høve til å stilla spørsmål, vart russaren kjørt hardt av *Adler Gustavsen*, som tala flytande russisk og kjende godt til dei kyrkjelege tilhøva i Aust-Europa.

Eg helsa på den frittalande journalisten etterpå, og sidan kom han tidt og ofte oppom Misjons-sambandets kontor i Grensen 19. Han kom alltid innom ”Utsyn”s kontor, der han hadde høve til å gå igjennom mange kristelege blad og tidsskrift. Elles sat han ofte og las i Nobelinstitutts lesesal på Drammensveien.

Adler var eit av dei største språk-talent eg har møtt. Han var godt inne i dei europeiske språka, ogso i latin og dei slaviske språk. Og forvitneleg var det når han fylgde eit ord frå det urgamle sanskrit, fram gjennom gotisk til dei moderne språk.

Av utdanning og i kunnskap kunne han gjerne vore professor i filologi. Men han ville vera ”fri mann”, nytta tida som han ville og lesa det han ville. So levde han eit spartansk, og helst kummerleg liv, på eit eksistensminimum. Dei sporadiske innkomene kom frå ein og annan lærd kronikk i eit par hovudstadsblad.

Han var mykje takksam. Til takk for hjelp kom han ein gong oppom med ei bok med omsette latinske salmar, innbunde i skinn.

Adler fylgde levande med i alt som ovra seg i heimlandet og ute i den vide verda, i religion, politikk og kultur. Han fylgde intenst med i levekåra til dei kristne i jernteppe-landa, og stilte seg mykje skeptisk til moderne liberal teologi og økumenikk. Denne lærde mannen var ”gamaldags” i sitt syn når det gjeld den kristne tru. Og han levde i eit barnleg tillitsforhold til sin Herre og Frelsar.

Adler vart ikkje gamal. Kanskje det var det einfelde levesettet hans som valda dette. – Ein søndag morgon telefonerte han og fortalde at han var vorten sjuk. På vegen til formiddagsmøtet i Misjonssalen gjekk eg innom det primitive husværet hans. Det vesle romet var so å seia fylt av bøker. Kaldt var det ogso.

Kort tid etter fekk eg bod om at han var komen til Lovisenberg sjukehus. Dit gjekk eg og såg om han. Og det var siste gongen eg møtte han. Eg tenkte å sjå om Adler nokre dagar seinare, men før eg skulle gå til sjukehuset, telefonerte dei at han var død. – Dei sa ogso at han hadde oppgitt mitt namn som ”nærmeste pårørende”. Og det tykte eg var uventa, og kjært.

Eg gjekk då til sjukehuset. Og der – medan eg venta på at dei skulle pakka saman kleda hans – forma tankane seg til nokre vers. Det var fredag den 31. januar 1969:

*Du tenkte å sjå om din sjuke ven.*

*Du visste han venta deg.*

*Men då du kom fram, var eit livs-lys sløkt.*

*For seint gjekk til han din veg.*

*Du tenkte å skriva eit lite brev  
til ein som i sorg var stadd.  
Då brevdua sistpå til han kom fram,  
var livssoli longe gladd.*

*Du tenkte å berga di dyre sjel, –  
og ynsket var ærleg meint.  
Men verdi, ho dåra, og syndi drog.  
Og sistpå var det for seint.*

*Å, må me då vakna or svevnen tung  
og fylgja det gode drag,  
og ganga Guds veg før for seint det vert, –  
mens enn det er sol og dag!*

Kvadet stod i boka ”Landet der nordlyset leikar”. Og *Mons Leidvin Takle* sette tone til det. – Takksemd og sorgmod er knytt til minnet om Adler Gustavsen. Han var ein av dei lærde som samstundes ville vera ein av dei ”ulærde små” som Jesus priser sæle. Han var ein av ”Guds enkle vandringsmenn”, ein kristen pilegrim som ”forakket verdens trøst”.

”KRISTUS ER SVARET!”

Me lever i ei tid då ”pluralismen” har fått råderom. Mange ideologiar, og til og med fleire austerlandske religionar trengjer seg fram. Og det skal vera noko godt i alt. Alt er relativt, vert det hevda, og kristendomens krav på å vera den absolutte og einaste sanning, vert møtt med kvass protest. Og enno lever det menneske – t.o.m. i det gamle kristne Noreg – som trur at det står i Bibelen at ”kvar ein vert salig i si tru”, – på sin fason, seier dei på dansk.

Mot dette virvaret set kristendomen opp sitt absolutt: Det finst bare eitt svar på dei store livs-spørsmål – bare eit einaste. Og svaret er Jesus Kristus.

---

Den 9. april 1969 hadde eg vore på eit misjonsmøte for Det Norske Misjonsselskap på Korsvoll i Oslo, hos fru *Hansine Bisgaard*. På heimvegen til Fjellhaug stod eg på hjørnet av Ringvegen og Maridalsvegen og venta på bussen. Og han let – heldigvis – venta på seg. For medan eg stod der, gjekk tankane til dette store spørsmålet: Svaret på verdsgåta. (Truleg hadde me vore inne på dette under møtet). Då forma det seg tri vers: *Kristus er svaret!*

Kvadet vart teke med i ”Den gylne nøkkel”. Der fann *Draugedalen* det, og fekk ein tone til det, truleg den første han komponerte. Han song den inn på den LP-plata som fekk tittel etter denne songen: ”*Kristus er svaret*”:

*Kristus er svaret på verdi si gåta.  
No eg 'kje lenger treng gruvla og gråta.  
No ser eg leidi til liv gjennom død.  
Sjølv er han vegen, det levande brød.*

*Kristus er kjelda som lengsla mi fyller,  
helgar mi høgtid og kvardagen gyller.  
Stormane stilnar, og hjarta finn fred.  
Livsdagen byrjar når soli gjeng ned.*

*Kristus er målet for jordelivs-ferdi.  
Eg skal han sjå i den evige verdi,  
fyllast av sæla og verta han lik.  
Herre, min Gud, eg er endelaust rik.*

”DITT FOTEFAR ME SER I FJELL OG DALAR”

Det som fylte den store tyske filosofen *Immanuel Kant* med størst undring, var som kjent ”den moralske lov inne i meg og stjernehimmlen over meg”.



Og hadde Kant levd i dag, ville stjernehimmelen over han ha fylt han med endå større undring.

For no reknar dei med millionar, ja, milliardar lysår frå dei fjernaste stjerneheimar. Og det uhorvelege solsystemet er bare ein etter måten liten lut i eit verdsrom der det skal finnast fleire milliardar stjerneunivers med milliardar av stjerner i kvar! – Då vert Gud stor i si allmakt og sitt velde.

Og ein treng ikkje sjå opp mot stjernehimmelen for å venta fylt av undring og age. Ogso jordheimen, med hav og høg fjell, skogar og sletter og det løyndomsfulle liv, med menneskeborna som ”den ypperste skapning”, kan fylla eit hjarta med undring, ikkje minst vår underfulle ånd, skapt i Guds likning.

Alt dette vil, for eit ærleg menneske, føra tanken til ein mektig skapar, til Gud. For ”hans usynlege vesen, både hans evige kraft og hans guddom, har vore synleg alt ifrå verdi vart skapt, med di ein kan skjønna han av gjerningane.” (Rom 1,20).

So vart det ikkje so få kvad om vår underfulle verd, skapt av den allveldige, evige Gud. Eit av dei er: ”*Ditt fotefar me ser i fjell og dalar.*” – Men det stansar ikkje med skaparverket. Tanken går vidare til Frelseren, Jesus Kristus, og fullendinga, til Paradiset. – Ein notis i ei skrivebok fortel bare at salmen vart skriven den 4. september 1969.

Den vart teken inn i boka ”Den gyldne nøkkel” (1972), i bolken ”Atomalders lovsong”. Året etter kom den med i ”Salmer -73”. Det har vore hevd at det før har vore heller sparsamt med salmar i tilknytning til den 1. trusartikkelen.

*Ditt fotefar me ser i fjell og dalar  
og ute i det djupe himmelrom.*

*Og havsens velde om din stordom talar.  
Alt vitnar om din høge herlegdom.*

*Kvar blom, kvart blad, av allmakts-handi sterke  
vart kledde i so underfullt eit skrud.  
Og ånd og lekam ber ditt adelsmerke.  
Det største under er du sjølv, o Gud.*

*Mot deg me retter våre tome hender,  
og ber vår bøn i Herren Jesu namn.  
Du gjev ein evig arv, vår livsbåt vender  
imot den logne, ljuve himmelhamn.*

*I Jesus Krist du er ein kjærleg Fader,  
i han din herlegdom me klårt kan sjå.  
Når dagen endar og vår livssol glader,  
me heim til deg, til paradiset, får gå.*

I ”Salmer -73” er nytta ein melodi av *Conrad Baden*. Komponisten *Bjarne Eldsvig* (død 1978) sette også tone til salmen.

#### ”SALIGHETENS GRUNN”

Då Kristen i ”Pilegrims Vandring” skulle over den siste elva, ”dødsfloden”, var han ille til mote. ”Straks Kristen steig uti, tok han til å søkkja, og ropa bort til kameraten: ”Eg søkk i djupe vatn. Alle dine brotsjøar og dine bylgjer går over meg.” (Han siterte her eit Salme-ord, og la difor til: ”Sela.”)

Men venen hans, Vonfull, sette mot i han: ”Ver ved godt mot, Kristen!” sa han. ”Eg kjenner grunnen, og den er god.”

Ja, det finst ein grunn. Og den er god. Det er den som Gud tenkte ut frå evige tider, og som Jesus Kristus bygde med so dyr ein pris.

I ei verd der alle grunnar til sist sviktar og brest,

og me skal over den store grensa til den evige verda, er det stort og sælt at det finst ein grunn som me kan byggja på og som held i livet og i døden og for den store, kvite truna.

Sundag 14. september 1969 var det ”oppbyggelse” i heimen til kona mi. Ein 90 år gamal diakon, *Steinar Sandnes*, bar fram sitt vitnesbyrd. Og han tala om ”salighetens grunn”. Heimkomen til Fredlund freista eg i tri vers å skildra grunnen.

Songaren *Gunstein Draugedalen* sette tone til, og song den inn på LP-plata ”Kristus er svaret”.

*Kristus død for mine synder,  
oppreist ifra dødens blund,  
levende for meg i himlen, –  
det er salighetens grunn.*

*På hans sonings-død jeg bygger:  
Blodet gjelder hver en stund.  
Han har fullført frelsesverket.  
Det er salighetens grunn.*

*Den som tror på meg, skal leve.  
Slik lød ordet fra hans munn.  
Evig trygt står frelsesfjellet.  
Det er salighetens grunn.*

Den gamle diakonen – som no er nær hundre år – ante nok ikkje at hans enkle vitnesbyrd på eit enkelt husmøte skulle bli ein song som vert sunge lenge etterpå. Det ante heller ikkje han som sat borte ved skogen og skreiv den ned.

## ”Sangens elv flyter mere stille”

”EG RETTER TO TOME HENDER”

Det vert stundom tenkt – og sagt – at kristne menneske kjenner seg ovanpå og betre og sværare enn andre. Og so er det motsette tilfellet. For dei Kristus-truande er slike som åndeleg tala har ”gått konkurs” og måtte lata seg frelsa ufortent av ein annan sin nåde. – Med tollmannen i templet seier dei: ”Gud, ver meg syndar nådig!” Og med den bortkomne sonen: ”Far, eg har synda mot himmelen og mot deg!”

---

Det er andakt i spisesalen i Norrøna kafé, i Grensen 19, Oslo. Dag og dato: Onsdag 24. mars 1971. Personalet ved Misjonssambandets ymse kontor er samla under frokostpausen. Gjest er Hovudstyrets formann, sekretær *Tore Tunglund*. Han held ogso andakt, og seier m. a.: ”Me retter to tome hender mot Gud.” Det var ein tone som gav gjenklang i hjartedjupet. Og tanken vart førd vidare i nokre vers:

*Eg retter to tome hender;  
eg står som ein tiggjar for Gud.  
No er det bare Jesus,  
hans rikdom og rettferds-skrud.*

*Eg retter to tome hender;  
nei, ingenting i dei eg har.  
No er det bare Jesus.  
For hans skuld er Gud min Far.*

*Eg kjem med to tome hender.  
Men du har eit rikdoms vell.*

*No er det bare Jesus.  
Den fjellgrunnen evig held.*

*Kor rik eg er no i Jesus!  
For alt det han vann, det er mitt.  
Ævelivs-våren strøymer.  
Og no kan eg anda fritt.*

Sigurd Lunde har sett tone til songen. Han siterte den ogso i sin tale då han vart ordinert til biskop i Oslo Domkyrkje. Han tala om den botferdige røvaren på korset, som ingen ting hadde å koma med, anna enn synd og skam og svære brotsverk. Men ”han bad om ein tanke, og fekk eit paradís.” Alle – ogso biskopar – liknar røvaren. Me har ikkje noko av verd å koma til Gud med. Alle treng me den herlege nåden som han fekk, og som alle får som retter to tome hender mot Frelsaren.

”EG ER FRI!”

Denne songen – til tone av *Knut Ose*, i ”Concordia” – er ikkje blitt lite sunge, især av songkor og musikkor. – Eg hadde heilt gløymt bakgrunnen, men på manuskriptet står at han vart til den 15. februar 1972, i Sinsen-bakken, nedanfor Fjellhaug. Der står ogso nemnt ”foranledningen”: Morgonandakt i NRK ut frå profeten Jesaja, kap. 53, det kjende kapitlet om Messias, som vart såra for vår skuld. Straffi låg på han so me skulle ha fred.

Den som heldt andakten, var sokneprest *George Johnsen*, som for ikkje lenge sidan fekk heimlov. Eg minnest han med takk for alle dei gonger eit ord av han – i radio eller i hans andaktsbok – gav inspirasjon til eit kvad.

Dei mektige orda frå Jesaja 53 har nok tona i mitt sinn då eg på veg til Utsyns kontor i Gren-

sen 19 gjekk nedover Sinsenveien. Då dei der vart ”skrivne”, var det nok inga aning om at det sidan skulle koma ein vakker tone til, og at eg sju år etter skulle sitja og skriva om den u-dramatiske bakgrunnen.

*Takk at du tok mine byrder,  
eit høgfjell av skuld og av skam!  
Du bar det på skuldrene dine,  
du skuldlause sonofferlam.*

*Takk at du bar mine synder,  
betalte mi skyhøge skuld,  
med blod frå ditt fullkomne hjarta  
og ikkje med sylv eller gull!*

*So vil ved korset eg standa.  
Med undring eg ser: Eg er fri!  
Eg skal ikkje døy; eg skal leva  
med Jesus til æveleg tid.*

”DET MÅ VERA EIN SOM HAR GJORT DET!”

Etter som åra går, vert eg meir og meir teken av det underfulle byggverket: Det veldige himmelromet og jorda vår eigen, med livsens djupe løyndom på vår aldrande planet.

Og meir og meir undrar det meg at nokon ikkje skjønar at det må stå ein skapande personlegdom bak: *Gud*.

Eit økseskaft er det ein som har gjort, ein kleshengar, ein båt, ei bru, eit ur, – og so skal det uhorvelege, underfulle universet ha laga seg sjølv! Eg synest at åndsgiganten *Albert Einstein* har sagt det so råkande: At universet skulle ha laga seg sjølv, er meir utruleg enn at det skjedde ein eksplosjon i eit prenteverk, –

tusentals blytyper vart slengde opp i lufta, datt ned igjen og dana eit konversasjonsleksikon!

Det var slike tankar som leika i hugen ein tidleg vårdag i slutten av april 1972, då eg rusla ute i hagen på Fredlund. Eg såg på skogane og det grønkkande graset, dei første blomane, hørde vårfuglane og kikka opp mot den mektige himmelkvelven: Det må vera ein som har gjort alt dette underfulle! Det kan då ikkje ha laga seg sjølv!

So vart det til nokre vers som tolka denne tanken. Og komponisten *Kjell Børjesson* sette tone til diktet:

*Det må vera ein som har gjort det,  
den verdi som auga mitt ser, –  
dei tallause livsens under  
som her for mitt auga seg tér.*

*Eg høyrer dei fløytande fuglar,  
ser skogar og fjell vidt ikring.  
Og har ikkje nokon gjort dei,  
då skjønar eg slett ingen ting.*

*Eg ser mot ei kveldsol som glimar,  
uteljande stjernor sin hær.  
Det lyt vera ein som har laga  
den vide og veldige verd.*

*Her tirer dei blidaste blommar.  
Der solmognar skinande korn.  
Dei venaste blommar av alle  
er nyskapt menneskeborn.*

*Det **må** vera ein som har gjort det,  
som dana vår lekam og sjel  
og verdi den veldige, vide.  
Kven er det? – No veit eg det vel.*

”DET HOLDER I LIV OG I DØD”

”Gjev meg eit fast punkt –!” er eit kjent utsagn frå filosofiens historie. Me talar ogso om å ha eit ”fast stade”. For ein som vaknar for det store livsalvor, vert det store spørsmål dette: Finst det ein fast grunnvoll der ein kan setja foten, og so vera trygg i livet og døden og domen – ein grunn som er uryggeleg, som held?

Spørsmålet om den trygge grunn melder seg med ny styrke i anfektings-tider og når ein nærmar seg den store grensa, det store oppbrot, den endelege overflytting til den evige verda.

Ein dag i slutten av mars 1974, nokre månader før eg fylte 70 år, gjekk eg og rusla i parken nedanfor heimen vår i Sinsen hageby i Oslo. Tanken gjekk til noko som res. kap. *George Johnsen* nyleg hadde sagt i Norea Radio. Han tala om noko som ”holder i liv og død”. -Tankane forma seg i nokre vers, som vart tekne med i festskriftet ”Ei livselv av lukke”. *Gunstein Draugedalen* fann songen der, sette tone til, og har sunge han inn på LP-plate:

*Det verk som ble fullført på Golgata kors,  
i lidelsens angstfylte glød,  
da Frelseren sistpå sitt hjerteblod gav,  
det holder i liv og i død.*

*Han sonde min synd og betalte min skyld.  
Nå er han mitt himmelske brød.  
Og løftet om livet for hver den som tror,  
det holder i liv og i død.*

*Han døde for alle, han døde for meg,  
og frir meg fra natt og fra nød.  
Jeg hviler på Frelserens fullførte verk.  
Det holder i liv og i død.*

*Det kommer en kveld da min livssol går ned,  
med skyer i brand og i glød.*

*Da tar jeg min tilflukt til Jesus på ny.*

*Han holder i liv og i død.*

”TAP IKKJE SJELA DI!”

Sjela – personlegdomen, mennesket si ånd – er det verdfullaste, det mest dyrebare me har. Kjende er Meisterens alvors-ord: ”Kva gagnar det eit menneske om det vinn heile verdi, men lider den skade å tapa si sjel?” – Legg du all den veldige verd på ei vektskål, og sjela på den andre, so vippar skåla med universet til vers.

Under vinterkrigen i Finland oppsøkte ei enkel finsk kvinne feltmarsjall Mannerheim. Ho var ei kristen kvinne, hadde 4 – eller det var 5 – søner i krigen og var i bøn for dei dag etter dag. – Då ho møtte Mannerheim, fortalde ho dette. Men, sa ho, eg har kome til å tenkja på dette: ”Vem sköter om Mannerheims själ?”

Denne omsorg for sjela – si eigen og andre sine sjeler – bankar i kvar kristens barm, ikkje minst når tanken går til dei nye generasjonar av unge i Noreg. Ikkje minst i dag møter dei mørke makter og sterke krefter som vil øyda det dyraste dei har: deira sjel.

Det er desse tankane og denne situasjonen som ligg bak songen: ”Tap ikkje sjela di, ungdom!” – Han fekk tone av *Ole Abel Sveen*, og det var koret ”Unge Røster” i Åsane ved Bergen som song han inn på plate og kassett.

Medan eg skriv dette, les eg i tidsskriftet ”Concordia” frå song- og musikk-treffet på Rauma kristelege folkehøgskule i januar 1979: ”Inspirerende var det å se og høre det store felleskoret på 160 sangere, de aller fleste unge, til slutt synge ”Tap ikkje sjela di,

ungdom!” – So får me bare vona at ein og annan ung vil høyra åtvaringa.

*Tap ikkje sjela di, ungdom!  
det finaste Herren har skapt!  
Kva gagnar dei jordiske skattar  
når sjela – du sjølv – går fortapt?*

*Selg ikkje livet ditt, ungdom!  
Kvar finst det vel prisar som gjeld?  
Du må ikkje rekna i kroner  
når livet – det dyre – vert seld!*

*Fyll ikkje hugen din, ungdom,  
med det som er ureint og stygt!  
Då riv du ned vernande murar,  
som Skaparen i deg har bygt.*

*Hugen din, livet og sjela,  
alt må du helga til Gud!  
Å tena din Frelsar i reinleik  
er ungdomens fagraste skrud.*

JA – HAN LEVER!

– Er ikkje dette den største og sælaste sanning i tilværet?

– Jau, det er!

Jesus Kristus var død, men sjå, han er levande i all æva! Dette er eit av dei første mektige utsagn i Johannes’ Openbaring.

Men fordi me ferdast i tru, ikkje i syn, må me stendig minna kvarandre om dette, slik som dei første kristne gjorde når dei møttest: ”Jesus Kristus er oppstanden! Han er sanneleg oppstanden!” Sjølv kyrkja sin reformator, Martin Luther, måtte ha eit lite ”hjelpemiddel” som minte om denne sæle

sanning. På skrivebordet hadde han eit lite stykke papir, der det stod skrive eit einaste ord: ”*Vivit – han lever!*”

Skulle so ikkje ein som puslar med å skriva vers, freista å tolka denne store sanning, gjera klårt for seg sjølv – og vonleg ogso for andre – kva dette har å seia for oss som her nede bare har ”en dalende dag, en stakket stund”, på ei jord der ”slektene skifter som løv i lund”? – So vart det nokre kvad ogso om dette, m. a.: ”*Jesus lever! – Ja, han lever!*”

*Jesus lever! Ja, han lever!  
Sannelig er han oppstanden!  
Jubelropet høyt seg hever.  
Gledens kalk er fylt til randen.  
Halleluja!*

*Jesus lever! Ja, han lever!  
Dødens makt er overvunnet.  
Hør det, du hvis hjerte bever!  
Nå en evig dag er runnet.  
Halleluja!*

*Jesus lever! Ja, han lever!  
Gled deg, fryd deg, Sions datter!  
Jubelropet høyt seg hever.  
Større rikdom enn vi fatter.  
Halleluja! Halleluja!*

*Jakob Bjorå* og *Ragnvald Øvrebø* har begge sett tonar til fleire av mine songar, – ogso til denne.

### ”DEN LYSASTE DAGEN”

Mange lyse dagar har det vore på den aldrande jord. Men ogso mange, mange mørke, – dagar med ”mulm og dødsskygge”. – Den aller mørkaste var

nok den lange fredagen då verda sin frelsar vart nagla på Hovudskallestaden, Golgata. Då kvilde eit stort mørke over landet i tri lange timar, medan Menneskesonen stridde sin siste strid. Men det aller svartaste mørket var det som ruga over Frelsarens hjarta då han ropa: ”Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg?”

Men nettopp den dagen gjorde at verda fekk framtid og von, og lyse, livsæle dagar for alle som famna sin frelsar i tru og takk. Difor heiter den lange fredagen – med rette – på engelsk ”den gode fredagen”.

Og Menneskesonens siger på ”Korsets store dag” la grunnen til at den dagen som Jesus kalla ”den ytterste dag” – den siste dagen – vert den aller lysaste for Kristi kyrkjelyd.

Denne tanken vart omsett i eit lite kvad: ”*Den lysaste dagen som fylgjer på natt*”. Det vart skrive under eit møtesamvær i Misjonssalen i Oslo, søndag 20. april 1969. Eg kom der over noko som dåverande stortingsmann *Lars Aasgard* hadde sagt i eit møte i den same salen den 10. desember 1967. Truleg nemnde han då ”den lysaste dagen”. Diktet vart teke med i ”Den gyldne nøkkel”. – Draugedalen sette tone til, og har sunge han inn på LP-plate. – Det vart fortalt at då denne songen skulle spelast inn, til bruk i NRK, undrast orkester-medlemene på kva ”den lysaste dagen” vel var. (Det stod bare denne titelen på notebladet.) Dei gissa humoristisk både på det eine og det andre. Stille og alvorlege vart dei då dei fekk høyra kva dag det er.

*Den lysaste dagen som fylgjer på natt,  
er dagen då Kristus i skyi kjem att.  
Då bankar kvart hjarta i jubel hjå deim  
som no skal han møta og fylgja han heim.*

*Må, Herre, den dagen eg òg verta med,  
når du tek oss inn til di gleda, din fred!  
Å, hjelp at med olje på lampa eg stend  
når natti er enda og morgonen renn!*

*Kor sæle er dei som den dag skodar Gud,  
han møter i frelsa sitt skinande skrud!  
Eg ventar den dagen, so gledesfylt, hjart,  
og kviskrar: Ja, kom, Herre Jesus, kom snart!*

### ”KOR STORT AT DET VENTAR EIN HIMMEL TIL SIST!”

Han var enno ung, min gilde svoger Trygve Maudal, då bodet nådde han at livsdagen hans snart var til ende. – Han hadde ein stor, fin gard og var ein dugande bonde. Han var også leiar for misjoneren på heimstaden. I unge år var han blitt med i vekkings-våren, Guds rikes vår. Men det stod ikkje godt til med hjarta. Det fekk ein knekk då han som gardist var med og ”gjekk til marsjmerket”, tri dryge mil.

So var det ein haust under krigen. Trygve var blitt verre. Hjarta hans voks, og vart for stort. Men han trudde nok at han skulle få vera med i kornskuren. Men då doktoren kom til han seint en kveld, sa han: ”Det står så dårlig til som det kan.”

Det var eit hardt slag for den unge gardbrukaren. Det var som om alt ramla i røys kring honom. Men so gjekk tankane hans framover, mot det evige livet som ventar den kristne pilegrimen. Då sa Trygve til si eldre søster, Else, som vaka over han: ”Det er godt at det finnes et paradisi!”

Dette vitnemålet av min døyande ven greip meg, og gledde meg. Og det har ikkje gått meg av minne. Og denne opplevinga ligg bak eit par kvad: ”Kor

stort at det finst eit paradisi!” Tankane på paradiset som ventar, melde seg atter då min gode og blide morbror, *Edvard Røysland*, døydde. Då forma denne lyse tanken seg i diktet ”*Kor stort at det ventar ein himmel til sist!*” – Det vart skriven den 24. september 1969. Dette diktet fekk plass, som det siste, i ”Den gylne nøkkel”. Der las *Gunstein Draugedalen* det, og sette tone til det. Det har også *Bjarne Eidsvig* gjort.

*Kor stort at det ventar ein himmel til sist,  
der livssoli aldri går ned,  
der blomen ei visnar og døyr på sin kvist,  
men blømer i æveleg fred!*

*Kor stort at det ventar ein himmel hos Gud,  
der kvila er ljuvleg og blid!  
Kor stort å få gå i det snøkvite skrud,  
og frydast til æveleg tid!*

*Kor stort at det ventar ein himmel eingong  
når dagen min endar på jord!  
Kor stort å få syngja den herlege song  
i himmelens kvitklede kor!*

*Kor stort at det ventar ein himmel ein dag,  
for alle som trur på Guds Son!  
Der skal me få vera for evig i lag.  
Hav takk for den levande von!*

### ”TAKK – OG ATTER TAKK!”

Når åra er blitt mange, og dagane mest uteljande, då ser ein klårare enn før at kvar dag er ein kostesam glimestein, og kvart år ein straum av juvelar. I Guds skule lærer pilegrimen å telja dagane so han får visdom i hjarta.

Då stig det ofte opp frå hjartebotnen eit einaste ord: *Takk – og atter takk!*

Denne takk tona frå sjelsharpa ein dag i førstninga av mai i 1970, medan eg sat på Oslo-trikken. Og takketonen har nok halde seg, for dagen etter vart kvadet fullført ute på Fredlund. – Åtte år etter vart det med i diktsamlinga ”Himmelstigen”.

1. påskedag i år fekk eg – etter møtet i Misjonssalen – helse på sekretær *Leonard Gudmundsen*. Han har komponert melodiar til mange av T. B.s tekstar. Særleg var det eit kvad i ”Himmelstigen” som hadde sokke i hans sinn: ”Takk – og atter takk!” Og han hadde fått ein tone til teksten. – Då tenkte han som har skrive det diktet: Når det no har fått melodi, so kan det høva å ta denne songen med i dette attersynet, som den ”ferskaste” og som den siste. Det sømer seg med hjartans takk når ein ser tilbake på Guds velgjerningar i eit langt liv – eit liv i song. –

*Takk for alle år og dagar  
eg fekk bu i livsens hagar!  
Mange, mange er det no.  
Enno bankar hjarteslaget.  
Enno dirrar lengsels-draget.  
Enno bårar hjartans blod.*

*Enno ser eg himmelklåren.  
Enno får eg møta våren,  
denne fagre livsens fest.  
Enno ser eg skog som svagar. –  
Takk for alle år og dagar  
som eg her fekk vera gjest!*

*Enno ser eg skyi roda.  
Enno får eg hausten skoda,  
dette fine fargespel.*

*Herren alt so vakkert lagar.  
Takk for alle år og dagar!  
Berga heim til sist mi sjel!*

## EPILOG

Skal han som har skrive denne boka, til slutt få vera ”personleg”, sjølv om det kostar han noko: Det kom som eit syn, som eit kall, til ein liten gut i ei bygd på Sør-Vestlandet. – For å seia det med Per Sivle: ”Det var ein kveld medan tankane sveiv, at ute i skogen eg gjekk og dreiv.”

Var småguten 7 år gamal, eller 8, eller bortimot 9? Han minnest det ikkje no. Men det kan i alle fall ikkje vera seinare, for ni år gamal flytte han med far og mor og sysken langt, langt mot aust. Og var det ein vårkveld eller ein haustkveld? Heller ikkje det kan han minnast. Han minnest bare at han stod der ute i den store kveldstill, mellom lauvrike lider og fagre fjell, ikkje langt frå ei fjell-å som susa og song.

Då hende det noko, medan han stod der still.

Far hans hadde fortalt om dei store skaldane. Han hugsa namna på dei. Bøkene deira låg ogso der heime. Ein og annan av songane deira hadde han ogso høyrte søstrene sine syngja.

Då var det at det kom, som eit syn, som eit kall: Kanskje ogso han – vesleguten – skulle verta – ja, verta noko i likskap med dei? Enn om ogso han skulle kunna odla ”poesiens blå blomst” når han vart stor?

Formasteleg? – Han kjende det ikkje slik, småguten. Hadde vel ikkje vet til å kjenna det slik heller.

Og so kjende han noko i den stunda, noko han ikkje kan gjera greie for, – har aldri kunna gjera greie for det heller, – noko som har fylgt han heile



livet sidan, noko som kom vel med i tider då han ikkje hadde stor tru på det som han pusla med. Andre hadde kanskje heller ikkje stor tru på det.

So sprang småguten heim att.

Enno inne i livskvelden lever minnet om det som den vesle karen såg og kjende der ute i kvelden, medan fjella stod tagale og elva susa og song. – Og medan eg sit og skriv dette, synest eg det er underleg at dette barndomsminnet frå over 65 år sidan enno står levande for meg.

— — —

Nokre år etter. Veslekaren er enno liten gut. Atter står han ute i kvelden. No er det ikkje vår – eller haust, men sommarkveld. Og ikkje er det ei fjellbygd. Nei, store skogar står tagale synsrande rundt. Sjølv står han nede i ein allé med veldige gamle tre.

Det som hadde kome til han den kvelden for få år attende, var ikkje gløymt. Det lever, som ein sterk trong, som ein tærande lengt etter å kunna tolka det som han ser og kjenner. Men det er so svært å få til. Kjelda vil ikkje olla. Bare ein og annan dropen vert det, fattigslege dropar, som til saman forma eit fattigsleg vers.

Alltid sidan har eg skjemst over dette verset, – skjemst over å syna det fram. Det kjennest alltid slik med fattigdomen. Men ein får ta denne audmyking. Sjølv sagt kunne eg lata det vera. Men det er so underleg med dei første små dropane frå kjelda. Som kjent ”giver første gang så mangen småting rang”. Det er vel ogso den einaste sjansen for småting – ogso eit lite, vesalt vers – til å syna seg fram. So her kjem det, blygt og smålåtent, som seg hør og bør, – einfelt, ”søtladent” og romantisk:

*Det suser så sakte i sommernattens trær.  
Og alt er så stille og tyst.*

*Og fantasien meg videre bær  
til et land der allting er lyst.*

Det var no det. Og det var alt.

Verset vart visst aldri skrive ned, – og fortente det vel heller ikkje. Men det lever enno, inne i livskvelden. For – som nemnt – giver første gang så mang en småting rang.

— — —

Veslekaren er vaksen vorten, eller so bortimot vaksen. Gymnasiast i Oslo, i førstninga av 1920-åra, – so lenge sidan at byen heitte Kristiania. – Vindauga i hybelromet på Fjellhaug vender mot vest, mot Holmenkollen og Tryvasshøgda. Det er vårveld, og på den blå himmelkvelven står ei strålende kveldstjerne. Lengslene vaknar i unggut-barmen. Og framleis bare nokre dropar frå ei kjelda som enno ikkje har teke til å olla, – bare surlar litt:

*Kveldstjerna lyser, lyser  
ned over skogen i vest,  
ned over sjø som fryser  
og fuglar som søv som best.*

Punktum.

Rim måtte det vera, i alle liner. Ingen slingring i so måte. Og sidan har han heile tida halde seg til rimet – bokstavrim og innrim og enderim. Kan so lite med rimlause vers og mest uskjonlege dikt. Andre får driva på med *det*. Det ligg ikkje for *han*.

Som sagt: enno ollar ikkje kjelda. Det er ”dei mange dagane utan løn – dei lengtings-år utan svar på bøn”.

”Utan svar på bøn,” sa du.

Ja, – det var bare det at bønesvaret kom sidan. Mange år etter – ein vårdag i 1962, då kjelda hadde

flødd i lange tider, ein dag då han var på veg frå Fjellhaug til kontoret i Grensen 19 – tok det til å tona:

*Det er barndomens bøner som no brest i blom.  
I livet sin hage dei finn seg eit rom.  
No stend dei og angar, – og so vert det frukt.  
Å, Herre, hav takk for di reinsande tukt!*

*Det er barndomens draumar eg oppfylte finn.  
Kor sælt å få sjå i eit lukkeland inn!  
Og knuppar som enn ut ei falda seg får,  
skal bresta i blom i den evige vår.*

Men tilbake igjen i tida, til slutten av 1920-åra. Eit lengre dikt vert til, og like etter atter eit. Då gler han seg, men undrast: Skal tru om det vert fleire kvad, eller om desse to vert dei siste. No smiler han so smått ved denne tanken. For kvada vart mange, mange.

— — —

Men det er ikkje sjølv sagt at ei kjelda held på å vella, sjølv om ho har strøymt aldri so rikt. Ho kan verta tom før ein veit det. Difor vart det bore fram ei barnleg bøn ein sundag føremiddag då han som her er kalla veslegut var på veg til møtet i Forbundssalen i Oslo. Han går den lange vegen. (Det er godt for ein kontormann å ”trimma”). Der den dryge Waldemar Thranes gate tek til, stoggar han ei stund. Ei bøn banar seg veg frå hjartetjupet:

– Herre, må kjelda i barmen olla livsdagen lang!

Han trur – år etter – at bøna vart høyrd. Inne i livskvelden kan han høyra at kjelda surlar og fløymer.

Men ein vakker dag ollar ho ikkje lenger. Og underleg er det å tenkja på at ho som tok til å vella i unge år – og sidan flødde livsdagen lang – skal stilna for godt.

Nei, ikkje for godt! Evig skal songen stiga.

So skal du ikkje syrgja den dagen, vesle songfugl, men takka og lova han som gav deg livsens gåve, frelsa si gåve og songens gåve, og lét kjelda strøyma i so mange år, – takka i livskvelden for kallet som kom til deg i barndomens fjerne land. Eit langt liv ligg imellom. Og underleg er det no å minnast, og sjå korleis det gjekk. Synet som småguten fekk den kvelden, var då ikkje noko fatamorgana. (Fatamorgana: luftspegling, hildring, synsbedrag). Det må vera livsens Gud som kom med det. For bare han veit kva han har skapt oss til. Bare han kjenner ein liten gut si framtid.

Og so vil han, no når håret har fenge sylvet sin farge og ”sangens elv flyter mere stille”, nynna på Welhavens hugtakande vers:

*La min sangerkrans da slynges  
hen i støv på glemsels kyst,  
når kun hist hvor alt forynges,  
sjelens dyp har lutret røst,  
når kun der jeg griper tonen  
i det store kvad for tronen  
som til himlens harper synges.*

# I GUDS KJÆRLIGHET

SANGER MED BAKGRUNNSSTOFF

1987

## *Egne sanger*

### DEN SÆLASTE VON I VERDI

I 1951 skreiv eg, etter ein tur til Finland, songen ”Den eldgamle norrøna-veg”. Tonen eg nynna til teksten, er Gabriel Linséns vakre melodi til Zacharias Topelius’ dikt ”Sommandag ved Kongasalla”.

Tretti år etter, før jul 1981, bad eg songaren Ola Valland syngja fedrelandssongen eg hadde skrive. Men han ville heller syngja ein ny tekst, og gav stikkorda ”lys”, ”von”, ”glede”. Og ein kveld eg kom over desse stikkorda, ”kom” den nye teksten. ”Den sælaste von i verda”.

Den vart ur-framført i festsalen på Fjellhaug like før jul. Og forsamlinga tykte mykje godt om han. – Sækretæren for nemnda som førebudde den nye utgåva av ”Sangboken”, Aud Sæverås, la songen fram for komiteen, og dei tok han inn, som ein av dei siste før boka var ferdig.

*Den sælaste von i verda  
er den som vår Gud oss byd.  
Ho fyller vår sjel til botnen  
med frimod og fred og fryd.  
I trua på Jesus Kristus  
oss ventar ein evig vår.  
Og er stundom smal vår livsveg,  
til sist me vår himmelheim når.*

*Den rikaste skatt i verda,  
det er vera rik i Gud,  
få stå i dei kvite klede,  
det skinande rettferdskrud.  
Den arven skal aldri øydst.  
Dei perlene alltid skin.  
Og blomen som aldri bleiknar,  
i æva er frodig og fin.*

*Så lovar me Gud, vår skapar,  
vår Frelsar og ven og bror,  
for vona som aldri visnar,  
for livslukka rik og stor.  
Så går me mot morgonlandet,  
der dagen ei går på hell,  
der evig me skal få ausa  
med gleda av levande vell.*

### DU FÅR KOMA TIL JESUS

Denne songen er blitt mykje sunge etter at den kom i ”Sangboken”. Han skriv seg frå 1964. – Tonen er av Gudrun Maria Viktoria Stenlund.

I vers 3 står det sterke uttrykket: ”Du får koma for tusende gong.” – Det er fleire som er særst takksame for denne setninga. Eg høyrde den i ein andakt av min svoger Olav Hovda. – Når Jesus sa til apostelen Peter at me skal tilgi 70 x 70 gonger, så er han viljug til å tilgi når me kjem til han, gong etter gong. – Og så er det sælt og stort at me ”får vera hos Jesus til æveleg tid”. – Nei, noko meir kan me ikkje ynskja.

*Du får koma til Jesus med det som er tungt,  
med di synd og di sorg og di sut.  
Du skal vita for visst: Om du kjem som du er,  
skal han slett ikkje støyta deg ut.*

*Du får koma til Jesus i motgang og tvil,  
og når nedbøygd i mismod du går.  
Han vil kveikja din hug, han vil tendra ein smil  
og for vinter deg gjeva ein vår.*

*Du får koma til Jesus i ungdomens tid,  
i din manndom og når det vert kveld.  
Du får koma til Jesus når sola går ned  
og dei nattsvarte skuggane fell.*

*Du får koma til Jesus i Faderens hus.  
Der hans herlegdom skal du få sjå.  
Du får vera hos Jesus til æveleg tid.  
Seg, kva meir kan du ynskja deg då?*

#### EG KAN IKKJE UNNVERA DEG

– Simon Johannesson, elsker du meg?

– Ja, Herre, du veit alt, – du veit at eg har deg kjær.

Desse fine replikkane frå det siste kapitlet i evangeliet etter Johannes, då Jesus ”eksaminerte” sin apostel Peter, vart sitert på ein misjonsfest på Fjellhaug hausten 1972. – Bortimot 2000 år etter sat ein Jesu læresvein i festsalen og hørde dette. Då svara han Meisteren med desse ord: ”Eg kan ikkje unnvera deg.” – Og det vart skrive ned nokre vers.

Egil Haugen på Drotningborg handelsskule fann teksten og komponerte ein god tone. Og Randulf Saunes song den inn på kassetten ”Pilgrim i verden”. – Ikkje minst gamle pilegrimar – pensjonistar – set pris på den einfelde songen.

*Når Meisteren avsides tek meg,  
og spør meg: Seg, elsker du meg?  
Då kviskrar det djupt i mitt hjarta:  
Eg kan ikkje unnvera deg.*

*Når åndi er utmødd og modlaus,-  
Det vil ikkje lukkast for meg,-  
då kviskrar det djupt i mitt hjarta:  
Eg kan ikkje unnvera deg.*

*Når hausten er komen i livet  
og skuggane fell på min veg,  
då kviskrar det djupt i mitt hjarta:  
Eg kan ikkje unnvera deg.*

*Og når eg eingong stend ved Jordan,  
ved enden av livet sin veg.  
då kviskrar det djupt i mitt hjarta:  
Eg kan ikkje unnvera deg.*

#### GUD VIL IKKE MISTE EN ENESTE ÉN

Det er nyttårsnatt 1967. I Nøtterø kyrkje er det midnattsmesse. Og det er biskop Dagfinn Hauge som taler. Han sender m.a. denne setning utover landet: ”Gud vil ikke miste en eneste én.”

Denne setning gav gjenklang i hjarta hos ein lyar på Fjellhaug Skoler på Sinsen i Oslo. Og 3. vers vart til i det nyfødde nyttåret.

I 1985 – 40 år etter frigjeringa – var Hauge på Fjellhaug og fortalte minne frå krigens dagar, då han var prest og sjelesyrgjar for dei dødsdømde på Akershus festning. Då song Hildegun Saunes Botnen denne songen, og forfattere fortalte korleis den vart til. Det gledde biskop Hauge å høyra. Og mange er dei som med takk og glede har høyrte hans setning sunge: ”Gud vil ikke miste en eneste én.”

Melodien er av Gunstein Draugedalen.

*Gud vil ikke miste en eneste én.  
Han alle vil adle og eie.*

*For ham er hver sjel som en perlesten  
hvis verd bare himlen kan veie.*

*Du evighets-vandrer i fremmed land,  
i tide du må deg besinne.  
En arv uten like du eie kan,  
en vidåpen faderfavn finne.*

*Fra evige tider Gud tenkte på deg,  
det beste av alt har i tanker.  
Så må du ei lengere si ham nei  
når han på din hjertedør banker!*

#### GUD VIL IKKE SLIPPE DIN SKJELVENDE HÅND

Songen stod i tidsskriftet ”Concordia”, nr. 3, 1984. Eg minnest at eg skreiv han med tanke på eit nytt, ukjent år.

Mons Leidvin Takle sette tone til. Til min 80-års dag gav ”Lynor” ut kassetten ”Pilgrim i verden”, og der er songen sunge inn, av Gunstein Draugedalen og Grimstad kammerkor. Elles vert han nytta m.a. på songkveldar.

Også etter nyttår er det godt å minnast at ”Gud vil ikke slippe min skjelvende hånd.”

*Gud vil ikke slippe din skjelvende hånd  
som du i hans sterke har lagt.  
Han går ikke fra deg, forlater deg ei.  
Det har i sitt løfte han sagt.*

*Og ingen kan rive deg ut av hans hånd.  
Så vær da frimodig og sterk!  
For Herren er med deg fra dag og til dag.  
Han selv vil fullende sitt verk.*

*Så kan du begynne hver gryende dag  
med takk til din himmelske Far.  
Han vil ikke slippe din skjelvende hånd.  
Det evige løftet du har.*

*Så kan du begynne hvert eneste år  
med frimod, med håp og med sang.  
For Jesus, som gir deg den evige trøst,  
vil føge deg livsdagen lang.*

#### JESUS TEK SEG AV DEN EINE

Møte i Misjonssalen i Oslo, søndag 19. januar 1969. På talarstolen generalsekretær Birger Breivik. Han tala om Jesus i samtale med den samaritanske kvinna. –”Jesus tek seg av den eine, som om det ingen andre var,” lydde det. Ei sanning som sokk i sinnen. Nokre vers vart skrivne.

Femten år etter vart songen sunge – og kringkasta, – frå Petrikyrkja i Stavanger, – same søndag og same tekst. Biskop Sigurd Lunde tala. Han hadde bede organisten, Mons Leidvin Takle, komponera ein tone til ”Jesus tek seg av den eine”.

Eit kor ur-framførde songen, som saman med gudstenesta vart kringkasta.

Gunstein Draugedalen har også sett melodi til denne teksten.

Godt å tenkja på at Jesus vil ta seg av også deg – som om du var den einaste!

*Jesus tek seg av den eine,  
som om ingen andre var.  
Han har tid for deg når hine  
tid og time ikkje har.*

*Jesus tek seg av den eine,  
nett som doggi glitrekklår*

*i den stille sumarstundi  
heile morgonsoli får.*

*Jesus tek seg av den eine,  
om du minst av alle var.  
Han vil møta deg med kjærleik,  
som ein trufast bror og far.*

*Jesus tek seg av den eine.  
Sæl kvar ein som går til han.  
Dag for dag han vil deg leida  
til du når det gode land.*

#### TAKK AT DU TOK MINE BYRDER

Den 15. februar 1972 tala presten og forfatteren George Johnson i morgonandakten i NRK. – Teksten var profeten Jesaja, kapittel 53: ”Han er såret for våre overtredelser, knust for våre misgjerninger –.”

Like etterpå gjekk eg nedover Sinsenbakken på veg til Utsyn’s kontor. Tankane frå morgonandakten levde i meg, og vart forma i tre små vers.

Musikklærer Knut Ose frå Ørsta gav songen ein fin tone. Og så flaug denne litle diktfuglen ut over landet. Eg kan ikkje gløyma første gongen eg hørde han sunge, av eit kor på ein huslydfest på Fjellhaug skoler. Eg sat og grunda på kven som hadde skrive denne songen, endå det var eit og anna uttrykk som kunne minna om mine. Då eg spurde dirigenten, Ingebjørg Lundebj Tunmland, fekk eg greide på det!

Ikkje minst er dei unge glade for å syngja at det er ein – Menneskesonen Jesus Kristus – som har bore deira byrder og sona deira synder. Difor: ”Eg er fri!”

*Takk at du tok mine byrder,  
eit høgfjell av skuld og av skam.  
Du bar det på skuldrene dine,  
du fullkomne sonofferlam.*

*Takk at du bar mine synder,  
betalte mi skyhøge skuld  
med blod frå ditt fullkomne hjarta  
og ikkje med sylv eller gull.*

*So vil ved korset eg standa.  
Med undring eg ser: Eg er fri!  
Eg skal ikkje døy. Eg skal leva  
med Jesus til æveleg tid!*

#### VER IKKJE REDD!

I manuskriptet til denne songen står: ”8.1.1971” – og så det eine ordet: ”Siesta”, d.v.s. middagskvild.

Gunstein Draugedalen fann dette diktet i samlinga ”Mot soloppgangen”, og komponerte ein melodi. Han har fått sterke vitnemål frå slike som har fått trøyst av å høyra denne songen, menneske med tunge tap og i stor sorg. Ikkje minst er småborn glade for å høyra denne songen, t.d. når ”det store oppbrudd” nærmar seg.

Det er mange redde menneske i dag. – ”Det er en utbredt usikkerhet i vår tid. Dette fører til angst for fremtiden. Mange våger rett og slett ikke å se fremover.” (Frank Mangs.) – Godt å høyra Jesu ord: ”Ver ikkje redd! Tru på Gud, og tru på meg!”

*Ver ikkje redd! Du har ein Frelsar,  
som kjøpte deg til Gud med blodet sitt.  
Kvar ein som kjem, han varmt velkomen helsar.  
Guds barn du vert. Eit evig liv er ditt.*

*Ver ikkje redd! Di synd er sona,  
di gjeld betalt, og Jesus leid din død.  
For Kristi skuld du kvila kan, og vona.  
Han sjølv di rettferd er, og livsens brød.*

*Ver ikkje redd! For faderhanda  
deg verna vil. Den armen fast deg held.  
Han skal deg losa til du står på stranda.  
For Kristi verk i tid og æva gjeld.*

*Ver ikkje redd for framtidsgaden,  
for solefallet og di siste stund!  
Din Frelsar fører deg til livsenshagen.  
Der du for evig står på sikker grunn.*

## *Oversatte sanger*

### BAK SOLNEDGANGEN

”Beyond the sunset.”

Denne songen kallar Beverly Shea i Billy Graham-teamet ”ein av favoritt-songane i verda i alle tider.” – Han vart til ved den vakre sjøen Winona Lake i USA, i 1936.

Ved denne sjøen var Virgil Brock og fru Blanche Brock gjester hos den kjende songforfattaren Homer Rodeheaver. Etter middagen sat dei to og andre gjester og såg den hugtakande solnedgangen over sjøen. – Ein av gjestene, Horace Burr – blind – overraska dei andre då han sa: ”Eg har aldri sett ein vakrare solnedgang (sunset).”

”Korleis kan du seia det?” spurde Virgil Brock.

”Eg ser gjennom augo til dei andre,” svara han.

”Bak solnedgangen! Bak solnedgangen!” gjentok Virgil. – Så skreiv han denne songen. Og like etter komponerte frua melodien.

*Bak solnedgangen ei skyer samlast,  
ei stormar trugar med skremsels-lyd.  
Å, dag som aldri i æva endar!  
Bak solnedgangen er evig fryd.*

*Bak solnedgangen, til Gud, min Fader,  
eg fram vert førd ved min Frelsars hand.  
Hans sæle nærvær, hans velkomst-helsing  
skal bli min lut på den lyse strand.*

*Bak solnedgangen, å, glade gjensyn  
med dei me elsker, som alt er der!  
I himmellandet me skal ei skiljast,-  
bak solnedgangen, der Jesus er.*

## BRYT DU DET LIVSENS BRØD!

”Break Thou the Bread of Life!”

I 1877 skreiv den amerikanske kunstnaren og forfatteren Artemisia Lathbury ein song som var tenkt til å syngjast under møta ved Chautauqua-sjøen i USA. – Men denne songen kom til å gå vide om verda, og er ennå – over 100 år etter – mykje sunge.

Det var generalsekretær Tormod Vågen som kom til Noreg med songen, midt i 1930-åra. Han fortalde at dr. Campbell Morgan i London alltid bad forsamlinga syngja denne songen før han heldt sine bibeltimar.

Siste dagen eg var i lag med Vågen – påske 1970 – sa han: ”Eg freista å omsetja han. Men det lukkast ikkje. Det lukkast for deg, Trygve.” – Eg omsette han først til bokmål, men den omsetjinga ”tende” ikkje. Nynorsk-omsetjinga kom i 1951. – Tonen er av William F. Sherwin, 1877. – Originalen har 4 vers.

*Bryt du det livsens brød,  
Frelsar, for meg,  
som då ved sjøen du  
miskunna deg!  
Her ved den opne bok  
dukar du bord.  
Ånda mi søker deg,  
du livsens ord.*

*Du er det livsens brød.  
Frelsar, for meg.  
Ordet det klåre lys  
som viser veg.*

*Du som så ofte før  
fylte min trong,  
bryt, Jesus, livsens brød  
enno ein gong!*

## DET ER VEL MED MI SJEL

”It is well with my soul.”

Forfattar er den amerikanske advokaten Horatio Gates Spafford (1828-1888). – I den store Chicago-brannen (1871) miste han ein stor lut av eigedommen sin. Og den 22. november 1873 miste han alle 4 borna sine, då det store dampskipet ”Ville de Havre” forliste i Atlanterhavet. – Like før skipet sakk, samla fru Spafford borna til ei bønestund. Sjølv vart ho berga av ein livbåt, og landa ti dagar etter i Cardiff i Wales.

Til mannen telegraferte ho: ”Saved alone” – berga aleine.

I 1876 skreiv han: ”Det er vel med mi sjel” – eit sterkt vitnemål om Guds trøyst og hjelp i tung sorg. –

Tonen er av den amerikanske komponisten P. P. Bliss.

I 1881 reiste Spafford og kona til Jerusalem, der dei grunnla ”Den amerikanske kolonien”. – Songen vart omsett i Kobe, Japan, 21.10.1965.

*Når freden som flodi ved livsvegen flyt,  
når sorgene modet mitt stel, –  
kva enn vert min lut, så hev Jesus meg lært:  
Det er vel, det er vel med mi sjel!*

*Om Satan meg klagar og freistingi kjem,  
Guds ord denne sanning fortel:  
at Kristus veit om meg når maktlaus eg er,  
og hev gjeve sitt blod for mi sjel.*



*Mi synd, – kor velsigna den sanningi er:  
All mi synd, ikkje bare ein del,  
vart nagla til korset, ho gjeld ikkje meir.  
Lova Herren, ja, lov han, mi sjel!*

*Å leva, for meg er det Kristus frå no.  
Sjølvdødsbrodden farleg og fæl.  
skal ikkje meg stinga, – i liv og i død  
vil du kviskra din fred til mi sjel.*

*Men Herre, me ventar, me ventar på deg.  
Ei gravi, men du er vår del.  
For luren skal ljoda, me høyrer di røyst.  
Sæle von! Signa trøyst for mi sjel!*

#### FREMAD, KRISTI HÆRMENN!

”Onward, Christian soldiers!”

Denne friske songen, sunnen over store luter av verda, vart skriven i 1865, av den engelske presten Sabine Baring Gould. – 2. dag pinse var i Yorkshire ein stor festdag for born. Då marsjerte dei frå landsby til landsby, med banner og kors. – Presten ville at borna også skulle syngja under marsjen. Og i ein sein kveldstime, dagen før dei skulle marsjera, skreiv han ned denne songen.

Tonen fekk han i 1871 av Arthur Sullivan, som var eit musikalsk geni. – På oppmoding av ”Sangboken” si sangbok-nemnd – også i ein kveldstime – omsette eg den, i 1939, – ein av dei første songane eg har omsett.

Under siste verdenskrig, i juni 1941, møttest Churchill og president Roosevelt til Atlanterhavsmøtet, om bord på kryssaren ”Augusta”. Før gudstenesta søndag spurde presten kva salme dei skulle syngja. – Onward, Christian soldiers, of course!” – Fremad, Kristi hærmenn, naturlegvis! svara den store statsmannen.

*Fremad, Kristi hærmenn, frem til hellig strid!  
Foran oss går Jesus, som i fordums tid.  
Kristus, kongers konge, leder selv sin hær.  
Se, hans banner bølger, seieren er nær.*

*Se, for Jesu-navnet Satans hær må fly.  
Frem da, Kristi hærmenn, frem til seier ny!  
Helveds porter skjelver ved de frelstes sang.  
Stem da i en lovsang, brødre, enn en gang!*

*Som en mektig fylking Herrens hær går frem.  
Mange alt har seiret. Vi vil følge dem.  
Vi vil kjempe sammen, for vi er jo ett, –  
ett i troen, ett i håpet, og i kjærlighet.*

*Kongetroner vakler, rikene forgår.  
Jesu Kristi rike evig fast dog står.  
Helveds porter aldri skal få overhånd  
over Kristi kirke, bygget av hans Ånd.*

*Fremad da, bli med oss! Striden blir ei lang.  
Bland med oss din stemme i en seiers-sang!  
Englers myriader og de frelstes kor  
gjennom evigheter priser kongen stor.*

#### GUD VERE MED DEG TIL VI MØTES ATT!

”God be with you till we meet again!”

Denne salmen vert mykje sunnen i den engelsk-talande verda. Forfattaren, dr. Jeremiah Eames Rankin, USA, seier at songen vart skriven i 1882. Han skreiv den med tanke på at det engelske farvelordet ”good-bye” tyder ”Gud vere med deg!” Tonen, av William Gould Tomer – har gjort mykje til at songen vert mykje sunnen.

Også i Japan høyrde eg at dei på misjonens bibel- og forstandarskule, i Kobe, song den ved avreiser. –

Der omsette eg han den 9.12.1965. Han er nå teken inn i ”Sangboken”.

Dr. Rankin døydd i 1904.

*Gud vere med deg til vi møtes att,  
med si vise råd deg vare,  
saman med den sæle skare!  
Gud vere med deg til vi møtes att!*

*Kor:*

*Til vi møtes, til vi møtes,  
til vi møtes hos vår Frelsar kjær!  
Til vi møtes, til vi møtes,  
Gud vere med deg til vi møtes der!*

*Gud vere med deg til vi møtes att,  
ta deg under sine venger,  
gi deg alt ditt hjarta trenger!  
Gud vere med deg til vi møtes att!*

*Gud vere med deg til vi møtes att,  
leggje sine armar kring deg  
når på vegen tornar sting deg  
Gud vere med deg til vi møtes att!*

*Gud vere med deg til vi møtes att,  
la sin kjærleiks banner båra,  
tyna døden, turka tåra!  
Gud vere med deg til vi møtes att!*

## JA, DU ER KONGE, JESUS KRIST

”Vist ertu, Jesu, kongur klår.”

Ein av dei mest folkekjære salmar på Island, dikta av Sagaøyas største salmediktar, Hallgrimur Petursson (1614-1674), og sunge til ein hugtakande islandsk folketone. – Etter ein dramatisk livslagnad døydde

han, spedalsk og blind. – I Reykjavik er bygd ei monumental og fager domkyrkja – synleg over heile byen og langt til havs – som ber hans namn.

Salmen er frå den 27. salmen i Peturssons namngjetne verk Passiusalmar (Pasjonssalmar om vår Herre Jesu kristi liding og død, til nå komen i ei mengd opplag). – Eg hørde den, vart teken, og omsette den, på Island 1947. – Det var biskop Ragnvald Indrebø som gav dei to første linene i salmen den form som dei har nå. – Den står i Norsk Salmebok.

*Ja, du er konge, Jesus Krist,  
ein evig konge sant og visst,  
ein konge stor for himlens hær,  
men óg for oss i denne verd.*

*At du frå syndi har meg løyst,  
å Jesus, det er hjartans trøyst  
når du – imedan luren læt –  
din domstol høgt i skyi set.*

*Eg frelst skal stå i domens stund  
og sæl få høyra frå din munn:  
du som frå æva utvald er,  
kom hit til meg! Velsigna ver!*

*Din atterløyste kyrkjelyd  
deg, Jesus, kongeære byd.  
Å, styrk oss du, så fram me når  
og evig fred i himlen får!*

## JEG VIL HELLER HA JESUS

”I’d rather have Jesus.”

Ein mørk haustkveld i 1951 gjekk eg att og fram i kirsebæralléen på Fjellhaug skoler og omsette

denne songen – og gjekk så opp i stova og skreiv han ned.

Teksten er av fru Rhea I. Miller. Musikken av George Beverly Shea, den kjende solosongaren i Billy Grahams team. – Det var mor hans som hadde plassert diktet på pianoet i heimen. Der fann sonen denne teksten, og fekk inspirasjon til ein tone. Komponisten skriv at i alle år er det ikkje nokon song han har sunge meir enn ”Jeg vil heller ha Jesus”. Og han vert aldri trøytt av å syngja fru Millers hjartevarme ord.

*Jeg vil heller ha Jesus enn perler og gull,  
heller ham enn de skatter som smuldrer i muld.  
Jeg vil heller ha Jesus enn riker og land,  
heller ledes hver dag av en naglemerkt hand,  
enn ha kongemakt og en fyrstes prakt,  
men i lenker være lagt.  
Jeg vil heller ha Jesus enn hva som helst  
meg verden kan by i dag.*

*Jeg vil heller ha Jesus enn bifallsbrus.  
Jeg vil heller ham tilbe i Herrens hus,  
jeg vil heller ha Jesus enn verdens ry,  
jeg viller se fram mot Guds morgengry  
enn ha kongemakt og en fyrstes prakt,  
men i lenker være lagt –.  
Jeg vil heller ha Jesus enn hva som helst  
meg verden kan by i dag.*

*Han er perlenes perle og skattenes skatt,  
er mer lys enn det daggry som følger på natt.  
Han er alt for min lengtende sjel her på jord.  
Jeg vil heller ha Jesus og gå i hans spor  
enn ha kongemakt og en fyrstes prakt,  
men i lenker være lagt.*

*Jeg vil heller ha Jesus enn hva som helst  
meg verden kan by i dag.*

## LEID MEG, STORE GUD JEHOVA!

”Guide me, o Thou great Jehovah!”

Dette er ein mykje sungen engelsk salme, med ein mykje fin tone, truleg frå Wales. Forfattaren er den unge medisinske studenten frå Wales, William Williams. Hans welske tekst vart prenta i songheftet ”Halleluiah” i 1745.

Første gongen eg hørde denne salmen, vart eg teken av han, freista også å omsetja. Men det var vanskeleg. Tredje gongen ser det ut til å ha lukkast.

Det var i 1952, på eit arbeidarmøte for Misjons-sambandet på Hurdal Verk. Ole Ledang fekk til eit songkor og bad meg omsetja denne sterke teksten. Om natta låg eg og arbeidde med dette, og syntest då at eg fann løysinga. – Songen gjorde så sterkt inntrykk at koret måtte syngja den to gonger.

*Leid meg, store Gud Jehova,  
heim til himlens Kana'an!  
Styrk den veike vandringsmannen  
i eit audt og ukjent land!  
Brød frå himlen, brød frå himlen  
mett meg du som einast kan!*

*Opna du den klåre kjelda,  
livsens frie, friske vell!  
Ver min førar, du som fordom  
viste veg ved sky og eld!  
Store Frelsar, store Frelsar,  
ver min styrke og mitt skjold!*

*Når ein kveld eg kjem til Jordan,  
hjärtans angst du stilla må!  
Dødens død og helheims tynar,  
fylg meg over elva då!  
Evig lovsong, evig lovsong  
til di trona glad skal gå.*

### Å, KOM NO, HEILE HEIMSENS HÆR!

Martyrsongen frå Madagaskar

Denne songen la eg første gong merke til på Island, i 1947, men bare eitt vers, omsett til prosa. Året etter fekk eg dei 3 vers omsette til prosa av misjonærprest Per Skaar Undheim, og eg sette dei i lyrisk form.

Under dronning Ranavalona, ”den blodige”, 1828-1861, braut det ut ei blodig forfylgjing mot dei kristne på Madagaskar.

”Men det viste seg at de kristne i denne martyrtiden var kommet styrket ut av lidelsene og at de hadde økt sterkt i antall. Det som aller mest hadde styrket dem, var de skjulte samvær i huler og grotter, der de leste Guds ord og nynnet salmer. (Ingrid Aasen.) – Ein av dei var ”martyr-songen”. Den er ennå elska og mykje sunge på Solskinnsøya. den voggande tonen, med mange ”sløyfer”, er engelsk. – Salmen står i Norsk Salmebok og i ”Sangboken”.

*Å kom nå, heile heimsens hær,  
og heidra Gud som skapte oss!  
Ja, lov han, all den vide verd,  
for alt, og mest for Kristi kross!*

*Hans signing er som sol om kveld,  
som dogg når dagen gryr i aust,  
som våren på dei fagre fjell,  
som frukta i den klåre haust.*

*Gud, auk ditt lys i hugen vår,  
så vi din vilje kjenner grant!  
Ditt ord er oss ei stjerna klår.  
Vi vitnar: Det er evig sant.*

### Å, NÅDE UNDERFULL OG STOR!

”Amazing grace.”

Denne verdskjende songen av den engelske presten John Newton (1725-1807) vart omsett på misjonsstasjonen Tsuyama, Japan, 17.3.1966.

Newton var sjømann, prest og salmediktar. Livet hans var i ungdomsåra overmåte dramatisk, om bord i krigsskip, og slaveskip, der ”slavane var stua saman som bøker i ei bokhylla”. – Han var i Afrika i tre år, m.a. i teneste hos ein slavehandlar, der han hadde det uslare enn nokon negerslave. Det einaste klesplagg han til sist åtte, var ei skjorte, som han vaska i sjøen og tørka på kroppen.

Mor hans var ei fin kristen kvinne. Og omsider valde han sjølv den gode del. 39 år gamal vart han prest, i Olney, hjelpte dei fattige og skreiv 280 salmar. Mest kjende er ”Hvor herlig klinger Jesu navn” og ”Amazing grace”.

*Å, nåde underfull og stor,  
som fann meg i mi synd!  
So arm eg var, men ved Guds ord  
eg ser, som før var blind.*

*Guds nåde tok den angsten bort  
som synda hadde skapt.  
Kor det var sælt, kor det var stort  
for meg som var fortapt!*

*Eg gløymer ei den første gong  
då eg fekk venda om.  
Då braut han fram, den nye song,  
då eg til trua kom.*

*Igjennom farer gjekk min veg.  
Gud fridde meg frå deim.  
Det nåden var som berga meg,  
og vil meg bera heim.*

*Om tusen år der frå oss renn,  
i lovsong sæl og still,  
me like mange år har enn  
som då vår song tok til.*





# LYSET OG LIVET

*Andakter, utgitt 1962*

## HØG OG HERLEG ER HERREN

### *Kva er da eit menneske?*

*”Når eg ser din himmel, det verk av dine fingrar, månen og stjernene, som du har skapt, kva er då eit menneskebarn, at du ser til han! Du gjorde han lite lægre enn Gud; med æra og herlegdom krynte du han.”* (Salme 8,4–6)

”Når eg ser din himmel . . . ” Dei såg visst meir opp mot stjernene i gamle dagar enn no. Og sjølv om austerlands-himmelen er endå meir strålende og storfelt enn vår, så har me visst nok, ja, meir enn nok å sjå på og undra oss over me også, som bur og byggjer under Nordens glitrande stjernekveld.

Og me skulle vita litt meir enn dei gamle om det veldige verdsbyggverket, – at stjernene ikkje er nokre tusen i tal, men nokre tusen millionar, – og så langt borte at lyset som hastar så ufatteleg fort, treng millionar og atter millionar år før det når hit frå dei ytste stjerneheimar.

”Når eg ser dine stjerner . . . ” Det er gagnleg og godt og helsesamt med eit slikt syn.

Det er *dine stjerner*, Guds stjerner. Då vert Gud stor. Og me vert små. Då svimlar det kan henda for nokon kvar. Ja, det *skal* svimla, har ein sagt. Og du spør: ”Kva er då eit menneske at du kjem det i hug?”

Då kjenner du deg kanskje som ein liten maur, ein ørliten prikk i eit endelaust univers.

Men denne prikken kjem Gud i hug. Og han ser til det vesle kreket. Så må det likevel vera noko veldig stort, dette å vera menneske. Og så får du høyra noko som gjer at det svimlar *igjen* for deg: *”Du gjorde han lite lægre enn Gud!”*

Høyrrer du det? – Så stort er det å vera skapt i

Guds bilete. Høyr det, du som synest at du kjem bort i ”verdens-vrømmelen”! Høyr det, du som synest at livet er trivielt og at du sjølv er triviell!

Høyr det, du som synest at livet ikkje er verdt å leva! – og du som trur at du er gløymd av Gud! Kor skulle han gløyma så dyr ein skatt? Visstnok er gudsbiletet sulka av synd, og meir eller mindre skamfare. Men målet er der, og muligheten er der, Guds mål, Guds mulighet, Guds ”bestemmelse”.

For det *er* ein som har verkeleggjort denne høge bestemmelsen med mennesket. Det er mennesket Jesus Kristus, Menneskesonen, Guds son. Og dette er *evangeliet*, at han gjorde *heilt* att det som du braut sundt, at han gjorde *reint* att det som du sulka til i synd og skam.

Og dette er evangeliet at me – at du – kan få koma til han med det sundbrotne gudsbiletet ditt og få sett det i stand igjen, få koma til han med det forspilte livet ditt og få retta det opp att, få verta eit fritt Guds barn og eit frimodig, lukkeleg menneske, på veg mot eit evig, herleg mål.

---

Det sat ein gong ein liten skjelvredd gutunge inne på kontoret til ein prest. Guten var kalla inn på kontoret fordi han ikkje kunne læra leksene han fekk då han gjekk for presten. Difor var det lite von om at han skulle sleppa fram og verta konfirmert.

Presten hadde det annsam, og gløymde likså godt bort vesleguten. Men endeleg vart han var den litle karen og spurde, heller morsk: ”No, kva er det *du gjer?*”

Guten svara:

”Eg sit her og tenkjer på kor godt det er at Gud som er så stor, bryr seg om meg som er så liten.”

No, denne vesle historia enda godt, og ho har noko å læra oss. Lat det då syngja i sinnet ditt i dag:



Gud kjem meg i hug. Han ser til meg, han elsker meg. Også i dag vil han – for Kristi skuld – føra meg fram mot det evige livet.

Så stort er det å vera menneske.

## *Guds sterke allierte*

”Herre, vår Herre, kor herleg ditt namn er over all jorda, du som har breidt din prydnad ut over himmelen! Av munnen på småborn og sogborn har du grunnfest ei makt for dine motstandarar skuld, så du kan tagga fienden og den hemngjeruge.” (Salme 8,2–3)

For om lag 1900 år sidan lydde det klåre barnerøyster i tempelhallane i Jerusalem. Jublande ropa dei: ”Hosianna Davids son! Hosianna Davids son!”

Det var nokre som ikkje lika dette ropet. Det var Jesu motstandarar. Og dei sa då til han: ”Høyrer du kva desse seier?”

Då var det Jesus siterte det merkelege ordet frå Salme 8, som me nettopp har høyrte. Han sa det slik:

”Ja! Har de aldri lese: ”Av munnen på småborn og sogborn har du laga deg lovsong?””

Dette salmeordet har ei veldig spennvidd: Frå den evige Gud til hans motstandarar. Frå det store stjernedjupet til det vesle barnet ved mors bryst.

Denne salmen lærer oss å sjå *Gud* i alt det skapte. Og det er stort og gildt å få sjå det slik. Ja, det er godt å få seia det etter:

”Herre, vår Herre, kor herleg ditt namn er over all jorda!” – Det er *Gud* som har sett sin prydnad på himmelen. Det er Guds handskrift og herlegdom me ser i snøkrystallane, i småblomane og på den strålende stjernekvellen.

Har Gud gjennom dette fått tala til *deg* om si evige kraft og sin guddom? –

Du har vel ikkje, som så mange menneske i vår tid, kome på fråstand frå Gud? –

Ein ekte afrikanar gjesta Danmark, – dr. Ade Grillo frå Nigeria. Han hadde vore i dei fleste landa i Europa, og då han vart spurd om sine inntrykk av vår verdslut, svara han m. a. at han var vonbroten og sjokkert serleg over å finna så lite av kristen tru i det høgt kultiverte Europa.

Ordet i dag talar om *barnet*. Du skulle vel aldri ha vorte så ”stor” og så ”vaksen” at du ikkje har bruk for Gud?

Og ordet talar om Guds *motstandarar*. Du skulle vel aldri –? Nei, la meg ikkje spørja deg; men tenk deg vel om! Og prøv deg på Jesu ord: ”Den som ikkje er med meg, er imot meg.”

Å stå imot den evige, allmechtige Gud, må vel vera den største av alle dårskapar.

\*

Herren er då også så nådig at han freistar å vinna over sine motstandarar. Og maktar han det ikkje ved sin mechtige tale i det vidunderlege skaparverket, så kan han nytta eit lite, lite barn. – Ofte har det hendt at eit ord frå eit lite barn, – kanskje ei barnebøn eller eit barn sin jublande lovsong, – har hatt den sigersmakt frå Gud som har vunne over eit stort og stolt og stridt menneske.

Ja, det har hendt at bare blikket frå to blanke barne-augo har vore som ein stjerneblenk frå den evige verda, med helsing frå Gud om å koma heim frå det framande landet til farshuset. Så er då borna Guds små, men sterke allierte.

Og så vil me i dag, saman med småborna i tempel-hallane, ropa vårt ”Hosianna Davids son!” For han – Jesus Kristus – er den sanne Gud og det evige livet. I han strålar Guds herlegdom oss i møte, full av nåde og sanning.

Og me vil høyra og sjå og fylgja alt som ropar oss tilbake til vårt livs opphav og mål – tilbake til Gud! – Anten det er Guds tale i naturen og menneskelivet, eller det er det evige livs ord i ”bøkenes bok.”

Då – og bare då – fell kompass-nåla i hjarta til ro. For ho har funne det sanne nord.

## *Det faste punkt*

*”Jesus Kristus er i går og i dag den same, ja, til æveleg tid.”* (Hebr 13,8)

Dette ordet talar sterkt til oss ved kvart årsskifte, men elles er det godt å minnst det ved inngangen til – og avslutninga av – kvar dag.

Den danske apotekaren Mads Nielsen syng så vakkert:

”Hver dag er en sjelden gave,  
en skinnende mulighet.  
Hver dag er på ny en nåde  
som stiger fra himlen ned.”

Og når kvar dag – og kvart år – er ”en skinnende mulighet,” så er det fordi dette ordet er sant at Jesus Kristus er i går og i dag den same, ja, til æveleg tid.

Ettersom åra går, er det eit spørsmål som vert meir og meir påtrengjande: Finst det *eit fast punkt* i ei verd der alt skifter?

Tids-situasjonen skifter frå dag til dag. Frå steinalder har me nådd atomalder, med veldige voner og dystre perspektiv. – Sjølve skifter me frå stund til stund. Me eldest umerkande. Og om ei tid står me ved porten til den evige verda, ved inngangen til døden og domen.

Ikkje sant – då er det godt å få auga på denne store stjerna: ”*Jesus Kristus* er i går – og i dag – den same – ja, til evig tid.”

Han høyrer ikkje bare *fortida* til. Han høyrer *framtida* til, – ei evig framtid. Sjølv seier han: ”Eg var død, og sjå, eg er levande i all æva!”

Som han *var* for snart 2000 år sidan, slik *er* han i dag.

Han er *profeten*, med det evige livs ord, som aldri leier vilt, men fører frå lys til lys, og sistpå til evig dag for alle som fylgjer det.

”Min Frelsar meg gav  
eit lys i mi hand.  
Det strålar på livsens veg.”

Og han er *øvstepresten*, som gjer sitt offer for våre synder gjeldande for Gud i den himmelske heilagdomen.

Der helsar han alle velkomen – også deg – som hungar og tyrstar etter rettferd. Og han har lova at han såvisst ikkje skal visa bort deg som kjem, men føra deg fram til Gud, så du vert hans barn for tid og æva.

Som øvsteprest er han mild og mjuk i hjarta, og har medynk med vår vesaldom. Han dekker oss med si rettferd, så me i han er fullkomne for Gud. Så kan me, i kraft av vår forsonars offer og hans evige nåde gå vidare på veggen, med Guds hugnad over oss og hans fred i hjarta.

Stort og godt er det også å minnst at Jesus Kristus til evig tid er *Herren, Kongen*. Og høyr: Han har har fått all makt i himmel og på jord.

Ja, det er *Jesus Kristus* som er verdsens Herre. Han styrer historia sin gang, fram mot målet. Og målet er det fullenda, evige Guds rike.

\*

For meg har det vore godt å minnast – når eg har sett på tida sitt opprørte hav – at det er dei gjennomstungne hender som styrer verda. Så vil han også styra ditt og mitt vesle liv, me som har lagt vår framtid i hans gjennomstungne hand. Han ”lagar dine dagar så dei gjeng som best det er. – Og når stundi ut er runni, Gud deg hjelper godt og greidt.”

Skal han få vera *din* Herre? Han spør etter deg i dag.

Eitt veit eg, at dersom du svarar *ja*, skal kvart år verta eit ”evighets-år” for deg. For i fylgje med den krossfeste og levande lever du *alt her* det evige livet. Då får du del i ”evangeliets eventyrlige livsrikdom”. Då syng du: ”Min synd har jeg sett, og min Frelser jeg fant. I de levendes land jeg bor.”

## *Finna Gud*

*”Han let alle folkeslag av eitt blod busetja seg over heile jordkringen, og skipa visse tidebolkar for dei og landskil mellom bustadene deira, så dei skulle leita etter Gud, om det kunne lukkast for dei å kjenna seg fram til han og finna han, endå han er ikkje langt borte frå nokon ein av oss; for i han er det me lever og rører oss og er til, som òg nokre av skaldane dykkar har sagt: For me er òg ætti hans eiga”* (Apg 17,26–28)

Denne talen på Areopagus i Aten er den første kristne programtalen for Europa. I fåe ord kastar Paulus her lys over livet, over Gud, menneske, fall, frelsa, død, dom. Og i enkle, gripande ord fortel han oss om målet for tilværet: Å leita etter Gud, om det kunne lukkast å – *finna* han. Difor let han nasjonane bu i sine land – ikkje for å tyna kvarandre, men for å hjelpa kvarandre til å finna Gud.

Dei skræmelege katastrofane som har gått over Europa, dei kom fordi me ikkje har fylgt den lysande stjerna som Gud i dette ordet har sett til å syna oss vegen. Og vil nasjonane ikkje læra nå heller å leggja livskursen om – mot Gud – så er eg redd det går mot nye og endå fælslegare stup.

Men i dag talar me ikkje til nasjonane, men til *deg og meg*, om målet med *ditt* liv. Og dette livsmålet er: *å finna Gud!*

Eg vil gjerne få seia: Det er eit *stort* mål, eit herleg mål.

For finn du Gud, så finn du *alt*. Då finn du sjølve livet i livet, meininga med livet, lukka i livet. Då finn kompass-nåla sitt sanne nord og hjarta den sanne fred.

Men søkjer du ikkje Gud, når du aldri Guds høge mål med livet ditt. Då vert alt forfeila, forspilt, fortapt.

Eg talar nok til ein og annan som søkjer Gud, men som synest det er så vanskeleg å finna han. Du ”kjenner deg fram”, men det er som å leita i blinde, i mørke.

”Gud er så langt borte, så fjern,” seier du.

Slik har eg sjølv kjent det. Men eg minnest kor vidunderleg godt det var ein gong for fleire år sidan då eg sat i Calmeyergatens misjonshus og hørde desse orda frå teksta vår: *”endå han er ikkje langt borte frå nokon ein av oss.”* – Nei, han er ganske nær oss, så nær at i han er det me lever og rører oss og er til. Me er *omgitt av Gud*, og kvar stund opphaldne av han.

Og han har ingen interesse av å leika blindebukk med oss; for me er *hans ætt*, hans bortkomne born som han ventar tilbake.

\*

*Korleis skal me då finna Gud?*

Ikkje på spekulasjonen sin veg, ikkje på det moralske sjølvstrevet og sjølvforbetringa sin veg. Nei, ”evangeliet sin Gud finst bare på dei vegar evangeliet viser,” seier Pascal.

Og desse vegar er så endeframme at sjølv ikkje dåren treng fara vilt.

Lat meg nemna: Du *finn Gud ved å finna Kristus*. ”Den som har sett meg, har sett Faderen.” Og Kristus finn du i evangeliet. Der er han deg nær, så du skal sleppa å kliva opp til himmelen for å henta han ned. Nei, seier Gud, *ordet er deg nær*, i munnen din og i hjarta ditt, og nå skal du bare barnsleg tru ordet om Kristus og vedstå denne tru for Gud og menneske, som det står i Rom. 10, 9: ”– for sannar du med munnen din at Jesus er Herre, og trur du i hjarta ditt at Gud vekte han opp frå dei døde, så skal du verta frelst.”

Eller for å bruka eit anna bilete: Eit barn som er kome bort frå far, det ropar der inne i mørkret. Og far høyrer og kjem.

Slik skal du få ropa i din angest og di lengsla, i di kjensla av synd og skuld, på din Far og Frelsar. Så står han ganske nær deg og grip den handa du retter ut. For så har han sjølv sagt: ”Kvar ein som kallar på Herrens namn, skal verta frelst.”

### *Mitt livs vern*

*”Herren er mitt lys og mi frelsa, – kven skulle eg ottast for? Herren er verni for mitt liv, – kven skulle eg reddast for?”* (Salme 27,1)

Det var vel eit stort og rikt og godt ord for ein ny dag! Det er ein fager gullmynt me skal sjå på i lag, og eg vonar bare at eg ikkje skal klatta han opp i småmynt.

Lys – frelsa – vern for vårt liv, – alt dette er Herren for oss som har teke vår tilflukt til han.

Då har me alt som er godt og trygt, alt som me treng for all framtid, i tid og i all æva.

Herren er mitt lys. Då skal du sleppa å kulsa og frysa, sleppa å vildra på uvisse vegar i mørk natt. Nei, då ver mest ditt hjarta, det gled seg, og du ”ser veien til Guds frydebolig”.

I ein annan Salme står det at Herren er *sol*. Å vera ein kristen er å vera i Guds solskin, i Guds smil med heile sitt liv. Denne sola har *lækjedom* i strålane sine. Difor er det så *godt* å vera der.

Der er god plass også for deg, kven du så er. Bare kom inn! For Jesu skuld er du hjarteleg velkomen.

Herren er mi *frelsa*, høyrde me vidare. Arme menneske som me er, under synda og døden si lov, treng me ein Frelsar og ei frelsa. Og alt du treng til utløyising frå synd og død og alt mørkers velde, vil Herren vera for deg. Ja, *alt* det du treng, er gøymt i Jesus.

Treng du *tilgjeving*? I han har du utløyisinga ved hans blod, forlating for syndene, etter rikdomen av hans nåde.

Treng du *rettferd* for Gud? Jesus har vunne deg denne rettferd. Ja, di rettferd er personen Jesus Kristus. Det er i denne rettferd du skal få stå for Gud, og verta ståande.

Treng du å verta *helga*? – Han er for oss vorten helging, og han skal sjølv helga deg heilt igjenom.

Treng du å verta løyst ut or *dødsens* famntak? Han – Jesus – er vorten vår utløyising også frå den siste, bistre fienden.

Så set i ditt sinn ein strek under desse fire orda: *”Herren er mi frelsa!”* – Det er ikkje du som skal frelsa deg sjølv ved forbetring og fromme øvingar

og anna. Nei, set di lit til Jesus! Gå til han! Ver i han! Så er du i ei evig utløyasing. Så er Jesus for deg alt det som du skal vera for Gud.

Endeleg vil han vera *ditt livs vern*. Sjølv vil han ta vare på deg dag og natt. Han vil halda dei gjennomstungne hendene omkring deg, så inkje vondt skal tyna det dyraste du eig: livet, gudslivet, det evige livet. For han er sjela sin hyrding og tilsynsmann. Og så – når Herren er sol og skjold, frelsa og livs vern, – kva då? Konklusjonen er einfeld og stor: Kven skulle eg ottast for? Kven skulle eg reddast for?

Då er me fri *angesten*, – livsangesten, dødsangesten, atomangesten. Og vil han atter melda seg, så tyr me inn i borga, inn til Gud. Der er me *trygge*.

\*

Så er det ein trong for meg til slutt å få seia:

Me må ikkje gløyma dei mange, mange som bur på den same jord som me, som er av den same ætt, men ikkje kjenner anna enn mørket fordi dei ikkje har høyrte om livsens lys. Dei lever i den store angst og vonløysa, fordi dei ikkje kjenner han som er vernet for vårt liv og oppstoda til evig liv.

Det skulle vel ikkje vera for mykje, ikkje for tidleg om dei no endeleg – etter snart 2000 år – får høyra ”nyheten om Jesus”, som dei kristne i Sør-Etiopia kallar evangeliet?

Du, la oss dela med dei av vår store rikdom! Me vert ikkje fattigare av det – tvertom – og dei vert useieleg rike.

## *Ja, Gud er god!*

*”Når mitt hjarta var beiskt, og eg fekk styng i nyro, då var eg uvitug og skjøna inkje; som eit dyr var eg imot deg. Men eg vert alltid verande hjå deg, du har gripe mi høgre hand. Du leider meg med di råd, og sidan tek du meg opp i herlegdom. Kven har eg elles i himmelen? Og når eg har deg, har eg ikkje hug til noko på jorda. Om mitt kjøt og hjarta vert til inkjes, så er Gud æveleg mitt hjartans berg og min del.” (Salme 73,21–26)*

Denne kjende salmen tek til med det ordet at Gud er god mot Israel, og endar med det djupt personlege vitnemålet at for meg er det godt å halda meg nær til Gud.

Og dette er ikkje tomt snakk for songaren. Det er eit standpunkt som er vunne gjennom hard strid. Det er eit livssyn som er glødt i eld. Mellom desse to utsagn ligg ei eldprøve: Er det no sant at Gud er god og at det difor er godt å halda seg nær til han? Har eg noko att for at eg vandrar på Guds veg?

Han hadde nemleg teke til å sjå på dei som *ikkje* hadde noko med Gud å gjera. Somme av dei var stormodige og spotta Gud; andre gløymde Gud og tenkte bare på dette livet. Dei levde trygge og sutlause, og hadde framgang attpå. ”Æveleg trygge veks dei i makt.” Sjølv møtte han motgang og liding og trengsla.

Dette vart så svært for han at han heldt på å gli ut – ta det store, svære steget bort frå Gud, ut i mørket.

Kva var det som berga han frå å ta dette lagnadstunge steget? – Han svarar sjølv at berginga hans var at han gjekk inn i Guds heilagdomar. Han lærda m.a.o. å sjå livet i Guds lys, ”under evighetens synsvinkel”. Han såg litt lenger enn til dagen og

døgret. Han fekk sjå tilværet i æva sitt store perspektiv.

Då såg han den veldige motsetning som det trass i alt er på den som ikkje trur på Gud og den som set si lit til han. Om dei gudlause seier han: ”Dei gjekk *under*”. Dei ”fekk ein skræmeleg ende”. Om livsvegen deira tilsynelatande var jamn og god, så førde han *nedover*, til undergang.

Men den som held seg nær til Gud, – sjølv om bakken tidt ber imot, så er Gud med, og så ber det *oppover*: ”Du leier meg ved di råd, og sidan tek du meg opp i herlegdom”.

Eg veit mest ikkje noko ord som fagrare tolkar ein kristen si lukka: Gud leier meg – heile vegen – også i dag. Det er far som har teke veslebarnet si hand og ikkje slepper henne. Og sidan – ja, då vert ikkje døden undergang og fortaping. Nei, sidan tek du meg opp – til herlegdom – til det evige livet sin herlegdom – opp til deg.

\*

No er Gud vorten så stor for songaren at han ikkje kan tenkja seg å mista han. Korkje trengsla i verda eller rikdomen i verda spelar no nokon avgjerande rolle for han. Nei, ”når eg har deg, då har eg ikkje hug til noko på jorda”. Og då skal sjølv ikkje døden skilja meg frå han som mi sjel elsker. Sjølv om mitt kjøt og mitt hjarta går til grunns – i døden si alvorsstund – så er Gud *æveleg* mitt hjartans berg og min del. Som det stod på eit bilete eg såg i ein heim i Oslo: ”*Det kan jo ikke kalles døden når livet følger med*”.

Det er kristendomens trygge livsgrunn. Det er den kristne si lyse framtidsvon. Å, om alle ville stiga inn på dette faste grunnfjell og vinna denne sæle von!

Så vil me i dag – og alle dagar – gå inn i Guds

heilagdomar, – sjå livet og lidinga i lyset frå Guds ord, under æva sin synsvinkel. Då vert det små smått og det store stort. Og størst av alt vert det å halda seg nær til Gud, til den Herre Jesus. Då er me på oppveg, på heimveg – opp til herlegdomen, heim til Gud.

Sidan dette salme-ordet er så personleg, vil også eg gjera det til mitt personlege vitnemål: ”Eg vert alltid verande hos deg; du har gripe mi høgrehand”.

## ORDET ER URIKKANDE GRUNN

### *Eitt eg veit som aldri døyr*

*”Alt kjøt er som gras, og all herlegdomen hjå det som blom på gras: Graset visna, og blomen på det fall av. Men Herrens ord varer i all æva. Dette er det ordet som er forkynt for dykk ved evangeliet.”*  
(1. Pet 1,24–25)

Då eg på nytt møtte dette ordet om at kvart menneske er som graset og blomen, som fort visnar og snart fell av, då rann meg i hugen det eldgamle verset frå ”Håvamål:

”Døyr fe,  
døyr frendar,  
døyr sjølv ein det same.  
Eitt eg veit  
som aldri døyr:  
domen om daudan mann.”

Sjølv om det skulle vera sant at ”domen om daudan mann” ikkje døyr, så er det ei fattig trøyst for ein som ser at livsblomen bleiknar, som skal ut på den lange ferda til ukjent land, og som der skal møta *Guds* dom over livet.

Då er det stort ut ifrå dette bibelordet å kunna seia: Eitt eg veit som aldri døyr: Det er *Herrens ord*. Det varer i all æva.

Det er evig, som Gud er evig. Og difor er og det menneskeliv evig som syg si livskraft frå denne livsens urt.

For, skriv apostelen Peter i same andedrag: Guds ord er eit uforgjengeleg såkorn, som gjev eit nytt og evig liv i Gud til alle som trur på han som vekte Jesus opp frå dei døde.

Og han gjer merksam på at dette Guds ord er det som møter oss i *evangeliet*.

Høyr dette, du som trur at Guds ord bare er ord som dømer og krev og tek, ja, stel livsgleda og hindrar livs-utfaldinga: Guds ord er himmeltonen som lyder i ei dødsmerkt verd. Det er Guds rauste og rike tilbod om eit liv som ikkje visnar og aldri i æva døyr. Det er gledebodet om at det finst ei livsens urt i dødsens verd. Og denne livsurten er Kristus Jesus. Høyr det, du som er ung og har teke til å tenkja dine fyrste alvorstankar når du ser korleis menneskeblomane kringom deg bleiknar! I trua på Jesus Kristus skal du trass i alt eiga livsgleda og fred og framtid og von.

Høyr det, du som er i ”den modnere sommer” og har opplevd noko av at ”dødstanken strengt har livsmodet lenket”! Evangeliet løyser livsmodet ut av lekkjene, og gjer deg frimodig og sterk.

Høyr det, du som er komen inn i visninga og ventar på at blomen skal falla av! Høyr det: Visninga er ikkje det siste! Tek du einfelt og barnsleg imot evangeliet om Jesus Kristus, vert det lagt ned i deg eit livsfrø som aldri skal døy, men som skal falda seg ut for evig i Guds paradís. ”Med døden vi livet begynner!”

\*

Ja, grip evangeliet! Og dei evige armar skal gripa deg, og aldri sleppa deg att.

Grip om Golgata-krossen med begge armar, og du skal aldri i æva fortapast, men ha evig liv, for den som trur på meg, sa Jesus, skal i all æva ikkje døy.

Gjer deg i dag! Gjer det no! Kvifor drygja med å ta imot så kosteleg ei perla, den einaste som gjer oss evig rike?

Då kjem du inn i livsens straum. Då skal det evige

livs ord lysa for deg, og dag for dag vera din mat og di trøyst.

Då skal han, Jesus Kristus, ”føra deg frelst over fjorden, heilt fram til den himmelske strand”. Og ”når døden sin brotsjø du møter, vil Jesus dra båten i land.

## *Er du glad i din bibel?*

*”Så sa Jesus til dei jødane som trudde på han: Vert de verande i mitt ord, så er de rette læresveinane mine, og de skal læra å kjenna sanninga, og sanninga skal gjera dykk frie.” (Joh 8,31–32)*

Du har nok stundom lese om ein stor kunstnar at han – eller ho – var elev, – læresvein, – av den og den meisteren. Dei så å seia hang ved orda hans og fylgde nøye føresegnene hans. Difor lukkast det også for dei å nå den sublime kunst.

Jesus Kristus er den store Meisteren, den einaste som kan læra oss livsens høge og heilage kunst, – å leva rett og døy sæle – læra oss å verta i sanning frelste og frie.

Difor syng me med Blix:

”Det er mi høgste æra,  
det er mi største ros:  
hans fylgjesvein å vera  
og vandra i hans ljøs.”

Det lyder så mange tonar i dag, møter oss så mange teoriar og høgroysta ideologiar. Men det er bare ein som har det evige livs ord. Og ”vil du hans namn få visst, han heiter Jesus Krist”.

Eingong lydte det ei røyst frå himmelen over Jesus: ”Høyr han!” Og sjølv seier han her: ”Vert

*verande i mitt ord!”* Ikkje berre ein flyktig visitt, men slik at du så å seia bur, lever og andar i det, ”grundar på hans lov dag og natt”, så det vert ditt livselement, ”sjelens daglige brød”.

Og vel å merka ikkje berre det ordet som møter deg med bod og krav, refsing og dom, – det òg – men gløym ikkje at Jesus også tenkjer på evangeliet, tilsagnet om Guds kjærleik til deg i Jesus Kristus, ordet om full og fri syndstilgjeving aleine for Jesu skuld, ordet om barnekår og barnerett i Guds evige rike.

Gjennom Ordet ser du ikkje berre inn i ditt eige stakkars syndige hjarta, men også inn i Guds mis-kunnelege hjartelag, ja, inn i himmelen. Vert du verande i Jesu ord, då vert du verande i han, og han vert verande i deg. Meir og meir vert du knytt til han og det evige livet.

Då ser du djupare og djupare inn i sanninga, og sanninga gjer deg retteleg fri. Då ser du også dei store åkrar som gulnar mot haust, og du gled deg over å få vera med og berga neka inn i Guds løa før vinterstormane kjem og den natt då ingen kan arbeida lenger. – Ein av Etiopia-misjonæranne våre fortalde om ein mordar som låg sjuk på sitt leie, med lekkjer kring hender og føter. Ein evangelist sat ved sengekanten og las evangeliet for han. Då smelta det harde forbrytar-hjarta, og stakkaren vart løyst og lukkeleg. Bunden av lekkjer var han i sanning fri. – For evangeliet er ein Guds dynamis, ei Guds kraft.

\*

I kvart eit skip, i kvart eit fly er augo åt styrmann og pilot vende mot kart og kompass og instrumentbord. I kvart kor og orkester er alle augo uavlateleg vende mot dirigenten. Kor mykje meir må då ikkje me fylgja den store Meisters rettleiing, me som er på



veg til det evige landet og eingong vil syngja med i ”det store kvad for tronen, som til himlens harper synges”.

Å vanvyrda Ordet frå Guds munn er dødslina for eit folk og det einskilde individ. Det skulle vera klårt at dersom du ikkje lånar øyra til universet sin mektige skapar og verda sin store Frelsar, så kan det ikkje anna enn gå deg ille.

Men vert hans ord ditt livs-element, så skal du makta livsstriden og meistra den vanskelege livskunsta. For du lærer sanninga å kjenna, og du vert i sanning fri. Meisterens ord helgar alle sider av din personlegdom, like til ditt vesens djup, og lyser opp alltid nye felt av tilværet. Utan at du sjølv ser det, liknar du meir og meir din Skapars og Frelsars bilete.

Det største privilegium me som bur i Norden har, er ikkje dei gode levekår – endå det er mykje å takka for – men at me fekk det evige livs ord. Me må setja pris på det! Me må takka for det! Me må la det lysa opp livsvegen vår, så han ikkje skal enda i det store mørket, men i Guds og Kristi evige, lyse dag!

”So høyr Guds ord med age,  
å land, høyr Herrens ord!  
So fagert som ein hage  
du lysa kan i nord.”

## *Store lys – sæle lys!*

*”Dess fastare har me det profetiske ordet, og de gjer vel i å akta på det som på eit lys som skin på ein mørk stad, til dess dagen lyser fram og morgonstjerna renn opp i hjarta dykkar.” (2. Pet 1,19)*

For dei fleste av oss er det vel nokså sjølvsgatt at me har det profetiske ordet, – ordet om Jesus Kristus, ordet om det evige liv. Men kjem me i hug at over halvparten av dei snart tri tusen millionar menneske som bur på jorda, enno ikkje har høyr det som er vorte det aller kjæraste for oss, så vert det ikkje så sjølvsgatt likevel.

Skulle me då ikkje i dag seia Gud ei ekstra takk fordi me har ordet om Guds rike!

Kvifor er det då så stort å ha dette ordet?

Fordi det er *fast*. ”Dess fastare har me det profetiske ordet”.

Ja, når alt kjem til alt, så er det berre ein ting som er fast her i verda, og det er Guds ord. Utan det er me på gyngande grunn, men – ”Guds ord ei brast, det stander fast”.

Det profetiske ordet i Det gamle testamentet, ordet om Kristus som skulle koma, gjekk det ikkje i oppfylling?

Og Herren Jesu ord om det som skulle koma i tidene framover, står ikkje også det fast? Sjå etter, og du finn at ikkje eitt av desse orda er falne tome til jorda.

Og alle dei som for alvor set Guds ord på prøve, dei finn at ”læra er av Gud”, som Jesus sa, – og at i ei verd der alt ser ut til å løysast opp, der står Guds ord i Den heilage skrift som eit urfjell i eit stormande stor-hav.

Ja, dess meir me set ordet på prøve, og dess meir me ser korleis alt Guds ord slår til, dess fastare har me det. Det taper ikkje vår tiltru, men me opplever meir og meir at det er fastare enn fjell.

Dette ordet gjer me difor vel i å ”akta på”, seier apostelen. ”Ja,” seier Bibelens siste bok, ”sæl er den som høyrer Guds ord og tek vare på det”.

Det er det som er den store grunnen til opp-løysinga i verda at menneska flest ikkje for alvor

aktar på det einaste faste, urikkelege og pålitelege: Guds ord. Ja, det er det mest katastrofale av alt at så mange ser på Guds ord som gamle, støvete religions-teoriar, som ei samling moralkrav og livsfjerne spekulasjonar.

Nei, Guds ord er ikkje gamle, støvete dokument. Det er evig ungt og aktuelt, fylt til randa av frelsa og liv og lækjedom og hjelp i all vår trong. Ja, det er som apostelen seier her, *eit lys* som skin på ein mørk stad.

Ingen vil protestera mot at verda no – den opplyste verda – er ”ein mørk stad”. Å, kor det ser mørkt ut, ikkje minst i gamle Europa! Men inn i dette vonlause mørke skin eit klårt lys frå den evige verda: Ordet om Gud, ordet om Kristus Jesus.

”Eg vandrar igjenom skuggefullt land,  
og mørkt det omkring meg er.  
Men min Fader meg gav *eit lys* i mi hand,  
det strålar på livsens ferd.

Store lys, sæle lys,  
klåre lys på den døkkaste veg!  
Du leier meg heim  
til himmelens hus.  
Den stjerna, ho svik ’kje meg.

Og lyset, det er Guds heilage ord,  
ein stråle frå ljosens Far.  
Kor enn stormane rasar mot det på jord,  
det enno ’kje slokna har.

På pilgrimars veg det stråla og skein,  
og aldri dei kom på skam.  
Om fienden freistar gjera meg mein,  
meg òg skal det leia fram.”

Midt i den mørkaste tida i året kjem jul med solvending og soloppgang frå det høge, og i denne tida samlar alle lys-strålane frå den evige verda seg i eit einaste brennpunkt: Jesus Kristus. Han er verda sitt lys. Han er livsens lys. I hans lys ser me lys, ser at me i oss sjølve er hjelpelause, fortapte stakkarar, men at me i han har ”alt hva hjertet kan evig begjære, at han er Guds grenselause fresegåva til alle som lik gamle Simeon vil ta han på sine armar, – ser at han er rik nok for alle som kallar på han.

Då tennest det store, evige lys i vårt hjarta. Då gjer det frå ei sida sett ikkje noko om verda er mørk, for den som trur på han, skal ikkje vandra i mørke, men ha livsens lys.

Og gjev me akt på det frå dag til dag, skal det skina klårare og klårare, til dess dagen, den evige sol-lyse dag, lyser fram, og morgonstjerna renn opp i hjarto våre.

”So vandrar eg trygg, frimodig og glad,  
og lys er min livsens veg.  
Difor lovar eg Gud og nynnar mitt kvad:  
”Min bibel, eg elsker deg”!”

### *Levande, kraftig og kvast*

”Guds ord er levande og kraftig og kvassare enn noko tvieggja sverd, og trengjer seg igjennom, til dess det kløyver sjel og ånd, ledemot og merg, og dømer hjartans tankar og råder.” (Hebr 4,12)

Ein gamal kristen pilegrim gjekk over grensa til det evige livet. Den siste kvelden song han med skjelvande røyst:

”Det er dog noe å være barn  
av Gud, den evige Fader,  
og her på jorden ha ham til venn  
som aldri sine forlater!  
Og så for evig å være hjemme, –  
å, hvilken lykke når vi er fremme  
i himmelen!”

Det var fred over solefallet, og fred over jorde-  
ferdsdagen.

Då me gjekk attom båra, på vegen til kyrkje-  
garden, tala me om dette, – om kor lys og fredfull  
den siste striden kan verta når ein døyr i Herren. –  
Då sa ho som hadde stelt om den sjuke: ”Slik er det  
for di evangeliet ikkje bare er ord, men *kraft*”.

Skal tru om ikkje ein og annan av dykk har eit  
anna syn på saka. Guds ord står for deg som noko  
tørt og trivielt, noko som ikkje har interesse og  
aktualitet for deg.

Du, ingen ting er meir usant. For Guds ord er  
*levande*, og livgjevande. ”Det skaper hva det nev-  
ner.” For det er *kraftig*. Det er berar av Guds kraft.  
Ja, det er sterkare enn dei veldige atomkreftene.  
For det maktar å skapa liv av døde, og vår i hjarta  
sitt is-øde.

Men det er med dette ordet som med kornet. Det  
får ikkje visa si livskraft utan det vert lagt i molda.  
Slik må du la ordet koma inn i hjartejorda di. Du  
må la Ordet få *tala* til deg.

Då skal du få røynta at Guds ord ikkje bare er  
kraftig, men også *kvast*, ja, kvassare enn eit finslipt,  
tvieggja sverd. Det trengjer seg inn til dei inste  
hjartekammer, avdukar di sanne stoda. Ja, heilt inn  
til tankane og motiva si løynde verd trengjer Ordet  
sitt projektørlys seg. Og det vert ikkje ein teoretisk  
kunnskap du får om deg sjølv. Du kjenner deg *dømd*.  
Og du tek til å spørja etter ein nådig Gud.

Også då gjev ordet svar og viser veg. Det gjev  
lys og fred og kvila ved trua på at alle synder er  
tilgjevne for Jesu skuld.

For ordet frå Gud dømer ikkje bare. Det fridømer  
også. Det gjer ikkje bare død, men det gjer også  
levande. For Kristus er i Ordet, med sin Ånd og  
sitt liv. Difor, når du barnsleg og einfelt tek imot  
evangeliet, tek du imot Jesus Kristus og hans frels-  
ande rikdom.

Tenk om også du, i denne stunda, ville ”lukke  
ham inn i ditt hjerte og sinn med all hans nåde og  
gave”!

\*

Under siste storkrigen døydde ein av Danmarks  
mest sermerkte diktarar, Nis Petersen, i ung alder.  
Han hadde vore på ville vegar, hadde vore ”en drik-  
kebroder, en landeveisridder”.

Men i sitt siste leveår kom han tilbake til si bar-  
netru, og då elska han å syngja dei einfelde songane  
han hadde høyrte i misjonshuset heime då han var  
liten. Mest glad var han i å syngja:

”Sølvsnoren brister dog engang;  
da blir det tyst i denne dal.  
O, men en morgen full av sang  
jeg våkner opp i himlens sal.  
Da skal jeg, frelst fra synd og ve,  
ansikt til ansikt Jesus se.”

Ein av dei siste dagane han levde, sa han: ”Nå vet  
jeg hvordan bestemor hadde det da hun skulle dø”.  
– ”Har du det også sådan, Nis”? vart det spurt. Han  
nikka.

Ein kveld spurde han ganske stilt: ”Hvor meget  
skal det til”? – Ei kvinna som sat ved senga, svara:  
”Jesu Kristi, Guds Sønns, blod rensar fra all synd”.

Då kviskra den døyande dikteren: ”Så slår det til”.

Ja, det slår til. Guds ord er nok til å leva på, og nok til å døy på, nok til å gjera våre sjeler salige. For, det er levande og kraftig som Gud sjølv. Prøv det, du også!

### *Vår-regn i hjartans tørre jord*

*”For liksom regnet og snøen fell ifrå himmelen og ikkje fer opp att dit, men vatnar jorda og får henne til å bera og gro og gjev såmannen såkorn og brød til den som et, så skal det vera med ordet mitt, som gjeng ut or min munn: det skal ikkje koma att til meg tomt, men verka det som eg vil, og lukkeleg fullføra det som eg sender det til.” (Es 55,10–11)*

Det kom eit brev frå Sør-Etiopia, der evangeliet lyder ved norske misjonærar for heidningar som i mannsaldrar har tilbede ormar og vonde ånder. Misjonæren skriv:

”Tenk dykk at vi er på ridetur til månadsmøte i byen Gota. Når folk langs vegen får sjå oss, då kjem dei springande. ”Me har høyrte nyheten om Jesus”, seier dei. ”No vil me høyra meir!” Ein stor flokk spring etter oss medan evangelistane halvt bakvendt i salen fortel om Jesus. Omsider blir det så langt for somme at dei må snu, men nye har då slutta seg til, så flokken heller aukar”.

Er ikkje dette eit gripande døme på menneske som set pris på Guds ord?

Korleis er det her hos oss? Eg trur ikkje det er urett å seia at svært mange menneske i vår tid trur at Guds ord er det tørraste av alt tørt, – liksom tørt som dusta – støvet – som dessverre ligg i ro på mange biblar rundt om i heimane.

Å meina *det* er liksom meiningslaust som å tru og tenkja at regnet er tørt.

Her liknar Gud sjølv ordet sitt med forfriskande regn og svalande snø. – Det er noko anna enn støv!

Har du sett jorda – den kalde og harde – etter at vår-regnet har falle? Har du sett kor det grønkar og gror, – og til sist susar solvinden gjennom mogen åker om hausten. Slik er ordet frå Gud.

Det er levande og kraftig. Det er liv-skapande og fruktberande. Utan dette ordet – utan evangeliet om Jesus Kristus – er hjarteåkeren min og din hard og kald, og veks over av ugras.

Ikkje alle er samde i dette. Men det er like sant for det.

Men så kjem ordet frå Guds munn. Og dersom du ikkje avviser det, men let det få verka, er det som ein hammar som krasar fjellgrunnen i hjarta ditt, bryt ned det sjølvhjelpne, store, stolte og stive.

Men når *det* er gjort, då kjem ordet frå Guds munn som mildt vårregn i hjartans turre jord, og verkar det som Gud vil. Då fullfører det lukkeleg det som Gud sender det til. Då drikk hjarte-åkeren seg utyrst. Då tek det til å livna og gro og grønka der inne. Jorda tek til å bera og gjev såkorn og brød – livsens brød.

Då skjønar du at ingen ting er meir viktig enn å *høyra Guds ord*. ”Høyr, så skal di sjel få leva!”, står det her i same kapitlet.

For når du høyrer og tek imot evangeliet om Jesus Kristus, då tek du imot Frelsaren sjølv, ”med all hans nåde og gave”, – som ein har sagt det så einfelt og sant:

*”Du tar Jesus til deg ved å ta til deg ordet om Jesus, sette ditt hjertes tillit til evangeliet. Da skal ordet om Jesus skape noe nytt i deg.”* Du begynner å forstå hva du eier i Guds Sønn, at du i han har fred

med Gud, er rettferdig for Gud, er barn av Gud. Ja, då skaper Guds Ånd ved Ordet kjærleik, gleda, fred. Og i djupet av ditt hjarta vert det lagt ned noko som seier deg at ”nu har jeg funnet det jeg grunner mitt salighetens anker på”. No er eg i pakt med livet, for eg er i pakt med livet sin Gud.

Det vert fortalt om dei kristne kvinnene i Noreg i gamle dagar at dei hadde Bibelen liggjande oppslegen på kjøkenbordet. Dei hadde lita tid til å setja seg ned og lesa, men når dei sveiv framom, kikka dei i boka, fekk med seg eit ord, og grunda på det i sitt hjarta, som Maria gjorde.

Lukkelege kvinner! Dei fekk vårregn i sjela. Dei fekk Guds sollys i sinnet. Den same signing kan også verta di.

## NÅDE – GUDS UTVEG

### *Heim til far*

*”Så tok han i vegen og gjekk heim til far sin. Medan han endå var langt borte, vart far hans var han, og ynkast inderleg. Han sprang imot han og kasta seg om halsen på han og kyste han.” (Luk 15,20)*

Dette var mykje gildt og stort i eit einaste bibelvers!

Som det var ein svart dag då den fortapte sonen gjekk bort frå far, var det ein lys lukkedag den dagen han tok på heimveg – bort frå ulukkelandet, dei brostne voners land.

Det kjendest nok ikkje slik då han var på heimveg. Du ser han for deg der han kjem i fillene sine etter å ha øydt alt, i eit liv borte frå far – frå Gud.

Og eg tenkjer det er mange av dykk som kjenner dykk att. Det gjer eg også. Men lukkeleg er du som – lik denne stakkars guten – har kome til deg sjølv, har fått sjå at du borte frå Herren er vorten ussel og ynkeleg og blind og fattig – og så har teke det viktigaste og største vedtaket som noko menneske kan ta: Eg vil stå opp og gå heim til Gud, til Far!

På den vegen har eit menneske små tankar om seg sjølv, og det er sorgfullt i hjarta, og ikkje lite ottesamt når det tenkjer på møtet med den levande Gud. Og ein har ikkje store tankar om resultatet av dette møtet: det vert i det høgste å tena og træla som leigeakar; for ein er ikkje verdig til å vera barn – barn av himmelens Gud.

Men her kjem det eit ”men”, Guds store ”men”. Det var det som gjorde denne dagen til den store, ugløymande ”overraskelsens dag”. For Gud er ”overraskelsens Gud”. Han er alltid annleis enn me trur.

Den første overraskelsen var at far såg stakkaren som var på heimveg, mens han endå var langt borte. Det fortel at Gud står og speidar og ventar på deg som er på heimveg. Å, om du visste kor Herren Jesus ventar på at du skal koma – koma heim!

Ja, han ser deg, veit om deg, og han *ynkast inderleg* over deg. For han ser at du er i naud.

Den andre store overraskelsen var at far *sprang imot* han då han endå var langt borte.

Kan henda eg talar til ein og annan som kjenner seg langt borte frå Gud, kjenner at så mykje må forbeistrast og fjelgast, forandrast og gjerast ferdig før du kan møta han og tru at han tek deg til sitt barn. – Du – *Gud møter deg mens du enno er langt borte*. – Om du er uferdig, så er han ferdig til å ta imot deg som du er, med Jesu fullførde frelsa. Du blir aldri ferdig, og aldri verdig; men ”alt er ferdig for den uferdige”.

Den tredje store overraskelsen var at før den stakkars fortapte guten hadde fått sagt eit einaste ord av den talen han hadde laga til på førehand, – om at han hadde synda mot himmelen og mot far, og var uverdig til å verta barn igjen, – så kjende han fars armar om halsen og hans kyss på kinna.

Gud er ikkje *sein* til å famna den fortapte.

For nokre år sidan såg eg innom ein gamal skipper i ei bygd på Vestlandet. Han hadde fått ein sjukdom til døden, og hadde ikkje lenge att å leva.

Det var ’kje trist i *det* sjukeromet. Den gamle sjømannen låg og lyste og skein imot meg. Og så fortalde han:

”Då eg skjøna at eg skulle døy, vart det mykje alvorleg for meg. Eg vart klår over at eg bare hadde eit langt synde-register å koma med til Gud.

Men så kom eit ord til meg frå Bibelen: ”Du har bare mødt meg med dine synder og brytt meg med

dine misgjerningar. – Eg, ja, eg er den som slettar ut misgjerningane dine for *mi skuld*, og syndene dine kjem eg ikkje i hug”.

Og så var syndebyrda borte frå meg”, sa den gamle skipperen. Og no låg han og skein – med Guds lys og fred i hjarta like ved dødens port.

Det var den fortapte sonen si soga opp igjen: ”Han kom til seg sjølv – han sto opp og gjekk heim til far.” Resten ordna Gud ved Kristus.

Slik er han også i dag. ”Å, du forunderlige Gud”!

### *Tilgitt – salig*

*”Sæl er den som har fått si misgjerd tilgjeven og si synd overbreidd! Sælt er det menneske som Herren ikkje tilreknar skuld, og som er utan svik i si ånd!”*  
(Salme 32,1–2)

I dette bibelordet høyrer me himmelklokkene ringja inn i tilværet. I dag vil dei gjerne ringja også for ditt hjarta.

Me høyrer her songen om syndstilgjevinga, den sælaste av alle tonar for eit menneske som veit at synd og skuld ikkje er forelda ord som no treng avløysing, men er den mørke skuggen i livet vårt, skya på vår himmel, steinen på vårt hjarta, trykket på vårt sinn.

Kristendomen talar så mykje om synd, vert det sagt. Han er ein mørkemanns-religion. – Det er sant at Guds ord talar mykje om synda, *men* – det talar også om vegen til frigjering og utløysing frå synda sitt trykk og hennar skuld – vegen til eit sælt og sigrande liv.

Den danske forfattaren C. Skovgaard-Petersen skreiv i sin seine kveldstime ei lita bok om ”De ekte

livsverdier”, og den første perla han tek fram, er ”syndenes forlatelse”.

Det er rett. Det er det største og beste av alt. For der tilgjeving for syndene er, der er hjartefred, der er liv, der er song, der er sæla.

Difor, då David seinare – i Salme 103 – syng den store lovsongen, og sjela hans lovar Herren for alle hans velgjerningar, takkar han først av alt ”*han som tilgjev all di skuld*”.

Er det urett, – tek eg feil når eg trur at desse orda *når* ikkje så få rundt om i landet vårt – og kanskje utanom landegrensene – som lengtar etter tilgjeving for syndene? Men du ser på det som noko stort som du vanskeleg kan oppnå.

Å, den som kunne kvila i den tru at alle mine synder er tilgjevne! *Det* er tonen i ditt hjarta. Eg forstår deg, for den tonen har også vore min.

Men eg er også glad for å kunna bera deg eit bod frå verda sin Frelsar om *vegen* til denne store lukka. Og det vil eg gjera ved å nemna det som apostelen Paulus i Romarbrevet kap. 4 seier om dette Salme-ordet. Høyr no:

”Såleis prisar også David det mennesket sælt som Gud tilreknar rettferd utan gjerningar: Sæle er dei som har fått broti sine tilgjevne og syndene sine overbreidde! Sæl er den mann som Herren ikkje tilreknar synd”! –

*Høyre* du det? Gud tilreknar rettferd – Jesu rettferd – *utan gjerningar*, utan at me har fortent det, utan at me er verdige til det.

Ja, i verset føre seier apostelen at dette gjeld ”den som ikkje har gjerningar, men trur på han som rettferdiggjær den ugudlege, – det står verkeleg den ugudlege. – Og Paulus legg til: ”Han vert trua hans rekna til rettferd”.

\*

Korleis ytra denne trua seg hos David? Ja, han fortel sidan i Salmen at han gjekk først lenge og *tidde*. Og då var det ille med han. Men så sanna han si synd for Gud, og dulde ikkje si skuld, seier han. Og, legg han til, og det er som om me høyrer hjarta hans bankar i frygd: *Du tok bort mi syndeskuld*.

Dette å sanna si synd ope og endefram for Gud, det er å vera ”utan svik i si ånd”, som det står her i teksta vår.

Kan vegen vera greiare? Eg seier ikkje at han er *lett*; men han er *einfeld* og *grei*.

Vil du gå denne vegen i dag? Då vert også du – *salig*. Og det ordet talar om alle tiders og alle ævers største rikdom og lukka: å vera tilgitt, teken til nåde, teken til barn av Gud.

## *Heime hos Gud*

*”Og sonen sa: Far, eg har synda mot himmelen og mot deg; eg er ikkje verd å kallast son din lenger. Men faren sa til tenarane sine: Kom snøgt med ein kledning, den gildaste her er, og ha på han, og lat han få ring på fingeren og sko på føtene! Henta så den gjødde kalven og slakta han, så vil me halda måltid og vera glade! For denne sonen min var død og har livna opp att, var bortkomen og er attfunnen. Så tok dei til å halda gaman.”* (Luk 15,21–24)

Sonen kom heim til farshuset etter å ha levd i det frammande landet ei tid. – Men Guds meining med livet ditt er at du *alltid* skal vera hos han. Og aller mest lukkeleg er du som aldri gjekk bort frå Gud.

Nest etter deg i lukka kjem du som *snart* kjem heim igjen. – Eg sat ein gong og tala med ein gamal frelsesarme-offiser som har skrive mange songar som er mykje sungne. Eg nemnde ein av dei, og

spurde korleis han kom til å skriva den. – Han fortalde:

”Eg hadde for mange år sidan eit møte for born i ein av kystbyane. Etterpå var det fleire av dei som ville innvia livet sitt til Gud, – mellom desse ei 12 år gamal gjenta. Eg var redd for at det hadde gått litt for lett med omvendinga hennar, og spurde: ”Kvifor trur du at du høyrer Jesus til no”?

Då svara den vesle gjenta tillitsfull og glad: ”*Han har jo selv bedt meg å komme*”!

Då skreiv frelsesarme-offiseren, Henry Albert Tandberg, songen:

”Jesus har bedt oss å komme,  
og dette salige bud  
gjelder ei bare de fromme,  
nei, ikke en støtes ut.”

Det tonar *glede* gjennom avslutninga av denne fagre forteljninga av Jesus. Guds rike er gleder sitt rike. ”*La oss vera glade*”! sa den lukkelege faren til den lukkelege sonen.

Dei song det same på det veldige avslutningsmøtet på olympiaden i London, – me høyrde det gjennom radioen: ”Let us be glad! – La oss vera glade!” Verda *hungrar* etter gleder, også no i atomalderen.

Men det er bare Gud i Jesus Kristus som kan gjeva oss glede, ekte og rik og uendeleg.

”Av dine gleders *straum* gjev du dei å drikka”, står det i Bibelens salmebok – ei glede-elv frå evige, utømelege kjelder.

Og forteljninga endar med desse orda: ”*Og dei tok til å vera glade*”. Og denne glede-straumen i eit hjarta som lærer Guds nåde og kjærleik å kjenna, skal aldri tryta, men flyta fullare og rikare gjennom livet og inn i endelause æver.

\*

No, – eg veit at det ikkje er *bare* gleder på vegen gjennom livet for ein kristen. Men ho *er* her, som ein av dominantane i livsens musikk.

*Kvifor* denne rike, reine glede-straum?

Jau, ein er komen *heim*. Å vera ein kristen er å vera heime hos Gud, i hans kjærleiks solskin.

Og det er å ha fått ”den beste kledning” på, – ”en drakt så yndig og så prud, som skjuler syndene for Gud”.

Det er – lik den heimkomne sonen – å ha fått ”ring på fingeren”, som det står, symbolet på at Herren har trulova seg med oss til evig tid, i ei fredspakt som ikkje kan rikkast.

Og det er – med eit anna bilete frå teksta – å ha fått skor på føtene, så me kan makta vandra gjennom livet, både i oppfor- og nedforbakke.

Endeleg – å vera heime hos Gud er å *leva*: ”Han var død, og er blitt levande igjen”. Først då lever du livet på det rette plan. Først då får livet fylde.

Kva under då at det er gleder i Guds hjarta og i den heimkomne sonens sjel – og at Guds rike er samanlikna med fest og gjestebod, bryllaup, perla og skatt?

Så vil me lova den Herre Jesus Kristus for evangeliet om den store gleder.

## *Guds utveg*

”*Men Skrifta har stengt alt inn under synd, så det som var lova, skulle ved tru på Jesus Kristus verta gjeve dei som trur.*” (Gal 3,22)

Dette ordet gjev Guds svar på det djupaste og vanskelegaste spørsmålet som kan vakna i eit menneskehjarta: Korleis skal eg verta slik at Gud kan kjennast ved meg? Korleis verta slik at eg kan oppnå



det evige livet sin sæle arv når dette stutte jordlivet tek ende? Korleis verta rettferdig for Gud?

Det skortar ikkje på menneske-svar på dette spørsmålet. Og kor ulike desse svara enn kan vera, så går dei til sist alle ut på det same: At me skal halda Guds lov, gjera Guds vilje, og så fortæna forlating, fred med Gud og evig liv. Så gjeld det å forbetra seg, gjera det gode, verta god og from og rettvis, avstå frå synda, høyra Guds ord, angra, be og elska.

I alle fall skal me gjera det me kan, og så vil Gud ”gjera resten”. Men altså: Først me gjera vårt, og så Gud resten, ein større eller mindre rest. Og dess mindre denne resten vert, dess betre. Best er det dess meir ein kan greia sjølv og dess mindre det vert for Gud å greia opp med.

Denne gata var det galatarane heldt på å koma inn i, men Paulus fortel at det er ei *farleg* gata, fordi ho ikkje fører *til* Gud, men *bort* frå Gud.

Har *du* kome inn i den gata? Det er i alle fall mange som tenkjer slik, og så grunnar dei si eiga rettferd, legg stein på stein i ein grunnvoll som frå fyrst til sist er deira eige verk, ikkje Guds. Gud skal til sist vera nådig og gjera resten. – Men er det ikkje slik at Gud vil at me skal halda hans lov? Jau. Men det har aldri vore hans tanke at me falne, syndige menneske i eiga kraft skulle gjera hans vilje og derved verta verdige til samfunn med han. Guds meining var – og er – at me i strevet for å gjera Guds vilje og tekkjast han, skulle verta sitjande fast og korkje koma ut eller inn, – at me skulle oppdaga at me ikkje maktar det, men er vortne duglause til å gjera det som er verkeleg godt, fordi me, som Jesus seier, er vonde. Og så, når denne vegen var stengd, skulle me få sjå *Guds* veg. Då skulle me ved tru på Kristus *få* det som var lova, *få* syndstilgjeving, barnerett hos Gud og evig samfunn med han.

\*

Høyrrer du det, du som har halde på og tenkt at det er *du* som skal gjera det, *du* som ved ditt strev og dine gjerningar, din anger og gudsfrykt skal verta som Gud vil ha deg, – har tenkt at du i alle fall lyt gjera *ditt*? Høyrrer du kva Gud seier her, at det som var lova, skulle ved tru på Jesus verta *gitt* dei som trur, dei som gjev opp trua på seg sjølve og tek si tilflukt til *Jesu* gjerning.

Den som har denne tillit til Jesus; han vert kledd i *Kristi* rettferd. Han står for Gud heilag og fullkomen som Kristus, ikkje i seg sjølv, men fordi han ved tru, utan gjerningar, ufortent er vorten *tilrekna* det som Kristus har gjort for oss.

Eg vil så sterkt eg kan få seia at det er dette som er kristendom. Alt anna er sjølvstrev og religiøsitet, men ikkje kristendom.

Det er nok somme som er til freds med sitt eige religiøse strev, men dei som har fått sjå kor dei kjem til kort i alt, dei kan ikkje finna fred i anna enn i *Kristi* gjerning for oss, utan vår fortjenesta, utan innblanding av mitt eige verk. Dei frygdar seg over Guds herlege utveg, over den fullkomne rettferdskledningen, som er Guds frie gåva til alle som i si søkjing etter fast grunn tek si tilflukt til Kristus.

”Det er den grunn som evig står, når jord og himmel selv forgår”. Og så ”takker vi hver for seg den Herre overmåde, ti hans miskunn og nåde for evig rygges ei”.

## *Ei ny pakt*

*”Men dette er den pakta som eg vil gjera med Israels hus etter dei dagane, seier Herren: Eg vil leggja lova mi i hugen deira og skriva henne i hjarta deira, og eg vil vera deira Gud, og dei skal vera mitt folk.*

*Då skal dei ikkje lenger læra kvar sin neste og kvar sin bror og seia: Kjenn Herren! For dei skal alle kjenna meg, både små og store, seier Herren; for eg skal forlata deira misgjerning og ikkje lenger minnast deira synd.” (Jer 31,33–34)*

Det var eit godt ord, ordet om den nye pakt, som skulle koma ”etter dei dagane”. Me er mellom dei lukkelege som slepp å venta på denne pakta. Me lever i dei sæle frelses-tider.

Kvar jul skal me få minnast at Jesus Kristus kom for å oppretta denne pakta. Kvar påske kan me gle oss over at ho verkeleg er komen i stand, ved Jesu dyre soningsblod. Kvar pinsehelig minnest me den Ånd som fører oss inn i den nye pakt og det nye liv.

Kanskje dette med den nye pakt er uklårt og framandt for ein og annan. La oss då tala litt om dette.

Ei pakt er ei semja, ein overenskomst, og den nye pakt er den nye ordning av forholdet mellom Gud og menneske.

I den gamle pakt heitte det: *gjer dette, så skal du leva!* Det var ei lovpakt som ikkje førde fram, fordi ingen makta å halda henne. Menneska makta ikkje vilkåra. Og Guds meining med den første pakt var nettopp – og *er* – at me skal skjøna at me ikkje maktar å koma fram på lov-vegen, på gjerningane sin veg, – og så få bruk for den *nye* pakt.

Der er det *gode vilkår* for hjelpelause syndarar. Difor vert me ikkje trøytt av å høyra om den nye pakt.

Medan det på ein måte er *me* som står i sentrum i den gamle pakta, så står *Gud* i sentrum i den nye. Det er som om me er sette til sides. Det spørst ikkje om våre gjerningar og vår aktivitet. Det er Gud, og Gud åleine, som handlar. Berre høyr:

”Eg vil gjera pakta”. Og han gjorde det i Kristus, utan vår medverknad.

”Eg vil gjera pakta”. Og han gjorde det i Kristus, la henne i hjarta deira”.

”Eg vil vera deira Gud”.

”Eg vil forlata deira misgjerning”.

Det nye livet, med barnekår og syndsforlating, alt dette er av Gud.

Ser du korleis det er Gud som gjer *alt*? Kva vert det så att for deg å gjera, utan å vera still og la Gud få gjera det som han så gjerne vil?

\*

Fire gonger tek han opp att dette: *Eg vil*. La *det* ringja for deg i dag, du som tvilar på at Gud vil gjera noko for deg.

Det er berre *ein* ting Gud ikkje vil: *Eg vil ikkje lenger minnast deira synd*. Han vil gjerne gløyma henne, *skriva av* all vår skuld, setja eit kryss over fortida med dei såre minne og mørke flekker.

Seg meg, min tilhøyrar, er ’kje det større enn stort?

”Eg vedstod mi synd for deg, og du tok bort mi syndeskuld.

Så er det godt også i dag å få leva i den nye pakt, vera der for Jesu skuld. For når vilkåra der er så gode for oss, er det fordi Jesus ordna alt for oss ved si lidning og sin død.

Å leva i den nye pakt er då å leva i den utløysing Jesus vann oss, leva av frukta av hans gjerning for oss. Det er å leva i ei evig tilgjeving. Det er å ha fått lyst til Guds lov. Å vera ein kristen er ikkje å træla under tunge moral-plikter. Nei, Gud har skrive si lov i vårt sinn. Og han er vår Gud, og me er hans folk. Å, for ei æra, for ein rikdom! For ei framtid!

## *Hunger og tørst etter rettferd*

*”Sæle er dei som hungrar og tyrstar etter rettferd!  
Dei skal verta metta.” (Matt 5,6)*

Også i dag ringjer det himmelklokker: ”Sæle er dei som hungrar og tyrstar etter rettferd! Dei skal verta metta”.

Kor stort det er at Gud har gjort det slik at me kan verta sæle – salige – for tid og æva! Det er det største og beste Gud kan seia om eit menneske. Det er eit havdjup av rikdom og lukka som ingen kan mæla.

Og kor godt at Jesus Kristus seier at *dei* er sæle som er fattige i ånda, som syrgjer over si synd, som hungrar og tyrstar etter rettferd!

Borgarane i Guds rike har dette sermerke: Den åndelege hunger og tørst etter rettferd. Det *kjenest* ikkje godt å hungra og tyrsta, men det er *dei* som Jesus prisar sæle, – useieleg lukkelege og evig rike.

Denne hunger og tørst er ikkje noko medfødt. Difor ser me at millionar menneske meiner å greia seg utan Guds ord.

Det er dette ordet som skaper hungeren og tørsten etter rettferd. I lyset frå Guds ord ser du at du ikkje held mål, at du er uverdigg og urein. Det er svikt på svikt i livet ditt, i tankar, ord og gjerningar. Du maktar ikkje å gjera det gode, og endå mindre å vera god. Du må vedgå at du er vond i hjartegrunnen.

Då profeten Esaias møtte den tri gonger heilage Gud, sa han: ”Usæl er eg! No er det ute med meg; for eg er ein mann med ureine lipper, og eg bur iblant eit folk med ureine lipper, og augo mine har sett Kongen, Herren, allhers Gud”.

Men då profeten dømde seg usæl, priste Herren han salig. Ein av serafane flaug bort til han med

ein gloande stein frå Guds altar. Med den rørde han ved munnen hans, og så sa han: ”Sjå, denne har rørt ved lippene dine; no er di misgjerd borte, og di synd er sona”.

Då vart hungeren og tørsten stilt.

Du som hungrar og tyrstar etter rettferd og fred: Det er evangeliet om ufortent tilgjeving for Kristi skuld som stiller hjartans djupe hunger og såre tørst. ”Grip kun til, han gjerne vil være *din* med hva han eier, med sin død og seier!”

Då er du salig. Då kan du syngja av frygd.

Men hungeren og tørsten etter rettferd vil fylgja deg livsdagen lang, – ikkje for å tæra deg til døde, men for atter og atter å stillast.

Du ser at du enno har så langt att, at du kjem til kort. Ja, som Paulus må du studom sukka: ”Eg arme menneske! Kven skal fria meg frå denne dødens lekam”? Og stundom syng det inni deg: ”Å, var eg meir deg, Jesus, lik, så hjartevarm og god”!

Du som har det slik, salig er du. Og det er ikkje *eg* som seier det, men Herren Jesus Kristus. For du må atter og atter ty inn til han som einast kan metta di sjel med livsens evangelium. Kanskje du får høyra dette ordet: ”Så er det då inga fordøming for den som er i Kristus Jesus”. Eller: ”Med evig kjærleik har eg elska deg. Difor har mi miskunn mot deg halde ved”. På denne måten vert du også – utan at du sjølv veit det – meir og meir lik din Frelsars bilete.

Og til sist, når Guds rike er fullenda i herlegdom, på den nye jord, då skal du som her hungrar og tyrstar etter rettferd, verta fylt til all Guds fylde. Ved livsens elv i Guds paradys og ved det store bord i Guds rike vert hungeren og tørsten stilt for godt, for evig og alltid, då når me får sjå han som han er og vert han like. – I Bibelens siste bok står det om dei som har nådd fullendinga: ”Dei skal ikkje lenger

hungra og ikkje lenger tyrsta”. – Difor vil eg helsa deg, kven du så er, med Bibelens siste innbyding: ”Den som er tyrst, han kome! Og den som vil, han take livsens vatn – for inkje!” – Då vert du evig sæl.

### *Døds- og livssamfunnet med Kristus*

*”Eller veit de ikkje at alle me som vart døypte til Kristus Jesus, vart døypte til døden hans? Såleis vart me ved dåpen til døden gravlagde med han, for liksom Kristus vart reist opp att frå dei døde ved Faderens herlegdom, så skal me òg ferdast i ein ny livnad.” (Rom 6,3–4)*

Kanskje du har tenkt – som eg: Det var eit djupt og vanskeleg ord! – Ja, djupt er det, og rikt. Og no vil me freista å tala einfelt med kvarandre, om ordet kunne verta til nokon nytte for oss.

Døypte til Kristus Jesus –. Ved den kristne dåp vert me *sameina* – ”forenet” – med den levande Herre Jesus Kristus, som det står lenger nede i same kapitlet. Lat meg her få nemna at det greske ordet for *sameina* eigenleg tyder *samanvaksen* med Kristus. Det er eit sterkt og klårt uttrykk for ei stor og sæl sanning. Her kan du tenkja på ein kvist som er samanvaksen med stommen, med treet.

Då er me *eitt* med Kristus. Då er alt hans vårt. Då har du alt døytt for dine synder. Som apostelen seier ein annan stad: ”Ein døydde for alle; difor har dei alle døytt”. – Då er Jesu soning di. Då er Jesu rettferd di.

Lat det vera di trøyst i dag, du som ved tru og dåp, er *sameina* med Kristus: Hans død er din død. Då kan du syngja:

”Kven vil no meg døma?  
Kristi rettferds søma  
løyner syndi mi.  
Klagaren må teia,  
domaren vil seia:  
Du er frelst og fri!”

Men Kristus døydde ikkje bare *for* synda, slik at han sona henne. Han døydde også *frå* synda, slik at han braut hennar makt. – For me er også døypte til Kristi liv, til å ha lut i den veldige livsstraumen frå vintreet Kristus Jesus. I kraft av dette livssamfunnet, dette livs-felleskapet, har synda, det gamle mennesket, fått sin dødsnekk, og me skal vandra i ein *ny livnad*.

Dette ”skal leva” er ikkje bod, ikkje krav, ikkje tvang. Nei, det er eit uttrykk for at så *må* det vera, såsant me er i Kristus. Då bryt livet på, skaper eit nytt livs-innhald, ei ny livs-form og ein ny livs-stil.

Der det før var ufred, vert det fred.

Der det før var hat, vert det kjærleik.

Der det før var ureinskap, vert det reinleik.

Der det før var krav, vert det eit tenande sinn.

Der det før var tomrom, vert det eit vidunderleg livsinnhald.

Der det før var sorg, vert det gleda.

Der det før var likesæla mot Guds ord, vert dette ordet sjela sitt livsbrød og levande vatn.

Og slik kunne me halda på. – Ein har sagt: ”Vi må ta konsekvensen av dette mirakel at vi er blitt nye mennesker. Vi er blitt adelige, og vi må derfor leve som adelsfolk.” (*Carl Torp*).

\*

Dess lenger eg lever, og dess meir eg grundar på Guds ord, dess meir har det gått opp for meg kor

veldig vekt det vert lagt – ikkje bare på soning og syndstilgjeving, men også på *det nye livet*.

Kristus skal meir og meir ”vinna skikkelse” i oss. Det vil ikkje seia at me vert meir og meir sjølvhjelpne, men tvert om meir og meir avhengige av han. For det er i han me både er døde for synda og levande for Gud. Og det skjer ikkje ved vår kraft, men ”ved Faderens herlegdom”, som apostelen seier her.

Så vert då løyndomen denne einfelde, dette eine: Vert verande i han! Bli i Jesus, som ditt rette og einaste livselement, din einaste frelsesgrunn og kraftkjelda! Så vert han verande i deg med sin herlegdoms kraft, som vert fullenda i di vanmakt.

Desse orda frå Romarbrevet kap. 6 har ført oss ut på djupt vatn. Og tykte du det var vanskeleg å fylgja med, så har du dette rike ordet i din bibel. Og det er ikkje minst godt å grunda på Romarbrevet. Luther seier at det er vel verd at me omgåst med det som med sjela sitt daglege brød.

Og så til sist: Kanskje denne andakta når ein og annan som vel ein gong vart døypt til den Herre Jesus Kristus, for å høyra han til i liv og i død; men – så vart det ikkje meir. Korleis gjekk det med greina? Visna ho – fordi ho ikkje vart verande i vintreet, Kristus?

Kanskje du stirde deg blind på dette med dødsamfunnet med Kristus? Du – samfunnet med han er også eit livssamfunn. Me skal leva og råda med han i evig sæla utan ende. Og dette livet tek til alt her nede. Så grip også du det evige livet. Gjer det – i dag! Gjer det no! Slepp himlen i sjela di inn!

## DET NYE LIVET

### *Fødde av Gud – ved sannings ord*

*”Etter sin vilje har han født oss ved sannings ord, så me skal vera ei førstegrøda av hans skapningar.”*  
(Jak 1,18)

Først vil eg gjera merksam på at dette ordet er skrive av *bror til Jesus*. Han hadde, som kjent, fire brør.

Og så skulle eg i dag ynskja å tala serleg til deg som kanskje lånar bare eit halvt øyra når Guds ord vert forkynt fordi du ikkje er så sers interessert i det. Du vaknar kvar morgon til ein ny dag, men har du vakna for det lyset som *Guds ord* er?

Og har du tenkt over kor stort det er at *du* skal få høve til å høyra det velsigna gledebodet om Guds rike? Det er ikkje sjølv sagt, for over ein milliard, kanskje 1½ milliard menneske, på jorda har enno ikkje høyrte evangeliet om Jesus.

Her er det kalla *sannings ord*. Her er *trygg grunn*, – ja, den einaste grunnen som aldri skjelv. ”Guds ord ei brast, det stander fast”.

Om verda elles er full av lygn, – Guds ord er sanning. Og kvar den som er av sanninga, vil sanna dette.

Du – er det ikkje stort at me i Guds ord har fått *sanninga*, som me kan byggja på i liv og i død? I Guds ord ser du heile tilværet og dei veldige livsspørsmål i det himmelske overlyset. Der får du også løysing på ditt eige hjarta si gåta. Kjem du inn i denne lys-kjegla, får du vita sanninga om deg sjølv, – ikkje berre teoretisk, nei, du får *sjå* deg sjølv, *kjenna* deg sjølv. Du får sjå din høge adel og Guds

store tankar med deg, og kor langt bort du er komen frå ditt livs Gud.

Då kan det henda du lik profeten Esaias lyt seia: ”Usæl er eg! No er det ute med meg; for eg er ein mann – ei kvinna – med ureine lipper, – og augo mine har sett Kongen, Herren, allhers Gud”.

Det er det me med eit gamalt godt ord kallar *syndenaud*. Eg burde vel ikkje nemna det ordet, for det er så gamalt og avleggs. Ja, dessverre. Men ein og annan opplever det også i dag. Og er du ein av dei, då kjenner du at det er godt å gå vidare i ”sannings ord”, evangeliet om Jesus Kristus, ”den gode nyhet”, som det franske NT omset dette ordet med.

Då får du høyra det same som profeten vidare fekk høyra, dette store, sæle, ugløymande ordet: ”Sjå, denne har rørt ved lippone dine; *no er di misgjerning borte, og di synd er sona*”.

Då vert du lett og fri og glad som fuglen. Og ikkje bare det: Når Gud tilgjev synd, gjer han alt nytt. For sannings ord er også *livsens ord*. Difor står det her: ”Etter sin vilje har han *født* oss ved sannings ord”.

Då har du fått lut i Guds eige, evige liv.

\*

Og legg merke til at det står: ”*Etter sin vilje*”. Det vil seia: ikkje fordi du fortener det, men fordi Jesus Kristus har fortent det, – ikkje for di skuld, men for si eiga skuld, for Jesu skuld.

Høyrrer du Ordet, opnar deg for det, gjev det rett både når det dømer og frikjenner, då kjem du inn under Ordet si livskapande kraft. ”*Høyr, så skal sjela di leva*”!

Som det står i ein song: ”Du skal intet gjøre for å frelse få, – bare Ordet høre, hvile deg derpå”.

Då vert du ”ei førstegrøda av Guds skapningar”,

som det står her. Då høyrrer du Gud til, som hans eigedom, hans barn, hans arving, i tid og æva.

Ein gamal truverdig forkynnar, som eg hadde den gleda å vera i lag med for nokre år sidan, sa så ofte, medan ansiktet hans lyst: ”Det er *fint* å være en kristen”! – Ja visst er det *fint*. Det er også *godt*. Og det er *stort*. Evig stort og sælt.

## Det nye hjarta

”*Eg vil gjeva dykk eit nytt hjarta, og ei ny ånd vil eg gjeva inni dykk, og eg vil ta bort steinhjarta or dykkar kjøt og gjeva dykk eit kjøthjarta. Min Ånd vil eg gjeva inni dykk, og eg vil få dykk til å leva etter mine bod og å halda lovene mine og gjera etter dei. De skal bu i det landet som eg gav fedrane dykkar, og de skal vera mitt folk, og eg vil vera dykkar Gud.*” (Esek 36,26–28)

Det Gud har lova å gjeva her, er det største han kan gjeva og det me treng mest av alt: Eit nytt hjarta. Men er ’kje det gamle godt nok?

Mange har meint det og sagt det, men skal tru om ikkje mange i dag tek til å skjøna at det er noko alvorleg i vegen med oss menneske, slik me er i oss sjølve? Dei mange øydelagde liv, dei mange ulukkelege heimar og dei hjartelause krigar talar alvorleg om at menneskehjarta utan Gud er i synda og vondskapen si makt.

Gud hadde nok rett då han alt i menneskeslekta sin morgon måtte seia: ”Menneskehjarta sine tankar er vonde frå ungdomen av”. Og den som har lært seg sjølv å kjenna, lyt sanna: Hjarta mitt er ureint og egoistisk, vondt og stygt. Han skriv under Jesu ord: Frå menneskehjarta kjem dei vonde tankane. Og så reknar Jesus opp svik, vondskap, misunning,

ovmod, utukt osv. Det sværaste er at hjarta vårt er imot Gud og har eit falskt syn på Gud og på livet med Gud. Det å vera hans trur ein er eit træleliv, det som er det vidunderlegaste på jorda.

Når Guds Ånd har fått vist oss vårt ureine hjarta, og vekt trong til frelsa, då vert livsens største spørsmål dette: *Korleis skal eg få eit nytt hjarta?*

Oftast prøver ein då å greia dette sjølv. Men den ærlege oppdagar snart at det er meir umogeleg enn å gå til månen. Ein panter kan ikkje forandra flekkene sine, og ein morian ikke si hud. Ingen kan skapa nytt liv i seg og få syndeflekkene bort.

For den som slik har teke til å sjå si avmakt og lengta etter berging, for han – og bare for han – er det herleg å høyra dette evangeliet frå Gud: *”Eg vil gjeva deg eit nytt hjarta”!*

Det er Guds svar på livsens største spørsmål: *Korleis skal eg verta frelst?*

Det nye hjarta, det nye liv er såleis ei gåva frå Gud. Han gjev det. Og ei gåva skal me ikkje fortæna; den skal me bare ta imot med takk. Elles er det inga gåva.

Ja, seier du, men dette kan visst ikkje gjelda meg. Eg er så ugrei og umogeleg, så urein, fattig og hjelpelaus.

Høyr – Gud set ein strek over det du er, og så frelser han deg ikkje fordi du er så og så bra eller så og så syndig, men bare fordi *han vil*. ”Ikkje for dykkar skuld gjer eg det, seier Herren, Israels Gud, det skal de vita! De må blygjast og skjemmast av åtferda dykkar”. V. 32. Og me kjenner det herlege ordet frå Es. 43: ”Du har bare trøytt meg med syndene dine –. Eg, ja eg er den som slettar ut misgjerningane dine for *mi skuld*, og syndene dine kjem eg ikkje i hug”.

Frelsa og det nye livet er såleis Guds suverene, frie nådegåva, som han gjev for inkje til alle som vil ta livsens vatn.

Vil du? Då kan du, i denne stund. der du sit i kjøken eller stova eller ligg på sjukesenga, *seia ja takk – og gåva er di*. For så seier Guds ord: ”Av nåde er de frelste, ved tru, og det ikkje av dykk, det er Guds gåva, – ikkje av gjerningar ... for me er hans verk”. (Ef. 2, 8-10).

”Ja, til deg, til deg  
gjeng hans kongeveg!  
I ditt hus han heim vil finna,  
og ditt hjarta vil han vinna.  
Inn din Frelsar bed,  
og ditt hus får fred!”

Men gjer det no når Herren bankar på og vil inn og halda nattverd med deg. ”I dag, om du høyrer hans røyst”! Pass på at det ikkje vert for seint for deg!

\*

Om det nye hjarta skal me bare nemna at det er eit hjarta som er reinsa frå syndeskulda. Og det er å vera *salig*, seier Guds ord. Då er den tyngste børa teken bort. Då kjem også gleda, – himmelsk, sann, rein og djup. Og freden, der det før var ufred, fred som den djupe elva. Og ”det herligste jeg vet å eie, er Guds fred”.

Det nye hjarta elsker Gud, elsker Jesus, elsker Guds vener, – elsker alle. Det syrgjer over synda, strider imot synda, græt over synda som enno heng så fast ved oss, og vinn siger ved han som elska oss.

Med fred i hjarta, med eit godt samvit og ei levande von er ein salig, sjølv om livet elles kan falla tungt, for ”den glade i hjarta har gjestebod alltid”.

Og så ser me fram til den dag som ikkje er langt

borte, då me i alle æver skal leva med eit fullkome reint og sælt hjarta, i samfunn med Gud – i himmelen der døden ei rår, ikkje sorg og skrik og pina, men *liv – evig liv*.

## *Livsens vatn*

*”Dersom du kjende Guds gåva, og visste kven han er, han som bed deg om drikka, så bad du han, og han gav deg levande vatn.”* (Joh 4,10)

Eg elskar dette ordet av verda sin Frelsar. Og difor vil eg gjerne dela det med dykk.

Ikkje minst under krigen lærde me å setja pris på verdfulle gåver, t.d. ein pakke frå Danmark og Sverike. Her talar Jesus om Guds gåva, og det burde gjera oss interesserte. Denne gåva er *livsvatnet*, som stiller sjela sin store tørst.

Men ho som Jesus tala med, kjende ikkje denne gåva. Og enn i dag er det mange, mange utover jorda som ikkje kjenner det som Gud har å gjeva. Dei fleste menneske i verda har ikkje eingong høyr om livsvatnet, om verda sin Frelsar.

Men også i dei gamle ”kristne landa” er det mange som ikkje kjenner Guds gåva. Dei veit ikkje at det Gud har å gjeva, er livsens vatn. Somme trur ikkje at Jesus har *noko* å gjeva, – andre at han bare gjev moral-forskrifter og bod og forbod og krav. Dei trur at personleg kristendom er noko livsframande, lukkedrepande og gledetynande, noko som høver for helgener, sjuke, gamle og døyande.

Eg møtte eingong ein kamerat frå skuleåra. I samtalen seier han: ”Eg har høyr at mange seier det er så bra å vera ein kristen og at dei har det så godt, og då har eg hatt hug til å spørja om det verkeleg er så godt som dei seier. Har du det verkeleg så bra inst inne?

Eg var glad ved å kunna svara: ”Ja, det kan du vera viss på. Eg har fred og gleder og von”.

Å, om *alle* fekk kjenna Guds gåva, – om alle i *Noreg* kjende Guds gåva, visste at det inste i kristendomen ikkje er krav, men *kraft* – at det er det klåre, friske *livsvatnet* Kristus gjev, det som sløkkjer den store livstørsten, fyller det svære tomromet, stiller uro, angst og lengsel, legg ei syngjande glede og ein forunderleg fred i djupet av vår sjel, –fred med Gud fordi me for Kristi skuld er tilgjevne og for hans skuld har Guds smil over livet.

Og Jesus legg til: ”Den som drikk av det vatnet eg vil gjeva han, *vert aldri tyrst meir*; for det vatnet eg gjev han, *vert i han til ei kjelda med vatn som vell opp til æveleg liv*”. (V. 14). Å ha livskjelda inni seg, er det ’kje fagert? Er det ’kje stort?

\*

Kan du tenkja deg noko betre enn kaldt, klårt kjeldvatn, når du for ålvor er tyrst? Ja, for det er bare dei *tyrste* som har interesse av vatn, og mest dei som er til døden tyrste, tyrste etter syndeforlating og fred, tyrste etter samfunn med Gud. For dei *vert* det spørsmålet over alle spørsmål: *Korleis skal eg få tak i livsvatnet?*

Dersom du ein varm junidag går på ein støvete landeveg og kjem inn på ein gard for å få tak i noko drikke, så spør du aldri om å få *kjøpa* eit glas vatn. Det ville mest vera for å fornerma folket på garden. Og slik er det med Gud også. Difor står det på Bibelens siste blad: ”Den som er tyrst, han kome, og den som vil, han take livsens vatn *for inkje!*”

Høyrer du det, du som er tyrst fordi bare Gud kan stilla sjela sin store lengsel: Du skal få ta livsvatnet *for inkje!* Det er *gratis*, det.

Eller som Jesus seier: Livsvatnet er Guds gåva. Og ei gåva skal me ikkje betala for. Det har Jesus



gjort. Difor seier han: ”Dersom du kjende Guds gåva, så *bad* du han, og han skulle *gjeva* –”.

Så enkelt er det. Så forunderleg fint og godt har Gud laga det. Så bed då om livsvatnet, du som tyrstar! Seg til Gud: ”Kjære Gud, gjev meg livsens vatn for Jesu skuld! Så gjev han deg det. For det er Guds gåva.

Kanskje du kjenner deg *uverdig* til å ta imot livsens vatn. Eg vonar at du gjer det. Men den djupt falne kvinna ved Sykars brønn, var ikkje også ho *uverdig*? Likevel fekk ho livsvatnet. For det er Guds gåva til fortapte, til syndarar.

Så drikk frimodig, min ven! Drikk medan vegen til livskjelda er open.

I ei reiseskildring frå Amerika såg eg eit bilete som gjorde sterkt inntrykk på meg. Biletet var teke der den endelause øydemarka tek til. På ein stor plakat stod det med kjempebokstavar: ”Last chance – *siste sjanse*.” Under stod at her var det siste staden dei kunne få vatn før den store øydemarka byrja. Må me då nytta Guds siste store sjanse til å drikka av livsvatnet, så me ikkje lik den rike mannen skal vakna i den store tørst.

Og me som har drukke før, la oss drikka kvar dag av livsens kjelda! Ho strøymer ut frå Gud og Lammet si trona og vert aldri tom.

”Når så din strid er endt  
og du har kjempet ut,  
skal du få drikke livets vann  
i paradiset hos Gud.” –

## *Den nye dag og det nye liv*

”*Natta lid, og det stundar mot dag. Så lat oss leggja av dei gjerningane som høyrer mørket til; og ha på oss våpna åt lyset! Lat oss fara sømeleg fram, som om dagen, ikkje i svir og drykk, ikkje i lauslivnad og sedløysa, ikkje i kiv og ovund, men kled dykk i Herren Jesus Kristus, og ha ikkje slik omsut for kjøtet at det kveikjest lyster!*” (Rom 13,12–14)

Natt kallar apostelen tida me lever i, tida før Kristus kjem att og gjer alle ting nye.

Mange vil vel kalla dette for *svartsyn*; men skal tru om det ikkje er realistisk og nøkternt og sant? Ufreden i verda, striden mellom nasjonar, stender og ideologiar, borgarkrigane, den diplomatiske tau-trekninga, liding og synd og sorg og naud, –er ikkje dette, og mykje meir, skuggar som vitnar om at det er natt?

Du som lever og andar i trua på Jesus Kristus, du er komen ut i Guds solskin. Du har kjent noko av den useielege gleda over å vera komen inn i Guds rike sin dag.

Men også du kjenner natt-skuggane. Verda si naud er meir eller mindre *di* naud. Og stundom kjenner du skuggane i ditt eige hjarta, – tvilen og mismodet og vonløysa sine skuggar.

”Dagleg strid all vår tid  
har oss i sitt vald.  
Angest brenn i hjarto våre,  
og i augo skjelv ei tåre.  
Verdi er so kald.”

Men Gud vere lov: *Natta lid*, – smått og umerkande, – men ho lid. Og i æva sitt lys er ho så stutt, så stutt.

”Det er en liten tid,  
så har jeg vunnet.”

Gud vere lov at natta ikkje er evig! *Det stundar mot dag!* – ein endelaus, lys dag på den nye jord, ein dag i Guds nærleik, utan noko vondt, ein dag fylt av det evige livet.

Og difor må me som høyrer lyset til, høyrer Guds rike til, kvitta oss med mørket sine gjerningar, og ha lyset sine våpen på oss, og lyset sine klær.

M.a.o. – la oss vera med i lyset sin strid mot mørket, med lyset sine våpen, med kjærleik og sanning, og rettferd, – og vandra slik, leva slik som det sømer seg for lyset sine born, – ikkje i svir og drykk, ikkje i lauslivnad og sedløysa! *Det* er klær som ikkje sømer seg for lyset sine born. Nei, seier apostelen: *Kled dykk i Herren Jesus Kristus!* Vert meir og meir lik han!

Det store som hender kvart menneske som omvender seg og trur, er at han vert kledd i Kristus, vert kledd i hans frelsa og fortenesta, men også hans liv, hans heilage huglag. Det vert lagt eit livsfrø som skal veksa, eit barn som skal nå mogen manndom. Det vert tent eit lys derinne, som skal skina klårare og klårare, i strid mot mørket.

Difor er dette eit ord til kvar kristen, kvar dag: ”Ikled deg den Herre Jesus Kristus!” – ”Treng alltid djupare inn i livssamfunnet med Kristus, for at hans heilage reinleik i alltid stigande mål kan spegla seg av i ditt liv!” (Odland).

\*

Me treng å høyra dette ordet, i dag, nettopp fordi det er så mykje mørke i verda, eit mørke som også vil ta makta over oss. Må tanken på den evige dagen som snart demrar, lokka oss til heilag strid og heilag ferd!

”Mot verdens aften  
bør bruden prydes best.”

Mange vil minnst at det var dette ordet som vekte den unge, gudlause Augustin opp or syndesvevnen. Han høyrde ei barnerøyst som song dei orda igjen og igjen: *”Ta og les!”* Så opna han boka, og desse orda frå Romarbrevet greip han, gav han ein ny kurs og gjorde han til ei velsigning for verda. Må det henda med ein og annan som høyrer denne andakta i dag!

### *Når kongen let si åsyn lysa*

*”Når kongen let si åsyn lysa, er det liv, og hans godhug er som ei sky med vår-regn.”* (Ordt 16,15)

Dette var mykje stort og godt på ein gong, ei heil rad med ekte, evige perler.

Då må livet vera verdt å leva. Da må det vera rikt og godt å leva. For då eig me i sanning ”dei ekte livsverdier”.

Det er bare når kongen – Gud – let si åsyn lysa over oss, at det vert liv, – nett som blomane tek til å titta fram når vårsola varmar.

Og innimellom kjem svalande vår-regn over hjar-tejorda.

Den som har opplevd dette livsens sæle under, han syng:

Hjartans Jesus, i din nåde  
er så godt å gøyma seg.  
Livet elles vert ein våde;  
ingen ting då huggar meg.”

Og han er sann når han syng vidare:

”Utan deg eg kan ’kje trivast,  
utan deg eg er ’kje sæl.”

\*

Har du våga deg inn i lyset frå Guds åsyn, i lyset frå hans ord? Då fell lyset – skirare enn sola –inn over ei urein verd. ”Så lenge me ferdast i tussmørket, freistar me å vøla dei verste skadene. Men inne i Guds lys oppdagar me at det er hjarta som skal omskapast, og det maktar me ikkje. Me kan freista å flykta, men me kan aldri gløyma det, dersom me har vore inne i Guds underfulle lys. Me er merkte for livstid”.

Då kan det henda du må klaga, med profeten: ”Usæl er eg! No er det ute med meg! For eg er ein mann med ureine lipper, – og augo mine har sett kongen, Herren, allhers Gud”.

Då ser du inn i Guds heilage åsyn. Då skjønar du at Guds vreide og dom ikkje er forelda og avleggs omgrep.

Då vert hovud- og hjartespørsmålet ditt det same som hos profeten Esaias, reformatoren Luther og tallause andre: Korleis skal eg få ein nådig Gud?

Og Bibelens svar er fulltonande og sterkt: Sjå bort frå deg sjølv! Sjå inn i Jesu åsyn! Der lyser Guds nåde og kjærleik imot deg i grenselaus fullnad. Der – og bare der – møter du, ikkje Guds vreide og dom, men hans hugnad, hans ”velbehag”, eller – om me kan bruka uttrykket – Guds smil.

Har *du* sett inn i Jesu åsyn, slik du møter det i evangeliet? Då kan du syngja:

”I Jesu milde augo  
eg les med fryd mitt fridomsbrev.  
Det lyser mot meg: Sjå og lev!  
frå Jesu milde augo.”

I dette Guds underfulle lys vert dei djupaste sår lækte. Der hender det underet at *livet* – det nye livet, Kristus-livet – bryt fram i hjarta. Då lyser det slike blommar som kjærleik, gleda, fred, langmod, truskap, tålmod.

Og ikkje tarv me ottast for at dette nye livet skal visna og døy. For kongens godhug er som ei sky med vår-regn. Det er det livs-under som heiter den daglege oppnying.

Skal me ikkje vandra i dette lyset i dag, – det som har lækjedom i sine strålar? I dette lyset er det rom også for deg, kven du så er, og korleis du så har det. Me seier at verda er kald, og klagar over at ho er mørk. Dess meir er det om å gjera at me varmar oss i Guds åsyns lys, så ikkje hjarte-jorda frys til is i verdsens vintervindar.

Og klagar du over åndeleg tørke i hjarte-åkeren, så hugs at Guds hugnad i Jesus er som ei sky med vår-regn. – Så kan det verta røyndom for oss alle, også i dag, at

”ser jeg i Jesu åsyn inn,  
er det sollys i mitt sinn.”

### *Fra herlegdom til herlegdom*

*”Men hugen deira vart forherda, for alt til denne dag ligg det same sveipet når dei les den gamle pakta, og det vert ikkje openberra at ho vert avlyst i Kristus. Ja, til denne dag ligg det eit sveip over hjarta deira når Moses vert lesen, men når dei vender om til Herren, då vert sveipet bortteke. Men Herren er Anden, og der Herrens Ande er, der er fridom. Men me som med usveipet åsyn skodar Herrens herlegdom som i ein spegel, me vert alle omlaga til det same bilete frå herlegdom til her-*

*legdom, liksom av Herrens Ande.*” – (2. Kor 3, 14–18)

Det som først slo meg då eg las dette ordet, var den veldige skilnad mellom det fyrste og siste verset. – Det ligg eit uendeleg sorgmod over dei første orda i denne teksta. Apostelen talar her om nokre som er forherda. Men i slutningsverset lyder det ein jublande tone. Der talar han om nokre som går frå herlegdom til herlegdom.

Eg tykkjer det er så useieleg vemodig at det finst menneske med ei sjel skapt i Guds likning, som det ordet passar på at dei er *forherda*. Og me må vera klår over at apostelen ikkje bare tenkjer på slike som me tenkjer på når me brukar ordet forherda. Me tenkjer på slike gudlause hardhausar som har synda så lenge og stått Gud imot så intenst at den siste gneist av gudslengsel er sløkt og den siste von om berging borte.

Nei, apostelen tenkjer på jødefolket, i det store og heile, som ikkje tok imot Kristus. Og me skal leggja merke til at Israel var svært religiøst. Paulus seier at dei hadde ”nidkjærhet for Gud”. Likevel var dei forherda. Det var noko vesentleg som vanta dei: dei *såg ikkje*. Det låg eit *dekke* over augo deira så dei ikkje såg Jesu herlegdom.

Var ikkje *Nikodemus* ein fin, moralsk og religiøs type?

Likevel kjende han at det var noko han ikkje hadde. Og Jesus fortalde han kva det var. Det var det same som Paulus her talar om: Han *såg ikkje Guds rike*, sa Jesus. Han var *blind*. Difor måtte han fødest på nytt, få eit nytt hjarta, eit nytt syn.

Å vedgå dette, er det tyngste me stolte menneske gjer. Det har til alle tider vore ei forarging for jødar og ein dårskap for grekarar – og nordmenn. Eg treng ’kje gå lenger enn til meg sjølv. Og du treng

kanskje heller ikkje gå over bekken etter vatn når det gjeld dette. Nakken er så stiv, hjarta vårt så stolt, så hardt.

Men Jesus seier: ”Sæle er dei som ikkje styggjest ved meg”! Sæle er dei som vedgår dette og går til den store sjelelækjaren!

For det er ein veg til å få eit nytt hjarta og få dekket bort så me *ser*: ”Når dei vender om til Herren, då vert sveipet bortteke”, las me. Legg merke til at det står: Sveipet – dekket – vert *bortteke*. Det er, Gud skje lov, ikkje me som skal ta det bort. Det kan me ikkje. Det me skal, er å ”*venda om til Herren*”, til Jesus. Skal me verta frelste, må det ei *heilomvending* til. Du må venda deg heilt om frå alt som bind og alt som hindrar og ”venda deg til Herren”, gå til han, tala ut med han, gjeva deg til han med heile di fortid, di synd og di skam. Då tek han imot deg som du er og frelser deg av nåde, av bare nåde, ikkje for di skuld, men åleine for si skuld. – Forlating for dine synder, fred og evig liv får du som ei gåva, fritt og ufortent. ”Den som er tyrst, han kome, og den som vil, han take livsens vatn for *inkje*”! står det på Bibelens siste blad.

”Gå til Jesus kvar og ein!

Ved hans kors er rom.

Seg han synd og sorg og mein!

Ved hans kors er rom.

Redde sjel, jag bort din tvil!

Or di naud han hjelpa vil.

Vil du honom høyra til,

ved hans kors er rom.”

Når me talar om dette, kan eg ikkje anna enn minna om eit ord av Gud: ”I dag, om du høyrer hans røyst, så *forherda ikkje hjarta ditt*”! – Ikkje i morgon, ikkje når du vert ung, ikkje når du vert gamal, ikkje



den som er fødd av Gud og har fått det hjartetlaget som er i Jesus Kristus.

\*

Når me så skal freista å praktisera desse fire punkt i kjærleikens livs-program, vil det kanskje falla lettast å ta dei i omvend rekkefylgje, og ta til med det siste:

*Be* for den som forfylgjer deg! Han – eller ho er i grunnen ein ulykkeleg stakkar som treng hjelp, som treng å koma inn i kjærleikens livssamfunn med Kristus. Og tenk om du kunne *gjera vel* mot han! Han er i grunnen ein fattig skapning som treng litt av din kjærleiks rikdom. Og då sankar du gloande kol på hovudet hans. Det vert heitt for han, og slett ikkje lett å halda fram med å vera vond mot deg.

Du tenkjer på kor rikt Gud har velsigna deg som sjølv var så fattig. Då vert det lettare å *velsigna* den som er så bunden av satanisk ånd at han forbannar deg.

På denne måten syner du i praksis at du *elskar* fienden din.

Eg har møtt menneske som har vore så fylte av Kristi kjærleik at dei har vore venlege, varme og kjærlege mot dei som har vore stygge og gjort mykje vondt mot dei. Det er noko av det aller vakraste eg har sett på jorda. Det er kjærleikens fagre blom, den som bare blømer i nådens jord.

Det er denne kjærleik som verda er så fattig på i dag. Men opnar du ditt hjarta for Jesus, og lever du dag etter dag i nådens solskinn og Åndens tukt, så skal Herren styra ditt hjarta til å elska Gud, og elska alt det som er skapt av han.

Då skal kjærleiken triumferar i livet ditt, over alle mørke makter, og vinna sigrar for Guds evige rike.

Gjev det må lukkast for deg, og for meg, som i

grunnen har så kort ei stund til å demonstrera Kristi kjærleik i ei kald verd!

Må det lukkast for deg kvar ein dyr dag, som kjem til deg med gåva og oppgåva, med heilag kall og himmelsk kraft frå den levande Herre Jesus Kristus! Han vere æra i all æva!

### *Kjærleikens alternativ*

*”De har høyrte det er sagt: Auga for auga, og tonn for tonn! Men eg seier dykk at de ikkje skal setja dykk imot den som er vond med dykk. Om han slær deg på den høgre kinni, så snu den vinstre òg til han.”* (Matt 5,38–39)

Dette er eit vanskeleg ord. Ikkje så vanskeleg å skjønna. Ikkje så vanskeleg å gjeva det til andre. Men spørsmålet kjem: Korleis har du praktisert det sjølv, du som skal påminna dei andre? – Det var ikkje bare i farne og fjerne tider at det vart sagt: Auga for auga, og tonn for tonn! – Denne lova er spel levande som aldri før. Kor tidt høyrer me ikkje om ”represaliar” og ”gjengjelds-aksjonar”! Har ein fenge eit slag, så slær ein igjen fort, nådelaust og hardt.

Og slik er det ikkje bare mellom nasjonane, der denne lova atter ein gong kan setja verda i brann. Er det ikkje slik også mann og mann imellom, og kvinna og kvinna imellom?

”Han har sagt meg sanninga, – han skal få det att! Ho har slengt meg ein slede i vegen, – bare vent”!

Så kvitterer ein snøgt for dei sårande og spydige ord med ord som kanskje er endå kvassare og gif-tigare.

Og korleis er det med deg som skulle vandra i Jesu fylgje og fotefar?

”Dette må ikkje vera så, mine brør”! For denne attergjelds-lova høyrer ikkje heime i Guds rike. Får ho råda der, døyr kjærleiken. For borgarane i Jesu Kristi rike gjeld kjærleikens alternativ: Snu også den *andre kinn* til! Gå også den *andre mil*!

Det var denne kjærleikens hug som rådde i Jesus Kristus, og som skal råda i oss som trur på han og høyrer han til. Det er den åndens frukt som heiter spaklynde, ”saktmodighet”.

\*

Denne hug er ikkje noko me kan tukta oss til, eller trenna oss opp til. Det er eit huglag du får i vogggåva ved den nye fødsel. Men dette sinn må nærast og veksa ved dagleg nåde, dagleg tukt og dagleg øving.

”Øv deg i gudsfrykt”! seier Guds ord.

Gjev ikkje etter for den gamle hemntrongen og attergjeldsprinsippet! La det sinn vera i deg som og var i Kristus Jesus!

Lev og anda i hans nærleik! Henta kraft og kjærleik og tålmod i hans ord, i bønne-samværet med han, i brors-samfunnet og nattverd-stundene! Då vert du ein pryd for Jesu Kristi læra. Då vert du til signing for dei som trælær under vondskapens simple velde.

Eg gløymer aldri det som ein gamal bymisjonær, Johan Halvorsen, fortalde, han som vart kalla ”den andre mils mann”. I mange år gjekk han ærend for gamle Petrine, i Vika i Oslo. Han hogde ved, henta kol og medisinar, fylgde henne til doktoren osb. Ho kommanderte og kritiserte, og til takk for hjelpa fekk han ofte kjeft. Men bymisjonæren snudde den vinstre kinn til – dag etter dag, år etter år. Han gjekk ”den andre mil” med henne gong etter gong. Og til sist fekk han losa gamle Petrine inn i den gode hamnen.

Den Frelsar som tala desse orda for 2000 år sidan,

han kallar deg i dag inn til seg, til Kristi kjærleiks rike, evigvarande liv. Så gjev eit avgjort svar på eit himmelsk kall, no når du har høve til det!

Det er mykje truleg at ein og annan av dykk som les dette, i dag vil få eit slag på den høgre kinn. Be om hjelp til å la Kristus-hugen råda, til å velja kjærleikens alternativ!

”For til det vart de kalla, av di Kristus òg leid for dykk og lét etter for dykk eit føredøme, så de skal fylgja hans fotefar”!

### *Fager frukt*

*”Men Åndens frukt er kjærleik, gleder, fred, langmod, mildskap, godleik, truskap, spaklynde, fråhald; mot slike er ikkje lova.” (Gal 5,22–23)*

Då eg gjekk i barneskulen, tykte eg det var så sårt å lesa om at vegen til livsens tre vart stengd, og vakta av kjerubar med logande sverd.

Men det ordet me nettopp høyrde, syner oss at livstreet no igjen er planta i vår verd, og ber herlege frukter av himmelsk opphav.

Den fyrste tanken som kom til meg, då eg på nytt las dette ordet, var denne: Slik hadde verda vore – som ein paradishage – dersom Jesu Kristi ånd hadde fått råda! Då hadde alle menneske vore kjærlege, glade, fredfulle, milde, gode, trufaste.

Kvifor skal det då vera ei skam berre å nemna Jesu namn og kallast ein kristen? Og kvifor skal det vera så om å gjera å halda han utanfor i nasjonars liv og einskilde menneske sitt hjarta?

For ingen vil vel nekta for at desse frukter fanst – og bare dei – hos han som kalla seg sjølv det sanne vintreet, – og at dei finst hos dei som i sanning fylgjer i hans fotefar?

Og ingen vil vel heller nekta at det som gjer verda så vanskeleg og problem-fylt i dag, er at det finst så mange som er ukjærlege, uglade, ufreda, umilde, umåtelege, upålitelege, ureine, misunnelege, kravstore.

Men no gjeld det ditt liv og mitt liv. Veks desse ekte frukter på ditt livs-tre, på mitt?

Det store er at dette kan henda kvart menneske, også deg. Også du kan verta fylt av kjærleik, gleder, fred, von. Også du kan verta langmodig, mild, god, trygg og trufast.

Kanskje du spør det gamle spørsmålet: ”Korleis skal dette gå til? Eg maktar ikkje dette”. – Gjev det var så vel at du såg det slik! For er ikkje det grunnskaden i dag, i folkeslaga sitt liv, i menneska sitt liv, at me skal greia oss sjølve, iallfall greia det grøvste? At du ikkje maktar det, er sannare enn du trur. For alt som heiter *frukt*, kan ikkje, og skal ikkje fabrikerast og presterast. Det *veks* og mognar organisk og sjølvfylgeleg når greina er i livssamfunn med stammen, med Jesus Kristus, og berre då.

Og det er *det* Guds Ånd vil: setja deg i livssamfunn med den Herre Jesus. Då spring desse fagre frukter fram frå ditt liv, verka av Guds Ånd.

*Det* er sjølve livs-underet, frelses-underet, nådens under.

Her gjeld Jesu ord: Av dykk sjølve kan de ingen ting gjera, – ingen ting. – Men du skal få ta imot Guds useielege gåva, ta imot evangeliet, ta imot Guds Ånd, ta imot livsstraumen frå det sanne vintreet, – ta imot alt dette utan pengar og utan betaling.

Eg vil rå deg til å gjera dette, og det i denne dag. For – utan Kristus veks det ingen verkeleg god frukt på vårt livs-tre, tvert imot. Utan han er me under synda og døden si lov, under Guds vreide og dom. Men med han er me i pakt med nådens Gud og det evige livs krefter.

Og så eit ord til oss som trur at me er greiner på livsens tre: Korleis er det med Åndens frukt i vårt liv? Lever me så nær livsens kjelda at me har liv og overflod og er ein prydnad for Jesu læra? Eller er greina på veg til å visna?

Eg vil ikkje slutta med eit spørsmål, men med Jesu eige svar: Ver i meg! La orda mine verta verande i dykk! Så er eg i dykk – og så skal de bera mykje frukt.

Og så treng me å be med songaren:

”O Hellig Ånd, til deg, vår skatt,  
vi sukker dag og natt.  
Kom, gi oss samme lys og kraft  
som fedrene har hatt,  
da kristendommen stod  
som tre med sterkest rot,  
med frukt som purpur og som sne, –  
o Herre, la det skje!”

### *Den nye Herre og den nye tenesta*

*”Då dei var komne til Betfage, til Oljeberget, og ikkje hadde langt att til Jerusalem, då sende Jesus to læresveinar i veg og sa til dei: Gakk inn i den grendi som ligg beint framfor dykk! Der finn de straks ei asna som stend bunden, og ein fole attmed henne; dei skal de løysa og leia hit til meg. Og er det nokon som talar til dykk, så seg: Herren treng om dei; då sender han dei hit med ein gong.”* (Matt 21,1–3)

Det var ’kje mykje den Herre Jesus Kristus bad om til sitt kongeinntog, – eit asen og folen hennar. Han hadde bruk for dei. Og det er guddomleg å greia seg med lite, heiter det.



I dag vil me bruka dette ordet som eit personleg ord til oss: Herren har bruk for *deg*.

Og han har *rett* til å få bruka deg. For han er *Herren*.

Han hadde ikkje mykje konge-prakt då han reid inn i byen på asenfolen og då han hang døyande på ein kross. Men også då var han Herren, og for den frelste menneske-slekt er vel Kristus aldri så fager som då. Då vann han den største konge-siger.

Og i dag er han herlegdomens Herre. Det er så gildt på nytt å verta mint om dette. Det er ikkje dei mektige herskarane som verda skjelv for, men Jesus Kristus som er Herre, ved Majesteten si høgre hand i det høge, med all makt i himmel og på jord. ”I den trua kviler trygt mi sjel”.

Han er også *din* Herre. For han har *skapt* deg, ikkje i biletet av eit dyr, – som somme lærer i dag. – men i Guds *bilete*. Og då han reid inn i Jerusalem, var det for å lida og døy for å atterløysa deg til Gud. –

Har han så ikkje rett til deg, rett til din kjærleik og di tenesta? Og tenk så stort: denne herlegdomens Herre har bruk for deg! Han har bruk for deg som er *gamal* og kanskje har stått ledig på torget medan livsdagen leid. Han vil bruka dei siste dyre dagane dine, så du vert ei velsigning.

Han har bruk for deg som er i dei beste mannsdomsåra. Han har bruk for deg, ”du vonfulle jenta og livsfriske gut”. Ja, også deg, veslegut og veslemøy, vil Jesus bruka.

Kanskje du synest at du er så *lite verd*. Han har bruk for deg like vel, han som brukte ein liten fole til det store konge-inntoget. Ja, Herren kan ikkje bruka andre enn dei som sannar at dei *ingen ting er*: Det er dei audmjuke som han gjev nåde, dei fattige som han gjer rike, dei veike som han gjer sterke. Dei som ingenting er i sin eigen dom, dei

frelser han av nåde inn i sitt rike. Og så set han dei til tenesta.

Og no seier han at han har bruk for deg, *nettopp deg*. Du skal bera Jesus Kristus inn i andre menneske sitt liv, i heimen din, i bygda di, – og du og eg skal bera bodskapen om Kongen og Frelsaren ut til millionane som ventar i mørket og aldri har høyrte om herlegdomens Herre.

Så har han bruk for deg til å spreia solskinn i heimen, vera fredsam der striden brenn, og til å vera med i forbøna si store tenesta. Kanskje har Herren bruk for deg i dag til å gå innom ein einsleg, ein gamal, ein sjuk, ein hjelpelaus. Her er tusen oppgåver, praktiske kvardags-oppgåver, som Herren vil bruka deg til.

Kanskje dette ordet når ein eller annan som er sjølv-oppteken, og difor ulukkeleg. Deg vil eg minna om eit gamalt ord:

”Da jeg ville lykken eie,  
flyktet den fra mine veie.  
Da jeg ville lykken bringe,  
dalte den på engle-vinge.”

Ein svensk redaktør skreiv at ein radio-predikant må vera klår over at han kvar gong talar til fleire menneske som han aldri når meir med sine ord. Og dykk som eg aldri kjem til å nå meir, vil eg i dag gjeva denne helsinga frå Jesus: ”*Herren har bruk for deg*”!

Og du skal ikkje tapa på at du vert brukt av han. Den mannen som vart beden om å låna asenfolen til Jesus, fekk denne helsing frå Meisteren: ”Herren sender han straks attende.” Den som vert brukt av Herren, vert helga av Herren. Han mister ikkje seg sjølv, men vinn seg sjølv. Han arvar det evige livet.

”Hvor er jeg sæl  
som kan med liv og med sjel  
tjene så nådig en Herre!”

### *Ivrig til gode gjerningar*

*”Han som gav seg sjølv for oss, så han kunne løysa oss ut frå all urettferd og reinsa seg eit egedomsfolk som er ihuga til gode gjerningar.” (Tit 2,14)*

Ikkje lenge før apostelen Paulus vart halshogd – til takk for at han i årelangt arbeid, liding og sakn gav vesterlanda evangeliet – skreiv han desse orda om Jesus Kristus: ”Han som gav seg sjølv for oss”. Desse orda glir så lett over tunga, men dei gøymer den djupaste fornedring og det aller tyngste offer. Det minner oss om Getsemane sin gråt og Golgatas gru. – Var det for mykje om du, og eg, kvar dag kom i hug kva vår utløyising har kosta, og sa vår store bergingsmann hjartans takk for di han elska oss og fridde oss frå syndene våre med sitt blod?

Men var offervegen tung og tornestrødd, så førde han til fager frukt for oss. No kan han – Jesus – løysa kvar og ein ut frå all urettferd ved ufortent å tilgjeva all synd, og ettergjeva all skuld, om ho så er på ti tusen talentar.

Og ved dei helgande krefter som går ut frå han, reinsar han seg eit folk som skal vera hans i tid og i all æva.

Du som trur på den Herre Jesus Kristus, som tek di tilflukt til han og har lagt di frelsesak i hans hender, du er stund for stund, dag for dag under innverknad av denne helgande og reinsande straum. Og du er Guds dyre egedom, som han elsker, vernar og velsignar, og som han ein gong skal stilla lytelaus fram for si åsyn i fryd.

Ein vakker ting vert her sagt om Jesu egedomsfolk: Dei er ihuga – ivrige – til gode gjerningar. – Dette er ein tone som kling sterkt og lenge i Paulus sin svanesong.

Kvifor?

For det første fordi han med sorg såg at her var det mange Kristus-truande som svikta. For det andre av di han var klår over det veldige verd det har for Guds rike og menneskeslekta si frelsa at dei som høyrer Kristus til, ikkje er likesæle og late, sløve og slarvne, men fylte av fager frukt, tenarsinn og offergleda.

Hovud-sanninga i evangeliet må alltid stå klår for oss: Ikkje frelste av gjerningar, men til gode gjerningar. – Me er salige på grunn av Jesu gjerning for oss, heilt ufortent. Det er grunnen me skal få leggja oss til kvila på. For ”han fullgjorde vad vi borde, och blev vår rettfärdighet”.

Når me får rekna med dette, dag for dag, vil me i fri og glad lydnad gjera noko for Frelsaren, vera noko for andre. Denne glade iveren vil syna seg i heimen mellom dei kjære, i samvær med andre menneske og i samfunnet av dei heilage.

\*

Nyleg fekk ei misjonskvinna heimlov. I eit minneord om henne stod det: ”I henne merket en fort dette forunderlige tjenersinnet som bare Jesus kan skape i en menneskesjel”. Eit vakkert ettermæle! Det gror etter slike kristne.

Kanskje iveren har kolna – eller slokna – hos ein eller annan av dykk, slokna for di du har teke imot så mykje nåde til fånytted, og kanskje gjeve opp din første kjærleik? Så er du ivrig når det gjeld dei jordiske ting, og meir likesæl når det gjeld Guds rike.

Du – er det sant at ”vår tid, den knapper av”, er

det sant at åndsstriden kvesser seg til, er det sant – som det vert sagt – at me står framføre ei stor, og kanskje den siste, misjonstid, kor treng me ikkje då å eiga den glade iver!

Som alt anna må han fornyast, og vinnast attende når han er tapt. Det skjer ikkje ved sterke appellar eller ved å ta seg saman. Det skjer ved på nytt å møta Han ved nåde truna som atter og atter tilgjev, fritt og fullt, for si eiga skuld, – for di han elsker deg med evig kjærleik.

## *Tenar og hushaldar*

*”Så skal de då halda oss for Kristi tenarar, og hushaldarar over Guds løyndomar! – Elles vert det kravt av hushaldarar at dei må verta funne true.”* (1. Kor 4,1–2)

”Ein kristen er ein fri herre over alle ting og ikkje tenar for nokon. Ein kristen er bunden og lydig i alle ting og kvar manns tenar”. – Slik tolkar den store reformatoren dei to sidene ved eit kristenmenneske.

Ja, ein kristen er eit fritt Guds barn, i djupaste meining ein fri mann og kvinne. Men han er også tenar, Kristi tenar og tenar for alle. I dette tilværet er han ikkje herre og sjølveigar, men Guds hushaldar, eller – som me no helst seier – forvaltar.

Det er visst rett å seia at denne tanken – at me er Guds hushaldarar – har fått ein heller liten plass i hjarta og hug hjå oss kristne i dag. Difor er det godt og gagnleg å verta minte om denne sanninga.

Gud har gjeve deg ein eigedom, ein kapital som du skal stella med, forvalta og auka ved di tenesta, – og eingong gjera rekneskap for, på Guds store rekneskapsdag. ”Me skal alle verta openberra for

Kristi domsstol, så kvar kan få att det som er verka ved lekamen, etter det han har gjort, anten godt eller vondt”. (2. Kor. 5, 10).

Då apostelen Peter skreiv til dei kristne i Litle-Asia, kalla han dei gode hushaldarar over Guds mangfaldige nåde. Kvar kristen – også du – har fått din lut av Guds mange nådegåver. Ikkje alle er like strålande å sjå på, – det er såleis noko som heiter nådegåva til å tena og til å hjelpa, og det står ikkje så høgt i kurs. Kanskje du har fått *desse* nådegåvene? Takka Gud for dei, og bruk dei! Eingong skal også du, saman med apostlar og profetar og lærarar i Guds rike, gjera rekneskap for hushaldet ditt. Og Gud ventar truskap av deg.

Har dette vorte ei levande sanning for deg?

Du har fått eit kostbart klenodium – *livet*. Lever du det til æra for Gud, i tenesta for din Frelsar og til signing for andre? Du har fått ein fager skatt – *evangeliet* om Jesus. Har du teke imot det, og deler du det med andre, også med dei som ingen ting har høyrte om det evige livs von? Korleis er det med vitnetenesta di, i liv og ord?

Du har fått ein straum av gull og perler – *tida*. Nyttar du henne med ansvar for Gud? – Og *fritida* di – er det du som er herre over henne, eller er det Kristus? Dreg du deg unna tenester i Guds rike fordi du vil nytta all fritid på deg sjølv, til eigen hugnad?

Eller *eigedomen* vår? Me er vel ikkje mellom dei som aldri får ofra nok på oss sjølve og gløymer at me er Guds hushaldarar? Så kjem Herrens sak langt ute i rekkja. Det er så mykje ein skal ha av den moderne tids goder, og så vert det titt så lite att til han som er Herren og som sette oss til hushaldarar over sin eigedom. Eg er vorten min eigen herre istadenfor Kristi tenar, sjølveigar istadenfor Guds forvaltar.

No, dette var nærgående spørsmål, men kanskje dei er naudsynlege. Og så får du kan henda bruk for å tala ut med din Herre og Meister, han som er trufast om me er trulause.

Då får du på nytt sjå inn i evangeliet sin fridom. Og du får ny trong til å vera ein trugen hushaldar. Kanskje du får hug til å likna den fattige enkja som Jesus fortel om, som alt i alt åtte to skjervar – ein øre, og gav det alt til Gud. Den vesle, store gáva har no bore frukt i tusen og atter tusen foll.

Også i dag finst det slike. Eg møtte for ikkje lenge sidan – i eit anna land – to eldre truande menneske, ei kvinna og ein mann. Om begge vart det sagt at dei levde berre for dette eine: å tena Herren ved å tena andre. Og eg fekk sjå at det var sant. Slike menneske strøymer det ein fin ange ifrå.

Gud hjelpe også oss til dette! – og til på den store dagen å høyra det største som kan tenkjast i tid og æva: ”Vel, du gode og trugne tenar! Du har vore tru i det som var lite; eg vil setja deg over mykje. Gå inn til din Herres glede!”

## *Trassige born*

*”Usæle dei trassige born, seier Herren, dei som fullfører råd som ikkje er frå meg, og gjer avtale utan min Ånd, så dei legg synd til synd. – For det er eit trassig folk, ljugar-born, born som ikkje vil høyra Herrens lov. – For så sa Herren, Israels Gud, Israels heilage: Dersom de vender om og held dykk stille, skal de verta frelste. I stilla og i tillit skal dykkar styrke vera. Men de ville ikkje.” (Es 30,1.9.15)*

Trassige born – slike som trampar i golvet og skrik og ropar *nei!* – det er ikkje noko lysteleg syn. Og er det vondt for dei som skal stella med eit slikt barn,

så er det verre for barnet sjølv. Ein kjem ikkje langt i livet med å vera trassig, stridig, uvillig og tverr. – ”Usæle dei trassige born”! – Difor vil eg gjerne seia til dykk, kjære born, som høyrer andakta i dag: Be Gud om å få vera villig og lydig og snill, ein liten solstråle i heimen, som glad seier *ja!* til far og mor og sysken.

Men i ordet me las saman, er det tenkt på menneske som er trassige, gjenstridige mot *Gud*. Det er noko som er endå meir alvorleg, – å setja sin eigen menneskevilje opp mot Guds gode og heilage vilje.

Det er vår arv frå fallet sin dag: Ein trassig vilje når det gjeld Gud, motvilje mot Gud, uvilje og likesæla mot han.

”Dei vil ikkje koma nær til meg”, klagar Gud i Salme 32.

”Heile dagen rette eg ut mine hender til eit trassig folk” (Es 65,2).

”Han kom til sitt eige, og hans eigne tok ikkje imot han”, så står det om Jesus.

”Kor ofte ville eg ikkje samla dykk – men de ville ikkje”, klagar han ved slutten av sitt liv på jorda.

Me sa det er verst for barnet sjølv å vera trassig. Og er nokon i tvil om at det er den djupaste ulukka for den einskilde, for eit land, ja, for vår arme jord, at menneska er gjenstridige mot den Gud som er openberra i Jesus Kristus?

Trur nokon at det hadde vore så svære tilhøve i vår verd i dag dersom kvar og ein hadde høyrte Herrens ord og vore Guds lydige og sæle born?

”Det er di ulukke, Israel, at du er imot meg, din hjelper”.

Får eg no lov å gå rett på saka og spørja om du, min tilhøyrar, er som eit trassig barn mot Gud? Har Gud fått brote din motstand og fått nyskapt din vilje

og gjenfødt ditt hjarta, så du elsker Gud, må vera nær Gud og lever i eit tillitsfullt barneforhold til han? M.a.o. er du frelst inn i Guds rike og i Jesu samfunn?

Ingen sak er så viktig som denne. Ikkje noko spørsmål er så alvorleg som dette. Det er sjølv evighets-spørsmålet, spørsmålet om fortaping og frølse.

Det var difor Jesus Kristus kom – for å frelsa oss inn i barneforholdet – inn i det lukkelege, tillitsfulle barneforholdet til Gud, der me ikkje som fortapte søner lever i det fremande landet på avstand frå Gud, men er komne heim til *faderhuset*.

\*

Gud har eitt mål med kvar og ein: å bryta vår stolte, sjølvrådige vilje. Det er eit svært arbeid. Og det er tungt for eit stolt menneske å gjeva opp motstanden mot Gud, audmykja seg under hans veldige hand, vedgå si synd og la seg frelsa av nåde for Jesu skuld og verta ein kristen. Heile vår natur spenner imot. Men det er nødvendig, absolutt nødvendig, dersom du skal verta frelst og salig.

Og eg vil gjerne ha sagt: Det er *godt* å få gjeva sin trassige vilje til Gud. Ein får det ikkje godt før. Den verdskjende forkynnaren *D. L. Moody* fortel om ein liten systerson som heitte Samuel. Ein dag hadde han vore uskikkeleg mot mor, og far sa at han skulle be mor om tilgjeving. Men nei takk, det ville han ikkje. – ”Ja, Samuel, så må du kle av deg og leggja deg”! – Det var det verste Samuel visste, men han ville ikkje bøya seg, og så bar det til køys. Då far kom heim, låg vesleguten framleis i senga. ”Kvifor vil du ikkje be mor om tilgjeving, Samuel”?” ”Eg vil ikkje! – ”Men du må gjera det”. – ”Eg kan ikkje”, var svaret.

Neste morgon gjekk det like eins. Samuel var

trassig, og så laut han liggja. Då far kom heim til middag, fortalde mor at guten ikkje ville bøya seg. Faren gjekk opp til han. ”Nå, Samuel, vil du ikkje be mor om tilgjeving? – Han tala lenge med han, men svaret var det same: ”Eg kan ikkje”.

Far vart reint sjuk av at vesleguten hans var så stri. Han kunne ikkje eta noko og gjekk til arbeidet sitt, – medan han og mor bad til Gud for vesleguten.

Ut på ettermiddagen ropa Samuel på mor. ”Mor, mor”, ropa han, ”kan du tilgjeva meg”? – Og han slo dei små armane om halsen på mor og grét.

Då far kom heim om kvelden, møtte han vesleguten. Han sprang imot far strålende glad. ”No har eg sagt det, far”! ropa han.

\*

Du som ikkje har hatt ditt oppgjer med Gud enno, gjer som vesle Samuel. Du vert glad, og det vert glede i himmelen.

Då kjem du inn i den herlege stilling som profeten nemner til slutt: I stilla og i tillit skal dykkar styrke vera. – Å få vera still, tillitsfull og sterk, også i desse tider, er ’kje det vidunderleg stort? Å ha fred midt i ufredens tider, å ha ei levande von midt i vonløysa si natt, og så kjenna at grunnen held, det går an å lita på Gud, det går an å vera frimodig fordi vår store Frelsar har vunne over verda og lever alltid for oss – kva kan samanliknast med det?

I stilla og tillit skal dykkar styrke vera! Høyr det, Guds barn! La ikkje hjarta ditt uroast, tru på Gud og tru på Jesus! I verda skal me ha trengsla, men ver frimodig! ”Hvo all sin lit til Gud har satt, han vorder ei av ham forlatt”.

Og til dette lukkelege liv har eg frimod til å innby deg, du som enno ikkje eig det. Høyr denne herlege innbyding:

”*Den som vil – han ta livsens vatn for inkje*”!

Høyr det enno ein gong: ”Den som vil – ta livsens vatn – for ingen ting –”! Så kan du verta eit frelst og salig Guds barn i dag – no – for Jesu skuld, han som er rik nok for *alle* som kallar på han.

## *På livets slagmark*

*”Brør, om òg eit menneske vert brått gripen av nokor synd, så må de som er åndelege, hjelpa han til rettes med spaklyndes ånd; men sjå deg sjølv føre at ikkje du og skal verta freista!” (Gal 6,1)*

Det som de høyrde no, fortel oss – og all røynsle stadfester – at også ein kristen kan falla, verta overlista av synda. Syndemakta er ein motstandar som ikkje er å spøka med. Guds ord talar om synda si *dåring*, om synda si *svik*, og om Satans listige kunstgrep. Så hender stundom det såre at også ein kristen fell. Og så ligg ein der, med sorga og smerta og skamma.

Kva så? –

Då eg tente mi verneplikt, ”var på moen”, som me seier, var eg sanitets-soldat. Då lærde me å *oppsøkja* dei såra. Me gjekk manngard i skogen, og når me fann ein kamerat som hadde fått til oppgåva å vera såra, så la me han på ei båra og bar han til felt-lasarettet.

Kvar kristen er kalla til å vera ein slik sanitets-soldat på livet si store slagmark.

Det er så lett – når ein stakkar ligg der – å leggja stein til børa, å steina han med kritikk. Så diskuterer me fallet hans, og let han liggja der, istadenfor å gå til han og hjelpa han til rettes, – istadenfor å gå kjærleikens veg.

Hjelp han til rettes med spaklyndes ånd! – Det vil ikkje seia å unnskylda synda og redusera alvoret.

Då kong David hadde falle, gjekk profeten Natan til han og sa: Du er mannen! – og let han forstå kor skammeleg og hjartelaust han hadde bore seg åt, mot Gud og mot menneske.

Men han sa meir. Då kongen hadde sanna si synd, sa Natan: Så har også Herren teke bort synda di; du skal ikkje døy!

Det er den beste hjelp du kan gjeva til ein som det har gått gale med, når hans syrgjer over si synd: å minna han om det store tilgjevings-ordet: ”Mine born, dette skriv eg til dykk, så de ikkje skal synda; og om nokon syndar, så har me ein talsmann hos Faderen, Jesus Kristus, den rettferdige, og han er ei soning for syndene våre”.

Eg kan minnast at far fortalde at han eingong høyrde den kjende presten Jens Otterbech tala. Han tok til omlag slik:

”Det blir stundom sagt når et menneske ligger i rennesteinen: Som en reder, så får en ligge. Men, pris skje Gud, slik taler ikke Jesus. *Han sier: Som jeg har redet, slik skal du få ligge!*”

\*

Eg skriv til fleire som har med born å gjera. Kanskje ingen treng det betre enn dei å verta hjelpne til rettes, når dei går der med eit såra samvit.

Slik var det med ei lita jente som hadde gjort noko gale. Det gjorde så vondt der inne. Så gjekk ho den nærmaste vegen, til mor. Og mor synte henne den *beste* vegen, til han som også er borna sin frelsar. Fortel det til han, og be om tilgjeving! sa ho. Og veslegjenta så gjorde. Ho kjem tilbake til mor og spør:

Mor, er det godt att no?

Ja, barnet mitt, no er det godt att.

Og så sprang ho glad ut i leiken igjen.

Det er så mange i dag som treng vår hjelp, frå

vår nærmaste krins og til misjonen sine store haustmarker. Må Gud få fylla oss med sin kjærleik, så me brukar vår dag til å hjelpa dei til rettes, med spaklyndes ånd.

Og du som kanskje ikkje har opplevd den store oppreising, til det nye liv, til den store fred og den sæle von, – eit ord til deg til slutt: Hugs at Jesus Kristus reiser opp den falne. – La han få gjera det i dag.

”Å, for en salig dag du fikk om du begynte nå, i dette øyeblikk”!

### *Sæle dei miskunnsame!*

*”Sæle dei miskunnsame! Dei skal få miskunn.”*  
(Matt 5,7)

Då den kjende danske forfattaren C. Skovgaard-Petersen for ein del år sidan gjesta dei ikkje-kristne landa i det fjerne Austen, la han merke til det svære faktum at ”barmhjertigheten var død”.

For ikkje lenge sidan gjesta ein moderne forfattar, Arthur Koestler, dei same landa. Han kom heim og fortalde det same.

Det fortel oss at miskunn – barmhjertighet – er blom og frukt på kristendomens livs-tre. Difor ser me også at det storstilte ”barmhjertighetsarbeidet” – omsorga for fattige, sjuke, born og gamle, er vakse opp i dei kristne landa. Men den store saka som vart rulla opp i året 1961, om mordet på 6 millionar jødar, – syner med forferdande klårleik at ”barmhjertigheten er død” også i vesterlanda når Kristus ikkje får vera frelsar og konge.

Elles treng me ikkje å fara korkje til det fjerne aust eller til Sentral-Europa. Kanskje du og eg får nok å svara for når me ser inn i vårt eige hjarta.

Der ”barmhjertigheten er død”, sit kong Ego på truna i eit tempel av is.

Men borgarane i Guds rike er miskunnsame, barmhjertige. Dei har sjølve fått miskunn. Ein dag fekk dei sjå at dei stod i ei botnalaus skuld til Gud. I livsens store rekneskap var det smått stell på kreditt-sida, medan debet-sida var full og summen vart ”det uendelege minus”.

Men når dei ingen ting hadde å betala med, ettergav han dei heile gjelda, etter si rike miskunn, for Kristi skuld.

Då føddest også det miskunnsame hjartelaget, som er kjærleikens dotter.

Sumaren 1960 sat eg i ei kyrkja på Island. Talaren sa mellom anna:

”Den som lever av Guds miskunn, vert sjølv miskunnsam, og dømer ikkje miskunnslaust og kjærleikslaust”.

Og nyleg høyrde eg ein gamal, gild kristen frå ein av Noregs dalar seia: ”Då eg var yngre, hadde eg lett for å fella harde domar over mine medmeneske. Men livet har lært meg å fella milde domar over mine medmenneske og harde domar over meg sjølv”.

Sæle dei miskunnsame! seier Jesus, – dei som har hjarta for andre si åndelege og timelege naud, som brenn etter å hjelpa og vera til velsigning. I ei kald verd er dei eit signande solskinn, som hindrar at alt frys til is. Dei er milde i sine domar, har ei open hand og eit godt ord. Hjartelaget deira syner seg ikkje berre i deira næraste krins, men når ut til endane av jorda, ved evangeliet om Jesus Kristus. Meir og meir lærer dei den sæle løyndomen: ikkje å leva for seg sjølv, men for Herren og dermed for andre, – og at det er sælare å gjeva enn å ta imot.

Må det aldri henda at me som kallar oss etter vår miskunnsame Frelsar, får ord på oss for å vera harde

og hjartelause! Paulus skriv så fint i Kolosserbrevet: ”Kled dykk då, som Guds utvalde, heilage og kjære, i inderleg miskunn”!

Eit av dei alvorlegaste orda i Bibelen er dette frå Jakobs brev : ”Domen skal vera miskunnslaus over dei som ikkje syner miskunn. Men miskunn rosar seg mot domen.

Og Jesus seier: ”Sæle dei miskunnsame, for dei skal finna miskunn”, på den store dagen, domens avgjerande dag.

Av alt stort kan ingen ting liknast med dette: på den dagen å få høyra av Herrens munn: ”Kom hit, de velsigna borna av Far min! Gakk inn til den evige gleda”!

”Gi meg ditt ømme frelsersinn  
for slektens sorg og harm!  
Lukk meg i dine smerter inn  
og gjør meg sterk og varm!”

## I KAMP OG KVILE

### *Nåde- og bøne-ånden*

*”Over Davids hus og over dei som bur i Jerusalem, skal eg renna ut nåde-ånden og bøne-ånden, og dei skal sjå opp til meg som dei har gjennomstunge.”*  
(Sak 12,10a)

For nokre år sidan såg eg innom ein gamal mann som eg kjende godt. Ikkje før hadde eg sett meg ved sida hans, før han sa: ”Vil du være snill og be for meg”? Det var fyrste gongen han hadde bede meg om dette, så eg vart helst forundra.

– Ja, svara eg, det vil eg gjerne, men du ber vel, du og?

– Jo, sa han, og så la han til med ein smil:

– Men det blir vel før lint, veit je.

Han er ’kje den einaste som har kjent det slik. Og på ein måte hadde han så rett. Men på same tid gav orda hans uttrykk for ei feil-vurdering som er nokså ålmen, den at det er styrken, varmen, ”inderligheten” i vår bøn det kjem an på, – og at me ved sterke, varme bønner skal gjera Gud nådig og blid.

I dette ordet hos profeten Sakarja kling det både påske- og pinseklanger, endå det er skrive meir enn 400 år før Kristus. – Og her får me høyra at det avgjerande er å ha bøne-ånden. Det er Guds Ånd som skal bera vår bøn. Difor seier også Guds ord: *”Be i Den heilage ånd”!* Og apostelen Paulus skriv at Ånden sjølv går i bøn for oss med useielege sukker. *Den bøn er ikkje ”linn”, men mektig som Ånden sjølv.*

Denne Ånden er her også kalla nåde-Ånden, fordi



han legg Guds nåde ned i våre hjarto: syndstilgjeving, fred og liv og sæla.

Eg elskar dette namnet på Guds Ånd: ”Nådens og bønnens Ånd”.

Og spør du korleis du skal få denne dyre skatt inn i *ditt* liv, så svarar Ordet her at Gud vil ausa den ut som ein signande livsens straum over hjarta ditt. Og merk vel at dette, det største og verdfullaste du kan få, er Guds frie og ufortente *gave* til deg. Difor heiter det i Skrifta: Den heilage ånds *gave*. – Alt Guds ord vitnar at det er ved tru på Kristus, ikkje ved gjerningar, at Gud gjev oss sin Heilage Ånd.

Vil ikkje også du gjerne få denne livs-straumen inn i ditt liv – ”nådens og bønnens Ånd”? – Til deg som ber på denne lengsla, fortel dette profetordet korleis det skal gå til:

”*Dei skal sjå opp til meg som dei har gjennomstunge*”. Så enkelt er det! –

Sjå på Jesus Kristus, den korsfeste, og du skal leva!

Sjå på Jesus Kristus, den korsfeste, og du skal få ”nådens og bønnens ånd”!

For – ”selv det svakeste blikk på Kristus kan gjøre sjelen sunn”.

Då vert du førd inn i ”bønnens verden”, der det å be ikkje er plikt og bør, men det evige livs naturlege andedrag og eit ufatteleg privilegium, – den forrett ved dag og ved natt å ha audiens i den himmelske heilagdomen, hos Kongen over kongane og Herren over herrane.

Me lever i ei tid då kvelds-skuggane synest å falla over den gamle jord. Kor me då treng ein ny fullnad av ”nådens og bønnens Ånd”? – Og den gamle lovnaden gjeld også i vår tid. Han gjeld i dag. Han gjeld no. Han gjeld deg. – Og me treng å minnst det apostoliske ordet: ”Enden på alle

ting er komen nær. Ver difor vislege og edrue så de kan be.

## *Høgspenning – livsfare*

”*Sidan fekk Jesus sjå han i templet og sa til han: No har du fått att helsa di. Synda no ikkje meir! Elles kunne det henda deg noko verre!*” (Joh 5,14)

Det er stort og gildt å vera *frisk*. ”Ein frisk tiggjar er lukkelegare enn ein sjuk konge”, har ein sagt. (Schopenhauer). Og du og eg som fekk vakna sunne og helsuge i dag, skulle me ikkje glade seia Gud ei hjartans takk for det?

Men det er noko som på ein måte er endå større: Å *verta* frisk igjen etter ein sjukdom. Då er det som ein tek til på livet på nytt. Tenk å få gå ut i solskinn igjen, kjenna morgon-lufta, høyra fuglekvadet, vera i lag med travle, arbeidande menneske, i kontakt med det pulserande livet!

Du kan tru det var stas og fest for den stakkaren som Jesus nettopp hadde lækt! I 38 lange år hadde han vore bunden til senga. Og no – frisk!

Ikkje underleg at han tok seg ein tur til templet og takka Gud. Det er ikkje alle som gjer det. Gjorde *du* det, då *du* vart frisk att? – Der inne i templet møter Jesus han, og så seier den store lækjaren endå eit ord til pasienten sin, – uventa og underleg, – et ord som vart gøymt til seinare ætter, fordi det er eit ord til oss alle: ”No har du fått att helsa di. Synda no ikkje meir! elles kunne det henda deg noko verre!

”Noko verre –,” sa Jesus.

Det er såleis noko som er verre enn å vera sjuk, ja, verre enn 38 års sjukdom. Kva er det? Det er konsekvensen, fylgjene av eit liv i synd, eit liv utan

Gud. Ein av våre mest vyrde bibel-tolkarar har samanfata desse fylgjene i uttrykket: *tapet av den evige salighet*. (Odland).

Eg veit at mange menneske i dag berre smiler til eit slikt svar. Både synd og Gud er for mange notids-menneske vortne uverkelege, blodfattige omgrep, dersom dei då ikkje vert bortforklara og fornekta. Ikkje minst vert synds-omgrepet relativisert og utvatna. Og når synda ikkje lenger vert majestets-brot mot Gud og hans livslover, så treng ein ikkje ta desse lover så høgtideleg. Så minkar vrydnaden for det heilage og *Den* heilage. Så minkar hemningane og sviktar demningane. Så løysest Guds ordningar, i heim og samfunnsliv, opp.

Me kan nok le åt Jesu ord om synd og dom og halda det for gamaldags og forelda. Men det kjem, før eller seinare, ein dag då denne låtten vil stilna. Jesus Kristus er den store autoriteten når det gjeld dette – som alle andre – spørsmål. Og ingen har teke det alvorlegare med synda enn han, den store menneske-kjennaren og sjele-lækjaren.

Han fortel oss at når synda er så farleg, så er det fordi ho, når ho får råda, fører til død, ja, evig død. Difor talar han om å tapa si sjel, det største av alle tap. Han talar om å ta skade på sin sjel, den største av alle skader. Og sjela, – det er *deg sjølv*, personlegdomen din.

Det er ein hard, men realistisk tale. Og ikkje sant, alt her på jorda kan ein stundom sjå menneske som eit liv i synd har gjort totalt til vrak. – Men det skal me vera merksame på at det er ikkje berre dei såkalla *grove* synder og laster som øydelegg sjel og lekam og tyner menneskeverdet. Synd er å venda Kristus ryggen i ulydnad, likesæla og stor-mod.

Og når Jesus talar alvorleg om den døylege faren, då er det klokt ikkje å forarga seg fordi det

er så strengt det ”overlækjaren” seier, men fly faren og ty inn i Guds famn.

Når det står på stolpane: ”*Høgspenning – livsfare*”! – så diskuterer me ikkje dette faktum, men held oss unna dei farlege trådane.

Eit slikt varsel er det Jesus gjev oss her, myndig, men kjærleg. Han seier det til oss, han som elskar oss så høgt at han døydde for å gjera godt att det me har synda og forbrote:

”Synda ikkje meir! Elles kunne det henda deg noko verre”! –

”Å, du Guds Lam, som tek bort verda si synd, miskunna deg over oss”!

*”Verden, akk verden,  
hvi frister du meg”?*

*”Ottast ikkje når ein mann vert rik, når hans hus kjem til stor herlegdom! For han skal ingen ting ta med seg når han dør; hans herlegdom skal ikkje fara ned etter han. Om han òg velsignar si sjel i si livstid, og dei prisar deg fordi du gjer deg gode dagar, så skal du få koma til di fedreætt, dei som ikkje ser ljuset i all æva. Eit menneske i herlegdom, som ikkje har vit, er lik dyra, som gjeng til grunne.”*  
(Salme 49, 17–21)

For oss som har gjennomleve to verdskrigar og no lever i den uro- og angestfylte etterkrigstid, skulle det vera lett å sanna det bibelordet at heile verda ligg i det vonde. Me lever i ei tid då Jesu framtids-utsagn får si oppfylling, at urettferda vert stor og kjærleiken kolnar hos mengda.

Likevel har verda alltid hatt – og har – ei sterk makt over menneska. Då Jesus vart freista i øyde-marka, var høgdepunktet av djevlesk dåring då Satan

synte han alle verdens rike og deira herlegdom. Dette dårande drag må også Jesu vener kjenna til sin døyande dag. Gripande syng salmediktaren Grundtvig om dette:

”Verden, akk verden, hvi frister du meg, selv under hårene hvite?”

Og soga syner at sjølv for ein Jesu apostel – som Judas – kan kjærleiken til verda verta så sterk at gudslivet døyr. Og sjølv den store apostelen Paulus sin nære medarbeidar – Demas – fekk den nove-rande verda kjær.

Men kan det vera noko gale i det, i å ha denne verda kjær?

Til det vil eg svara: Det er korkje syndig eller skadeleg å fryda seg over alt det vane og verdfulle i verda; for, som Guds ord seier, er ingen ting urein i seg sjølv.

Men det er det syndige og lagnadstunge at ein elsker verda og ikkje Gud, at ein trår etter dei jordiske ting, søker jordisk æra og rikdom og nyting utan først å søkja Guds rike og hans rettferd.

For mange, mange i dag er verda alt og Gud null. Men der Gud er null, der er mennesket lutfattig sjølv om det kan rulla med millionar. Som det stod i det ordet me las: Eit menneske i herlegdom – i berre jordisk herlegdom – som ikkje har vit, er lik dyra, som gjeng til grunne.

Andre freistar å tena både Gud og mammon; men som kjent kan ingen tena to herrar, og så er det i røynda den sistnemnde herren som får førsteplassen og heidersromet i hjarta.

\*

Men verda med all sin herlegdom kan ikkje gjera eit hjarta rikt og fylla sjela sitt store tomrom. For

”hjarta er skapt til deg, Gud, og det finn ikkje kvila før det kviler i deg.”

Om nokre dagar eller år kverv verda sin herlegdom for det brestande auga. Om ikkje før, vil me vedgå då at det er dårskapars dårskap å lata verda eiga hjarta vårt, vedgå at berre den er rik som er rik i Gud.

Ein vårdag sat eg i skogkanten og såg på kvit-symrene. Det greip meg å sjå korleis kvar einaste blom ikkje berre vende seg mot vårsola, men tøygde seg mot henne og drakk livslyset inn i djupe drag. Ja, dei fylgde sola frå aust til vest, – eit bilete på rein og rik lukke. Og då sola gøymde seg bak skogen, bøygde blomen seg stilt og lét krona att mot kulden og mørket.

La det vera mottoet vårt i dag:

”Jeg lukker all verden ute,  
og lukker kun Jesus inn!”

Vert han hjarta sin skatt, så kjem me i det rette tilhøvet også til verda. Er han vår sol, vår gleda, vår fred, vårt liv og vår sæla, då kan me seia med sanning: ”Når eg har deg, har eg ikkje hug til noko på jorda”. – Då eig me den evige rikdom.

## *To ugras*

*”Lever me i Ånden, så lat oss òg ferdast i Ånden. La oss ikkje hava hug til fåfengt æra, så me eggjar kvarandre og ovundar kvarandre!” (Gal 5,25–26)*

To av dei styggaste og farlegaste ugrasa i hjarta sin åker fekk me høyra om her: æresykja og ovund-sykja. Begge har fylgt menneskeslekta frå fallet sin dag, – og fylgjer deg og meg.

Dei første menneska vart lokka til å synda mot

Gud då det vart lovt dei at dei skulle verta like Gud, verta store. Og det første brodermord var ei frukt av misunning.

Når æresykja er så farleg, er det fordi det æresjuke mennesket set seg sjølv på høgsete-plassen i hjarta, den plassen Gud skulle hatt.

Me ser dette så klårt hos Jesu motstandarar. Dei såg at Jesus vart æra meir enn dei sjølve. Så misunna dei han, og til sist hata dei han. Dei var for store og stolte til å vedgå at han var større enn dei, var for små til å vedgå at dei var stakkars syndarar som trong nåde og frelsa frå han.

Difor sa Jesus til dei: ”Korleis kan de tru, de som tek imot æra av kvarandre, men ikkje søkjer den æra som kjem frå den levande Gud”?

Og – skal me vera ærlege – var det ikkje det som stengde for deg og meg, og som stengjer for så mange, mange i dag? Me tok meir omsyn til menneske-æra enn til å verta æra av den levande Gud, skaparverket sin Gud, frelsa sin Gud, den store Konge, som Jesus kallar han.

I dag kallar me bare ikkje den grådige løvetanna i hjarteåkeren for æresykja. Sjølv dei styggaste ugras har fine latinske namn. Så talar me om *prestisje*, og tek heller ein verds-krig enn eit prestisjetap.

Men også den som har audmykt seg under Guds veldiga hand, må vera på vakt mot tom æra. Dette ordet frå Galaterbrevet er skrive til kristne menneske. Og kjenner me ikkje til det: trongen til at *eg* må verta æra, at mitt namn må verta stort og vurdrt? Og hender ikkje det, men eg vert ”forbigått”, så vert eg fornærma, og ikkje bare det, – eg misunnar den som vert æra.

Og ikkje noko ugras i hjarteåkeren er vel styggare enn misunning, – å ha det vondt fordi andre har det godt, å kjenna sorg fordi andre vert glade, vert vyrde og store.

Apostelen talar om *tom* æra. Javisst er ho tom. Når nokre dagar eller år er gått og me ligg under torva, kva verd har det då om publikum applauderte og namnet vårt brillierte? – Då er det berre *ein* ting som har verd: at Gud for Kristi skuld ærar oss ved å ta oss inn i sitt ævelege rike. *Den* æra tapar *aldri* sin glans.

No ventar du kanskje på eit positivt råd når det gjeld denne ugras-krigen.

Ja, du greier i alle fall ikkje å døyva dette ugraset i eiga kraft. Røtene sit for djupt og fast til det. Difor fekk me i andakts-ordet dette positive rådet: *Leva i Ånden og ferdast i Ånden*, d.v.s. leva det nye livet i tru på Jesus Kristus. Det er bare Guds heilage Ånd som kan nyskapa hjartelivet, og planta Åndens fagre vokstrar der: Kjærleik til Gud og til hans æra, kjærleik til dei andre og deira vel.

Den beste måten til å knekkja ugraset i ein åker på, er å la dei gode edle vokstrar få rom. Det vil Guds gode Ånd hjelpa oss til.

Og sjølv om me ikkje vert heilt frie ugraset så lenge me er i kjøtet – fordi kjøtet strir mot Ånden – så skal Guds Ånd meir og meir kjøva det, døyva det, så det mister si dominerande makt.

Så mykje har dei fleste av oss hatt å gjera med ugras at me veit at det toler ikkje at røtene vert liggjande i lyset. La oss difor – som eit praktisk råd – tala ut med Frelsaren om ugraset i hjarteåkeren, om vår lyst til tom æra og om vår ovundsykja, – be om at ”Jesu milde sinn i sjelen deilig plantes inn”.

## Kjærleikens blomar

”All ilska og vilska og vreide og skriking og spotting vere langt ifrå dykk, liksom all vondskap! Men ver gode mot kvarandre, miskunnsame, så de tilgjev kvarandre, liksom òg Gud har tilgjeve dykk i Kristus.” (Ef 4,31–32)

Desse orda talar om ugras i hjarte-åkeren, farleg ugras fordi det er giftig. Men me høyrer også om kjærleikens rosa, den fagraste i verda.

Men finst det slikt ukrutt i kristne sjeler, som vilska og ilska og vreide og skriking og spotting og vondskap?

Det er Kristus-truande apostelen skriv til, og visstnok drog desse på ein tusenårs fælsleg heidensk arv, men menneskehjarta er det same til alle tider.

Her må me vera merksame på det faktum at samstundes som Guds ord seier at ein kristen *har* lagt av det gamle mennesket og har ikledd seg det nye, så påminner det oss også om å leggja av det gamle og kle oss i det nye. Det gamle *finst* hjå kvar kristen, men det skal ikkje *råda* hjå nokon av oss, men døyast ved dagleg anger og bot. Og så skal det nye veksa fram.

Hjå somme ser det ut til at ugraset får gro nokså fritt. Då kan den gode sæden – det nye livet –kjøvast og døy, sa Jesus. Hjå andre er det sant det som Lars Skrefsrud sa om sin medarbeidar Børresen: ”Eg veit at han har den gamle Adam, men eg har aldri sett han”.

\*

I den landsluten der eg er vaksen opp, vart det – i alle fall før – sagt om ein som vart ein personleg kristen: Han – eller ho – er vorten ”skikkeleg”. Og det var ikkje vondt eller ironisk meint. Det er

heller ingen dårleg attest: ”skikkeleg”. På den same staden hende det for mange år sidan, fortel Mathias Orheim, at ein mann vart ein kristen. Då sa grannane hans: ”No er hesten hans også vorten omvend!” – Den nye, milde hugen hadde til og med hesten hans lagt merke til. Og så vart han snill, han òg!

Ein annan stad høyrde eg dei sa: Han er ein ”snill” mann. Dei meinte: ein kristen mann.

Gjev det var sant om alle som kallar seg med Kristi namn, at me var snille i rett meining, ikkje glatte og ”runde”, men – som Paulus skriv her: ”gode mot kvarandre, miskunnsame, tilgjevande!”

Men er me ikkje det då, alle av oss?

Eg vil nødig vera med og ”hakka” på dei truande. For det første er det mitt eige folk, og for det andre har eg, rundt om i landet og i andre land, møtt så mange, mange av dei som både er ”skikkelege”, ”snille” og hjartegode.

Men det vil vera urealistisk å seia at slik er det alltid og alle vegner. Paulus klagar ein stad over dei kristne i Galatia at dei ”bit og ét kvarandre”.

\*

Det sat ein liten flokk vener i eit koseleg lag. Samtalen kom til å dreia seg om ein kristen bror som det hadde gått gale med, og domen fall heller hard frå kalde hjarto.

Det sat ei eldre truande lærarinna i lag med dei. Med eitt såg dei at det blenkte i store tårer på kinna hennar.

– Er du sjuk?

– Nei.

– Kva er det i vegen med deg då?

– Eg ville så gjerne høyra noko godt!

Kva var det? – Ho hadde Kristi hjartelag, Jesu tårer, dei tårer som tinar is og snø, så kjærleikens blomar får lysa fram.

Kva var i vegen med dei der oppe i Galatia som heldt på å bita og eta kvarandre?

Dei heldt på å koma bort frå sentrum, bort frå Kristus, bort frå fornyings-kjelda. Då grodde ugraset villig. Kva var løyndomen med kvinna som hadde Jesu tårer? Ho levde og anda i Kristi kjærleik, i syndstilgjevinga sin ufattelege fryd.

Det er også dette som apostelen peikar på til slutt: Som Gud har tilgjeve dykk i Kristus, så tilgjev de kvarandre!

Dei som har mykje av Jesu hjartelag, er dei som har sett mykje av sin eigen fattigdom og synd. Dei lever i sentrum av synd og nåde. Dei får mykje tilgjeve; difor elsker dei mykje, – ein kjærleik som syner seg i eit tilgjevande sinn, og at ein er god mot alt og alle.

Dette ordet treng me å leggja oss på hjarta, me som lever i ei tid då eit ord av Jesus vert meir og meir aktuelt: ”Fordi urettferda vert stor, skal kjærleiken kolna hjå dei fleste”.

Eg er glad i det gamle salmeverset:

”La hjertet komme inn i bod,  
og smelte hen i Jesu blod!  
Da bliver Jesu milde sinn  
i sjelen deilig plantet inn.”

Til denne reinsande kjelda og til dette rike, evige liv innbyd eg alle i dag, i vår forsonars namn.

### *Jesu råd mot nærings sorg*

”Så tenk no ikkje de heller allstødt på kva de skal eta, og kva de skal drikka, og lat ikkje hugen vanka for vidt. Det er heidningane kring i verdi som spør etter alt dette, men Far dykkar veit at de treng

*desse ting. Søk heller hans rike, så skal de få dette attpå. Ottast ikkje, du vesle hjord. Det er Far dykkars vilje å gjeva dykk riket. Sel det de hev og gjev sælebotsgåvor. Gjer dykk pungar som ikkje vert utslitne, ein skatt som aldri tryt, i himmelen, der ingen tjuv kjem innåt, og ingen møl øyder. For der skatten dykkar er, vil og hjarta dykkar vera” (Luk 12,29–34)*

Her stig Jesus like inn i kvardagen til oss, der me går og strever med våre vanskar. Sjølv var han vaksen opp i ein småårsheim, og visste så vel kor skoen trykkjer for far og mor, ja, stundom for borna med, – visste så vel korleis nærings suta titt tek tak om hjarta, og korleis tankane lett vil krinse om dette: Kor skal det verta nok til mat? Korleis skal det verta råd til klær? Korleis skal me greia den skulda, den skatten?

Han visste kor slik nærings sutt tyngjer og drep, øyder gleda og lukka og tek tankane vekk frå det viktigaste.

Difor er det han talar eit myndig guddomsord i denne sak, gjev eit evig-gyldig råd mot nærings-sorga. Han har nettopp peika på dei sutlause fuglane og dei fagre, velkledde liljene, som Gud syter for, – dei som er så lite verde mot eit menneske.

Så legg han til: ”Så tenk no heller ikkje de allstødt på kva de skal eta, og kva de skal drikka, og lat ikkje hugen vanka for vidt. Det er heidningane kring i verda som spør etter alt dette” – dei som ikkje kjenner Gud og hans farsomsorg.

Og så kjem han med det positive rådet, den store hjelpa: ”Søk heller Guds rike!” Få først og fremst tak i den evige skatten! Vert først og fremst rik i Gud! La tanken på det største fylla hjarta! Så vert det nok ei råd med det andre. Ja, ”de skal få dette attpå”, ”i tilgift”; for ”Far dykkar veit at de treng

desse ting”. Trur de ikkje at me ville leva meir barnetrygge og barneglade dersom dette ordet fekk tona for oss kvar morgon: *Far dykkar veit. Han har omsorg for dykk.*

\*

Og du som av all di sjel gjerne vil eiga Guds rike, som lengtar og stundar etter denne dyre og fagre skatten som aldri i æva skal øydst og takast frå oss, du som gjerne vil vinna Guds rike, til deg har Jesus eit oppmuntrande ord: *”Ver ikkje redd, du vesle hjord! Det er Far dykkars vilje å gjeva dykk riket”!*

Å søkja Guds rike er ikkje å fortjena det ved ”fromhet” og ”godhet” og strev og møda, men å venda seg til den Herre Jesus og ta imot det som ei gåva frå Gud aleine for Jesu skuld.

Då vert du for alvor rik. Då mister næringsssuta taket over deg. Då vert du så rik at du får lyst til å gjeva, som Jesus også minner oss om i dette ordet. Og det er også ei råd mot næringsssorg. Du er så rik at du vert innvortes løyst frå den jordiske rikdomen. Då er hjarta ditt ikkje først og fremst oppteken med skattane på jorda, – nei, hjarta ditt er hos den skatten som aldri tek ende.

Du gler deg i Gud og i det evige livet.

Ja, sæl er kvar og ein som har funne den skatten! La oss gle oss i den i dag, gle oss i Gud, og minnast at han veit at me treng dette, – minnast at han har ein fars omsorg for oss!

Gå glad din veg, –  
lat mismod ei deg tyngja!  
Din Far og Frelsar omsut har for deg,  
gjev hjelp i rette stund, – gå glad din veg!

## *Betre enn ei kjempa*

*”Ein tolig mann er betre enn ei kjempa, og den som styrer hugen sin, stend over den som tek ein by.”*  
(Ordt 16,32)

Også i dei fjerne tidene då dette ordet vart sagt, hadde dei vyrndnad for prestasjonar. – I dag er det serleg sports-prestasjonane som vekker ov-undring og applaus, – den gongen var det ikkje minst *kjempa* – ”den veldige helten” – med kjempekreftene, som Samson og Goliat.

Og så *krigaren*, som saman med hermennene sine tok byen som var verna av festningar og vollar. *Det* var bragder som vekte ov-undring hos alle, frå småguten til oldingen.

I dag får me høyra at det finst ein endå større prestasjon, sjølv om ingen ropar hurra og set namn og bilete i bladet. Det er å vera ”tolig”, ”langmodig”, og å ”styra hugen sin”.

Det er mang ei *kjempa*, mang ein herfører, – og mange vanlege menneske, – som ikkje maktar *det*. Dei kan greia strålende storverk, men ikkje å lida ein urett, ikkje svara mildt på hard og urettvis tiltale. Dei har ikkje herredøme over hugen, over brennande lidenskapar og skiftande luner, over æresykja og fåfengd.

Det som her er kalla hugen, eller sinnet, er ei veldig verd, der stride stormar jagar over kontinenta og mektige krefter råder i havdjupe. Her rasar orkanar av lidenskapar og lyster, her logar eldar av hat og harm, her er mørke djup av angest og uro. Så fyk me opp i sinne, så gjev me att med same mynt, ja, gjev me att med renter, og kanskje renters rente.

Ikkje minst i atom-alderen er det ei svær sak å styra hugen sin. Det vitnar mental-hygienikarane om, nerveklinikkane, sinnsjukehusa, dei mange

uharmoniske heimane, og striden mellom stender, raser og nasjonar.

Og sjølv om somme – på grunn av eit roleg gemytt, eit godt miljø osb. – maktar så nokonlunde den kunst å styra hugen, så er det ingen av Adams born som *heilt og fullt* maktar denne kunst. Og slett ingen er det som av seg sjølv greier å styra hugen sin til å elska Gud og hans vilje.

Når det gjeld å styra sinnet, så kan ein nok koma eit stykke på veg, – ja, stundom nokså langt, –med mental-hygiene. Men i dag vil eg gjerne nemna eit par ting som går djupare, og som sanerer sinnet frå grunnen av.

\*

*Langmod*, – som er nemnt i dette ordet, – er i Bibelen namnet på ei av Åndens frukter. Så tidt vart ei løva til eit lam når Guds Ånd, Jesu Ånd, fekk råda i hjarta. Og denne frukt skal veksa og mogna i ein kristens liv. Her skal me øvast og prøvast kvar einaste dag. Eg minnest at den kjende misjonsleiaren Johannes Brandtzæg sa ein gong mot slutten av livet sitt: ”Det ville være en skam om jeg hadde vært like hissig nå som i førstningen av mitt kristenliv”. –No, denne mannen var ein harmonisk og fin natur, og såvisst ikkje oppfarande, men også han måtte helgast i Guds skule.

For det andre: Skal du makta å styra det store kongeriket som er ditt sinn, så må Kristus få vera konge der, og hans fred råda der inne.

Har du lagt merke til den veldige rolle *Guds fred* spelar når det gjeld å styra hugen? – ”Kristi fred råde i dykkar hjarto”! skriv apostelen Paulus ein stad. Då må dei sværaste bylgjer og argaste brotsjøar leggja seg. Ein annan stad seier den same apostelen: ”Guds fred, som gjeng over alt vit, skal vara dykkar hjarto og dykkar tankar i Kristus Jesus.

Det ordet som er omsett med ”vara”, tyder eigenleg å halda vakt over. Guds fred er såleis ei veldig vernande makt over hjartelivet vårt. Det er ein heilag atmosfære som legg ro over hugen, og styrer tankar og vilje mot Gud. – Så gjeld det for deg og for meg å vera i Guds fred, og la den få vera vår vakt i dag.



# LIVSENS KRUNA

## *Vandra – medan du har lyset*

*”Då sa Jesus til dei: ”Enno ei liti stund er lyset ibland dykk. Gakk så lenge de har lyset, så ikkje mørkret skal koma over dykk! Den som gjeng i mørkret, veit ikkje kvar han kjem av.” (Joh 12,35)*

Det er noko nifst ved det tette, kolsvarte nattemørket. Og verst er det når du er ute og vandrar, for då ser du ikkje vegen. I neste augneblenk kan du fara utføre stupet.

Men så demrar det av dag. Så kjem sola. Så ligg verda lauga i lys. Der ser du vegen. Du kan trygt vandra mot målet.

”Gud såg at lyset var godt.” – Ja, lyset *er* godt!

Frå den evige verda skein det ei lys-kjegla inn i vår mørke verd. Det var då *Jesus Kristus* kom. Han er det store lys, det klare lys, det einaste lys. Han gjev ikkje bare den sanne kunnskapen om Gud, om verda, om oss, om dei veldige, alltid brennande livs-spørsmål. Nei, han er lyskjelda som gjer det lyst og varmt i hjarta, skaper vårliv derinne, nytt liv, evig liv med fred og gleda, framtid og von. Derfor kalla han seg sjølv *livsens lys*.

Det er sant at utan Jesus går både verda og du og eg i mørke, i blinde. Me ser korkje vår eigen stilling eller vegen me skal vandra til frelsa og fred. – Ja, men me har då fornuftens lys, kunnskapens lys, vitenskapens lys!

Alt dette kan det seiast mykje godt om, men når det gjeld dei åndelege og evige spørsmåla, er fornuften å likna med ei nattlampe som freistar å lysa opp Mont Blanc, som biskop J. C. Heuch sa. Det syner alle freistnader opp gjennom slek-

tene, både i filosofiske system og heidne religionar.

Då er det godt at me har Jesus Kristus. Ikkje sant, – også du trur at han er vårt einaste lys, verda sin store og miskunnsame Frelsar, *din* Frelsar?

Men du står vel ikkje bare og *ser* på dette synet, passiv, uverksam, – slik at du enno ikkje har teke eit personleg standpunkt, ikkje gått inn i den skinande lys-kjegla? Du er ikkje personleg engasjert, har ikkje kome inn i ”den evige bevegelse”. Til deg seier Jesus: ”Gå”! Vegen ligg framføre deg, opplyst av hans evangelium. Men – og det er det store alvor – det er *berre ei lita stund* at du har lyset, seier Frelsaren. Timane går, sola glar, og så er det mørkt. Og har du då site i ro og ikkje nytta dagen og lyset til å vandra på vegen mot det evige målet, så finn du aldri fram. For berre i Jesu lys kan me sjå vegen mellom avvegane.

\*

Vesterlanda – og vårt land – har hatt lyset frå korset lenge no, i hundretals år. Men kor lenge? – I 1947 gjesta eg den gamle skalden Theodor Caspari. 94 år gamal hadde han skrive eit gripande dikt som han kalla ”Bønn for vesterland”. Der heiter det m a.:

”Livets herre, du som tente  
sol ved sol på firmamentet,  
gav oss lyset i din Sønn, –  
katarakt på katarakter  
bruser mørkets onde makter  
over verden. – Hør vår bønn! –

Vi har syndet – syndet alle,  
brutt din pakt, forkastet kallet  
du betrodde Vesterland. –

Ta ei i din vrede fra oss  
lyset som du nådig ga oss! –  
Slukk den ville verdensbrann!”

Det må også vera vår bøn.

Kor stort det er at me enno har lyset, det lækjande og livgjevande! Vil ikkje også du gå inn i lyset, gå ut i dagen med den Herre Jesus, – la sola sleppa inn i sjela og verma heile din hug? Då skal du ikkje vandra i mørket, men ha livsens lys. Då går du ikkje mot ”det ytterste mørket”, men mot ein evig lys dag i Guds rike. – For – med lyset frå evangeliet kjem himlen i sjela di inn.

### *Ta sikte på hovudsaka!*

”Men alt gjer eg for evangeliet skuld, så eg og kan få lut i det.” (1. Kor 9,23)

For fleire år sidan var den kjende svenske bibel-læraren Johan Rinman her i Noreg. Av det han tala, er det berre eitt uttrykk som har bite seg fast i minnet:

”*Ta sikte på hovudsaka!*” sa han.

Ordet i 1. Kor. 9, 23 talar nettopp om dette. Me skjønar nok kor viktig det er å samla seg om hovudsaka. Den som ikkje det gjer, men vert opp-teken av småsakene, han når ikkje det store målet.

Slik er det også når det gjeld livsens store hovudsak: å nå det ævelege målet Gud har sett oss hos seg. Den som har sett det målet og er vorten gripen av det, han vert oppteken av det, lengtar etter å nå det, set alt inn på å nå det. Alt gjer han for evangeliet skuld, så han òg kan få lut i det. Då må alle side-saker som kan skyggja og hindra, til sides.

Det kan vera ting som ikkje er syndige i seg sjølve, men som kan hindra anten meg sjølv eller andre i den store tevlinga på livsens stadion, hindrar oss i å nå *det største*.

Fåren er såleis at dei mange småsakene kan verta hovudsaker, dei mange små måla kan verta *konkurrerande hovudmål*.

Å, om me såg den store flokken av kristne som tok til så godt, men som vart dregne bort frå hovud-saka av småting, som vart verdslege, sløve, lunkne, bundne, som vart liggjande etter og kanskje aldri nådde fram!

\*

Ordet me las, talar om ein *konkurransen*, ei tevling. I idrotts-verda er konkurransen knivskarp no. Den som skal vinna den store prisen, han må trenast, han må setja alt inn, og han må halda seg frå både det eine og andre, som i og for seg ikkje er så fjarlege, men hindrar han i løpet.

Er det då underleg at den som er med i konkurransen om den uvisnelege sigersprisen, må konsentrera seg og vera fråhaldande? – ”*Kvifor skulle ikkje den kristne vera like viljekraftig og målmedviten i sin kristendom som ein idrottsmann i sin idrott*”? har ein spurt.

*Forsakinga* i kristendomen er då ikkje livsfiendtleg, men skal gjera oss duglege til livskampen, hjelpa oss til å vinna den store sigersprisen: ein frelst og frigjort personlegdom i æveleg livsutfolding i Guds rike.

Sjølvfornektning, forsaking, sjølvttukt, – dei orda er ikkje elska i dag. Me lever i ei nytingssjuk tid, då det ”å nytta livet er det høgste gode for 99 av 100 menneske”, for å nytta Niemollers ord. Det er nok ein av grunnane til at det finst så fåe personlegdomar iblant oss. Difor treng me å høyra desse djerve

orda av Paulus. Og me kan ha godt av å spørja oss sjølve:

Er kristendomen bisak eller hovudsak for meg? Kva er det som opptek meg mest og fyller hug og tankar og lengsler: Er det å få det godt her nede, nyta mest moegeleg, vinna mest moegeleg av jordisk æra og eigedom, sleppa mest moegeleg offer og sjølvfornekting, få ein lett og tøyeleg kristendom? – Eller er det noko anna som leikar i hugen din, djupt der nede på hjartebotnen? Er du på rennebanen, jagar du mot det fagre målet du eingong fekk sjå og sidan aldri kan gløyma?

Kvar kristen er ein idrottsmann på livsens store arena. Det er vårt livs useigelege lukke at me får vera med der, får samla alle krefter i den gode strid og får ein uvisneleg sigerskrans. Og me renner ikkje i vår eiga kraft, men i hans kraft som verkar i oss med styrke. Dag for dag vil han gje oss den kraft me treng til å fullenda løpet.

Dersom orda mine når ein og annan som enno ikkje har vorte med i tevlinga om det største av alt stort, så vil eg gje deg denne oppmodinga: *Ta til i dag!*

### *Ventar du på Jesus Kristus?*

”– medan me ventar på den sæle von og openberringa av den store Guds og vår frelsar Jesu Kristi herlegdom.” (Tit 2,13)

Advents-klanger høyrer me i dag i dette ordet: ”– medan me ventar på den sæle von og openberringa av den store Guds og vår frelsar Jesu Kristi herlegdom”.

Og slik skal det vera. For Guds kyrkja på jorda lever i den store advents-tid mellom Kristi fyrste

kome og hans gjenkomst. Kvar kristen sitt heilage kall er å tena den levande og sanne Gud, og venta på Kristus med tålmod, som apostelen Paulus skriv i eit anna brev. For han skal andre gongen syna seg til frelsa for *dei som ventar på han*, seier forfattaren til Hebrearbrevet.

Ventar du på Jesus Kristus?

Det høyrer med til ein kristen sin nye natur å gjera det. Det er barnet som ventar på far. Det er brura som ventar på sin brudgom.

Å vera ein kristen er å ha noko useieleg stort og gildt å sjå fram til. ”Me ventar på den sæle von”. Ein annan stad står det at Gud gav oss ei *god* von og ei evig trøyst. *Det* er ikkje småting!

Me ser fram mot den veldigaste hending i verda si soga i tida etter Kristus: Hans atterkome i herlegdom. Her er brukt det mektige uttrykket: ”Den store Guds og vår frelsar Jesu Kristi herlegdom”. Den skal då koma til syne, så alle, alle skal sjå han. Det er som når lynet skin frå aust og like til vest, sa Jesus. Og han la til at han då skal ha alle englane sine med, ein mektig, lysande million-her.

Då skal han sitja på den glimande kongsstolen, og så tek domen over verda til.

Då skal kongen kjennast ved *dei* – og bare ved *dei* – som ville kjennast ved *han* i hans fornedring, *dei* som elska hans openberring og venta på at han skulle koma att.

Ja, han er den store Gud og den evige konge. Vel bar han ei fattigsleg drakt då han vandra her nede. Men det var for å gjera oss evig rike. Det var *vår* fattigdom han tok på seg, *vår* skam og skuld og skade, for at me skulle få dela den evige herlegdomen med han. Difor er ingen ting så skammeleg som å skjemmast ved vår store bergingsmann. Så ”bøy deg for ham, og tilbed ham! Mektig til å frelse han er.” – Då kan også du syngja:

”Sonet ved den død du døde  
skal jeg deg frimodig møte  
da på hin den store dag.”

Og så går ein kristen si sæle von bak domen – til den nye jord og til den største høgtid som nokon gong skal haldast. Guds ord kallar det ”Lammets brudlaup” – eit fint og festleg uttrykk for det fullkomne, inderlege og evige samfunn mellom Kristus og hans brud, det folk han vann seg med sitt eige blod.

\*

Jau, me kan gjerne gle oss i vona. Og me kan gjerne gjera som nokre av Borana-stammen i SørEtiopia gjorde. Ein av misjonæra våre skreiv heim og fortalde det:

”Jeg minnet dem om himmelen,” skreiv ho. ”Der skal vi alltid være sammen med Jesus. Da skal vi aldri skilles.” – Da klappet de i hendene, så på hverandre og lo. – Dette var noe nytt. ”Tenk”, sa de, ”aldri skilles, aldri noe vondt, – se Jesus!”

Ja, dei kunne gjerne klappa i hendene og le, dei som var komne inn i det store lyset. Og det kan gjerne me også, du og eg som elsker den Herre Jesus Kristus med uforgjengeleg kjærleik.

Og med det same kan me gjerne minnast at ved å forkynna Jesus Kristus for dei som aldri har høyrte om han, – så dei kanskje klappar i hendene av glede, er me med og ”skundar fram tida då Guds dag kjem”. For, ”evangeliet om riket skal forkynnast for alle folkeslag, og så skal enden koma.”

”Gid jeg måtte være,  
og alle med meg,  
blant Guds den beseglede skare!  
Gud tage oss nådig i himlen til seg,

og frelse fra helvedes fare!  
Miskunne deg over oss, Jesus!”

## *Tru til døden*

”Ver tru til døden, så skal eg gjeva deg livsens kruna!” (Openb 2,10b)

Dette ordet har noko lokkande og dragande ved seg. Det er ikkje skræmmande og trugande, men trøystande og oppmuntrande. Det er lyset frå den evige verda som her skin inn i ei døds mørk natt.

I lyset frå dette ordet får me sjå at for ein kristen er ikkje døden det siste, men livet og livsens kruna. Alt det største, beste, sælaste og fagraste som tenkjast kan, er samla i desse orda: *livsens kruna*.

Å, seier du, kunne ho bare pryda også mitt hovud eingong, vera mitt hovudgull inn i alle æver!

Og dette einfelde bibelordet kjem med svar på ditt djupaste spørsmål: Livsens kruna er ei *gåva* frå Jesus Kristus. ”Eg vil *gjeva* deg livsens kruna”, – gjeva henne til deg som trur på meg og er tru mot meg, tru til døden. Livsens kruna er ei fri nådegåva til kvar og ein som til livsens siste andedrag ikkje veit seg anna til frelsa enn Jesus Kristus og han krossfest. – Livsens kruna er ikkje løn for fortene, men Frelsarens kjærleiksgåva og takk til den som var tru mot han.

Dette ordet er tala til kristne i trengselstider. ”Sjå, djevelen skal kasta nokre av dykk i fengsel, så de skal verta prøvde, og de skal ha trengsla i ti dagar, står det i det same bibelverset. Dei store kristenforfylgingane hadde så smått teke til. Då var det ’kje lett å vera ein kristen. Eg veit ikkje om du er merksam på at også i dag lever me i martyrtider, ja, kyrkjehistorikarar seier at dette hundreåret har

vore den største og blodigaste martyr-tida i verda si saga. Og sumt av det har hendt ikkje så langt utanfor døra vår, og hender.

Me må minnast martyrane i bøn. Og me må ikkje gløyma å takka Gud for at me sjølve er sparde. Men så må me heller ikkje gløyma at ordet om å vera tru til døden også er eit ord til oss. For også dei såkalla gode tidene, då dei ytre kår er lette, har sine serlege fårar for Guds folk. Det er fåren for å verta verdsleg, lunka, sløv, nytingssjuk, lidingssky, lat, –faren for åndeleg svevn og åndeleg død.

Dei har gjort merksam på at kristenlivet pulserer friskare og sterkare i Austsona i Tyskland, der dei truande har det trongt, enn i den rike, rolege Vestsona.

Nyleg vart det sagt om ein ung, dugande mann: ”Han var med i kristenflokken før, men no har forretninga slukt han”. ”Ja, hvor ligger mangel evig fangen som på veien var”!

Ver tru mot Kristus, tru når det gjeld å vedkjennast han i ord og liv, – tru i hans gjerning på jorda, tru mot hans hjartesak, misjonen, tru i bøna, tru i – lik Maria i Betania – å sitja ved Jesu føter og høyra på hans ord!

Og gløym ikkje at det er så stutt ei stund du skal vaka og strida, lengta og lida. ”Du skal ha trengsla i ti dagar”, stod det. Det er ikkje så lenge. Forfattaren av Hebrearbreve seier det eigenleg slik: ”Enno er det eit lite, eit såre, såre lite, så kjem han som koma skal”.

Då eg gjekk omkring i den store, gamle kyrkjegarden i Reykjavik, ”blant tusene glemte grave”, kom denne tanken så sterkt: Det er eit lite åremål – så er også me borte. Kor stort då om me – du og eg – var tru mot Jesus Kristus! Då skal me slett ikkje skadast av den andre døden, den evige døden. Nei, då ventar det beste til sist: Livsens krone, som Frelsaren sjølv skal setja på ditt hovud.

Eg gløymmer ikkje då eg siste gongen møtte den 92 år gamle Fridrik Fridriksson, ein av Islands største menn, salmeskald, ungdomsleiar og lærd latinar. Det lyste så vakkert av det gamle, muntre, kvitskjegga andletet, og dei blinde augo var så milde og fulle av fred. – ”Hver natt lengter jeg etter at Herren skal komme og hente meg”, sa han. ”Jeg er ikke engstelig for å dø. Jeg er ferdig til å flytte. Når jeg begynner å regne opp mine gjerninger, da blir det temmelig svært, men Jesus har båret alt sammen, og jeg gler meg til å komme til hans dom”. – Så vakkert er det å vera tru til døden.

”Jeg ser deg nok, min krans, i himmerrike,  
for dine perlers glans må solen vike!  
Og når jeg tenker på hvem deg fortjente,  
da vet jeg at jeg må deg visst forvente.”

## Etterord

*Alle disse andaktane er haldne over emne som på førehand er oppgjevne av Norsk Rikskringkasting. Av denne grunn er det somme sider av kristenlivet som har fått mindre omtale, t.d. anfekting og åndeleg strid. Når det gjeld slike spørsmål, viser eg til den rike oppbyggjelege litteraturen me har – og først og sist Bibelen sjølv.*

*Mitt ynske har vore å syna lydar-skaren – og no lesarane – at Jesus Kristus er lyset og livet, – syna at også i atomalderen – og ikkje minst i den – er*

*Guds rike svaret på alle våre spørsmål, alt vår trong og vår djupaste lengt.*

*Når eg har våga meg til å gjeva ut desse einfelde andaktane, er det bare etter oppmoding av andre, – og med bøn om at dei må lokka ein og annan til å velja den gode del, og oppmuntra ein og annan ferdesmann på vegen til det gode landet.*

*T. B.*



# FORTELLEREN OG JOURNALISTEN

*Artikler fra "Ved Juletid"*

## EN KVELD BLANT HJEMLØSE

*Et glimt fra arbeidet i Vaterland*

Det er en lørdagskveld i slutten av april i fjor. En klar vårhimmel hvelver seg over Oslodalen, og ei herlig sol sender kjærkommen varme og lys over byen.

Jeg rusler nedover til staden. Det er til Vaterlandskirken jeg skal. Det skal være fest for hjemløse menn, og frøken *Anna Iensen* – “Jensen i Kjerka” – har gitt meg en kjærlig innbydelse til å komme og være med den kvelden. Med glede sa jeg ja takk.

Et stykke nede i Trondhjemsveien er det samlet mange mennesker, og flere kommer til. To unge gutter har drukket seg fulle, og nå slåss de. Med hårde hender slår de hverandre i ansiktet. Jeg syntes det var så hjertesårt å se, syntes så synd om dem. “Tenk om det hadde vært deg – eller en av dine!”

Et par mann får slutt på det triste slagsmålet, og den ene gutten springer foran meg nedover Lakkegata, opprørt og harm, med blodig ansikt. Stakkars gutt! Flere andre går også og raver. Men på sporveiens reklameskilter lyser store strålende plakater: En mann som står og løfter et glass med glødende vin. Det ser så fagert, dårende og lokkende ut. Og mange lar seg dåre, og ser ikke at det fagre, fortryllende er farlig *gift*.

Synden og de sjeleødeleggende krefter kler seg ofte i skjønnhetens dårende drakt. Lykkelig den som gjennomskuer humbugen og sier nei til de fristende og forførende makter!

\*

Utenfor menighetshuset i Vaterland står det allerede en lang kø, enda klokka bare er 6 og dørene åpnes klokka 6.30. Oppe i salen blir vi ønsket velkommen

av frøken Iensen. Hun har et velkommen til alle og anviser hver enkelt plass. En for en kommer de hjemløse inn – stille – og stille benker de seg om bordene.

Det som grep meg sterkest den kvelden, var *stillheten*. De hjemløse gjorde her mange kristelige forsamlinger til skamme. I stillhet spiste de en solid og velsmakende varm aftens, og stille satt de og hørte på sangen og vitnesbyrdene av sine kamerater og korte taler av kirkens prester. Sangen ble ledet av en middelaldrende mann som før hadde vært langt nede, men nå var frelst og frimodig og hadde en god stilling.

La oss høre noen av de korte vitnesbyrdene:

– Jeg er glad fordi jeg har funnet fram til frelsen. Jeg ville ikke tilbake til verden for all pris. Å, venner, dere skulle ikke vente med å ta imot Frelseren! Dere får det aldri så godt som da.

– Jeg er også glad, vitner en annen. Ved Guds store nåde har jeg fått rett til å stå her og si at jeg er frelst. Og jeg er lykkelig for det.

– En tredje siterer sangen “Jeg er på reise her, og det i fremmed land.” Er glad fordi Gud har åpnet et land for meg, der jeg skal bo i fred og glede. Gud har et land for deg, kjære venn. Vil du komme dit? Ta imot innbydelsen i kveld i Jesu navn!

– En fjerde: Når jeg ser på mitt liv nå, er det stort å få være frelst fra synd og elendighet. Du kan også komme som du er, og Han tar imot deg. Vi har et liv etter dette, og er du ikke i Kristus da, hva så? Er du i Kristus, skal du bestå.

– Salig er det menneske som har funnet visdom! minner en annen om. Det er den som er omvendt til Gud, som har funnet visdom. Det har vært så vel-signet for meg denne uka så jeg kan ikke snakke om det. Rikdom og perler er bare bagateller mot dette.

– Til frihet har Kristus frikjøpt oss. Et herlig



budskap. Det er deilig å stå her og kunne si at jeg er fri. I hagene skyter alt fram nå. For en stund siden så det ut til at det ingen ting skulle bli. Slik er det når Gud får komme til. Og får han stelle med dere, kan dere bli et av de fagreste byggverk i Guds rike.

Den siste som vitner, siterer sangen “Engang jeg vandret i synden som trell, sterk var den lenke som bandt meg.” Gud løste disse lenker, og jeg vil ikke ønske meg tilbake til verden. Jeg er ikke syndefri, men Gud har dradd meg opp av det skitne dynn. Jeg tør ikke tenke på det gamle syndelivet, for da går det rundt, men Gud har kastet alle mine synder bak sin rygg, og kommer dem aldri mer i hu. Kom til ham, og du skal få det godt. For Gud er alltid god.

Også undertegnede fikk uventet høve til å si noen ord. Frøken Iensen forkynte at jeg skulle få 2 minutter. Det var ingen betenkningstid, og en måtte gå rakt på sak, som svensken sier, men det var gildt å få si et ord om min Frelser til disse hjemløse brødre.

\*

Så smakte det godt med kaffe og julekake, og deretter avsluttet frøken Iensen med noen ord: “Mange sier: “Jeg skal ta meg sammen!” men du *kan* ikke ta deg sammen. Det eneste du kan, er å *falle sammen* ved Jesu kors. Og så er det godt at den som kommer, den støter Han ikke ut.

Du har kanskje minner om en god og kjærlig far, men det er ikke en milliontedel mot hans kjærlighet som har elsket oss med en evig kjærlighet.

Lek ikke med Guds kall så lenge til det blir for sent. Kall på Herren *mens* han er å finne! Gjør det for din sjels skyld.” – Og så stemmer hun i:

*“Der er kraft i Jesu blod,  
der er kraft i Jesu blod  
å rense hvit som sne.”*

Det er den tonen som har lydt ned gjennom årene i Anna Iensens arbeid i Vaterland. Og dette ord om Jesu død og oppstandelse har reist mange av de dypest falne og sunkne opp til et nytt lykkelig og frelst liv. Det har bygget opp de nedbrutte heimer, knyttet på ny de brystne bånd. Anna Iensen har ingen tro på at ødelagte menneskeliv kan heles ved sosiale tiltak, men hun har mangfoldige herlige eksempler på “nådens undere”, på evangeliets kraft til å frelse selv de mest håpløse.

Og tonen om Jesus blir hørt. Jeg har før nevnt stillheten som rådde i salen. Det var riktignok en eldre mann som tilsynelatende var edru da han kom inn – og bare de edru slippes inn – men han falt i bakrus utpå kvelden og begynte å brumme en del. Frøken Iensen satte seg ved siden av ham, og så måtte gutten være snild. For hun er som kjent “streng som en pol’timester, men så er a åsså øm som ei mor”. Hun har ubetinget respekt og disiplin – men også ubetinget tillit.

\*

Akerselva renner grå og trist forbi, og minner om at livet ikke er så lett for mange. Men det arbeid som frøken Iensen har drevet i Vaterland i de mange år – først sammen med frk. Flock, siden alene – er et lyspunkt midt i det tunge og triste og håpløse. Det har brakt frelse og livsmot til så mangen en stakkar som synden hadde herjet, til mangen en heim som drikken hadde ødet. Derfor kjenner vi trang til å ta hatten av for dem som gjennom årene har gått i redningsbåten og har tent fyrlysene. Frk. Iensen har nå rundet de 70. Men ennå er hun på post, og det blir hun nok til nattevakta er forbi.

Men nede i Oslo og rundt om i landet – og hjemme for tronen – er det mange som takker Gud fordi de nede i “Kjelleren” eller i “Kjerka”

fikk høre *tonen* om Jesu blod som rensar hvit som snø. –

Jeg minnes den gripende stillhet – jeg minnes kjærligheten til sjelene – jeg minnes tonen om Lam-mets blod.

Må stillheten fylle oss!

Må kjærligheten til sjelene gripe oss!

Må tonen om Ham lyde mens vi vandrer på syndens og sorgens jord!

Den kunne lokke en og annen hjem til faderhuset – til de evige lyse boliger.

*Ved Juletid 1940*

## SOLLYS-SONGAREN

*Oline Emilie Bovim*

Å møta henne var å møta det solskinnnet ho syng så vakkert om i den songen som norsk ungdom har fått så kjær: “*Litt sollys i huset* –”.

Bare to gonger møtte eg dette sollyset. Det var i førstninga av den siste verdskrigen.

Ho var oppom Misjons-sambandets kontor i Grensen 19, Oslo, og helsa på ei venninne, frøken Ragnhild Olsen. – “Kom, så skal du få hilse på Emilie Bovim!” sa Ragnhild.

*Oline Emilie Bovim* var gamal då, – over 75 år. Eg minnest henne som ei lita, vever kvinne, munter og kvikk, med smil om munnen og sollys både i sinnet og i auga.

Ikkje lenge etter kom ho oppom meg igjen. Då hadde ho med seg den vesle diktsamlinga ho hadde gjeve ut: “*Fra dagene som gikk. Av en mor.*” Og så eit lite stensilert hefte: “Tillegg til “*Fra dagene som gikk*”. Slekt og venner tilegnet. 1937. E. B.”

“En mor” og “E.B.” – så kravlaus var ho.

“Disse bøkene skal du ta vare på,” sa ho. Det var dei einaste eksemplara ho hadde igjen. Og det er grunnen til at desse minnerunene om “sollys-songaren” vert rista – med takk for desse to korte samtreff, og fordi ho “betrodde” meg desse to einfelde hefta bøkene, der ho hadde lagt ned det som hadde sunge i sinnet gjennom eit langt liv.

Ikkje lenge etter fortalde Ragnhild at Emilie hadde fått heimlov. Det var i 1941.

\*

*Oline Emilie Stenersen* var fødd i Oslo den 21. februar 1864.

Slekta var frå Trondheim, og bestemora, Oline

Kolstad, frå Lesja. Foreldra døydde same året Emilie vart fødd, – mora bare eit par månader etter. Faren var styrmann, og kom bort på sjøen.

I Oslo hadde Emilie ei tante, Gundella Kolstad, som dreiv ei fotografisk forretning i Gamlebyen. Det er grunnen til at det finst så mange vene barne-bilete av henne. Dit fekk Emilie koma, og der fann ho ein gild og god heim, med eit fint, kristent miljø.

Emilie utdana seg til lærarinne, i Oslo. 23-24 år gamal gifte ho seg med ein kollega, lærar *Carl Bovim* frå Hobøl. Der fekk dei den fyrste heimen. Års-løna var ikkje astronomisk akkurat: Kr 500 + kr 40 “for oppildning og renhold av skolen”. Og så studiegjeld attåt. “Det galdt å nytte allting vel, holde humøret oppe og fordringene nede,” skriv Emilie i eit lite stensilert hefte, “*Gjennem små forhold*, – korte trekk fra årene som gikk, skrevet for barn og venner, 1931.”

Men tri år etter fekk dei ny lærarpost, i Horten. “I øsende regn møtte endel velvillige folk frem og hjalp til med flytningen,” fortel ho. Då hadde lærarløna stige til kr. 1000 - kr. 180 i husleie, men no hadde dei også 4 småborn, så det var uråd å greia seg med den løna. Det var difor rimeleg at “ansettelsen i *Kristiania* ble mottatt med ublandet glede”. Til hovudstaden kom dei i 1893, og budde i “en nokså bra leilighet oppe på Grünerløkka”. Då løna bare var kr. 1600 for året, laut dei leia bort to av roma med full pensjon for to. På dette tente dei kr. 30 for månaden, og det vart trongt og lite heimsleg hygge for dei sjølve.

Barneflokket auka, dei laut ha hushjelp, og så tok fru Emilie vikariat ved skulen. På den måten tente ho nokre hundre kroner ekstra, men barneflokket voks, og gjelda hadde ein tendens til å gjera det same. “Og den trettet oss med idelige renter. Sykdom fikk vi også prøve, først da den nest eldste døde

i 1895, og senere med flere av de andre lang tid fremover.”

Sidan kjøpte dei ein Oslo-gård – Thereseagt. 1 – men selde han att då tidene gjekk ned og dei ikkje ville risikera at andre skulle tapa pengar på dei. Så vart det å leia hus att, og difor vart gleda stor då dei fekk flytta ut til “Furuholt” på Nordstrand. Dei 8 åra der var nok dei lysaste og lukkelegaste i livet. Då hadde barneflokket auka til 12.

Så vart også “Furuholt” selt, og dei tenkte å kjøpa eit større hus i byen. Men prisene steig i veret, og så vart det ikkje til at dei kjøpte hus att. I staden måtte dei leiga. Det var hausten 1917, under den første verdenskrigen.

Fire år etter døydde mannen, Carl Bovim, av lungebrann. Han hadde vore frisk heile sitt liv. Og ho som hadde vore mykje sjuk, og teke mange operasjonar, levde alt til 1941.

\*

Dei økonomiske kåra hadde vorte lettare dei siste åra. Eit fint trekk er dette som ho fortel: Etter at mannen døydde, “var jeg på det rene med at jeg vilde la hver få sin del av hvad vi hadde lagt tilside de siste år, om det kunde være litt hjelp til skolegang eller annet, og gav boet inn til skifteretten. Selv kjøpte jeg det innbo vi enda hadde, for kr. 2400,—, og bestemte mig til å holde hjemmet vedlike sålenge der var barn som kunne ha nytte og glede av det, og jeg selv på nogen måte kunde.”

Ho var ei av dei få som gjorde det ho kunne. Når ho då ikkje makta meir, kunne ho skriva: “Jeg greidde ikke mer. Nei, jeg greidde ikke mer, absolutt ikke. – Og jeg følte at når jeg blev enda eldre, da måtte et hjem for bare gamle passe best. Derfor søkte jeg straks, og så fikk jeg også det,” skriv ho.

Slik gjekk det til at “sollys-songaren” kom til å

leva sitt siste år på “Rasks Minde” på Nordstrand. “Hun levde tilbaketrukket, stille og ydmykt.” I 1941 fekk ho vondt i hjarta, og døydde etter eit par dagar.

På det siste hadde Emilie Bovim kjent seg trøytt. Det var godt å få gå inn til kvila hos Gud. Arbeidsdagen hadde vore lang, – 77 år, – og strid, med ein stor barneflokk og i “kamp for tilværet”, og med ei skral helsa. Det var ikkje underleg at det var hjarta som svikta.

Men ho hadde eit lyst sinn og ei lys tru på Gud. “Derifra hentet hun stadig kraft; det skjønnte vi,” fortel ei av døtrene.

Som ho elska “den store Meister”, var ho også glad i skaparverket. Ho var umåteleg glad i blomane, – ho elska og framelska hagen. Dikta sine skreiv ho ofte når ho gjekk ein liten tur.

Og her er me ved Emilie Bovims songskatt. Ho har ikkje skrive så få songar og dikt. Ei tid hadde ho kvar veke eit dikt i “Kristeligt Ukeblad” under merket “E. B.”. I alt har me funne omlag 125 prenta eller stensilerte dikt og songar.

Ho hadde ’kje store tankar om sin eigen dugleik her. I eit av dikta, “En hilsen”, som visstnok skriv seg frå dei siste åra, skriv ho:

*Jeg tenker: “Jeg ber ikke mere;  
hva er vel min fattige sang?  
Hvad kan dette kvidder vel være  
blandt alt som er stort og har klang?”*

*Men stundom jeg kan ikke hindre  
at tankene ikke gir ro. – –  
Og kanskje min kvidrende stemme  
rakk deg for hvem livet er trangt.*

Emilie Bovim song om mangt og mykje: om årstidene, høgtidene, sporven, mauren, blåsymra, villrosa og snøen. Ho song om “mors sukk”, om storm og strid, om “barnets død”, om sorg og om livsens lukka.

Men mest song ho om Guds kjærleik, nåde og hjelp, om tru og tilflukt og barnekår.

Gjennom alt går ein lys og takksam og tillitsfull tone.

Gripande er det vesle diktet “På gamlehjem”, der ho er rørende takksam over å ha kome dit:

*“Dette er nesten det største av alt,  
og som fra himlen det virkelig falt.  
Tenk at jeg ikke det minste har gjort!  
Men nettopp derfor det blev jo så stort.*

– – –

*Du bar dog igjennem, du styrte til nu;  
styr også herefter, styr alt sammen du!”*

Eit av dikta hennar er datert oktober 1939. Det var i skuggen av den andre verdskrigen, og ho lid med dei lidande:

*“Men møt oss, Herre, møt oss du!  
Vi kommer sorgbetyngt nu  
for verdens nød og jammer,  
for dem som stridens hete bær  
og dem som ensom stillet er  
og sukker i sitt kammer.  
Og dem som frem jages, plages,  
la det dages, la dem skue  
nådens lys fra himlens bue!”*

Men det lyse sinnet var der til det siste, då ho heldt på å læra “de langsomme trinn”:

*“Om hånden blir ustø og foten blir trett  
og tanken så langt fra er ledig og lett,  
hvorfor skal dog mismot få tyngde mitt sinn?  
Gud hjelp meg å lære de langsomme trinn, –  
kun at jeg er din!” –*

Det er med Emilie Bovim som med alle andre songfuglar: alt er ikkje like godt. Men stundom glim det i ei perla med stor klårleik og fagerdom. Slik er det med “Sollys”: “Litt sollys i huset, og alt blir så nett.” Saman med Fr. Storm’s friske og festlege melodi er denne songen ein herleg ungdomssong, som er vorten mykje sunge. Den vart då også skriven til unge menneske, til skuleungdom.

Den andre er: “*Få komme på ny*” som har sunge seg inn med signing hos mange. Eg har i friskt minne ein gamal, utsliten forkynnar, som med tårar i augo siterte den songen, og fortalde kor glad han var i den.

Den tredje er “*Et lite ord om Jesus*”. Her har me perla igjen, – eller kanskje me heller skulle likna den med ein audmjuk, vakker, angande villblome, – “villrosa” som ho song så vakkert om.

Originalen har to vers til, som ikkje er med i “Sangboken”:

*“Et lite ord om Jesus til den som er i nød,  
et lite ord om Jesus, – han er jo livets brød.  
Men å, hva kan jeg arme, hva er vel mine ord?  
Jeg mangler hjertets varme, vet neppe om jeg tror.*

*Bøy hjertets kne for Jesus, og alt skal ordne seg!  
Bøy hjertets kne for Jesus, og vent, så blir det vei.  
Si så hva du har prøvet, – si aldri mer enn det,  
så blir din troskap øvet, og du skal Gud få se.”*

Jul tonar ofte i songane hennar. Slik i eit dikt frå 1936:

*“Herre, vi samles igjen om din krybbe, den kjære,  
takker deg at du steg ned for vår frelser å være!  
Herre, vår Gud, la oss få bringe ditt bud!  
Må det bli jul til din ære!”*

Meir og meir gjekk tankane mot *heimlandet*. I diktet “70 år” syng ho:

*“Tenk så å få benkes ved himlens bord, –  
da takker vi mer enn vi evnet på jord,  
ja, takker og lover og priser det navn  
som førte oss gjennom, som bar oss i havn.”*

Og i diktet “Mot kveld”:

*“Min barndoms Gud, når etter livets år  
fryktsom og svak mot siste kveld jeg går,  
når mine synder tårner seg mot sky,  
da kan alene du gi trøst og ly.*

*Min barndoms Gud, jeg bærer frem for deg  
de mange kjære som du skjenket meg.  
Jeg duet ikke, mitt rakk ikke frem,  
men kjære, kjære, frels du meg og dem!”*

Det siste diktet me har funne av Emilie Bovim er datert den 2. september 1940, året før ho døydde, då landet vårt var i krig. Det har overskrifta: “*Gud kaller i denne tid*”. Me tek med dei to siste versa:

*Lukk opp for Jesus, – ta dine med;  
han vil så gjerne gi alle fred.  
Her Kristi kjærighet tvinge må  
så andres frelse oss ligger på.*

*Men kjære Jesus, du alt må gi, –  
hva er vel vi, og hva kan vel vi?  
Kun når din nåde får virke alt,  
vårt kristenliv kan bli lys og salt.*

Det er “sollys–songarens” siste helsing til land og folk.

*Ved Juletid 1959*

## VI TÅGA TILL SION

*To av dei svenske Jerusalems fararane frå Dalarne lever enno*

Då eg var i Jerusalem i vår, fekk eg høyra at enno levde to av den flokken som drog frå Dalarne i Sverige til Den heilage byen for 66 år sidan. For ikkje mange veker sidan hadde den tredje av dei siste døydd, *Nanny Holmström*. Ho vart 92 år gamal. Like til det siste, til to dagar før ho døydde, arbeidde ho småting med hendene. Ho var svensk, men kom til Jerusalem frå Chicago, der ho var skreddar.

Ein søndag ettermiddag, dagen før eg drog gjennom Mandelbaum-porten over til Israel, fylgde *Lina Asplund* frå “Svenskbo” på Oljeberget meg til “American Colony”, der dei to gamle kvinnene frå Dalarne bur. Underleg er det å tenkja å at dei var berre småjenter då dei drog frå heimlandet til “Sion”.

Dei to – *Kathrina Larsson* og *Mary Mattsson* – tok venleg imot oss og baud på te og kaker. Me fekk også helsa på ei eldre arabisk kristen kvinna, *Mathilda Davis*. Som barn budde ho i USA, og tala godt engelsk. Røysta hennar var melodisk og vakker, og ho har eit uvanleg fint vesen. Mathilda er massøse. Ho er blind, men ser klårt dei ting som høyrer Guds rike til.

I kolonien råka eg også miss *Spafford*, dotter til advokaten Spafford, som drog frå Chicago med huslyden sin og grunnla en amerikanske kolonien i Jerusalem, femten år før Dala-svenskane kom dit. Ho har i ei bok, “Our Jerusalem”, skildra desse to ferdene til Sion, både frå U.S.A. og Sverige.

Elles er pilegrimane frå Dalarne vortne verdskjende gjennom Selma Lagerlöfs namngjetne bok “Jerusalem”, som er omsett til 37 språk. Kathrina

Larsson fortalde at “Selma Lagerlöf såg oss då vi var i skolan vid muren.” – Dei bygde nemleg kolonien i flukt med den store bymuren i nord, ikkje langt frå Damaskus-porten. No er det sjukehus for fattige born der, fortel ho.

Mary Mattsson var 12 år då dei drog frå Dalarne, Kathrina Karlsson berre 9. Likevel kan ho minnst den lange ferda. Men lat oss først nemna aldri så lite om bakgrunnen.

Det hadde vore vekking i Nås i Dalarne, og dei nyvakte hadde høyrte tale om amerikanarane som for nokre år sidan hadde fare til Jerusalem og grunnlagt ein koloni der. – Enn om dei no sjølve tok til Den heilage staden? Der kunne dei leva heilt for Herren, hjelpa dei som lei naud og dessutan “forsöka åstadkomma enhet bland den heliga stadens många kristna fraktioner, som helhjärtat bekämpade varandra”. (Erik Martinsson.)

Tanken fengde mellom desse kristne Dala-bønder. Så skreiv dei til den amerikanske kolonien i Jerusalem og sa at dei hadde sett seg føre å selja gardane sine og slå lag med sine åndelege frender i Jerusalem.

Men amerikanarane, som sjølv hadde handla i dristig tru, tykte nok at dette var endå dristigare, og vel mykje dristig. Difor sende dei to vyrde menn att til Sverige for å råda dei ifrå å ta i veg. Men nei, dei gode Nås-bøndene ville ikkje høyra på det øyra. Inga råd eller åtvaringar kunne få dei til å endra vedtaket, endå nokre av dei var gamle og sjuke. “Det var dei mest svermeriske som kom til Palestina,” skriv miss Spafford i den samanhengen.

For at ingenting skulle kunna hindra dei frå å setja planen i verk, brende dei alle bruene bak seg og selde gardane sine i slik hast at dei ikkje alltid fekk den beste prisen.

Vener og grannar meinte dei var “tokiga” ettersom

dei drog ut på denne lange ferda på det uvisse. Dei trudde også at tiltaket skulle strandar når det var slutt på pengane.

Då dei to utsendingane frå Jerusalem skjøna at dei ingen veg kom med dei målmedvitne “Nås-borna”, drog den eine av dei – Jacob heitte han – til Göteborg og greidde med dei praktiske ting som måtte ordnast. Og så kom ferdaflokken frå Dalarne etter dit.

\*

“Det var den 23. juli 1896 me tok ut frå Nås,” fortel Kathrina Karlsson. “Me hadde hesteskyss til Vansbro. Derfrå tok me toget til Göteborg. Me var 36 personar i alt,” (derav 17 born, – eit av dei var ganske lite).

Så kom då desse einfelde Dala-bøndene til hamnebyen Göteborg. Med seg hadde dei verktøy, vevstolar og jordbruksreidskapar. – Då båten seig frå land, song flokken – alle som syngja kunne – “Vi tåga till Sion”. På eit par unntak nær såg dei ikkje sitt jordiske fedreland att.

Båten var først innom Antwerpen, og gjekk så vidare til Jaffa. Dit kom dei den 14. august. Ferda vara såleis tri veker.

Sola stod på det høgste av himmelen då båten glei inn på hamna i Jaffa hin dag i august 1896. Og det var fælsleg varmt. Truleg gjekk Dala-bøndene heller ikkje i lette, lyse sommarklær, så sveitten rann og tørsten var lei.

Då dei så var komne i land, tok dei inn på eit hotell, og bad om å få servert alle dei frukter som då var mogne. Det vart nok i meste laget for magen, og sidan “lärde de sig den läxan att äta Österns gyllene frukter med måtta”.

I boka “Jerusalem” skildrar Selma Lagerlöf vonbrotet hjå nykomarne, og ein av ferdaflokken døydde sidan i den trua at dei hadde ført han til eit feil

Jerusalem! Dei hadde ikkje tenkt seg byen slik. Dei hadde drøymt så mange fagre draumar om Den heilage staden, men “virkeligheten” var noko anna. Doggfriskt og fagert var det i Dala-bygda dei forlet, – her var alt avsvidd av sumarsol-steiken. Mange av dei kjende seg einsame og fann seg ikkje til rette.

Eg spurde Kathrina Larsson om ho lengta heim.

– Nei, eg trur ikkje det, var svaret. Berre ein reiste heim att til Sverige, etter å ha vore derute i mange år, fortalde ho. – til andre har ho fortalt at det ikkje er rett når Selma Lagerlöf skriv at borna grét og ville reisa heim att. “Me born var veldig glade for å koma ut og reisa,” seier ho.

I Palestina er alle hus av stein og med steingolv. Det var nytt og uvant for dei, og berre få kunne tala engelsk.

Brødet baka dei på Dala-vis – ein gong om året: tunne, harde kaker med hol i midten. Gjennom det tredde dei eit reip som dei hengde kakene opp i taket med. Først sidangjekk dei over til det mjuke “amerikanar-brødet”.

\*

I den amerikanske kolonien, som svenskane slo seg saman med, levde dei etter strenge reglar. Mellom anna ville dei ikkje at nokon skulle gifta seg. Dei skulle leva for å hjelpa dei som var i naud, og helst ikkje ta seg betalt for hjelpa.

Dei andre kristne i Jerusalem likte ikkje dette, og istadenfor å skapa einskap, fekk kolonien dei andre kristenflokkane imot seg.

Det kom også ut allslag stygge rykte om pilegrimage. Men sanninga sigra. Deira heilage ferd og hjelpande kjærleik mellom dei som var i naud, tala sterkare enn ord. Og i dag er American Colony – Dala-kolonien som svenskane kallar han – høgvyrd av alle.

Kva dreiv dei så på med i det nye heimlandet?

Frøken Karlsson nemner først veving. Dei gjekk også i gang med eit fotografisk atelier, og sidan dreiv dei ei forretning ved Jaffa-porten.

Selma Lagerlöf fortel at Dala-bøndene tok til med å driva gardsbruk og odla vindruer. Kvinnene vov og strikka, og laga makelaust vakker vevnad. Dei selde også kledetøy og møbeltrekk, og Erik Martinsson fortel at sjølvaste borgarmeisteren i Jerusalem, Hassan Effendi el Husseini, i mange år bar ein klednad som var sydd av heimevevd tøy som svenskane hadde laga. Dei rekna det for uslitleg.

No finst det vel 125 medlemmer att i kolonien, og av dei er det som nemnt berre to av dei svenske utvandrarene i live.

Dei som er døde, ligg gravlagde på ein kyrkjegard som no ligg i ingenmannsland mellom Jordan og Israel.

Kolonien driv no barnesjukehus, klinikk, skule osv. Eg gjekk gjennom den vene hagen og såg meg omkring i bygningane. Det var velstelt og storstilt.

\*

Til hundreårs-høgtida for Selma Lagerlöf for eit par år sidan fekk Kathrina Larsson innbyding til å koma. Då såg ho Sverige og Dalarna att. Ho fekk også helsa på kongen, som gjerne ville høyra saga om Jerusalems-fararane.

Ein bror til Kathrina vart utnemnd til konsul. Konsul Larsson var ein kjend person i Jerusalem. Det er ikkje lenge sidan han døydde.

Då Kathrina var i Sverige, fekk ho eit dikt som ho synte meg: “Nås-bornas färd till Jerusalem, 23.7.1896.” Det er skriva av kyrkoherde Heimgård i Nås. Han skriv om utvandrarene:



*“De hade ett mål, de sågo det klårt,  
det tedde sig för dem så underbart,  
och längtan blev nörd att kunna det nå.*

*De ägde en tro så mäktig och stark,  
den spirat i urgammal dala-mark;  
nog växte den vill, men ärlig ända.*

*De lämnade allt, sin bygd och sitt land,  
ty lösta från varje slags världens band  
de ville i frid få tjäna sin Gud.*

*De nådde sitt mål, fast fjärran det låg,  
ty tron gav dem styrka och villig håg.  
De prisade Gud som märkligt dem lett.”*

Dei fleste som utvandrar til andre land, gjer det av materielle grunnar. Om bøndene frå Dalarna sa Kathrina Larsson:

– Det var för deras andeliga liv de kommit hit. Annars hade de kunna stannat hemma.

“Vi tåga till Sion” song dei då dei la ut frå sitt jordiske fedreland. Men det høgaste og siste målet deira var det himmelske Jerusalem.

No kviler lekamen deira – så nær som dei to som var småjenter då dei drog – på kyrkjegarden i ingenmannsland i Jerusalem. Men eit spørsmål i den songen dei song, då dei siste gongen stod på den store, gyngande brua over Dala-elva, når oss endå med eit takande, vemodig alvor:

*“Få vi møtas en gång,  
få vi møtas en gång,  
få vi møtas i Eden en gång?”*

*Ved Juletid 1962*

## KVI SUKKAR DET SO TUNGT UTI SKOGEN

*Då Fridrik Fridriksson heldt ”sitt livs tale”*

Den unge islendingen *Fridrik Fridriksson* var komen til “Kongens København”. Det var den 21. juli anno Domini 1900 – då århundredet vårt var ungt og nytt.

Han hadde elles vore i Danmark frå 1893 og utover, – då han studerte ved universitetet i København. Sidan reiste han heimatt til Sagaøya, og grunnla det kristelege ungdomsarbeidet – K.F.U.M. – i Reykjavik.

No var han komen attende til Danmark, – på oppmoding av sjølvaste Olfert Richard, den kjende presten, ungdomsvenen og forfattaren.

Berre nokre dagar etter – søndag 28. juli – skulle Fridrik vera med som talar på eit stort friluftsmøte i Vallensbæk prestegard utanfor København. K.F.U.M. hadde “utflykt” dit, og ein flokk på 300 drog av stad frå byen.

Olfert Richard, pastor Hoff og Fridrik Fridriksson skulle tala. Richard hadde i førevegen skrive i blada og introdusert Fridrik og ungdomsarbeidet hans på Island.

Den unge islendingen var redd for at folk på grunn av desse artiklane kom til å venta for mykje av han, og so verta vonbrotne. – Natti mellom laurdag og søndag arbeidde han med talen sin, men kjende seg sløv og kunne ikkje finna noko som det var odd og egg i. Han kjende seg djupt ulukkeleg, for han ville ikkje såra venene sine med å bera fram noko som var alt for utvatna. Då han var ferdig med talen, tykte Fridrik at han var inkjeseiande. –

Og no var den store flokken av forventningsfulle

møtefolk på veg til prestegards-hagen i Vallensbæk. Fridriksson gjekk for seg sjølv og tenkte på talen sin. Dess nærare han kom staden, dess meir redd vart han. Talen kom nok til å verta ein stor fiasko, og han var leid av alt. Både kom han til å skjemma seg sjølv ut, – og landet sitt.

\*

Dei er komne til den vakre hagen. Folk strøymer til, og det vert ei stor forsamling. Møtet tek til.

Ricard tala fyrst. – “Det var ein tale med lyn og tore, med storm og stilt solskin. Det var sommar i den, og fest over den,” fortalde Fridrik sidan. Han tykte han aldri hadde høyrte noko so gildt. Og då han so tenkte på talen sin eigen, kjende han på kor reint smått stell det var, og vart meir og meir nervøs dess lenger Ricard tala.

Då han var ferdig, kom han og sette seg ved sida av islendingen. Det vart sunge nokre vers, og so kviskra Fridrik:

”Kan eg ikkje få sleppa å tala?”

”Nei, det er det ikkje tale om,” var svaret han fekk.

Då det siste verset var sunge, stod han på talarstolen, – arme krok. Framføre han sat den store forsamlingi og såg på han. Bak talarstolen var ei tett rekkje med kastanje-tre. Soli skein, fuglane song i trei, og det var ikkje ein vindpust.

Fridrik såg ned på tilhøyrar-skaren, utan å seia eit ord. Det einaste han visste, var at han ingen ting hadde å seia.

Full av forventning sat folkeskaren og såg på denne framande fuglen. “Kanskje trudde dei at eg heldt ein slik kunstpause for å førebu den straum av visdomsord som no skulle koma,” skreiv Fridrik sidan.

Men pausen vara lovleg – eller snarare ulovleg – lenge. Og den unge talaren stod der med namnlaus

angest i hjarta. Frå det djupe sende han naudrop opp til han som åleine kunne hjelpa.

Til sist tenkte armingen ved seg: Det er best å koma seg ned frå talarstolen og gjera skandale med ein gong, – og so ta fyrste skip attende til Island som ein slegen mann!

Men då sjele-angesten hadde nådd si ytste grense, då kom hjelpi.

Ein linn vindpust strauk gjennom kastanje-lauvet, og dei kunne høyra ei susing. Fridrik Fridriksson visste ikkje kva han gjorde, men slo ut med handi og sa: “Hyss!”

Det vart dødsens stilt, som om det ikkje var stilt nok i førevegen. Og endå ein gong sa talaren: “Hyss! Høyr kor det sukker ute i skogen!”

Og i eit nå hende det som ikkje kan skildrast: Han såg med eitt alt som skulle seiast. Han kom i hug eit dikt av den svenske dikteren Malmström. Han kunne det utanboks, og det tek til slik: “Och liten pilt han sitter en kulen høste kväll.” Omkvedet lyder: “Då suckar det så tungt uti skogen.”

Talaren tok til å fortelja innhaldet i diktet, fortalde om den vesle guten – “liten pilt” – som sat i hagen heime hjå far, – sat i sine eigne tankar og høyrde den tunge sukk frå skogen, – Korleis han teken av redsla sprang opp og ut or hagen, vildra seg vekk ute på heidi og spurde stjernene og blomane på jordi kven det vel var som sukka so tungt ute i skogen.

Men vesleguten fekk ikkje noko svar, og sprang gråtande og full av angst på sin villsomme veg. Til sist kom han til den staden der alve-folket dansa sin lette ringdans på vollen.

Med tårefulle augo spurde han også dei: “Kvi sukker det so tungt uti skogen?”

Den vesle alve-dronningi roa han og fortalde: “Når natti sakte skrid ut over land og sjø og dagsens ståk tagnar og alt vert so stilt, då ser den arme,

dystre jordi andletet sitt i himmelspegelen, – og ser til si gru alle dei synder som er vortne gjorde i alle årtusund. Då går det ei dødsens resting gjennom jordi sin inste merg. Då tek alle fjelli til å skrifte, og alle dalane tek til å beda.

“Då suckar det så tungt uti skogen.” –

Då takkar guten for svaret, og seier til sist:

“Vel er eg mykje ring, har korkje gods eller gull. Men eg gjer den lovnad til Herren at aldri skal det sukkast so tungt for mi skuld ute i skogen.”

Talaren førde forteljingi vidare og skildra guten sin ærlege strid til dess han fann Jesus og vart eit Guds barn.

Og so tala han om dei tri sukkar som er nemnde i Romerbrevet, det 8. kapitel: Skapningen sin sukk, Andens sukk og Guds barn sin sukk. Og han tala som han aldri i livet hadde tala, – og aldri gjorde det sidan.

Han hadde forsamlinga i si hole hand. Og då han gjekk ned frå talarstolen, var han trøyt, og sveitten rann.

Han gjekk bort og sette seg ved sida av Olfert Ricard. Denne greip Fridrik i akslene, riste han og kviskra: “Og det vilde du snyde os for, dit Bæst!” –

Fridriksson kjende seg både lukkeleg og løyst. Og på heimvegen sa Ricard: “Eg visste nok at du ville greia deg. Men eg hadde aldri tenkt at du ville gjeva oss noko so framifrå som du gjorde i dag.”

Då fortalde Fridrik venen sin alt, fortalde om si avmakt og dugløyse, og om Guds vidunderlege hjelp.

Dette møtet fekk avgjerande verd for Fridrik Fridriksson. Hadde det gått gale for han, hadde han aldri hatt mod til å reisa landet rundt på talarferd. Men det som var størst for han, var nok opplevingi av si eigi avmakt og Guds allmakt.

\*

Denne hendingi har han sjølv skildra i “Min livs-saga”. Men han fortalde meg ogso denne fine opplevingi to gonger, fyrste gongen i 1947, og siste gongen i 1960, – året før han døydde, – 60 år etter at det hende. Heilt visst var det ei av dei mektigaste og gildaste opplevingane i hans lange og hendings-rike liv.

– Eg freista ein gong seinare å tala om det same emnet, fortalde han, men eg fekk ikkje noko tak på det.

Det var ei eingongs-oppleving, då himmelens Gud bøygde seg ned og hørde den hjelpelause sukken frå eit ungt vitne i ein fortvila situasjon i eit framandt land.

*Ved Juletid 1967*

# LUDVIG HOPE

*som auksjonarius*

Dei 5 krigsåra – 1940-45 – var tunge og lange. – “Tunge tider langsamt skrider” – denne salmestrofa siterte danskekongen i sin tale under den siste stor-krigen, minnest eg. Og sant er det.

Ikkje minst kjendest desse tidene tunge for den kjende lekpredikanten *Ludvig Hope*. Han var ikkje berre stor som talar, men ogso sterk i sin fedrelands-kjærleik. Det var han som, saman med biskop *Eivind Berggrav* og professor *Ole Hallesby*, dana “Kristent Samråd”, som sidan vart til “Den midlertidige kirke-ledelse”. – Alle tri vart fengsla. Berggrav vart internert på hytta si, Hope og Hallesby sende til Grini. Eigedomen til Hope vart ogso konfiskert.

Men under alt synte han seg som ein modig, klok og friboren kristen nordmann. Han hadde “fritt språk” andsynes fiendane, og tala tyskarane midt imot.

Det som her skal forteljast, syner at midt under krigens alvor kunne han ogso la humoren spela.

Ein av dei siste dagane i august 1944 slapp Hope ut frå Grini. Han hadde ikkje vore heilt frisk i det siste, og det gjorde nok sitt til at tyskarane let han reisa heim. Han var då ogso ein gamal mann.

Eit par dagar etter drog Hope opp til hytta si på Lesjaskog. Der ville han vera resten av seinsom-maren. Men seinare på hausten er han atter i Oslo.

Den 17. november 1944 hadde Misjonssamban-dets mannsforening i Oslo eit samvær på kontoret i Grensen 19. Det var ikkje so raust med rom den gongen, so ekspedisjons-lokalet for “Utsyn” og “Blåveisen” var rydda “for anledningen”. Der satt me rundt eit langt bord.

Generalsekretær *Tormod Vågen* skulle tala om “bibelsk forsamlings-syn”. Men først opna *E. Hensten Pettersen* samværet med å lesa ordet “Gud er mektig til å gi.” Han sa nokre gode ord i tilknyt-ning til dette.

So hadde me “fellesmåltid”, – fekk “te” til “med-brakt mat”. Når eg har sett “te” i hermeteikn, er det fordi denne drykken var langt frå ekte vare. Og den “medbrakte mat” var nok ikkje etter standarden i dag. – Like vel skreiv eg i dagboka: “Det er godt i krigen si harde tid å få nyta det daglege brød.”

\*

So tok *Andreas Solem*, misjonens forretningsfører og hovudkasserar i mange år, ordet. Han hadde ein pakke med to fine tolleknivar. Dei var gjevne til misjonen for lenge sidan, men var komne avsides ved eit uhell – som no synte seg å vera eit hell.

No då han slutta som forretningsfører og heldt på å rydda opp etter seg, kom knivane for ein dag. Og no ville han lodda dei ut til fordel for misjonen i dette misjonslaget av menn.

Han synte tolleknivane fram.

– Nei, sa Vågen, me auksjonerer dei!

– Ja, sa Hope, me auksjonerer dei.

Det vart støtta, og Hope vart utpeikt til auksjo-narius.

Han tok tolleknivane i handa.

– No har eg vore på Grini, og der har eg laga mange tolleknivar. Me hadde mykje strev med å “organisera” (“Organisera” var det tekniske uttryk- ket for å skaffa seg mat og andre varer på ulovleg vis) materiale til dei. Eg kan seia at dette er fine knivar. Gjev bod! Du, Enger, får byrja! –

Og gamle vegvaktar *Enger* oppe frå Sinsen opna.

Fem kroner! baud han.

– Femti! sa Hensten Pettersen.  
 – Hundre! sa Martin Kjenes.  
 Hope lo, og ville slå. Men før han nådde so langt, ropa *O. Wolden*:  
 – To hundre!  
 Då slo Hope brått.  
 So var det kniv nr. 2.  
 – Som de ser er denne finare, sa Hope. Det er eit anna lag på skaftet (det var krumma). Gjev bod!  
 – Femti!  
 – Hundre!  
 – To hundre!  
 – Tri hundre! sa Martin.  
 – Tri hundre og femti! sa Hensten.  
 Då klubba Hope.  
 Men Martin Kjenes meinte at Hope hadde slått for tidleg:  
 – Kniven skulle nok ha vorte dyrare dersom me hadde fått halde på, meinte han.  
 – Det er bra dei vart dyre, meinte ein. Dess meir salær får auksjonarius!  
 – Ja, ja, det er sant, lo Hope. Auksjonarius skal ha salær.  
 So gjekk han bort til Hensten med kniven.  
 Etterpå skulle misjons-offeret takast opp. No var Hope retteleg komen i form. Han tok ein hatt og gjekk rundt med.  
 – Fram med setlane, karar! sa han.  
 Det var lagt kr 300,- i hatten. Etter den tida var det eit bra offer.

\*

So var “auksjonen” slutt, og Vågen tala om forsamlings-synet i Bibelen. Det var rikt på bibelske tankar og syner. – Han synta at forsamlinga (menigheten, kyrkja) er Guds folk på jord, Kristi brud. Og han peika på at det er nådegåvene, ikkje “embetet”

som avgjer kven som skal forkynta og læra og ha tilsyn og styra i Guds forsamling.

Hope vart beden om å avslutta samværet.

Han minte om at det me no hadde høyr, var det same som han hadde halde fram då han sjølv var ung. Synet hans gjekk i same leid som me hadde høyr i kveld. No var det gildt å leva det opp att.

Det var hans meining at den kyrkjelege vinden i framtida ville verta ganske sterk. “Me står i fare for å sigla langt til høgre,” sa han. So bad han oss om å gå til botnen i dette spørsmålet. Forma vårt syn so godt me kunne, og sende det ut i folket, – saman med *Knut Rettedals* foredrag om dåpen, – “so kinesarane” (spøkefullt namn på dei som sokna til Kinamisjonsforbundet, no Misjonssambandet) kan få den sunne læra, som det ofte er so smått stell med.”

Hope hadde ogso nemnt sitt syn på stoda i framtida på høgste kyrkjeleg hald, sa han.

– Kor mykje dei vil koma til å ta omsyn til det, er eit anna spørsmål. – Ja, slik ser eg på det, eg som skal ha vorte so “kyrkjeleg”, slutta Hope. (Nokre trudde den gongen at Hope hadde gått ifrå sitt gamle kyrkjesyn sidan han var gått inn i “Den midlertidige kirkeledelse”.)

Til slutt leidde han oss i bøn. Det var noko usei-eleg mjukt over han, – meir enn før. Han bad særleg for dei som var i fangeholer og leirar, dei som vart pinte til døde, dei som i årevis bad om utfriing og ikkje fekk svar, – vart mismodige og tvilande, – bad om at den svære tida snart måtte ta ende.

Det kvite hovudet lyste der framme.

Då eg bad farvel med han, sa han:

– Er det ein ettermiddag du ikkje har noko anna å trøyta tida med, so stikk oppom meg!

Ti år etter – i 1954 – fekk Ludvig Hope, denne kjempa i norsk lekmanns-kristendom – heimlov.

Då hadde alt Andreas Solem fare or heimen. Og våren 1966 døydde Martin Kjenes.

Men me gøymer på mange minne om desse tri. Eit av dei har me drege fram her, 24 år etter. Då var Noreg inne i ei tung tid, – ei tid som vår store Gud i miskunn førde fedrelandet ut av.

*Ved Juletid 1968*

## BOKTRYKKAREN I DRAMMEN

*Minne om B. T. Warhuus*

Mange soger og morosame stubbar vert fortalde om den særmerkte boktrykkaren B. T. *Warhuus* i Drammen. I mange år var han ein av leiarane for det unge Norsk Luthersk Kinamisjonsforbund, no Norsk Luthersk Misjonssamband.

Eg minnest han godt frå Norsk Luthersk Misjons-sambands generalforsamlingar i 1930-åra. Eg kan enno sjå for meg den rolege, røslege karen når han kom ruggande fram, stelte seg opp og song: “No hev du dagen, å, bruk han vel, for før du trur, kan det verta kveld!”

No er det mange år sidan denne originale mann fekk heimlov, og det kan høva å friska opp nokre minne om han.

Ein solrik ettermiddag i september 1948 sat eg i hagen på Fjellhaug Skole på Sinsen i Oslo og tala med maskinmeister *C. J. Johannesen*. Han var fødd i 1871 og budde i sine barneår på Sinsen. Men i fleire år var han maskinmeister på ein isbrytar i Drammen. I den tida var det at han vart kjend med boktrykkar Warhuus.

Den septemberdagen i hagen på Fjellhaug var Johansen komen langt inn i livskvelden, men han hugsa godt det som hende og det som vart sagt då han var i sine yngre år.

Han fortalde at han var mykje i lag med Warhuus på møte. Ein gong drog dei til Krokstadelva, og skulle ha møte på bedehuset der.

“Vil du høyra om mi omvending?” spurde Warhuus.

“Ja, gjerne.”

“Ein amerikanar som budde i Drammen, døydde. Eg skulle fylgja han til grava, for han hadde ingen

kjende. Då eg kom inn i lik-kapellet låg han der på båra, utan sveip over. Og då lydde det for meg: “Du skal døy! Du skal døy!”

Dette gjorde eit sterkt inntrykk på meg, og eg var ingen personleg kristen den gongen.

Då eg kom heim, såg eg nok noko sturen ut, og kona mi sa til meg: “Du Warhuus, du får syngja ein song, for du plar vera so glad i å syngja.”

“Skal eg syngja no, må det verta ein salme,” svara eg, og so song eg for kona mi.

Warhuus var då faktor i “Drammens Blad”. Ein dag sa han til sjefen sin: “No har eg tenkt på at eg vil verta ein truande mann.”

“Nei, det må du nok passa deg for, for då kan du verta galen! Det har hendt med fleire.”

“Vent du!” svara Warhuus, “so skal du sjå at det vert godt både for deg og for meg!”

So gjekk han der og rusla, og bad til Gud, vil eg tru. Og so gjekk lyset opp for han, og han fekk sjå at han var Guds barn som han gjekk og stod.

Då gjekk han beint inn til sjefen sin og sa: “No er eg lukkeleg og glad, for no er eg eit Guds barn.”

“Nei, no er du vorten galen. Gå no heim og legg deg so fort som du kan!”

“Kan eg få gå heim til kona og fortelja det som har hendt?”

“Ja, gå heim so fort du kan!” sa sjefen.

Då han kom heim og fortalde kona om si store lukke, svara ho: “Du Warhuus, eg har tent hos ein prost, og han las litt i Bibelen og bad og takka, men han bar seg ikkje sånn som du.”

Warhuus svara: “Det må liv til! Det må liv til!”

---

Dagen etter gjekk Warhuus til arbeidet sitt, og var som vanleg.

Han bad for kona si i vel eit år, og for sjefen

sin bad han i sju år. Og til Gud kom dei begge to.

Ho vart ei stø truande kvinna, og til god hjelp for mannen sin.

Og då sjefen hans låg på sitt siste, var han heilt løyst og gjekk frelst og salig ut av verda. Men før han døydde, tok han ringen av fingeren sin, og han vart smelta saman med Warhuus sin ring. Og alt han åtte, trykkeriet og ellers alt saman, testamenterte han til venen Warhuus.

Som me skjønar, var Warhuus det me kallar ein sjelevinnar. Ein gong skulle han til Vestfold og ha nokre møte. Han gjekk inn på toget og sette seg. So kom det inn ein med-passasjer som var både full og galen. Han spør kva for ein kar Warhuus var, lyfte handa og ville slå til han.

“Eg er ein syndar, frelst av nåde.”

“Har du billett?”

“Ja, eg har billett, og det er Jesu blod. På den billetten går eg like til himmelen. Men korleis trur du det skal gå med deg, du som drikk deg full og reiser land og strand og held spetakkel kvar du kjem? Og når du kjem heim, er du slem med Mari, og held spetakkel med henne au!”

“ Dette har eg aldri høyrte maken til før. Kjenner du a Mari?”

“Eg har aldri sett Mari, men det går gale dersom du held fram som du gjer no.”

“Trur du det er noko råd for meg?” spurde mannen.

I det same dei skulle skiljast – med-passasjeren skulle gå av på Sem stasjon – seier Warhuus til han: “Les Lukas kapittel 15 når du kjem heim!”

Då toget skulle gå, ropa mannen: “Var det Lukas 15 eg skulle lesa?”

“Ja, les det!” svara Warhuus.

---

Og so ei saga frå Hallingdal:

Warhuus skulle preika i ei kyrkja i dalen, men då han var på vegen dit, la han merke til at ringaren ringde bare to gonger. Han spurde kvifor det vart gjort slik skilnad på presten og ein lekmann.

“Det er tri personar i guddomen: Gud Fader, Sonen og Den Heilage Ande. Veit du ikkje det? – Skund deg opp i tårnet og ring ein gong til!”

Og det vart ringt.

---

Ein gong seinare var Warhuus og eg på eit møte i Vår Frelzers Kirke (no Domkirken) i Oslo. Der sat ein mann i Hallingdals-bunad. – “Han der er vel frå Hallingdal,” sa eg. – “Ja, han er den mannen som ikkje ville ringja meir enn to gonger,” svara Warhuus.

---

Ein mann frå Modum – maskinmeisteren kalla han ein dagdrivar – kom rett som det var til Warhuus på kontoret hans, skjelte han ut og heldt eit svare spetakkel, so kontorpersonalet spurde om dei skulle kasta han ut.

“Nei,” svara han, “har Gud tillate at denne mannen skal resonnera meg, so lat han halda på til dess han vert ferdig!”

Og då han var ferdig, gav Warhuus denne dagdrivaren pengar.

Ei natt kom det bod til han frå Bragernes sjukehus at han måtte koma, for det låg ein mann for døden og ropa: “Henta den Guds mann Warhuus!”

Det var “Dagdrivaren”.

So fekk Warhuus leia han til livsens kjelda, og han døydde sæl.

*Ved Juletid 1970*

MEIR OM BOKTRYKKAREN I DRAMMEN

### “Brudgomen, det var eg.”

Ein vinter var far til Warhuus på tømmerhogst. Så ein dag kom dei kjørande heim med far. Han hadde hogd seg i foten. Til dette uhellet kom at det var svært smått stell med økonomien hans. Men dei hoggarane han var i lag med langt oppe i skogen, hadde lova at dersom han sende gutane sine opp til dei, skulle dei få den provianten som var til overs etter den veka. Så skulle dei sjølve dra heim etter ny.

Warhuus og ein eldre bror drog av stad med kjelken. Det var lang veg, og sprakande kaldt.

Då dei var komne halvvegs, fekk dei sjå ei grå stove, og dei tenkte: “Me får gå inn og verma oss litt.” – Dei gjekk då inn i stova, og ei gamal, venleg kone kom og tok imot dei.

Dei spurde om dei kunne få verma seg litt, og ho plasserte dei rundt peisen og smurde to store brødsriver til dei.

Sidan sa Warhuus : “20 år etter var det bryllup i den gamle stova, og brudgomen, det var eg!”

Nokre år etter bryllupet kjøpte han den gamle stova, så svigermor fekk bu der.

### “I Kina, det mektige rike mot øst.”

Presten i Øvre Eiker kom til Warhuus og bad han koma og tala på ei indremisjonsstemna på Hokksund. Men, sa presten, du må lova meg ein ting, Warhuus, at du ikkje må snakka om Kinamisjonen.

Warhuus svara: Nei, då kjem eg ikkje!

Men presten gav seg ikkje før Warhuus måtte lova å koma likevel.

Før stemna tok til, var han beden til prestegarden til middag, i lag med ganske mange gjester. – Etterpå drakk dei kaffi, og då bad presten han å syngja ein song. Warhuus stemde i:



*“I Kina, det mektige rike mot øst,  
dør tolv millioner hvert år.  
De fleste, de dør uten håp, uten trøst,  
de kjenner ei Frelserens sår.  
Kom over og hjelp oss! Fortell dem om Gud!  
Kom snart, ti å tøve, det kan bli en synd,  
se, Jesus snart kommer i sky’n!”*

Medan han song, hytta presten til han, og sa: “Kva var det du lova meg, Warhuus?”

“Ja, eg minnest at eg lova ikkje å tala om Kina-misjonen, men eg lova ikkje å la vera å syngja om Kina!”

Så tok han skåla under kaffikoppen og sa: ”Å, gi ein slant til Kinamisjonen, da!”

– Og han fekk ein god slump.

#### **“Det har Far ordna, guten min.”**

Då Warhuus dreiv trykkeriet til “Drammens Blad”, hadde han ein kompanjong som gjorde underslag. Warhuus kom då i svære vanskar. Stødt hadde han utgifter som laut betalast.

Sonen hans var også på kontoret, og kvar dag spurde han kva dei skulle gjera.

Særs kritisk var det ein dag då ein stor obligasjon var forfallen. Men den dagen vart han roleg. – Då han kom på kontoret, spurde sonen: “Kva skal me gjera i dag klokka 12?”

“Det har Far ordna, det,” svara Warhuus. Ei lita stund etter kom ein mann inn. Han var utanbys frå, og visste ikkje om dei vanskane som Warhuus var i. Det første han seier då han helsar på boktrykkaren, er:

“Kva er det som står på med deg, Warhuus? Eg har ikkje fått fred for deg i heile natt. Er det denne summen du treng, så ver snill og ta den!”

Det var nettopp den summen han trong!

#### **“No har du dagen”**

Eg minnest godt Warhuus frå Misjonssambandets generalforsamlingar og andre stormøte i 1930-åra. Då vart han ofte beden om å syngja. Eg hugsar enno den siste gongen eg såg og hørde han syngja. I lag med ein annan stemde han i Mikal Aksnes sin song:

*“No hev du dagen, å, bruk han vel,  
for før du trur, kan det verta kveld!*

— — —

*Ja, bruk den dagen som Gud deg gav!  
Ei helg deg ventar bak død og grav.  
Og vert du trugen her i det små,  
til Herrens kvila du skal få gå.”*

*Ved Juletid 1972*





KANTATER

# DEN STORE KONGEN

*Julekantate for barnekor*

Julekantaten ”Den store Kongen” vart skriven 18. og 20. juni 1973. Mons Leidvin Takle har sett musikk til.

## *Jul – du har so ljøs ein klang*

Jul – du har so ljøs ein klang.  
No me syngja vil ein song  
om det herlege som hende:  
Gud sin Son til verdi sende  
for å gi oss ljøs og fred.

Jul – du har so kjær ein klang.  
Songen over hyrding-vang  
enno over verdi tonar,  
om vår Frelsar og forsonar  
som gav jordi gledebod.

Jul – du har so gild ein klang.  
Og det er vår hjartans trong  
syngja kvadet til Guds ære.  
Himmelkongen lova vere!  
IN EXCELSIS GLORIA!

Fort el jar :

*Betlehem* – det namnet har so kjær ein klang. Det var kong David sin barndomsby, og det var der Jesus, verdi sin frelsar, vart fødd.

*Betlehem* – ein liten by med kvite hus og tronge gater, i Judea i Jesu fødeland. – Kjem du frå Jerusalem og går opp mot sør, er det ikkje so lenge før du ser denne vakre byen lysa oppe på ei høgd.

Mange av dei som budde i Betlehem, var hyrdingar. Dei gjætte saueflokkane på beitemarkene nord for byen. Den gongen vanka det både ulv og bjørn der. Og difor laut gjætarane passa på sauene ogso om natti.

For å halda nattekulden ute tende dei bål. Og då kunne dei nok syngja saman for å få tidi til å gå:

## *Sov no, de sauer! Me held vakt*

Sov no, de sauer! Me held vakt,  
vernar mot ulvars og bjørnars makt.  
Når det so demrar mot dagen ny,  
trygt skal de beita ved Betlehem by.

Natti er lang, men dagen kjem.  
Soli snart renn over Betlehem.  
Eingong skal mørket for alltid fly.  
Kristus skal fødest i Davids by.

Fort el jar :

På den tidi rådde keisar Augustus over det veldige Romerriket. Han hadde herrevelde ogso over Israels land. – No gjekk det ut eit bod frå denne mektige keisaren at alle folk i det store riket hans skulle skrivast i manntal. På den måten fekk han vita kor mange millionar undersåttar han hadde, – og kunne kontrollera at alle betalte skatt.

Lenger nord i landet – mange mil frå Betlehem – låg den vesle byen Nasaret. Der budde ei ung kvinne som heitte Maria. – Ein dag fekk ho uventa og fint besøk.

## *Ei lita stove i Nasaret*

Ei lita stove i Nasaret,  
den vesle byen i Galilea,  
der fekk ein kvardag dei englebod.  
Det må vel vera ei himmelgleda!

I stova budde den unge møy  
*Maria*, – engelen henne helsar:  
Ver ikkje redd, *Maria*! Du har nåde fått.  
Du mor skal verta til verdsens frelsar!

Forteljar:

*Maria* var trulova med ein bygningsmann som heitte *Josef*. Han var frå *Betlehem*, og difor laut han reisa den lange vegen dit og skriva seg inn i manntalet der.

Det var ei lang ferd. Men *Maria*, som venta det første barnet, fekk sitja på ridedyret, eit esel, medan *Josef* gjekk ved sida. Av og til stemde dei i ein song:

## *Vår sjel høglovar Herren*

Vår sjel høglovar Herren.  
Det er vår djupe trong  
å syngja til di æra  
ein hjartans takkesong.

Du miskunnsam har vore,  
vår sol og skjold du er.  
På faderarm du ber oss.  
Så signe du vår ferd!

FORTELIAR:

ENDEIEG ER DEI FRAM ME. BETLEHEM IGG LAUGA I STRÅ-  
LANE FRÅ EI SIGANDE SOL. ESELET RUSLAR SAKTE OPP DEN  
SISTE BAKKEKNEIKEN.

## *Å Betlehem, du vesle by* (1. vers)

Å *Betlehem*, du vesle by,  
me ser deg kvila der.  
Og over deg so stille dreg  
dei stjernors store hær.  
Men i dei mørke gater  
eit æveljos skin ned.  
Til deg no går dei tusen år  
sin lengsel etter fred.

Forteljar:

Kor godt det var å vera framme! Og kor godt det skal verta å ta inn på det vesle vertshuset, få seg litt mat, og sidan kvila og sova! Men nei, det er nok fullt av framandfolk før i herberget. ”Det er dessverre ikkje rom!” får dei høyra.

So er det ingi anna råd, – dei får ta til takke med ei fjellhola som vart nytta til stall. – *Maria* kjenner seg ikkje god. Ho skjønar at tidi hennar er komen. – Og der inne i stallen, der det bare brann ei lita oljelampa, fødte *Maria* barnet *Jesus*. Ho sveipte han med kjærlege hender og la han varsamt ned i ei krybba. Bare *Josef* var med henne. Og so stod det nok nokre sauer og lam og såg på det som hende.

*Å Betlehem, du vesle by* (2.–4. vers)

I denne natt ein frelsar stor  
vart fødd, og englar kvad.  
Mens verdi sov, dei song Guds lov,  
og himmelen var glad.  
Å, morgonstjerner alle,  
fortel at han er fødd.  
Du stjernekor, pris kongen stor!  
Guds fred på jordi mødd!

Kor stilt, kor stilt vår Herre gav  
den julegåva god!  
Slik himmelen gjev jordi enn  
si rike signingsflod.  
Me merkar ei hans kome,  
men til kvar open sjel  
stig Jesus inn med nåden sin  
og gjer ein syndar sæl.

Å kongebarn frå Betlehem  
inn i vårt hjarta drag!  
Me audmjukt bed: Stig til oss ned,  
vert fødd i oss i dag!  
Me høyrer englesongen  
det glade bod fortel.  
Å, kom til oss, å, ver hos oss,  
Guds Son, Immanuel!

*Etter Phillips Brooks: O Little Town of Bethlehem*

Fortel jar:  
So stilt, so stilt, – men var det då ingen andre enn  
Maria og Josef som fekk høyra at Frelsaren var  
fødd?

Jau, same natti hende noko underfullt ute på  
Betlehemsmarkene. Nokre gjætarar som heldt nattevakt  
over sauene sine, fekk med eitt sjå ein lysande  
engel stå der. Guds himmelske herlegdom stråla  
ikring dei, og det var ikkje underleg at dei vart  
fælände redde.

Då var det at sendebodet frå himmelen forkynte  
det sæle juleevangeliet.

*Alle born i verdi sov*

Alle born i verdi sov  
då det store under hende.  
Gud den store stjerna tende.  
Alle englar song hans lov.

Hyrdingar på nattevakt  
høyrde desse sæle ordi  
av Guds høge engel sagt:  
Gleda, fryd og fred på jordi!

Fødd er dykk ein frelsar stor.  
Han skal evig konge vera.  
Herren vere lov og æra!  
Sonen sende han til jord.

Englehæren kvad i kor.  
Hyrdingane høyrde kvadet.  
Først dei fæla, – sidan glade  
lydde dei til himmelord.

## *So til Betlehem dei gjekk*

So til Betlehem dei gjekk  
i si nye, rike gleda.  
Barnet ville dei tilbeda.  
Der dei Jesus skoda fekk.

Der dei verdsens Frelsar fann.  
I ei liti krybba låg han.  
Og dei jubla då dei såg han.  
Utanfor ei stjerna brann.

Ogso me han møta får,  
levande, i bøni, Ordet.  
Der han dukar himmelbordet.  
Kongen enn iblant oss går.

Fort el jar:  
So gjekk gjætarane glade tilbake til si nattevakt. Dei  
lova og priste Gud fordi Jesus var fødd, han som  
skulle frelsa sitt folk frå deira synder.

Men er det ikkje underleg at han som er Guds  
Son, og Herre over himmel og jord, kom til jordi  
som eit lite menneskebarn og vart fødd i so fattige  
kår?

## *Ei krybba i Betlehems stall*

Ei krybba i Betlehems stall var den stad  
der verdi sin frelsar til kvila dei la.  
Og stjerner frå himmelen ned på han såg,  
på høyr og på halm han i krybba si låg.

Sjå, barnet det vaknar, og om det er kveld  
og skumring i stallen, so smiler det lell.  
Eg elsker deg, Jesus, til meg ogso sjå!  
Og vak ved mi vogga, so trygt søv eg då

Ver hos meg, o Jesus, ver alltid meg nær!  
Meg verna på vegen, og elsk meg, eg ber!  
Velsigne du borni, du har oss so kjær!  
Og før oss til himlen. Vi møter deg der.

*Frå engelsk: Away in a Manger*

Fort el jar:  
No er det snart gått to tusund år sidan den første  
julekvelden. Enno høgtidar me denne helg i dei  
gamle kristne land, og vidare utover jordi, der den  
kristne misjonen går fram. Men – kvifor held me  
jul?

## *Kvifor kom du, Herre Jesus?*

Kvifor kom du, Herre Jesus,  
hit frå himlens herlegdom,  
til vår jord, der dei du elska,  
gav til deg so trongt eit rom?

Kvifor kom du, Herre Jesus,  
til ei verd so myrk og kald?  
Vel du visste at dei ville  
møta deg med hat og vald.

Kvifor kom du, Herre Jesus?  
Kvifor kom du hit til oss?  
Alt du gav – til takk so fekk du  
klungerkruna og ein kross.

FORTELJAR:

I LAND ETIERLAND, I AUSTOG I VEST, I SØR OG I NORD, FRÅ  
GULE, BRUNE, SVARIE OG KVITE MENNESKE, FRÅ BORN OG  
UNGE, M ANNDOM OG ALDERDOM, LYDER SVARET.

### *Me trenger ein frelsar*

Me trenger ein frelsar, for me er i nød,  
og sjeli i lekkjer er lagt.  
Me trenger ein frelsar frå dom og frå død,  
frå syndi og mørket si makt.

Og difor du kom, Herre Jesus, for å  
gjeva ein dag til vår jord.  
Du gjekk inn i vår arv og vårt ansvar,  
som vår ven og utløysar og bror.

Det var godt at du kom, Herre Jesus!  
For du kom med ein fullnad av fred.  
Du stod opp att, og evig du lever.  
Kvar ein dag, kvar ei stund er du med.

Forteljar:

Kva skal me so seia til slutt, til deg som har høyr  
på vår song?

### *Gå til Jesus*

Gå til Jesus, møy og mann!  
Bøy deg ned, og tilbe han!  
Sæl kvar ein som honom helsar,  
Kristus, verdens store frelsar,  
han gjev von og evig liv.

Tilbed Kongen, Jesus Krist!  
Han deg gjev det du har mist.  
Eig du ikkje gullet klåre, –  
han som heimsens synd har bore,  
lat han eiga hjarta ditt!

Då det vert i sanning jol.  
Han er livsens klåre sol.  
Difor vil me honom hylla  
og med lovsong livet fylla.  
Kron han! Kron han, allhærs drott!



## DEN STORE STJERNA

JULEKANTATEN BLEI SKRIVE PÅ OPPMODING FRÅ MONS LEIDVIN TAKLE, SOM OGSÅ SETTE MUSIKK TIL DEN BLEI FØRSTE GONG FRAM FØRT I JULA 1972.

### *Brenn, du Betlehem-stjerne!*

På verdi sin mørke himmel  
ei strålende stjerna vart tend.  
Ho varsla: No er til verdi  
ein frelsar send.

Ho tindra i austerlandi,  
og vegen dei vismennar fann.  
Dei fylgde den store stjerna  
som skein og brann.

Ho stråla i julenatti,  
ho skirt over Betlehem skein.  
Og enno ho brenn over verdi,  
den stjerna rein.

Ja, brenn, du Betlehem-stjerne!  
Strål over verdi mødd!  
Skin for dei nye ætter:  
Ein frelsar er fødd!

Ja, brenn, du Betlehem-stjerne,  
for borni i land og by!  
For lyset frå dine strålar  
må mørket fly!

### *Det demra mot dag*

Det demra mot den nye dag  
i verdi si dystre soga.  
Mørket er dømt til nederlag;  
i aust det lysna og loga.  
Han som skal berga den falne verd,  
på veg no til jordi er.

Varsla frå fjerne tider, –  
profetar såg dagen hans.  
No mot den stund det lider  
Guds rike skal syna sin glans.

Høyr, morgonstjernone alle,  
dei tindrar, dei jublar i kor!  
Den store stundi er komen.  
Ein frelsar skal fødest til jord.

### *Herolden*

Men først må herolden koma,  
og rydja for kongen veg.  
Johannes, frå øydemarki,  
han framføre Kristus dreg.

Han gjeng i kamelhårs-kappe;  
der fanst ikkje glim og glans.  
Grashoppar og litt vill honning  
var heile føda hans.

Men åndi var sterk og myndig;  
ja, sidan vart sagt dei ord:  
Av dei som er fødde av kvinnor,  
er ingen som han so stor.

Frå Juda øydemark kom han,  
Hans ord var som toreskrall.  
Han peika ogso på Kristus,  
som verdi si synd sona skal.

I vyrdnad me minnest Johannes,  
den heilrende heidersmann,  
herolden som varsla Kristus,  
og rydde vegen for han.

### *Ikkje til Euftrat*

FORTELJAR:  
IKKJE TIL EUFRAT KOM HAN,  
IKKJE TIL TIGRIS-ELVI,  
IKKJE TIL NILEN HELER,  
MEN TIL DEN VESLE JORDAN-ÅI.

IKKJE TIL TEBEN KOM HAN,  
IKKJE TIL VERDS-BYEN ROMA,  
IKKJE TIL BABYLON HELER

---

MEN DU, LITTE BETLEHEM, EFRATA,  
DU ER SO VISSTEI DEN MINSIE  
IMILLOM JUDA HOVDINGAR  
OR DEG SKALEIN FYRSIE GÅ FRAM,  
EIN HYRNING FOR ISRAELS FOLK.

FORTELJAR:  
OG NASARET, BY MILLOM BERGI, -  
DEI TRENG 'KJE PÅ DEG Å SJÅ NED.  
DU VERDI SIN FRELSAR SKAL FOSTRA,  
SOM FOLKI FORKYNNER FRED.

### *Ikkje til sjølvhjelpne sjeler*

Ikkje til sjølvhjelpne sjeler,  
ikkje til stolte sinn,  
men til dei brostne hjarto  
steig verdi sin frelsar inn.

### *Englebod i Nasaret*

FORTELJAR:  
EIN ENKELHEIM I EIN UKJEND BY,  
EI UKJEND KVINNA I KVARDAGS-BUNAD.  
MEN HO EIN DAG FEKK SO HØG EIN GJEST.  
HAN KOM FRÅ GUDS KVITE TRUNA.  
ENGEIEN GABRIEL VAR DET SOM KOM,  
MED KALL OG MED ÆRE-KRUNA.

---

VER HEISA, M ØY MARIA,  
DU SOM SLIK NÅDE HEV FENGE, SLIK NÅDE FRÅ GUD.  
VER HEISA, M ØY MARIA.  
MED BARN SKAL DU VERTA, OG EIGA EIN SON.  
DU HONOM SKAL KALLA JESUS.

HAN STOR SKAL VERA,  
SON ÅT DEN HØGSTIE,  
KONGE TIL ÆVELEG TID.  
DAVID SIN KONGSSTØL SKAL GUD HONOM GJEVA.  
HANS TRUNA SKAL INGEN RIKKA.  
ÆVELEG TRYGT SKAL HO STANDA.

FORTELJAR:  
VER IKKJE REDD, MARIA!  
GUD HERREN SKAL UNDERET GJERA.

Hans Heilage Ande skal over deg koma;  
den Høgste si kraft skal over deg skyggja.  
Difor skal ogso det heilage barnet  
som fødest, kallast Guds Son.

### *For ingen ting er umogleg for Gud*

For ingen ting  
er umogleg for Gud. –  
Nei, ingen ting  
er umogleg for Gud.

### *Eit bod frå Keisar Augustus*

All verdi i manntal skal skrivast!  
Augustus hev gjeve det bodet.

Fort eljar:  
Det var fyrste gongen dei manntal tok,  
imedan Kvirinius rådde  
som landshovding over provinsen  
dei Syria kalla.

Og difor drog dei til kvar sin by,  
i manntal skulle seg skriva.  
Frå Nasaret tok då Josef ut,  
med festarmøyi Maria,  
som då var med barn  
ved Den Heilage Ande.  
Til Betlehem ville han fara,  
til David sin gamle by.  
For han høyrde til Davids hus og ætt.

### *Til Betlehem*

So drog dei den lange vegen,  
frå Nasaret der i nord.  
Til sist dei seg nærma målet,  
og framom Jerusalem for.

No er dei i barndomsbyen.  
Kor stort at vel fram dei kom!  
Men akk, i det vesle herbyrget  
det var for dei ikkje rom.

Dei difor lyt ta til takke  
med det dei kan få: ein stall.  
So hev dei då tak over hovudet;  
dei livd hev i natti kald.

Det var ikkje rom i herbyrget  
i byen i Juda land.  
Men over den låge stallen  
ei strålende stjerna brann.

Det er ikkje rom for Kristus  
hjá mange i by og grend.  
Men høgt på Guds himmel enno  
ei strålende stjerna brenn.

Borte er keisar Augustus,  
borte Kvirinius med.  
Men barnet frå Betlehem lever,  
han som gav verdi fred.

## *Tempel vart stallen*

I stallen den dystre og døkke,  
der sauer og kje hev trødd,  
der hender det noko i natti:  
Verdi sin Frelsar vert fødd.

Og mor tek det vesle barnet,  
so varleg ho sveiper det.  
So legg ho det lint innåt barmen,  
og sidan i krybba ned.  
Det tonar ei takk i hjarta.  
I stallen det råder fred.

Sjå, det var glimen og glansen  
som Kongar sin Konge fekk, –  
han som var lyset og livet, –  
då inn han i ætti gjekk.

Han låg 'kje i silkeklede,  
i skinande, solbleikt lin.  
Men høgt over heimen i stallen  
ei strålende stjerna skin.

## *Men himmelen heidra det barnet*

Men himmelen heidra det barnet,  
den natti det kom til jord.  
Der ute på Betlehems-vangen,  
der song det so stort eit kor.

Der var det heroldar som ropa,  
av englar ein veldig hær.  
Enn lyder det himmel-bodet:  
Ein frelsar er fødd til vår verd!

Ja, ute på Betlehems-vangen,  
der hyrdingar nattevakt held,  
der hende det noko so underfullt,  
den fyrste julekveld.

FORTELJAR:  
BRÅTT LYSTIE GUDS HEREGDOM KRING DEIM,  
MEIR KLÅRT ENN EI GLIM ANDE GLO.  
SO SÅG DEI EIN ENGEL FRÅ HIM IEN.  
HAN INN MED DEI HYRADINGAR STOD.  
OG FYRST VART DEI FÆLANDE REDDE;  
DEI SKOLV, OM EI NATI VAR KALD.  
MEN ENGELEN SA:

## *Ikkje ottast!*

Ikkje ottast! Ikkje ottast!  
Ei gleda so stor eg dykk melder,  
og timast alt folket ho skal.

I dag er det fødd dykk ein frelsar  
i Betlehem, David sin stad.  
Han er Kristus, Kyrios, Kongen.  
Og dette teikn skal de ha:  
Eit lite barn skal de finna,  
som er sveipt og ligg i ei krybba. –  
Dei ordi engelen sa.

FORTELJAR:  
Brått kringom engelen stod det  
av himmelånder ein hær.  
Dei kom ifrå lyset sitt rike,  
dei kom frå Guds evige verd.

Det tallause kor av englar,  
dei høglova Gud, og kvad.  
Og hyrdingar fulle av undring  
såg denne engle-rad.

### *Ære være Gud*

Ære vere Gud! Ære vere Gud!  
Ære vere Gud i det høgste!  
Og fred på jord,  
Guds hugnad med menneske!

Evig skal songen stiga,  
i himmel og på jord,  
songen som tona den natti  
i tallaustr englekor:

Ære vere Gud! Ære vere Gud!  
Ære vere Gud i det høgste!  
Og fred på jord,  
Guds hugnad med menneske!

Forteljar:  
Då songen omsider stilna,  
og englane bort var farne,  
då sagde dei hyrdingar  
seg imillom:

### *Lat oss no gå radt til Betlehem*

Lat oss no gå radt til Betlehem  
og finna det litle barnet,  
sjå det som no i natt hev hendt,  
og som Herren hev varsla oss om!

FORTELJAR:  
SO SKUNDA DEI SEG, OG STALLEN FANN,  
MARIA OG JOSEF OG JESUS-BARNET.  
OG HØGT OVER STALLEN STJERNA BRANN.

DEI BØYGDE SEG NED OVER KRYBBA  
OG HAN SOM I IINDAR LÅG.  
HAN SOM ER VERDI SIN FRELSAR,  
FOR FØRSTE GONG DEI NO SÅG.

OG SO DEI MED GLEDA FORTALDE  
ALTSOM OM BARNET VART SAGT  
AV ENGLAR, DÅ UTE PÅ M ARKI  
DEI NYLEG HEIDT NATIEVAKT.

OG ALLE SOM STOD I STALLEN  
OG HØYRDE DEI HYRDIING-ORD,  
VART EKNE AV DET DEI FORTALDE,  
OG UNDRINGI DEIRA VAR STOR

### *Men mest av alle Maria*

Men mest av alle Maria  
teken av undring er.  
Ho gøymde i hjarta dei ord som vart sagt,  
og grunda tidt på deim der.

### *So for dei hyrdingar heim att*

So for dei hyrdingar heim att,  
og vegen, han gjekk so lett.  
Dei lova og priste Gud for alt  
dei no hadde høyrt og sett.  
Det høvde so vel i eitt og alt  
med det som engelen hadde fortalt.

## *Sæle de sauehyrdingar*

Sæle de saue-hyrdingar  
som skoda den første jol!  
Sæl kvar ein som i Ordet helsar  
han som er verdi si sol!

Sæl kvar ein som i Ordet høyrer  
englar sin sæle song!  
Kvar og ein som sin frelsar hyller,  
skoda han skal eingong.

## *Eit ferdafylgje frå austerland*

FORTELJAR:

DETKJEM SO FINTEITFYLGJE  
ALTI FRÅ AUSTERLAND.

DEN LANGE FERDI ERENDA,  
OG NÅR DEI DÅ VEGEN FANN,  
SO VAR DET FORDI EI STJERNA STOR  
HØGTPÅ HIMMELEN BRANN.

— — —

DEI DROG GJENNOM DRYGE AUDNER,  
OG STJERNA SOM SYNTE SEG,  
FRAMFØRE DEIM GJEKK, OG VISTE  
TILHEIMEN I BETLEHEM VEG.

DEI VISMENN VART VELGLADE  
DÅ STJERNA DEN SKIRE DEI SÅG.  
HO STANA OPP OVER DEN STADEN  
DER BARNET I BETLEHEM LÅG.

OG DER GJEKK DEI INN I HUSET,  
OG BØYGDE FOR BARNET SEG NED.

Og so tok dei fram dei gåvor  
dei hadde i skrini med.

Det røykjelse var, og myrra.  
Av dufti vart heimen full.  
Og sistpå det dyraste gav dei, —  
det reine og raude gull.

No hadde dei svaret funne  
på livsgåta tung og svær.  
Og so attende til landet i aust  
med song i si sjel dei fer.

Dei var dei første som gjesta  
Jesus frå heidningland.  
Dei fylgde den store stjerna,  
og difor dei vegen fann.

Og sidan i verdi si sog  
det vandra ein tallaus hær,  
til barnet som føddest i Betlehem,  
som kongar sin Konge er.

## *Evig skal songen stige*

Kom alle, so gjeng me saman!  
So held me i sanning jol!  
Jesus er morgonstjerna.  
Ja, han er livsens sol.

Då skal me eingong syngja  
sælt i det store kor, —  
ein lovsong til Jesus Kristus  
som gjesta den arme jord.

Evig skal songen stiga,  
eit jublande ære-kvad:  
Gloria in excelsis Deo! –  
eit himmelsk halleluja.

Ja, brenn, du Betlehem-stjerne,  
for borni i land og by!  
For lyset frå dine strålar  
må mørket fly!

Ja, brenn, du Betlehem-stjerne!  
Strål over verdi mødd!  
Skin for dei nye ætter:  
ein frelsar er fødd!

Amen! Amen! Halleluja!

## JUL PÅ JORD

JULEKANTATE FOR BARNEKOR, SKRIVET I 1981.  
MUSIKK AV MONS LEIDVIN TAKIE.

### *Jul*

Jul, jul, jul, – du er så gild ein fest.  
Du gler oss borni aller mest.  
Me helsar Jesus velkomen,  
den høge himmelgjest.

Jul, jul, jul, – so stort at kvart eit år  
me denne ljose høgtid får!  
Me helsar Jesus velkomen,  
til Betlehem me går.

### *Høyrer du julesongen*

Høyrer du julesongen  
ut over all vår jord,  
av klare barnerøyster  
eit mektig hyllingskor?

Ser du den store skaren:  
Born i den vide verd,  
som lovsyng Herren Jesus!  
Til jord han komen er?

Høyrer du barnerøyster  
syngja den same song  
som englar jolenatti  
jubla den første gong!

## *Den første jul*

Den første jul eit barn vart født.  
Eit lite barn kom då til jord.  
Og ute på Betlehems-markene  
der song det eit englekor.

Den første jul, – eit lite barn  
vart født, og i ei krybbe lagt.  
Det hende i småbyen Betlehem,  
slik som det før var sagt.

Det hende i ein liten stall.  
Det fanst 'kje noko anna rom.  
Men ute på Betlehems-markene  
dei såg Guds herlegdom.

### *”Ottast ikkje Maria”*

”Ottast ikkje, Maria! Du nåde har fått hos Gud.  
Eit barn skal du få. Du skal verta mor  
til verdi sin Frelsar.  
Og han skal vera stor.  
Du honom skal kalla Jesus.  
Den Heilage Ande over deg kjem.  
Og difor skal det heilage barn som vert født  
kallast Guds Son.  
Han skal vera konge til evig tid.”

Fort el jar:  
Kvar einaste jul på jordi me høyra får om den gong  
Guds englar kvad for hyrdingar. Fortel oss no om  
den song!

## *Det hende på Betlehems marki*

Det hende på Betlehems marki.  
Det var nokre hyrdingar der.  
Dei nattevakt heldt over sauene,  
så villdyri ikkje kom nær.

Brått stråla eit lys i natti.  
Ein engel innmed ei stod.  
Då vart dei fælände redde,  
men engelen gav dei det bod:

”De treng ikkje vera redde!  
Eit gledebod med meg eg ber,  
ei gleda so stor, for alt folket:  
I dag er det født dykk ein frelsar.  
I Davids-byen det er.  
Og han er Kristus, Herren.

Og det skal de hava til merke:  
Eit lite barn skal de finna.  
Eit lite barn som er sveipt  
og ligg i ei krybba.”

Fort el jar:  
Då hende det noko så underfullt.  
Dei hyrdingar aldri det gløynde:  
Ein hær av himmelånder  
kring engelen var.  
Og lovsong frå himmelen strøynde.  
Han ut over markene fløynde.  
Dei høglova Gud og kvad:



## *Ære vere Gud!*

”Ære vere Gud i det høgste!  
Og fred på jord!  
Guds hugnad med menneske!”

## *Gud bygde ei bru*

Gud bygde ei bru  
ifrå himmel til jord,  
då han gav oss eit barn,  
då hans son vart vår bror,  
og fullført vart verket  
ved sonande blod.  
Då Kristus stod opp att  
det fullenda stod

Refr:

Gud bygde ei bru,  
so vær hugheil mi sjel,  
når på Jesus du trur,  
vert du æveleg sæl.  
Ei livsbru er lagd  
ifrå himmel til jord.  
Me hyller deg, Kristus,  
vår hovding, vår bror!

No fører ei bru  
ifrå døden si strand,  
over avgrunn og djup,  
til det livsæle land.  
Ho aldri kan rikkast  
av brotsjøars tyngd,  
ho leier til livet,  
til æveleg yngd.

FORTELIAR:

MEN DEI SOM SAUENE VAKTA,  
KVA GJORDE SO DEI?  
DÅ ENGLANE HADDE FARE  
TIL HIMMELEN OPP IGJEN,  
DEI HYRADINGAR SA TIL KVARANDRE:  
”NO GÅR ME LIKE TIL BETIEHEM .  
ME VIL SJÅ DET SOM DER ER HENDT  
OG SOM HERREN HAR VARSIA OSS OM .”

## *Dei var nok lette på foten*

Dei var nok lette på foten,  
og skunda seg fort av stad.  
Og snart var dei framme i byen.  
Til barnet i krybba dei kom.

Og så dei soga fortalde  
om det som i natti var hendt.  
Og alle som hørde, vart storleg forundra.  
Ei gleda i hjarta vart tent.

Men mora, Maria, gøymde  
i hjarta kvart einaste ord.  
Så takka dei hyrdingar kjærleg for seg,  
og heimatt til flokken for.  
Og gleda i hjarta var stor.

## *Kom, vert med til Austerland!*

Refr:

Kom, vert med til Austerland!  
Der so skir ei stjerna brann.

Vise mennar såg den glimen,  
skjøna i den same timen:  
Kongen stor, no er han fødd

Difor tok dei ut på ferd.  
Vegen, å so dryg han er!  
Men Guds stjerna synte leidi  
over ville ørken heidi,  
like fram til Betlehem.

Der ho, stor og still og klår,  
stansa, over heimen står  
der det vesle barnet budde.  
Dei vår frelsar fann, og trudde,  
fall på kne og tilbad han.

So dei opna sine skrin,  
røykjelse og myrra fin  
gav dei som ei fødselsgåva.  
Gullet skulle ogso lova  
kongebarnet Jesus Krist.

### *Me vil gjera som vismennar gjorde*

Me vil gjera som englane sagde,  
me vil glade til Betlehem gå.  
Me vil fylgja dei hyrdingar sæle,  
som fekk barnet i krybbseng sjå.

Me vil gjera som vismennar gjorde:  
Fylgja stjerna, so strålande, stor.  
Ho oss leider til han som er livet.  
Denne stjerna me finn i Guds ord.

### *Enno er det jul på jord*

Enno er det jul på jord,  
midt i vinteren.  
Enno skin ei stjerna stor.  
Ho strålar og ho brenn.

Me den stjerna fylgja vil,  
då det vel oss går.  
Me vil høyra Jesus til  
i alle våre år.

Me vil tru på Jesus Krist,  
fylgja han kvar dag.  
Då i himlen me til sist  
får bu med han i lag.

Fort eljar:  
Med Jesus kom livsens lys og dag,  
tenkt til kvart einaste folkeslag,  
eit lys som varmer og viser veg,  
ein dag som skal vara æveleg.  
Men bare lys får me ikkje sjå.  
Seg oss, me ber: Kvifor er det så?

### *Enno er det mørkt i verdi*

Enno er det mørkt i verdi.  
Det treng ikkje vera så.  
Det demrar ein dag  
for alle som vil til Betlehem gå.

Enno er det strid i verdi.  
Det treng ikkje vera slik.  
Kvar ein som vil gå til Kristus,  
på fred og kjærleik vert rik.

Enno mange gret og syrgjer  
ut over den vide jord.  
Du treng ikkje gå og stura,  
for Jesus gjev gleda stor.

Retttferdsoli no hev runne  
sjå ho lækjer sår og mein.  
Trur du på Jesus Kristus,  
vert du retttferdig og rein.

### *Kor rike me er!*

Kor rike me er som fekk jul på jord!  
Den perla er klår, og ufatteleg stor.  
Den perla er Jesus. Og om me er små,  
så vil me med vismenn frå austerland gå  
og tilbe vår herlege frelsar.  
Med lovsongar høgt me han helsar.

Refr:  
Ein frelsar me treng, både store og små.  
Og difor kom Jesus til jord.  
Til korset på Golgata ville han gå.  
Der sona han syndi så stor.

Det beste me også vil no han gi,  
og kan me 'kje myrra og gull honom by,  
så gjev me vårt hjarta, vår framtid, vårt alt  
til han som vår syndeskuld stor har betalt.  
Med englar vil lovsongar kveda,  
til Jesus, vår von og vår gleda.

Og når me så eingong han møter glad,  
då evig skal tona eit jublande kvad,  
den sjølvsame salmen som englane song  
for hyrdar på Betlehems-marki ein gong:  
Dei tilbad vår Gud og vår frelsar.  
Med lovsong me også han helsar.

# JULESTJERNA OVER BETLEHEM

JULEKANTATE FOR BARNE- OG UNGDOMSKOR MUSIKK AV KJETIL BJERKESTRAND. I KANTATEN ER DET OGSÅ MED FIRE SANGER AV LIV NORDHAUG. DISSE TEKSTENE ER IKKE TATT MED HER

LIV NORDHAUG: INN I VÅR NATT PÅ JORDEN

LESNING: JES. 9,2 OG 6

LIV NORDHAUG: SE, DIN KONGE KOMMER

## *Det står en stjerne over juletreet*

Det står en stjerne over juletreet.  
Si, hvorfor står den stjernen nettopp der?  
Du spør meg, og jeg gjerne gir deg svaret  
når du så vennlig og så vakkert ber.

På himlen tindrer tusentalls av stjerner.  
Når solen synker, stilt de stråler frem.  
Men aller klarest av all verdens stjerner  
er den som skinte over Betlehem.

Den tindret for de vise menn fra Østen.  
Den varslet at en konge kom til jord:  
Den Herre Krist, den klare morgenstjerne.  
Hvor stort: Den stråler enn her høyt i nord!

## *Julestjerna*

Stjerne, minn oss alle  
om den første julenatt!  
Minn oss om våre store frelser,  
slektens håp og største skatt!  
Stjerne, minn oss alle:

Verdens lys er Jesus Krist.  
Følger vi det klare lyset,  
når vi livsens land til sist.

## *Jorden venter*

I en natt som denne  
kunne allting hende.  
Ja, i slik en natt  
noe stort kan skje.  
Mens hyrdene vokter  
sin saue-hjord,  
så venter all jorden  
i stillhet stor.

Ja, i en slik natt  
alle ting kan hende.  
I en natt som denne  
alle ting kan hende.  
Store ting kan hende nå.

*Fra engelsk: The Earth Is Waiting*

## *Nå tennes tusen julelys*

Nå tennes tusen julelys  
på jorden mørk og kald,  
og tusen, tusen stråler og  
i himlens høye hall.

Du stjerne over Betlehem,  
å la ditt milde skinn  
få lyse inn med håp og fred  
til hvert bedrøvet sinn.

I hvert et hjerte kaldt og mørkt  
send du en stråle blid,  
en stråle av Guds kjærlighet  
i signet juletid.

### *Guds lys strålte inn i verden*

Guds lys strålte inn i verden.  
Og jorden med ett ble ny.  
For glansen fra Betlehemsstjernen  
må mørke og ondskap fly.

Guds lys stålte inn i verden.  
Da demret et morgengry.  
Enn flommer det klare solskinn  
fra himlen i bygd og by.

Guds lys stråler inn i verden.  
Det skinner i fjord og dal.  
Det stråler i hus og hytte,  
i haller og høgtidssal.

Guds lys strålte inn i verden,  
og jorden med ett ble ny.  
For glansen fra Betlehemsstjernen  
må mørket og ondskap fly.

Lesning: Luk 2,1-5

### *Ikke rom*

Si, hvem er han her i gata vår?  
Med trette føtter han sakte går.  
Det høres fottrinn på gata her.  
En mann og et dyr med en byrde svær.

”Er her noe rom? Er her noe rom,  
for trette ferda-folk?  
Er her noe rom? Er her noe rom  
for trette ferda-folk?”

”Jeg er lei meg, mann, intet ledig er.  
Jeg beklage må: Alt er opptatt her.  
Huset her er fullt, makter ikke mer.  
Jeg bedrøvet er, – ikke rom til fler.”

Det er ikke rom. Det er ikke rom  
for trette vandringsmenn.  
”Er det noe rom? Er det noe rom  
for trette vandringsmenn?”

Skjønt det ikke var rom for dem der,  
for den frelser som kom, brakte himlen nær.  
Gud sørget selv for et sted for dem,  
og Jesus ble født i Betlehem.

Å ja, der var rom!  
Å ja, der var rom!  
Til stallen de så fikk gå.  
Å ja, der var rom!  
Å ja, der var rom  
og strå til å ligge på.

*Fra engelsk: No Room*

Lesning: Luk 2,6-7

### *Marias voggesang*

Nå er en dag til ende.  
Og det er atter kveld.  
Vi takker Gud for lyset,  
for solens varme vell.

Nå er det mørkt i landet.  
Men stjernen lyser klar.  
Vi takker deg som våker  
og omsorg for oss har.

Og ved ditt lille leie  
Guds engler holder vakt.  
De vil så vel deg verne  
i natt mot mørkets makt.

Gud signe deg, du lille!  
Du er mitt hjertes skatt.  
Nå lukker du ditt øye.  
God natt, god natt, god natt!

Lesning: Luk 2,8-9

### *Frykt ikke*

”Frykt ikke! Frykt ikke!  
Jeg kommer til dere med bud  
om en glede,  
en glede for folket:  
I dag er det født dere en frelser,  
han er Kristus, Herren.

Og dette er tegnet:  
Dere skal finne et barn som er svøpt  
og ligger i en krybbe.”

### *Guds engler sang*

Guds engler jublet: ”Fred på jord!”  
Vi synger med i englekor: Halleluja!

Guds engler sang i hellig skrud:  
De jublet: ”Ære være Gud!” – Halleluja!

Guds engler kvad om gleden stor,  
for alle folk på all vår jord. – Halleluja!

En frelser er oss født i dag.  
I mennesker Guds velbehag! Halleluja!  
Ære være Gud!

Lesning: Luk 2,15a

### *Hyrdenes sang*

Nå vil vi gå til Betlehem,  
det store under se,  
som englene fortalte om.  
Vi barnet vil tilbe.

Vi redde ble da plutselig  
det klare lys vi så.  
Men frykten svant, – nå glade vi  
til Betlehem vil gå.

Det glade budskap har vi hørt:  
En frelser født til jord,  
Guds gode fred og velbehag,  
og så en glede stor.

Nå er vårt hjerte fylt av fryd.  
Så rike vi er nå!  
Og snart skal vi få barnet se,  
til Betlehem vil gå.

Liv Nor dhaug: Fr a sin himmel er han kommet

## *Ære skje Gud*

Ære skje Gud for hans kjærlighet stor:  
Sønnen fra himlen han sendte til jord.  
Han største gave er Herren Jesus Krist.

Ære skje Gud! Julenatt i Betlehems by  
englesangen steg mot sky,  
da barnet Jesus ble født.

## *Fra Østerland*

Tre vismenn på ferd gjennom ørkenens sand.  
Fra Østerland rir de til Israels land.  
En stjerne de så, - den var strålende, stor,  
og varslet: En konge er kommet til jord.

Nå vil de ham hylle, nå vil de ham se.  
Og røkelse, myrra og gull har de med.  
Om veien var lang, de til sist nådde frem,  
og kongsbarnet fant i hans fattige hjem.

De gaver bar fram, og de barnet tilbad.  
Så drog de tilbake, tilfredse og glad.  
Et mønster de gav oss, de vismenn fra øst.  
Til Jesus vi går, han gir håp, han gir trøst.

Lesning: Mat t 2,13

## *Løp, Josef, løp!*

Løp, Josef, løp! Løp med det lille barn!  
Løp, Josef, løp! Ta også moren med!  
Ta dem til Egyptens land!  
Vern dem mot Herodes' onde hand!

Løp, Josef, løp! Løp, ei du nøle må!  
Løp, Josef, løp! Gå før det blir for sent!  
Det er farlig om du blir.  
Ta det lille barn, og spring av sted!

Løp, Josef, løp! Løp, Josef, løp!  
Av sted i natt! Gud selv vil vokte deg.  
Ta flukten nå! Kongen må ei finne deg!  
Forlat ditt lune hjem!  
Kongen må ei finne deg!  
Gå, og Gud er med deg på din vei!

*Fra engelsk: Run, Joseph, run!*

## *Julens saga*

Som hyrdene på Betlehems-markene og vismennene som tok den lange ferden fra Østerland, vil vi henvende oss til ham som ble fattig da han var rik, for at vi ved hans fattigdom skulle bli rike. Nå lever og råder han i herlighet, han som hvilte som barn i en krybbe i en stall og til sist ble hengt på et kors. Og han vil gi evig liv og salighet til alle som oppsøker ham – barnet i Betlehem, som nå er verdens frelser og Herre.

## *Har du gått veien*

Har du gått veien til Betlehem  
med hyrdirer ute på vakt?  
Har du sett barnet, som sendt av Gud -  
i krybbe og strå ble lagt?

Har du gått veien til Betlehem  
med vismenn fra fjerne land?  
Har du sett barnet, som sendt av Gud –  
hvert folkeferd frelse kan?

Har du gått veien til Betlehem?  
Si, fulgte du stjernens skinn?  
Bøyde ved krybben for barnet du kne,  
og tilbad frelseren din?

Har du gått veien til Betlehem?  
Om ikke, så gjør det nå!  
For stjernen som strålte i natten dyp,  
vi enn ser på himlen stå.

### *Deklamasjon*

Julestjerna lyser også opp vår framtidshimmel. I  
dens klare skinn får vi se den største og veldigste  
hending som venter vår jord: Jesu gjenkomst.

Liv Nor dhaug: Jesus kommer igjen

### *Soli Deo Gloria*

Det siste som blir sagt på jord,  
det er det sterke, store ord.  
Det siste som blir sagt på jord,  
det er det sterke, store ord:  
Viktoria!

For verdens frelser Jesus Krist  
som seierherre står til sist.  
Ham hyller englehæren stor  
og himmelen og all vår jord:  
Viktoria!

De frelste skarers pilgrimskor  
de jubler høyt et gloria!  
All ære frelsens Gud skal ha:  
Et evig nytt halleluja.  
Halleluja!  
Ære være Gud!

Fellessang: Kom alle kristne



## AVE CRUX - SPES UNICA

*Jesu 7 ord på korset*

Påskeskantaten er skriven i 1978 på oppdrag fra Ganddal pikekor.

*Ver helsa, kors!*

Ave crux – spes unica!  
Ver helsa, kors! Ver helsa, kors!  
Du er vår einaste von.  
Ver evig lova, Kristus, Guds Son!  
Du valde korset sin tunge veg.  
Du ville livet ditt gjeva.  
Du døydde so me skal leva,  
leva evig ved deg.

Vel var han lang og tung, den dag  
du stridde i vande og våde.  
Å sjå til du då leid nederlag,  
so mørket si makt fekk råde.  
Men Kristus, du vann det store slag.  
Du kjøpte åt oss det kvite skrud,  
ei evig rettferd og fred med Gud.  
Du vann oss hans salige nåde.

Du gav for oss so dyr ein pris.  
Den vann oss rett til paradís.  
Ja, korset vart eit livs-symbol.  
Og Kristus er vår skjold, vår sol.  
Me difor priser Golgata,  
og glade syng halleluja!  
Ave crux, spes unica!  
Ver helsa, kors! Du er vår einaste von.  
Ver evig lova, Kristus, Guds Son!

*Kvifor gjorde dei det?*

Kristus vart spikra til korset,  
det harde, uhøvla tre.  
Naglar av jern vart drivne  
gjennom dei heilage hender.  
Kvifor gjorde dei det?

Dei hender hadde velsigna  
gamle og unge og born,  
vekte dei døde oppatt,  
auka i øydemarki  
brødet, laga av kveitekorn.

Den harde hammaren pressa  
naglar av u-slipt jern  
gjennom dei heilage føter,  
deim festa til korsets tre.  
Kvifor gjorde dei det?

Dei hadde då bare vandra  
kjærleikens vakre vegar,  
kvart steg til signing for andre,  
vandra til landet ved Tyrus og Sidon,  
til Kana i Galilea,  
igjennom Dekápolis-landet,  
til Sykar og Na'in, Jerusalem.  
Lell vart dei nagla til korsets tre.  
Kvifor gjorde dei det?

Kringom den heilage panna vart knuga  
ein krans av kvassaste klunger, –  
kring eit hovud som bare hyste  
dei edlaste, reinaste tankar,  
som sveitta blod i Getsemane.  
Kvifor gjorde dei det?

Med undring og age me svaret nemner:  
Når han i Getsemane-hagen stridde  
og sidan døydde på Golgata kross,  
so var det i staden for oss.

Han sona vår synd og betalte vår skuld,  
ikkje med sylv og ikkje med gull,  
men med sitt hjarteblod.  
Han vann oss det reine, det heilage skrud  
og fred med Gud.  
For oss han i striden stod.

Men før han omsider slokna,  
og enda var striden stor,  
det lydde frå korset på Golgata  
sju sterke, ugløymande ord,  
som enno lever og lyder  
ut over den vide jord.

*”Fader – forlat deim!”*

So hang han der millom himmel og jord,  
han som er heimsens frelsar.  
Kvida er hard, og hans pine stor.  
Spit-ord og spott honom helsar.

Me skulle ha venta at Meisteren då  
hemnen i hugen sin hyste,  
over den harde, vanheilage hop  
Herrens forbanning lyste.

Men – under av kjærleik – i vande og ve  
dei lydde, dei ljuvlege ordi,  
som enno gjeng ut over jordi:

*”Fader i himlen, forlat deim det!”*  
den lidande frelsar ber,  
*”for dei veit ikkje kva dei gjer.”*

Dei ordi tek oss so inderleg.  
So er det då von for deg og meg.  
Me ogso hev synda, tilgjeving treng.  
Den skatten han vann, som på korset heng.  
Ja, ogso for oss er det utveg, von.  
Tilgjeving oss byd Jesus Krist, Guds Son.

Vår frelsar, hav takk for det hjartelag  
du synte på korset sin store dag!

*”I dag med meg i Paradis”*

Det hende noko så underfullt,  
noko som aldri gløymest,  
noko som vart til ein røvar sagt  
so djupt i vårt hjarta gøymest.

Ein dødsdømd røvar, og endå ein,  
til kvar sitt kors var dei festa.  
Nokre timar i ve og verk,  
og so skulle hjarto bresta.

Til siste stund var den eine hard.  
Spott-ord ifrå han fløynde.  
Den andre røvaren rett-tenkt var.  
Han anger i hjarta gøymde.

”Me bare får det me har fortent.  
Straffi vår, ho er rettkomen.  
Seg, ottast ikkje du heller Gud,  
som er under same domen?”

Me lika får for det me hev gjort.  
Men han hev 'kje gjort noko gale,  
hev ikkje synda i smått eller stort." –  
So lydde røvarens tale.

"Jesus," han sagde, "kom meg i hug  
når du i ditt rike kjem!" –  
Då svara Jesus dei sæle ord,  
verde vår lov og pris:  
*"Det seier eg deg for sant: I dag  
skal du få vera med meg i lag  
i Paradis."*

Fekk nokon på jord eit sælare svar  
enn den døyande røvar på krossen hard?

So stor er vår frelsars forsonings-dåd:  
Han sjølv for ein døyande røvar veit råd.

Kor stort å få vakna i Paradis!  
Der syng han for evig vår frelsars pris.

I botn og grunn er me honom like.  
Guds lov og bod hev me ogso svike.  
For Kristi skuld skal me erva Guds rike.

*"Kvinne – der er din son!  
Sjå – der er di mor!"*

Ein liten handfull av Jesu vener  
nær innmed korset står.  
Imillom deim er hans mor, Maria.  
I denne stundi det kvasse sverdet  
igjennom morshjarta hennar går.

No ser ho son sin på korset hanga.  
Han bleik og blodig og ut-mødd er.  
Men Jesus ser òg si mor, Maria.  
Den kvinna er honom hjartans kjær.

Den læresveinen som Jesus elska,  
han ogso ser attmed mor si stande.  
Han sa til henne, i ve og vande:  
"Kvinne – sjå der er din son!"

Den sone-kjærleik, den vil oss minna:  
Du god må vera mot far og mor,  
som Jesus var imot denne kvinna.  
Du må deim hjelpa og elska, æra,  
den stund du ferdast med deim på jord!

So sagde Jesus til læresveinen –  
trass verk og ve var hans omsorg stor,  
og til det siste hans kjærleik loga, –  
han sa til honom: "Sjå der di mor!"

Kor godt i verdi å eiga vener  
som – når ein sjølv ifrå jordi går –  
med trufast hand tek seg av dei kjære,  
til me hos Gud atter møtast får!

*"Min Gud, min Gud –  
kvifor hev du forlate meg?"*

Timane var lange, – dei sneгла seg av stad.  
Men han som hang på korset, for fiendane bad.  
Dei hørde ingen klage, og fåe ord han sa.

Tri timar hadde gjenge. Og dei gjekk ikkje fort.  
Då seig inn over landet eit mørke, fælsleg, stort.

Då tagna fugle-kvadet, og soli ikkje skein.  
Kvar fugl i heile landet sat tagal på si grein.

Tri stive klokketimar det mørket varde ved.  
I djupast hjartekvida vår frelsar i angest bed.

Og so – ved den niande timen –  
det høyrest frå Golgata klårt,  
igjennom det djupe mørket,  
eit rop so sterkt og so sårt:  
*”Elo’i, Elo’i, lamá sabaktaní? –  
Min Gud, min Gud, kvi hev du forlate meg?”*

Det sjelemørket var større  
enn det som den stundi kvilde  
tungt over Israels land.  
I denne, den svartaste timen,  
den beiskaste dropen i kalken  
som nokon i verdi hev drukke,  
drakk Menneskesonen på korset.

Ingen kan ana det djup av kval  
som Frelsaren kjende før ned han steig  
i dødens dal.

Ingen kan ana det hav av kvida  
som Frelsaren den gong på korset laut lida,  
då han var forlaten av Gud, sin Far,  
i namnlaus otte og angest var.

Forlaten av Gud i ei døds mørk stund.  
*Me* skal sleppa den lagnad.  
Difor me syng i fagnad,  
med takketonar i hjartans grunn.  
I æva me gir han vår pris og takk  
at han i vår stad denne drykken drakk.

No eig me Guds hugnad. Han er oss blid.  
Me høglovar honom til evig tid.

*”Eg tørstar!”*

Solsteik og sveitte i timar på korset  
turka ut kroppen, og difor vår frelsar,  
då døden seg nærma, ropa dei ordi:  
*”Eg tørstar so!”*

Det var det femte ordet som lydde frå korsets tre.  
Det tek oss kring hjarte-roti  
kvar gong me høyrer det.  
For ingen i verdi – då tørsten brann –  
har tørsta som han.

Ein vineddik-svamp på ein isop-stilk  
vart førd opp til vår frelsars munn; –  
so beisk ein drykk i hans siste stund  
svala dei bleike lippor.

Nei, ingen i verdi hev tørsta som han,  
smertenes mann.

Og underleg er det å tenkja på:  
Det siste som verdi lét Frelsaren få,  
var den beiske eddik-drykk.  
Ja, det var det siste han fekk.

Men atter me minnest med gleda,  
og hjarta vil lovsongar kveda:  
Den som si tilflukt til Frelsaren tar,  
ei kjelda som alltid skal olla, har,  
og aldri i æva skal tørsta.

Det levande vatnet no fritt han oss byd.  
Av livskjelda skal me, i fred og i fryd,  
i ævene alle få drikka.

*”Det er fullført!”*

No leid det mot enden av striden hard.  
Mot siste hjarteslag fort det bar.  
Då lydde eit herleg sigersrop,  
som hørdest av heile den store hop,  
frå korset på Golgata:  
*”Te-thél-es-sthai! – Det fullført er!”*

Det tonar enn i all vår verd.  
Den bodskap er oss dyr og kjær.  
No alt er fullført, ferdig, gjort.  
Kor det er sælt! Kor det er stort!  
No opna er Guds himmelport.

For Jesus ordna alt for oss.  
Velsigna vere Kristi kross!  
So er då frelsa full og fri,  
ei gåva som oss Jesus vann.  
Rett bare ut di tome hand!  
Og perla – ho er di!

*”Fader, i dine hender  
overgjev eg mi ånd.”*

Stormen omsider stilna.  
Dei svære smerter vart mildna.  
Før Frelsarens livssol gjekk ned,  
vart hjarta hans fylt av fred.

No kjende han atter Guds kjærleik,  
fekk sovna som barn i hans nærleik, –  
eit barn som er mykje trøytt.

No såg han Guds åsyn smila,  
og dødstrøytt la seg til kvila  
som barnet i Faders famn.  
Det siste han gjorde på jordi:  
han nemnde det dyre namn,  
då han døydde med desse ordi:  
*”Fader, i dine hender overgjev eg mi ånd.”*

Han ropa det høgt ifrå korsets tre.  
Ut over all verdi enn tonar det. –  
So brast det store hjarta.  
So anda Jesus ut.

*Korset – Guds bru*

Jesus, du gjorde alt dette for meg.  
Kva har so eg, Herre, gjort for deg?  
I liv og i død eg famna vil  
ditt kors – der er eg sæl og still.  
So vil eg gå på livsens veg  
til eg omsider møter deg.

For korset er Guds bru  
millom himmel og jord.  
Difor vil me tru  
på korsets ord.

## Etter 2000 år

Snart to tusen år er farne  
sidan det store slag.  
Men enno me minnest med vørndnad  
korset sin store dag.

Snart to tusen år hev gjenge.  
Enn aukar han på, den hær  
som hyller den korsfeste Kristus  
og hev han inderleg kjær,  
korset sitt banner ber.

So vil me prisa Golgata,  
Guds Son som livet for oss ga.  
Me glade syng halleluja!  
Ave crux, spes unica!  
Ver helsa, kors! Ver helsa, kors!  
Du er vår einaste von.  
Ver evig lova, Kristus, Guds Son!  
Halleluja!

## EIN EVIG PÅSKEDAG

PÅSKEKANTATE FOR BARNEKOR MONS LEIDVIN TAKLE HARIAGA  
M USIKKEN.

### *Det er påske på jord*

Vår gleda er stor. Me jublar i kor:  
Hosianna! Halleluja!  
Vår gleda er stor. Me jublar i kor.  
Det er påske på jord.  
For livssoli rann. No syngja me kan:  
Hosianna! Halleluja! Halleluja!  
Jesus, vår frelsar, er dødens overmann!  
Han sona våre synder. Me går til livsens land.

Han sprengde si grav, oss livsvoni gav.  
Hosianna! Halleljua!  
Han sprengde si grav, oss livsvoni gav.  
No me syng ved livsens hav.  
For livssoli rann. No syngja me kan:  
Hosianna! Halleluja! Halleluja!  
Jesus, vår frelsar, er dødens overmann!  
Han sona våre synder. Me går til livsens land.

### Forteljar:

Det er palmesundags morgon i Betania, den vesle byen på austsida av Oljeberget. Jesus vaknar tidleg i heimen til Lasarus, Marta og Maria, der han var gjest. I dag vil han stiga fram som Israels Messias, frelseskongen, og dra på kroningsferd inn til Jerusalem. I byen Betfage, også ein liten by på austsida av Oljeberget, finn dei ein ung asen-fole til han. På den set Jesus seg.

## Jesus rir inn i Jerusalem

### *Ein konge rid over Oljeberget*

Ein konge rid over Oljeberget.  
Han er utan fyrsteprakt.  
Til sist all verdens vondskap han  
under sin fot har lagt.

Ein konge rid over Oljeberget.  
Til sist i Jerusalem inn.  
Fattig er han, men full av frelsa.  
Skal han vera kongen din?

Ein konge rid over Oljeberget.  
Han syndi vår sona skal.  
Vil du vera med og honom hylla,  
i tid og i æva all?

Ein konge rid over Oljeberget,  
til døden på Golgata kross.  
Kvi måtte han døy, han som var so god?  
Han døydde i staden for oss.

Fort el jar:  
Og så skrid kongetoget fram opp bakkane. Ein flokk  
var komen alt frå Jerusalem. Dei la kappane sine  
på vegen, svinga palmegreiner og hylla Messias  
med hosianna-rop.

### *Borni jublar i tempelhall*

Hosianna! Hosianna!  
ropar borni i tempelhall.

Hosianna! Hosianna!  
ropar borni i tempelhall.  
Hosianna, Davids son!  
Hosianna, Davids son!  
Små strupar er fylte av jubel.  
Dei helsar Israels von.  
Velsigna vere kongen  
som kjem ridande inn i Jerusalem!

### *Sæle de småborn i tempelhall*

Sæle de småborn i tempelhall,  
som hyller den store kongen!  
Den som det gjer, han i æva all  
skal syngja den nye songen.  
Sæle de småborn i tempelhall.

Sæle de småborn som syng hans pris,  
kongen den store hyller!  
Lovsongen eingong i paradís  
Guds herlege himmel fyller.  
Sæle de småborn som syng hans pris.

Sæl kvar ei tunga som tilbed han,  
priser vår store forsonar!  
Lovsongen eingong i livsens land  
evig i paradís tonar.  
Sæl kvar ei tunga som tilbed han.

Fort el jar:  
Då det jublande fylgjet var kome dit Oljeberget tok  
til å halla mot vest, kunne det sjå ut over den heilage  
byen, Jerusalem. Då hende det noko underleg og  
gripande. Kongen – Kristus – sit på asen-folen og  
græt. Kvifor græt han no då han vel skulle vera glad

midt i jubel-bruset og hyllingsropet? – Han græt fordi folket i Jerusalem ikkje kjende si gjestingstid, ikkje ville ta imot den frelsaren som himmelen hadde sendt.

## *Jerusalem, Jerusalem*

”Jerusalem! Jerusalem!”  
det ropet høyrst enn.  
Vår frelsars varme hjarta  
av miskunn enno brenn.  
Han under sine vengjer vil  
få taka ein og kvar,  
slik som ei trufast fuglemor  
den vesle kylling tar.

Å kjende du di gjestingstid,  
då skal det gå deg vel.  
Det bare Jesus Kristus er  
som berga kan di sjel.  
Han under sine vengjer vil  
få taka ein og kvar,  
slik som ei trufast fuglemor  
den vesle kylling tar.

Jerusalem! Jerusalem!  
Det ropet gjeld òg deg.  
Lat han i hjarta koma inn!  
Då lys vert livsens veg.  
Han under sine vengjer vil  
få taka ein og kvar,  
slik som ei trufast fuglemor  
den vesle kylling tar.

FORTELJAR:

DEN SISTE KVEIDEN JESUS VARI IAG MED LÆRESVEINANE, ÅT HAN PÅSKELAMMET SAMAN MED DEI. DÅ INNSTIFTA HAN OGSÅ DEN HEILAGE NATTVERDEN. HAN GAV DEI BRØD OG VIN OG SA: ”DETIE ER MIN IEKAM. – DETIE ER MITT BLOD, SOM VERT UTRENT FOR MANGE TIL FORLÅTING FOR SYNDENE.”

## *Det sanne vintre*

Han er det sanne vintre,  
som byd oss livsens vell.  
Med Jesus i vårt hjarta  
me evig høgtid held.

Han er det sanne vintre,  
som evig liv oss byd.  
På han ei grein å vera  
er lukke, fred og fryd.

Han er det sanne vintre,  
og greinene ber frukt.  
Og denne frukti aukar  
ved livsens saft og tukt.

Han er det sanne vintre.  
Den fryd er rik og rein:  
I æva å få vera  
på dette tre ein grein.

Forteljar:

Då dei hadde sunge den store lovsongen, gjekk Jesus og dei elleve apostlane over Kedron-dalen til Getsemane-hagen.



## Frå Getsemane til Golgata

### *Getsemane, Getsemane*

Getsemane, Getsemane!  
Der Jesus Kristus stod  
i striden tung og hard og vond.  
For oss du sveitta blod.

Getsemane, Getsemane!  
Der alle unnan veik,  
der stod du, Jesus, i vår stad,  
Guds vilje ikkje sveik.

Getsemane, Getsemane!  
Som blod der sveitten draup.  
Der tømde villig du for oss  
det beiske lidingsstaup.

Getsemane, Getsemane!  
Ditt minne på oss dreg.  
Om mangt og mykje gløymest bort,  
kor kan me gløyma deg.

Fort eljar:  
Etter striden i Getsemane førde dei Jesus til forhør  
hos øvsteprestane Annas og Kaifas, og sidan til den  
romerske landshovdingen Pontius Pilatus og kong  
Herodes. Om morgonen dømde jødane sitt Høge Råd  
han til døden, endå han var heilt igjennom god, og  
bare hadde gjort vel mot alle. Øvstepresten spurde:  
"Ved den levande Gud, seg oss, er du Messias, Guds  
Son?" Jesus svara: "Du hev sjølv sagt det. – Frå  
denne stundi skal de sjå Menneskesonen sitja ved  
høgre handi åt allmakti og koma i himmelskyene."  
Då reiv øvstepresten sund kleidi sine og sa: "Han

hev spotta Gud! No høyrde de gudsspottingi. Kva  
tykkjer de?" –

Tal ekor:  
"Han er skuldig til å døy."

Fort eljar:  
Så spytta dei han i andletet og slo han, nokre med  
nevane, og nokre med stavar. Pilatus ville gjerne  
gjeva Jesus fri, og fordi dei hadde for skikk å gjeva  
ein fange fri i påskehøgtidi, spurde han jødane:  
"Kven vil de ha fri, Jesus eller mordaren Barab-  
bas?"

Tal ekor:  
"Barabbas – Barabbas – Barabbas!"

Fort eljar:  
"Kva vondt har denne då gjort?"

Tal ekor:  
"Han har spotta Gud!"

Fort eljar:  
"Kva skal eg då gjera med Jesus? Eg finn ingi  
skuld hjå han."

Tal ekor:  
"Korsfest! Korsfest!"

Fort eljar:  
Pilatus overlet då Jesus til å korsfestas. Men først  
let han soldatane hudstryka Jesus. Og dei fletta ein  
krans av klunger og pressa om panna hans. Dei  
kasta ei purpur-kåpe om han, håna han og slo han  
i andletet.

## *Tornekruna*

Dei fletta ein krans av klunger,  
so kvasse dei tornar var,  
og la han om Jesu panne.  
Den krune var vond og hard.

Dei pressa ho djupt i panna,  
og blodsdropar draup og rann.  
Dei drog sine raude furer,  
og smertene sveid og brann.

Dei tistlar som jordi avlar  
fordi me hev krenkt Guds bod,  
vart pressa i Jesu panne,  
til jordi då draup hans blod.

Det edlaste hovud i verdi  
til takk fekk ein tornekrans.  
No gløder det glimesteinar  
i krune kring panna hans.

Fort el jar :

So førde dei Jesus langs Via Dolorosa – lidingsvegen – til Golgata. Først bar han sjølv det tunge korset. Sidan tvang dei Simon fra Kyrene i Afrika til å bera det resten av vegen, truleg fordi Jesus seig saman under korset. Oppe på Golgata-haugen spikra dei Jesus til korset, saman med to dødsdømde røvarar.

## *Fader, forlat dei!*

Fader, forlat dei! Bad Jesus,  
då blodig han hang på sin kross.

Me òg treng Guds gode tilgjeving.  
Den vil han gje også til oss.

So vil me tilgje kvarandre,  
og vandra med fred i vår sjel  
til livslandet Frelsaren vann oss.  
Der lever me æveleg vel.

Fort el jar :

Også den eine røvaren spotta. Men den andre angra, til Jesus sa: ”Herre, du må koma meg i hug når du kjem i ditt rike!” Frelsaren svara: ”I dag sal du vera med meg i paradís”.

Deklamasjon:

So hang desse tri der på Golgata,  
på krossen so vond og hard.  
Den angrande røvar var like vel sæl.  
Han tilgitt og vonfull var.  
Det mislukkast for han i livsens strid.  
Det lukkast til aller sist.  
For Jesus, som hang på det midtre kors,  
han gav honom livsens kvist.

— — —

Eg òg treng ein nådig frelsar  
når fram i mot æva eg dreg.  
Og difor eg no vil beda:  
”Å Jesus, tenk også på meg.”

Og når seg so natti nærmar,  
med skuggar og gufs av is.  
Å Herre, ta meg då ved handi  
og før meg til ditt paradís.

FORTELJAR:

DEI HØYRDE FRELSAREN ROPA: ”MIN GUD, MIN GUD, KVI HAR DU FORLATE MEG?” OG LITT SEINARE: ”– DET ER FULLFØR! – FADER, I DINE HENDER OVERGJEV EG MI ÅND.”

– SO – MEDAN EIT STORT MØRKE LÅG OVER LANDET – BØYGDE HAN DET BLODIGE HOVUDET MED DEI BLEIKE KINN OG GAV OPP SI ÅND.

MEN VERDI SI FRELSA VAR FULLFØRD.

### *Takk for Golgata*

Ein røvar tok han med seg til paradís.  
No syng me, Herre Jesus, din lov og pris.  
Takk, takk at du vart såra so me fekk lækjedom!  
No skal han alltid lysa og anga, livsens blom.

Ditt hjarta brast på Golgata.  
Ditt blod til siste dropen du der i kjærleik ga.  
Takk, det var for oss! Takk, det var for oss!  
No alltid me oss rosa vil av Jesu Kristi kross.

---

Du har sona vår synd, Herre Jesus.  
Du ei såra og naglemerkt hand  
ut frå korset på Golgata rakte  
då utfriing og frelsa du vann.

Du ein røvar tok med deg frå korset,  
til ditt salige livsparadís.  
No me tilbed deg, verdi sin frelsar,  
og me jublande syng til din pris.

Men det kosta langt meir enn me anar  
oss å løysa frå synd og frå død.  
Men no går me med deg imot våren,  
du, vår livsdrykk, vårt himmelske brød.

Me i æva so lang skal deg lova  
at for oss du ditt hjarteblod gav.  
Me skal takka for Golgata-verket  
ved det store, krystallklåre hav.

### *Ein evig påskedag*

#### *Påskejubel*

Verdi er full av jubel.  
Verdi er full av jubel.  
Himmelen jublar, og jordi med  
tidleg ein påskemorgon.

Englar i kvite klede,  
melde den store glede:  
”Jesus, han er oppstanden!  
Jesus, han er oppstanden!”

Døden sin brodd er broten,  
No skal me evig leva,  
i tru på Jesus nå livsens land,  
vår lovsong og takk han gjeva.

So vil me gledebodet  
bera ut over jordi,  
til dei som vandrar i naud og natt,  
og ei hørde engleordi.

## *Jesus lever*

Jesus lever! Jesus lever!  
Jesus lever og me skal leva,  
lova han i tid og æva  
med eit høgt halleluja!

Du som løyste oss or vande,  
braut det sterke dødsensbandet,  
opna veg til livsenslandet,  
vere ære, gloria.

Forteljar:

Fordi Jesus sigra over døden og opna ein veg til  
livslandet, skal alle som trur på han, få feira ei evig  
påskehelg.

## *Ei evig påskehelg*

I solstill påskemorgon me høglydt lovar deg  
som gjekk igjennom døden og opna livsens veg.  
No lyser von i verdi, me glade vitna kan:  
om tornar sting på ferdi, me går til livsens land.

Å, sæle trøyst: han lever! Han sigra sterkt og stort.  
Ein solfylt påskemorgon han opna livsens port.  
Han lever i all æva. Kvar dag han er oss nær.  
Kvar morgon kan me jubla: Den Herre Krist er her!

Me skal 'kje døy, men leva! Ein påskemorgon renn  
då me i lys og lukka ved sprengde graver stend.  
So gjeng me inn til livet, og bak ligg dødens svelg.  
I himlen skal me halda ei evig påskehelg.

## *Ein evig påskedag*

Jesus skal me feira ein evig påskedag.  
Der skal me sæle vera med englane i lag,  
og med den frelste skaren som ingen telja kan.  
Der skal me sjå Guds åsyn, i himlens lyse land.

Det er den sæle voni og målet for vår veg.  
Det lider alt med natti, snart soli syner seg.  
So vil vår frelsar lova på jord kvart andedrag.  
Med Jesus skal me feira ein evig påskedag.

# DET STORE LYSET

SKRIVE 1976-77.

## *Opnings-klanger*

Det beste i denne verdi  
for liv som fæler og frys,  
vart skapt i tidi sin morgon:  
Lys – lys – lys.

Det strålar ei sol over jordi.  
Og stjernor i tusundtal skin.  
Og sollyset fell om morgon og kveld  
på hav og på fjell,  
på snøen sitt kvite lin.  
Det lyset er livet sin ven og bror.  
Der soli skin, det er der livet gror.

## *Lyset er godt!*

I tidi sin morgon vart sagt eit ord,  
då Gud skapte himmel og hav og jord.  
Då soli skein inn i det store slott,  
då såg Gud Herren at *lyset var godt*.  
Ja, lyset er godt!  
Til evig tid er det ljuvt og godt.  
Det varmar, velsignar frå pol til pol.  
Men best av alt er livsens lys,  
det store lys, – han som er livsens sol.

## *Gud vere lov for lyset!*

Utan dei skire strålar me skjelv og frys.  
Gud vere lov for lyset, for livsens lys, –

lyset frå fjerne stjernor, frå måne, sol!  
Mest takk for morgonstjerna  
som rann den første jol!

Lysets Far, me lovar deg,  
og du, Guds Heilage Ande,  
som oss inn i lysglansen dreg.  
Ver lova, Jesus Kristus,  
som opna til ljøsens kjelda  
den gode veg!

## *Det verte lys!*

Mørket ruga over avgrunns-djupet,  
tungt og tett og skræmeleg og svart.  
Då sagde Gud: "*Det verte lys!*"  
Og soli sprengde mørket,  
strålande, skir og bjart.

Då song alle morgonstjernor.  
Og alle Guds englar kvad.  
Dei jubla i fryd og fagnad.  
All himmelens hær var glad.  
Dei såg det strålande byggverk,  
den nyskapte, fagre jord.  
Då song til Skaparens æra  
eit jublande, mektig kor.

Då lyset frå soli hadde  
den nyfødde jordi nått,  
då var det Gud Herren sagde:  
"*Lyset er godt!*"  
Ja, lyset er ljuvleg og godt!

## *Det var so lyst i paradiset*

Det var so lyst i paradiset.  
Og livsens elvar strøymde dag og natt.  
Ei lukkesol ifrå det høge stråla.  
At Gud var nær, var hjartans perleskatt.

Det seig ein skugge framom soli skire.  
Ei synd mot Gud, den gode, – for eit fall!  
Då tagna fuglane i paradiset.  
Og dagen vart med eitt so skum og kald.

Men lovnads-stjerna skein på himmelkvelven:  
Vår slekt skal lyftast frå det djupe fall.  
Frå kvinne-ætti stig det fram ein frelsar.  
Og orme-hovudet han krasa skal.

## *”Eg ser løva av Juda”*

Du *Jakob* – Israel – som snart skal døy,  
kva er det dine augo ser? –

”Jau, eg ser løva av Juda.  
*Fredsfyrsten* skodar eg der,  
honom som folki skal lyda.  
Til vintreet bind han sitt unge asen,  
i soldrue-greini folen sin.  
Han vaskar kjolen i drue-blod,  
sin klednad vaskar i vin.”

## *Ei stjerna stig opp*

– Kva er det du skodar, vismann,  
du *Bileam*, Beor’s son?  
Kva er det som tek deg so?

– Eg ser han – Messias – men ikkje no.  
Eg skodar han der, men ikkje nær.  
Ei stjerna opp or *Jakob* stig.  
Ein kongsstav seg lyfter frå Israel.  
Han øyder ufreds-ætti ut.  
Og Israel stort velde vinn. –  
Slik *Bileam* såg i framtidi inn.

## *”Eg ser lyset koma”*

Tids-elvi strøymmer, ustanseleg fløymer.  
Århundrad går.  
*Jesaja*, profeten, på varden sin står.  
– Kva er det du skodar, du son av Amós?  
Ser ogso du eit strålande ljøs?

– Ja, eg ser lyset koma.  
Mørket skal ikkje alltid råde  
i landet som no er i våde.  
Det folk som i svart-skuggen ferdast,  
so stort eit lys skal det sjå.  
Over dei som i dødsskugge-dalane bur,  
skal lyset stråla då.

For eit barn er oss født.  
Ein son er oss gitt.  
Og herredømet på hans herdar kviler.  
Og namnet hans er Under, Ein som gjev råd,  
og Veldig Gud, Fredsfyrste, Evig Fader.

## *Men over deg renn Herren opp*

– Seg meg, *Jesaja*, om endå meir du ser!  
– Ja, eg – profeten – son til Amós,  
til sist fekk den syni skoda:

Sjå, mørker ligg over jordi,  
og sky-dimma ligg over folket.  
Men over deg renn Herren opp  
som ei strålende sol.  
Og ein himmel ny, og ei jord som er ny,  
Gud Herren til sist skal skapa.

### *Rettferds-soli skal renna opp*

– Men du, *Malakias*, siste profet i den gamle pakt,  
kva var det du såg, då du inn i framtidi skoda?

– Eg såg domsdagen koma, –  
han som brenn som ein omn.  
Då skal alle ovmodige,  
kvar ein som med gudløysa fer,  
verta halm som elden skal øyda.  
Men for dykk som ottast Guds namn,  
skal rettferds-soli renna opp,  
med lækjedom i sine strålar.  
Og de skal ganga ut og hoppa  
som kalvar når dei slepp or fjøset. –

### *Seg oss, de vismenn!*

Den gamle tidi er enda. Den nye dagen har runne.  
Me ordet gjev til nokre menn  
som verdi sitt lys har funne.

– Seg oss, de vismenn frå Austerland,  
kvifor har hit de kome,  
drog over dryge audner,  
der udyr i natti ylte?  
Først til Jerusalem kom de,  
sidan til Betlehems-byen.

– Ei strålende stjerna såg me,  
ulik alle dei andre.  
På kvelven i vest ho skein og brann.  
Ho varsla oss at i Jødeland  
var fødd den store kongen.

Han vil me gjerne hylla.  
Me gåvor til han har med oss:  
Røykjelse, gull og myrra.  
No vil me tilbede honom.

Stjerna, ho synte oss vegen,  
strålende, stor, i det fjerne.  
Dag etter dag me fylgde  
trygt denne gud-tende stjerne.  
Til sist over staden ho stana  
der barnet, den nyfødde konge,  
kvilde i krybba den tronge.

### *Me møtte Maria og Josef*

Varleg dit inn me oss våga.  
Maria og Josef me helsar.  
Dei synte oss verdi sin frelsar,  
fortalde om himmelske herrar  
som kvad over Betlehems-marki,  
om lyset som stråla ikring dei,  
fortalde om hyrdingar fælne  
som høyrde dei herlege ordi:  
Ein frelsar er komen til jordi.  
Han er Kyrios – Herren – Kristus.

Den lysande himmelske skapnad  
forkynte so stor ei gleda:  
Den fagnad skal timast alt folket. –  
So høyrde dei englane kveda:

In excelsis gloria Deo!  
Æra vere Gud i det høgste!  
Og fred på jordi!  
Guds hugnad med menneske!

Dei hyrdingar dette fortalde  
då dei ifrå marki var komne  
til stallen i grotta i fjellet,  
der barnet i nattetimen  
var fødd av møyi Maria,  
vart sveipt og lagd i ei krybbe.

### *Dei vise menn seier takk og farvel*

Me høglovar han som sende  
ein frelsar, ein konge til verdi  
og stjerna den store tende.  
Ho lyste oss fram på ferdi.

Med von og med venting alt hit me kom.  
Me fann ingen kongeleg herlegdom.  
Me såg ikkje gull og glim og glans  
og ikkje scepter og hovudkrans.  
Nei, kongen vart fødd i fattige kår;  
for han skulle verta frelsaren vår.  
Men stjerna som stråla, og englesongen  
bar bod om at han er Kyrios, kongen.

Me sæle er at me honom fann.  
No dreg me med gleda attende  
den lange vegen til Austerland.  
Med fryd me no heim kan fare;  
på livsens gåta har me fenge svaret.  
Med von me vår veg kan gange  
dei ørkenmilene mange.

I hjarta eig me den djupe fred.  
Me når livsens land når vår sol går ned.

### *Sidan har lyset stråla*

Sidan har lyset stråla  
vidt over verdi all,  
skein like inn i sjeli,  
vermde i natti kald.

Stjerna den skire synte  
vegen til livsens Gud.  
Enno brenn morgonstjerna,  
glimar i nord og sud.

Mørket mot lyset stridde,  
fekk ikkje bukt med det.  
Utover jord millionar  
får i Guds lys seg gle.

Men mengdi av martyrar  
som døydde for Kristi sak,  
syner at mørket enno  
på jord har so sterkt eit tak.

### *I tusen år*

Det store lys har stråla  
i Noreg i tusen år.  
Her oppe i det høge nord  
det skapte ein ljuvleg vår.  
Seg, har du det lyset smaka?  
Me må ikkje lyset vraka.  
Då kan dei ifrå oss det taka.  
Då Noreg mot vinter går.



### *Millionar ventar*

Det klåre julelyset, det er til alle tenkt.  
Men enn i store strok på jordi  
den store stjerna har 'kje blenkt.  
Dei høyrde 'kje engle-ordi.

Mange millionar ventar.  
Dei vandrar i natti enn.  
Dei har ikkje høyrte om julestjerna  
som enno i verdi brenn.

Dei fekk ikkje engle-bodet,  
det lyse og glade og gode.  
Me ordet om Jesus må senda  
og livsens lys hos dei tenna!  
Då skal Guds morgonsol renna.  
Dei freden og fryden får kjenna.  
Hjartekulden lyt spakna,  
den gode våren vil vakna.  
For Jesus er verdi sitt lys,  
Og me skal lysa for han!

### *Slepp lyset i sjeli inn!*

Det er natt i ditt sinn  
når Guds sol ei slepp inn.  
Og den gode leidi  
over livsens-heidi  
du ikkje finn.  
Lat himlen få lysa!  
Då skal du 'kje frysa.  
Til sist du livsens krone vinn.

### *Det store lys er Jesus*

Du treng det store lyset.  
For det gjev liv og lækjedom.  
Gå ut ifrå den nifse natt  
og ut i dagen kom!

Det store lys er Jesus.  
Å, opna hjarta ditt for han!  
Då kan du vandra trygg og glad  
til livsens gode land.

Det store lys er Jesus.  
Det lækjer kvart eit hjartesår.  
Dei gror i dette solskinnsvell  
når du til honom går.

Det store lys er Jesus.  
Kor godt å tenkja på  
at du hos han til evig tid  
det store lys skal sjå!

### *Når lyset skin inn i hjarta*

Når lyset skin inn i hjarta,  
ser du alt stygt og smått,  
det som er misgjort og ugjort,  
det som du ei har nått.

Når Jesus kjem inn i hjarta,  
går det ei reinsande flod.  
Syndeskuldi vert sletta  
ved Frelsarens sonande blod.

Når Kristus kjem inn i hjarta,  
vert det so ljuvt og godt.  
Ein rikdoms fullnad får livet  
som før var so trist og grått.

Når himlen kjem inn i hjarta,  
fylgjer Guds gleda med,  
eit varmande, signande solskin,  
ein fullnad av kjærleik og fred.

### *Lys for din fot*

Lys over livet får du,  
målet du stiler mot,  
lys over vegen du vandrar,  
lys for di ferd, din fot.

Lys over livsens gåta,  
lys over død og grav,  
lys over den evige verdi  
Gud oss i Ordet gav.

Jesus har sagt dei ordi  
til dei som i otte frys:  
Trur du på Menneskesonen,  
skal du i mørket ei vandra,  
men hava livsens lys.

### *Sistpå skal lyset sigra*

Jesus er morgonstjerna.  
Skir der i aust ho stend,  
varslar at æve-dagen  
snart over verdi renn.

Sistpå skal lyset sigra.  
Natti, for godt ho dvin.  
Rettferds-soli den klåre  
då i all æva skin.

Over den nye jordi  
vell ho, frå pol til pol.  
Sæle, i alle ævor  
lovsyng me livsens sol.

### *Vår Gud er ei evig sol*

Då treng me 'kje lys av lampa.  
Me lyset av sol ikkje treng.  
For Herren vår Gud er ei æveleg sol,  
som aldri ifrå oss gjeng, –  
og Lammet det nye Jerusalems lys.

Og natti, den nifse og svarte,  
ho skal ikkje meir vera til.  
I æva som aldri skal enda,  
i Guds nærleik me gleda oss vil.  
Den himmelske fryd får me kjenna.  
Og kjærleikens loge skal brenna.

### *Alle Guds blide blomar*

Alle Guds blide blomar  
skal bløma i paradys.  
Aldri skal dei visna  
i kulde og snø og is.

Alle Guds blide blomar,  
i paradys skal dei gro.

Aldri skal dei isna  
i kulde og is og sno.

Alle Gud blide blommar,  
som kjærleik og fryd og fred,  
gled seg i Guds solskin.  
Den soli går aldri ned.

Alle Guds blide blommar  
skal anga i paradiset.  
I æva som aldri endar,  
syng dei Guds lov og pris.

### *Vandra i Guds lys*

Me i Guds lys skal vandra.  
Soli går aldri ned.  
Våren skal aldri enda.  
Alltid hos Gud me oss gled.  
Me skal i æva syngja  
sæle vårt gloria.  
Jublande stig over verdi  
eit evig halleluja.

Lys – lys lys!  
Takk for det klåre lys!  
Takk for det gode lyset,  
som gjorde vårt hjarta glad!  
So vil me sæle syngja:  
Amen! Halleluja!

## MISJONENS HERLEGDOM

KANTATE TIL NORSK LUTHERSK MISJONSSAM BANDS GENERAL-  
FORSAMLING, STAVANGER 1979.

### *Opnings-klang*

Lys og liv – fryd og fred,  
framtid utan like,  
kjærleik som vårt hjarta gled,  
kom med Kristi rike.  
Difor me i lukka kved  
song som evig tonar,  
for vår Gud og vår forsonar,  
som sitt liv for verdi ga,  
eit heilagt, høgt halleluja.  
In excelsis gloria!

### *Fyrsten over Herrens hær*

Fyrsten over Herrens hær  
på ein fjell i Galilea  
samla sine læresveinar, –  
ut i all den vide verd  
bad deim gledebodet bera.  
Og han sa: Eg sjølv vil vera  
med dykk alle, alle dagar,  
alt til denne verdi endar.

So dei gjekk, og dagen demra.  
Imot aust og vest gjekk ferdi,  
i den gresk-romerske verdi.  
Etter heidendomens natt  
lyste fagert morgonrøden.  
Livet sigra over døden.

Motstand møtte gledebodet.  
Somme stridde alt til blodet.  
Kristendomens surdeig sigra.  
Sjølv det sterke Romarrike  
for den Kvite Krist laut vike.

### *Demring mot nord*

Demringi seg drog mot nord,  
som ein vakker ljøsens strime.  
Komen var den store time:  
Norderlandi fekk Guds ord.  
Etter tusen lange år  
møtte dei Guds rikes vår.

Ja, det vent i Noreg dagna.  
For den ljuve livsens lagnad  
lovsyng me i fryd og fagnad.

Nye tusen år hev gjenge.  
Ogso me som lever no, –  
å, kor stort at me hev fenge  
dette dyre gledebod!

### *Den Kvite Krist til Noreg kom*

Den Herre Jesus sette sine føter  
for lenge sidan på den norske kyst.  
På Noregs fjell han sette lysestaken.  
For dette takki tonar i vårt bryst.

I tusen år hev denne gylne staken  
spreidd sollys over Noregs gamle land.  
So lovar me misjonens store Herre  
fordi på Noregs kyst han steig i land.

Frå ætt til ætt den gylne staken lyste.  
Og enn han skin i våre bygdelag.  
Guds rike bar i landet fagre frukter.  
Og lysestaken strålar enn i dag.

Gud Herren hev eit folk i Noregs bygder.  
Dei elsker Jesus, vandrar på hans veg.  
Dei leva vil og anda til hans æra  
imens med song til paradisi dei dreg.

### *Perla og skatten*

Det største som vårt heimland fekk,  
var ordet om Guds rike.  
Med signing det om Noreg gjekk.  
Og mørket måtte vike.  
Det er vår perla og vår skatt,  
ein rikdom utan like.

Det lækjer djupe hjartesår,  
gjev von i dødsens dalar.  
I vinteren det kjem med vår.  
Om siger sælt det talar.  
Og sistpå Gud me møta får  
i himlens lyse salar.

### *Det er nokon som ropar*

Høyr – det er nokon som ropar!  
Kvar kjem denne bøni ifrå?  
Mannen frå Makedonia:  
”Kom over! De hjelpa oss må!

De som hev fenge so mykje,  
ja, de som er rike på alt,  
gjev oss det himmelske solskin!  
Her er so audsleg og kaldt.”

Frå Kina det ropet oss nådde,  
frå fjerne Manchuria.  
So gjekk me med gledebodet  
om frelsa frå Golgata.

### *Nye åkrar*

Gud gav oss so mange åkrar,  
både i vest og aust.  
So sende vart menn og kvinner  
ut i den store haust.

Gud gav oss so store åkrar  
både i nord og sud.  
So fekk me – her heime og ute –  
ganga med gleda frå Gud.

Me veit at det er av nåde.  
So takkar me Gud for det,  
at me i dei mange åri  
fekk ganga med bod om fred.

### *Kven fekk ei finare gjerning?*

Kven fekk vel ei finare gjerning,  
eit fagrare kall på jord?  
Me lovar misjonens Herre  
for oppgåva rik og stor.

Kor gildt å få nytta dagen  
før soli går ned i vest!  
Då går me, i tru på Jesus,  
til himmelens fryd og fest.

### *Me samlast*

Me samlast får aust og frå vest og nord;  
me kjem ifrå landet lengst i sud.  
Me samlast om Herrens heilage ord,  
med bøn til vår store Gud.

Det tonar ei takk i hjartans grunn  
at me fekk det sæle bod.  
Han signe i miskunn vår samværs-stund,  
at ho må bli ljuv og god!

### *Timane skrid*

Sjå, timane skrid so fint og stilt.  
Til sist kjem det solefall.  
Kor herleg det er, kor ljuvt og gildt  
å fullføra Herrens kall!

Kan henda på kinni tåra brenn.  
Vårt såkorn me strør med gråt.  
Men sistpå med jublande fryd me stend  
og haustar med gledelåt.

So takk då, vår store Gud og Far,  
for frelsa og fryd og fred!  
Hav takk for di trøyst i striden hard,  
for voni som hjarta gled.

### *Ved livsens elv og krystallklårt hav*

Eingong skal ved livsens elv me stå,  
ved havet av klårt krystall.  
Vår lovsong skal evig lyda då,  
i himmelens høge hall.

Då syng me eit evig gloria  
til skapningens store Gud, –  
eit jubelfylt, mektig halleluja  
til Frelsaren frå hans brud.  
Gloria in excelsis Deo!

### *Velkomen heim!*

Misjonens Herre til himmellandet  
velkomen varmt oss helsar.  
Tenk å få møta glade eingong  
Kristus, vår herlege Frelsar!

Tenk, me skal sæle skoda  
skapningens Herre og Gud!  
Faderen, Sonen, Den Heilage Ande, –  
tilbe i heilagt skrud!

Der, på den himmelske strandi,  
ein lysande skare me ser.  
Andletet strålar av livsens lukka.  
Skinande klede dei ber.

Kven er denne sæle skare  
i himmelens lyse land?  
Det er, sa vår Frelsar, dei vener  
som me ved vårt virke vann.

Til dei evige heimar, sa Jesus,  
velkomen dei ynskja oss vil.  
Me saman skal evig få vera.  
Den voni er ljuv og gild.

## NÅR ALT BLIR NYTT

SKRIVE I JUNI 1977, MED NOKRE ENDRINGAR OG TILLEGG I  
OKTOBER SAMME ÅR

### *Opnings-fanfare*

Alt skal bli nytt!  
Ja, evig ungt og nytt.  
Visning og vondskap  
i livsens vår, Guds kjærleiks vår,  
vert bytt.

I ei underfull verd  
får me byggja og bu.  
På Gud Fader, Guds Son  
og Guds Ånd får me tru.

Han skal eingong –  
det er voni sin song –  
når synd, død og sorg  
ifrå verdi har flytt,  
gjera allting ungt og nytt.

Eingong var verdi  
ung og ny.  
Guds morgonsol gleim  
i eit fagert gry.  
Brått seig framom soli  
ei nattsvart sky.  
To menneske tapte  
det første slag.  
Menneske-slekti leid nederlag.  
Men atter skal demra  
ein solfylt dag.  
Då alt skal bli nytt.  
Ja, evig ungt og nytt.

### *I tidi sin morgon*

I tidi sin morgon Gud tala eit ord.  
Då fram stod ein strålende himmel  
og ei underfull, herleg jord.

Ja, jordi var ny, doggfrisk og rein,  
som ein funklende glimestein.  
Soli og månen, og stjernone med,  
nyskapte skein.  
Det var høgtid og fred.  
Og alle Guds englar lovsongar kved.

Morgonstjernone jubla i kor,  
frå bryn og til bryn  
ved det storfelte syn:  
Den strålende himmel, den herlege jord.

All verdi stod kledd i eit kongeleg skrud,  
eit storverk som høglova himmelens Gud,  
den evige konge, allveldige drott.  
Alt det han skapte, var fagert og godt.

Eit fall, ei synd, eit brot.  
Igjenom Edens hage det høyrest syrgje-låt.  
Frå Adam og frå Eva det lyder hulkegråt.

Og jordi tok til å eldast,  
vart merkt av forgjengelegdomen  
som inn i verdi var komen.  
Visning og vondskap fekk råda.  
So mykje stygt fekk dei skoda.

## *Jordi går stille sin gang*

Jordi går sin stille gang kring soli,  
sommar, vinter, haust og vår.  
Livet vaknar, blømer, ber so frukt og visnar.  
År vert lagt til farne år.

Soli renn på nytt i demrings-stundi,  
sender stilt sitt strålevell, –  
under himmelblået går den lange vandring,  
til ho når sitt mål mot kveld.

Månen sigler sylvblank millom skyer,  
er ein trufast fylgjesvenn.  
Tallaus hær av stjernor i det djupe romet  
tindar, tirer, glør og brenn.

Slik har verdens-altet alltid vore.  
Tidar-elvi, stødt ho skrid.  
Difor me med grunn kan koma til å spørja:  
Vert det slik til evig tid?

Mange svarer ja på dette spørsmål;  
me som trur på Kristus, nei.  
Farne tiders saga og vår gamle bibel  
syner oss ei onnor lei.

Det har vore katastrofe-tider:  
Noah's dagar, Lot si tid.  
Flaumen gjekk ut over jordi;  
byar vart av elden øyde.  
Ætti mot domen skrid.

## *Våren kom med Kristus*

Våren kom med Kristus, –  
og den nye dag.  
Han oss gav Guds kjærleik  
og Guds hjartelag.

Frelsa kom med Kristus, –  
og det nye liv.  
Synd og sorg og skuggar  
han på døri driv.

Over landi lyser  
no den nye tid.  
Rettferds-soli strålar,  
over verdi skrid.

Mange hjarto ikkje  
livsens lys gjev rom.  
Blinde augo ser ei  
Herrens herlegdom.

Vondskap veks i velde  
ut mot tidsens kveld.  
Herren endå styrer,  
fast om roren held.

Guds ord går langt om lande.  
Når alle folk har fått  
om Jesus Kristus høyra,  
er tidar-målet nått.

## *Det største har me i vente*

Vår framtid er i Herrens hand,  
som skapte himmel og jord.



Og difor stig i alle land  
ein lovsong frå eit mektig kor  
som Kristus ved sitt storverk vann.

Det største har me i vente.  
Når tidi har frå oss flytt,  
kjem Kristus, vår konge, tilbake.  
Då allting vert ungt og nytt.

Det beste har me i vente:  
Når enda er alle år,  
kjem Kristus tilbake til jordi,  
og skapar ein evig vår.

### *Historias herre varsla*

Historias herre varsla  
at eingong, i tidi sin kveld,  
det myrknar, og sistpå soli  
går ned i blod og eld.

Høyr, havsens bårar, dei brusar,  
og brotsjøar bryt, og dei dyn.  
Av redsla fell folk i uvit  
ved slikt eit fælsleg syn.

Då folk imot folk seg reiser,  
i ufred og krig og vald.  
Når urettferdi då aukar,  
hos dei fleste vert kjærleiken kald.

Det uår skal bli, og hunger,  
og jordskjelvar her og der.  
Då kjem det over all jordi  
ei trengsletid so svær.

Og mange fell då frå trui,  
i Antikrists tunge tid.  
Då vert det ei svær forfylgjing,  
so hard og so heit ein strid.

Men alle helheimens hærar  
skal ikkje få overhand.  
Den Herre Kristus skal løysa  
sitt folk or trengsels band.

So store teikn seg syner  
på himmelkvelven då,  
frø Kristus att skal koma:  
I angst skal dei sjå  
at månen vert formyrka  
og soli vert som blod.  
Og himmelens krefter skal skakast.

### *Viktoria!*

Og når kvart folk på jordi  
har høyrte Guds gledebod,  
då enda trengsels-tidi.  
Då demrar dagen god.

Det er den store dagen,  
med frelsa og med dom.  
Me ventar, og me vonar:  
Kom, Herre Jesus, kom!

Og Jesus Krist skal skriva  
historias siste blad.  
Det aller siste ordet  
vert ”siger” – viktoria.

## *Kristus kjem i skyi*

Med over-engels røyst, og med Guds basun  
skal Kristus i skyi koma.  
For basunen skal lyda, dei døde stå opp,  
medan luren – den siste – skal ljoma.

Som lynet svint går ut ifrå aust mot vest, –  
frå bryn og til bryn det glimar, –  
slik skal det ganga til når den store dag gryr,  
medan himmelens klokkor, dei kimar.

I den glimande kongsstolen Kristus sit då,  
sin herlegdoms kvite trona.  
Og alle folk på jordi skal honom sjå.  
Og den himmelske lovsong skal tona.

Uteljande skarer av englar er med,  
dei heilage himmelske hærar.  
Dei danar ein fylking ufatteleg stor,  
som den mektige domaren ærar.

## *Gravene opnast*

Utover jordi gravene opnast.  
Alle dei avsovna, opp står dei då.  
Havet skal òg gjeva frå seg dei døde.  
Framføre domaren alle skal stå.

Dei som i tru og i kjærleik har vandra,  
opp dei til livet det evige står.  
Dei som på jordi det vonde har verka,  
fram dei til domen si oppstoda går.

Dei som i trui på Frelsaren døydde,  
med uforgjengeleg lekam står opp.

Å, for ei fryd når den fullkomne åndi  
sameinast skal med ein fullenda kropp!

Slik går det òg med dei kristne som lever  
dagen då Jesus seg syner i sky:  
Då – i ein augneblink – vert dei forvandla.  
Lekamen vert uforgjengeleg, ny.

## *For den store jaspis-truna*

Til den store jaspis-truna,  
skinande og klår og kvit,  
ifrå alle heimsens hyrno  
englar samlar folki dit.

Det er millionar sjeler –  
som eit mektig bære-hav. –  
Han som sit på truna, skiljer  
skaren med sin herskar-stav,  
som ein hyrding skil sin flokk –  
sauene frå geitene –  
sauene på høgre sida,  
geitene på vinstre.

## *Det har de gjort mot meg*

Til dei på den høgre sida  
domaren seier då:  
”Kom hit, de velsigna borni  
av Far min, som er i himlen!  
Hans rike de erva må, –  
det som han dykk har tiltenkt  
før verdi sin grunnvoll vart lagd.

For eg var svolten – de gav meg mat.  
Eg tyrst var – de gav meg drikka.  
Heimlaus eg var – de meg hyste.  
Naken eg var – de meg kledde.  
Eg var sjuk – og då såg de om meg.  
I fengsel eg var – de meg vitja.”

Då skal dei rettferdige svara:  
”Herre, når såg me deg svolten  
og gav deg mat,  
eller tyrst og gav deg drikka?  
Når såg me deg heimlaus  
og hyste deg  
eller utan klær og deg kledde?  
Når såg me deg sjuk og i fengsel  
og kom til deg?”

Då kongen skal svara og seia:  
”Det seier eg dykk for sant:  
Det de har gjort imot ein  
av dei minste brørne mine,  
det har de gjort mot meg.”

### *Det gjorde de ikkje mot meg*

So seier han til dei på vinstre sida:  
”Gå bort frå meg, de forbanna,  
til den evige eld,  
som er tilbudd Satan og englane hans!  
For svolten eg var, og de gav meg ’kje mat.  
Eg var tyrst, og de gav meg ’kje drikka.  
Eg var heimlaus, og de meg ’kje hyste.  
Eg var naken – de kledde meg ikkje.  
Eg var sjuk og i fengsel – de såg ikkje om meg.”

Då tek ogso dei til orde:  
”Herre, når såg me deg svolten  
eller tyrst eller heimlaus og naken,  
eller sjuk eller fengsla, og har ikkje tent deg?”

Då svarar kongen, og seier til dei:  
”Det seier eg dykk for sant og visst:  
Det de ikkje har gjort  
mot ein av desse minste,  
har de heller ’kje gjort mot meg.”

So skal dei til æveleg straff gå bort.  
Men dei rettferdige inn skal gå  
til eit æveleg liv.”  
So sagde den Herre Jesus. –

### *Ein ny himmel og ei ny jord*

”Himmel og jord skal forgå.”  
Dei ord av vår frelsar me trur.  
Men me ventar etter hans lovnad  
nye himlar og ei ny jord  
der rettferd bur.

Tallause soler og stjernor  
og jordi, so gamal av år, –  
alle skal lutrast av elden.  
Inn dei i reinsingi går.

Det vert eit uhorveleg hende  
når himmel og jord skal forgå.  
Då kjem dei i brand, og brånar.  
Oppløyst vert verds-altet då.

Men fram stig den nye verdi,  
på Skaparens mektige ord:

Nye herlege himlar  
og ei ny uforgjengeleg jord.

Ja, alt skal verta nytt,  
evig ungt og nytt.  
Det gamle og ufullkomne,  
for alltid det bort har flytt.  
I herlegdom alt er bytt.

### *Der skal ikkje døden råda*

Der skal ikkje døden råda.  
og natt over jordi ei sig.  
Ned frå den himmelske verdi  
det nye Jerusalem stig.

Gud er blitt alt i alle.  
Han sjølv hos sitt folk vil bu.  
I hans åsyns lys skal me vandra,  
i kjærleik og von og tru.

Hans åsyn me der skal skoda,  
hans merke på panna vår ber.  
Og fylte til all Guds fylde  
i alle ævor me er.

Der skal ingen blome bleikna;  
for livs-elvi alltid renn.  
Og trea ber frukt tolv gonger kvart år,  
i æveleg bløming stend.

Der er ikkje gråt og pine.  
Der er ikkje sorg og skrik.  
Der råder ein evig ungdom,  
på kraft og på gleder rik.

Og aldri skal året enda.  
Soli skal aldri gå ned.  
År-milliardane rullar  
i livs-fylde, fagnad og fred.

### *Livs-elvi evig strøymer*

Me dag og natt skal tena  
vår Gud i heilagt skrud.  
Ein tal-lauss, kvitkledd skare  
er Jesu Kristi brud.

Kvar har si eigi harpa.  
Ho er av himmelsk gull.  
Kvar sjel er då til randi  
av liv og lovsong full.

Livs-elvi evig strøymer.  
Og aldri me tyrsta skal.  
Aldri me meir skal hungra,  
men mettast i æva all.

Gud sjølv med si hand skal turka  
kvar tåra av kinni vårt.  
Og aldri i æva skal høyrast  
den såre hjartegråt.

Å kjenna Guds faderhender  
turka ei tårevåt kinn, –  
ei større og rikare lukka  
i æva all ikkje du finn.

Det er vår største sæla:  
å leva Gud Herren nær,  
vera av honom elska  
og sjølv ha han inderleg kjær.

## *Der vert det sælt å syngja*

Der vert det sælt å syngja  
det store gloria.  
Av frydefulle hjarto  
me kved halleluja!

Me kastar våre krunor  
for Herrens føter ned.  
Og alle englehærar  
i jubelen er med.

Og han som sit på truna, seier:  
”Sjå, alle ting nye eg gjer!”  
Kor sælt at me evig skal leva  
i livsens underfulle verd!

Jordi er alltid doggfrisk og ny,  
skogen og blomane, menneski med.  
Aldri me eldest, alltid opp me yngjest.  
Livsvåren aldri frå landet skal fly.

## *Evig skal songen stiga*

Evig skal songen stiga,  
frå Frelsarens dyrt kjøpte brud,  
songen til Jesus Kristus,  
songen til livsens Gud.

Evig skal songen strøyma,  
lovsongen sterk og stor.  
Bylgjor av tonar bårar  
over den nye jord.

Den songen som havet brusar,  
og endelaust varer ved.  
Me tilbed vår Gud og forsonar  
som vann oss ein evig fred.

## *Alle er bedne til bryllups*

Og alle til himmelens bryllup,  
den evige fest, kan bli med.  
So seg ogso du ja til kallet!  
Og vent ei til soli gjeng ned!

So nytta det gylne høvet!  
Du skal ikkje angra på det  
når du i dei skinande salar  
til æveleg tid skal deg gle.

## *Eit evig halleluja*

Som fordom i tempelhallar  
stig lovsongen glødd og glad, –  
til Gud og vår gode Frelsar  
eit evig *halleluja!*

Det ropet all verdi fyller.  
Det tonar i æva all.  
Me jublar i fryd og fagnad  
i himmelens tempelhall  
eit evigvarande gloria,  
hosianna og halleluja.  
HALLELUJA!





HØYTIDER  
*Dikt*

# JUL

## *Alle julelys me tenner*

Alle julelys me tenner.  
Sjå kor blidt og bjart dei brenner!  
Syng det sæle julekvadet!  
Det er tid å vera glade.

Jul, me deg velkomen helsar.  
Du oss minner om vår Frelsar.  
Fylg meg i dei glade tonar  
når eg syng om vår forsonar!

Året mot sin ende lutar.  
Hels det nye, jenter, gitar!  
Glade syng me til Guds æra.  
Han kvar dag vil med oss vera.

*Tradisjonell engelsk julesong: Deck the Hall*

## *Barne-julehelg*

Ingen gleder seg til jul  
som dykk, de kjære små.  
De gjerne går i stallet inn,  
der Jesus, Frelsaren, de finn.  
Der får de Barnet sjå.

Ja, tenk: den høge julegjest,  
han var eit barn som de!  
So er då jula barnets fest.  
Men om de frydar dykk som best,  
me vaksne gjerne vil bli med.  
Me får vel lov til det?

Ei krybbe var det første rom  
som Jesus fekk – no er ho tom.  
Han råder no i herlegdom.  
Men enno elsker han dei små,  
dei store og dei gamle, grå.  
So kan kvar dag til han du gå.  
Då får ein dag du Jesus sjå.

So ynskjer eg dykk, kvar og ein,  
ei signa jul, ei gleda rein.  
Med englane me syng vår song,  
til me får møta han ein gong  
som kom i fattigdom til jord  
og vart vår frelsar, ven og bror,  
vert hylla no av englars kor.  
*Å jul, kor er din rikdom stor!*

*1975 – Til "Barnehelg", Bergen*

## *Betlehem*

Her lyste den store stjerna,  
her tona den sæle song.  
Her lydde den glade bodskap  
frå himlen den fyrste gong.

Her føddest vår store Frelsar, –  
Guds Son og vår eigen bror.  
Han løyste den myrke gåta,  
han frelste den arme jord.

Hit kom desse høge gjester  
frå fjernaste austerland.  
Dei fylgde den skire stjerna,  
som fagert på kvelven brann.



Han fekk seg so trong ei lega, –  
ein heller, ein ussel stall.  
Han sveiptest i enkle klutar,  
som kom frå Guds himmelhall.

Han gjorde oss evig rike,  
og difor me gjerne kjem  
med folk ifrå alle ætter  
til krybba i Betlehem.

*November 1962*

### *Blomane bryt på kviste*

Høyrrer du klokkor kimar?  
Snart er det atter jol.  
Midt i dei myrke timar  
snur den velsigna sol.

Høyrrer du englesongen:  
Oss er ein frelsar fødd!  
Sidan den sæle gongen  
gledegull rikt er strødd.

Høyrrer du klokkeklangen?  
Snart er det jol igjen.  
Høgt over Betlehems-vangen  
stjerna, den store, brenn.

Høyrrer du englekvadet  
ut over verdi vid  
varsla den evige glade,  
vonfulle, nye tid?

Ser du den klåre glimen,  
glans av Guds herlegdom?  
Englar i midnattstimen  
kved i det store rom.

Gud vere lov, – det kimar  
enno til jol på jord!  
Betlehems-stjerna glimar  
øg i det høge nord.

Myrkret er ei det siste.  
Skuggane brått må fly.  
Blomane bryt på kviste.  
Våren kjem ung og ny.

Alt me i Adam miste,  
Kristus åt oss vann att.  
Himmelen vert det siste, –  
Paradis perleskatt.

*Desember 1956*

### *Bønn for julen*

La oss ned ved krybben knele,  
bøye hodet vårt i bønn,  
minnes julens sæle saga:  
Født er Frelseren, Guds Sønn!

Vi med hyrder og med vismenn  
og det store englekor  
ærar, takker og tilbeder  
ham som kom og ble vår bror.

Gud, velsigne julehelgen!  
Gjør som aldri før den stor,  
så vi kan av hjertet juble:  
Jesus i vårt hjerte bor!

*Fra engelsk, Virginia og Herbert Grieb:  
Prayer for Christmas*

### *Den sælaste stund på den aldrande jord*

Den sælaste stund  
på den aldrande jord  
var natti då englane  
jubla i kor:  
“Ein Frelsar er fødd!”  
ifrå himmelen send,  
og voni si stjerna  
for evig tend.

Lat no sorgene fara, ver glad!  
Og blanda di røyst  
i det himmelske kvad!  
For Jesus, vår Frelsar,  
er komen til jord, –  
difor fryd deg, mi sjel,  
og ver glad!  
Jesus Krist, vår Frelsar,  
er komen til jord.  
Ja, Jesus er komen til jord.

*November 1958*

### *Derfor ble det jul på jorden*

Gud elsket oss ifra evig av.  
I tidens fylde han Sønnen til oss gav.  
Derfor ble det jul på jorden.

Han elsket oss så at han livet sitt gav.  
Med seieren stod han en dag på sin grav.  
Derfor ble det påske på jorden.

Gud elsket oss, – det er størst av alt.  
Vår skyld og vår brøde har han betalt.  
Derfor har vi håp på jorden. –

### *Det beste oss himmelen gav*

Me fekk morgonen att,  
me fekk dag i vår natt,  
og i aust rann ei signande sol.  
Det kom fred til vår jord  
då Guds Son vart vår bror,  
det vart von i vår verd, – det vart jol!

No hev årtusund gått, –  
me so langt, langt hev nått  
ut på tidi sitt veldige hav.  
Enno tonar den song  
som vart sunge hin gong  
då det beste oss himmelen gav.

Det var mørkt i vår verd,  
utan fred var vår ferd,  
utan von fekk me vandra vår veg.

Men vår lekkja vart løyst,  
me fekk tru, me fekk trøyst.  
Difor – Jesus – me høglovar deg.

*November 1957*

### *Det beste som har hendt vår jord*

Det beste som vår jord har hendt,  
som har til liv vår lagnad vendt,  
en evig håpets stjerne tent, –  
det var da Han av Gud ble sendt  
som julenatten kom til jord,  
med livets brød og livets ord.

Så fattig kom han til oss ned,  
og fødtes på et usselt sted.  
Men englene den natt var med.  
De sang om frelse, fryd og fred.  
Guds egen Sønn var blitt vår bror, –  
det største som har hendt vår jord.

### *Det første ord frå englemunn*

Det første ord som englane melde  
då Jesus var komen til jord,  
var ordet som hyrdingane hørde:  
Ei *glede*, så rik og så stor.

Ja, glede var himmelens helsing,  
ei tidend så sæl og så god:  
I dag er det født dykk ein frelsar, –  
takk, Gud, for det herlege bod!

Å, høyr det, kvar skapning på jordi:  
Gud gjev deg så fager ein skatt,  
ei glede som evig skal vara.  
Slik tona det julenatt.

Ja, høyr det, kvar ein som er sorgfull:  
Den gleda er også for deg.  
Den frelsar som jordi vår gjesta,  
vil vera din ven æveleg.

*Desember 1989*

### *Det hende i nattstille stunder*

Det hende i nattstille stunder,  
i djupaste austerlands-ro,  
eit sælt og useieleg under,  
snart to tusen år sidan no.

Heroldar frå høgheimen helsar.  
Å, høyr dette herlege kvad:  
I dag er det fødd dykk ein frelsar,  
ein konge i David sin stad.

Dei song om den ov-store glede, –  
og timast alt folket ho skal.  
Det jublande gloria-kvede  
går ut over jordheimen all.

Og hyrdingar hørde dei ordi, –  
og barnet i krybba dei fann, –  
dei sidan gjekk ut over jordi,  
med jubel frå land og til land.

Mi sjel, ogso du treng ein frelsar  
på ferdi frå vogga til grav.  
Og difor velkomen eg helsar  
den gåva som himmelen gav.

### *Det kom en konge til vår kyst*

Det kom en konge til vår kyst,  
fra himlens lyse land.  
Her kjempet han så hard en dyst  
som ingen tenke kan.

Han fødtes i en fattig stall.  
Men engler sang hans pris.  
Han råder over verden all,  
og bor i paradiset.

Men først han verdens synder bar;  
til korset gikk hans vei.  
Så rant en påskemorgen klar,  
med håp for deg og meg.

Et evig liv han for oss vant.  
Med håp vi fremad ser.  
Han gir oss Ånden som vårt pant,  
i himlen for oss ber.

Det kom en konge til vår jord.  
Takk, Jesus, at du kom!  
Vår salighet er rik og stor,  
i evig herligdom.

*Palmesøndag 1975*

### *Det lys som tentes julenatt*

Det lys som tentes julenatt,  
er slektens aller største skatt.  
Det demret mot en evig dag.  
Nå eier vi Guds velbehag.

Det barn som da ble født til jord,  
det kom med gleden rik og stor.  
Det kom med fred for ætten all.  
Å frelse verden var hans kall.

Om det er lenge siden nå,  
så vil vi ved hans krybbe stå,  
og takke ham fordi han kom  
og frelste oss fra død og dom.

Nå, etter fullendt frelsesverk,  
er Kristus Herren, høy og sterk.  
I tro på ham vi skal for visst  
i himlen møte ham til sist.

Så takker vi for julens bud,  
for Jesus, gaven fra vår Gud.  
Fordi han ble til jorden gitt,  
så er vi evig rike blitt.

*1976 – Kai Jensens bok "At tælle vore dage"  
for 11. desember*

### *Det store tidarvende*

Det store tidarvende  
med Jesus Kristus kom.  
Det sæle under hende,  
og straumen snudde om.

Då morgonstjerna lyste,  
og rettferdssoli rann.  
Ei armods krybba hyste  
Guds trøyst til alle land.

Det var Guds store gåva,  
frå himmelheimen send.  
Og englar Herren lova  
då denne sol vart tend.  
Guds underfulle løyndom  
vart openberra då.  
Guds rike er ein røyndom;  
no kan me Herren sjå.

I desse ljose tider  
vår levedag me fekk.  
Til Noregs land omsider  
den store stjerna gjekk.  
Kven skulle då ei lova  
vår Gud av hjartans grunn  
for denne himmelgåva,  
for denne store stund!

*November 1943*

### *Det tona i ei midnattstund*

Det tona i ei midnattstund eit herleg englekor.  
Med gylne harper steig dei ned med gledebod til jord.  
Dei song om fred, dei song om fryd, om frelse  
frå all trong.  
Og verdi høyrde høgtidsstill den signa englesong.

Og enno stig til jordi ned ein fredfull englehær.  
Og enno gjeng det ljose kvad ut over all vår verd.

Det tonar over jordi trøytt, no som den første gong.  
På tusen tungemål dei syng den signa englesong.

Og du som tunge byrder ber på tornet pilgrims-veg,  
som slit deg fram frå dag til dag med trøytt tunge steg:  
Høyr himmelkvad! Lyft vengjene! Ja, gjer det  
enn ein gong!  
Statt still ved vegen din og høyr den signa englesong!

Og tidi fer så fort av stad. Mot æva åri skrid.  
Så kjem, som av profetar sagt, den nye, gylne tid,  
då freden fløymer over jord og enda er all trong  
og verdi all tilbake syng den signa englesong.

*Etter Edmund Hamilton Sears: It Came Upon the  
Midnight Clear*

### *Det var vår redning at Jesus kom*

Det var vår redning at Jesus kom,  
til håpløse slekter steg ned,  
tok på seg vårt ansvar, vår skyld, vår dom  
og vant oss den dyrt kjøpte fred.

Det var vår berging at Jesus kom.  
Vår armod til rikdom ble vendt.  
Det dødssyke blod gav han legedom.  
Takk, Gud, som en frelser har sendt!

Det var vår lykke at Jesus kom.  
Hvor stort: Det ble jul på jord!  
Han fører oss inn i Guds helligdom,  
der evig i *lyset* vi bor.

*1975 – Misjonssalen, ord av Jack Heide*

## *Ei jol med hjartans fred og fryd!*

Ei jol med fred og hjartans fryd,  
det ynskjer me Guds kyrkjelyd  
i alle Noregs grender.  
Den fred som kom den første jol –  
då frå det høge skein Guds sol –  
den fred me enno kjenner.

Og i den gledelause verd  
Guds gleda enn ein røyndom er,  
som i den første joli.  
Ho er for kvar ei sorgtyngd sjel.  
Ho gjer ein syndar rik og sæl,  
den skire rettferds-soli.

So er det atter jol på jord.  
Me høyrer sæle engle-ord,  
og gled oss i vår frelsar.  
No sit han ved Guds høgre hand.  
Kvar ein som kjem, – med kjærleiks-brand  
han varmt velkomen helsar.

*November 1976*

## *En livssol som ei har sin like*

Melodi: Vår Herre, han hvilte i krybben så trang

Du kom, Herre Krist, i vår håpløse natt.  
Og verden ble lys ved ditt komme.  
Fra himlen du bragte en dyrebar skatt.  
Vår armod for evig er omme.  
Vi lovsynger Jesus, vår Frelser.

Du kom, Herre Krist, i vår sorg og vår nød,  
gikk inn i vår kval og vår kvide.

Du sonet vår synd, og du døde vår død  
da du for vår skyld måtte lide.  
Vi takker deg, Jesus, vår Frelser.

Du kom, Herre Krist, gjorde alle ting vel,  
og livet ble nytt ved din nåde.  
Med håp og med kjærlyghet fylles vår sjel,  
og du for vår framtid vil råde.  
Vi priser deg, Jesus, vår Frelser.

Du kom, Herre Kristus, – det største har hendt.  
Nå er vi uendelig rike.  
En håpets og sannhetens stjerne ble tent,  
en livssol som ei har sin like.  
Vi hilser ditt komme, o Jesus.

## *Fattig var verdi forutan jol*

Kor fattig var verdi forutan jol, –  
ein skoddetung dag utan signande sol!  
No vell ho og bårar, gjev tusundtals vårar  
til evig tid.

Kor vonfull er verdi med kristen jol!  
No skin ei velsignande lækjedoms-sol,  
for Jesus er komen, oss frir ifrå domen  
til evig liv. –

*Desember 1963 – På trikken*

## *Frå konge-trona til Betlehems stall*

Ser du Guds Son på hans herlegdoms-trona,  
med hans tindrande, glimande kongekrona,  
hans evige, strålende diadem?

Og så han ned til jordi kjem,  
som eit lite barn i Betlehem,  
søv i ei krybbe, i ein vesal stall,  
han som i tidi sin morgon  
skapte verdi all.

Så djupt har ingen annan  
i verdi stige ned.  
Og det var bare det første steg.  
Det siste på hans fornedrings-veg  
var Getsemane og Golgata kross,  
der i useieleg kvide  
han døydde for oss.

Då syndi han sona  
og Livet åt oss vann.  
Difor i all æva  
skal me høglova han.  
Vår lovsong skal tona, –  
eit evig gloria,  
eit jublande in excelsis Deo!  
Halleluja!

*Desember 1989*

### *Gledenes glede og festenes fest*

Jul – du er gledenes glede.  
Jul – du er festenes fest.  
En frelser kom til oss her nede.  
Nå himmelens Gud er vår gjest.

Jul – du er gavenes gave.  
Jul – du er skattenes skatt.  
For oss i det dunkle og lave  
er demring der før det var natt.

Jul – du er stjernenes stjerne.  
Jul – du er solenes sol.  
Og derfor vi synger så gjerne  
vår lovsang fra pol og til pol.

### *Gloria in excelsis Deo!*

Englar kved i høge kor;  
me har høyr det kvad i kveld.  
Vent det vell ut over jord;  
atterklang gjev kvart eit fjell:  
Gloria in excelsis Deo!

Hyrdingar, kvi kved dei so?  
Kvifor mon dei jublar slik?  
Kva er vel det gledebod  
som gjer deira song so rik?  
Gloria in excelsis Deo!

Kom til Betlehem og sjå  
han som englesongen gjeld!  
Kom, – og bøya kne de må!  
Frelsaren er fødd i kveld!  
Gloria in excelsis Deo!

I ei krybbe kviler han.  
Englekoret kved hans pris.  
Syng hans lov i alle land,  
som i livsens paradisi!  
Gloria in excelsis Deo!

*Tradisjonell engelsk julesong.  
Omsett frå engelsk i 1957*

## *Gud gav oss eit barn*

Gud gav oss eit barn  
den første julenatt.  
Det var so dyr ei gåva,  
so fin ein perleskatt.  
For dette barnet var Guds Son,  
som alle himlar åtte.  
Han vart vårt liv, vår von.

Gud gav oss eit barn,  
i krybba, i ein stall.  
Det barnet skulle løysa  
oss ut av vondskaps vald.  
For oss han gav sitt hjarteblod.  
No vil me Herren lova  
for gåva dyr og god.

Gud gav oss eit barn.  
Han kom i armod's kår.  
Men no hans herrevelde  
til verdsens ende når.  
Han råder no i herlegdom.  
So vil me høgt han lova  
at han til jordi kom.

*Desember 1973 – Etter leidaren i Utsyns  
julenummer. Vers 2 og 3 november 1974.*

## *Gud selv steg ned i vår verden*

Gud selv steg ned i vår verden,  
et menneske ble han som vi.  
Det viste seg siden på ferden:  
at Jesus for synd var fri.

Det lød en lovsang i natten,  
fra englenes mektige kor.  
De hyllet den himmelske skatten:  
En frelser er født til jord.

Så fattig var tjenerdrakten.  
Han kom i så ringe et skrud,  
gav avkall på guddoms-prakten.  
Og dog var han Gud av Gud.

Så ble han vår slekts forsoner,  
all verdens synd tok på seg.  
En lovsang til Jesus nå toner  
som vandret den tunge vei.

Til sist han på korset døde,  
forklaret stod opp av sin grav.  
Da sonet var slektenes brøde.  
Nå bølger et livsens hav.

I herlighet høy han troner  
i himmelens kongehall.  
En lovsang til Kristus nå toner  
som frelste oss fra vårt fall.

*Natti millom 1. og 2. juledag 1978*

## *Guds hjarta seg opna hin Betlehems-kveld*

Guds hjarta seg opna, –  
eit kjærleikens hav, –  
det største, det beste, det dyraste gav:  
sin Son, til utløysing for alle.



Guds hjarta seg opna,  
dit inn kan me sjå  
i undring og age tilbedande stå:  
Det logar imot oss av kjærleik.

Guds hjarta seg opna,  
hin Betlehems-kveld.  
Kor sælt å få sjå denne kjærleikens eld.  
So lyser det von over vegen!

Guds hjarta seg opna,  
og alt gav oss fritt.  
Og difor hans rike for alltid er ditt.  
Det bodet ber Betlehems englar.

Guds hjarta seg opna, –  
det blenkjer som lyn.  
Høyr, englande syng ved det himmelske syn.  
Og Betlehems-klokkene kimar. –

*Desember 1966*

### *Ho held i sine hender*

Ho held i sine hender  
jordi sin største skatt:  
Barnet, Guds Son, vår Frelsar,  
som føddest jolenatt.

Som Jesu mor – Maria –  
og gamle Simeon  
me også vil Barnet famna.  
Då eig me ei evig von.

Den skatt er tenkt til alle,  
verdi si klåre sol.

Når ho i vår sjel får skina,  
då får me ei signa jol.

### *I Kristus møtest jord og himmel*

I Kristus møtest jord og himmel.  
Han over avgrunn bygde bru.  
Den Gud me fåfengt leita etter,  
på han me no kan hugheilt tru.

I Kristus me til Gud vert knytte,  
med band som aldri bresta skal.  
Forsona ved hans blod me eingong  
skal skoda han i himmelhall.

Gud kom til oss i Jesus Kristus.  
Han all vår misgjerd sona har.  
På krossen han vår skuld betalte.  
I tru på han er Gud vår Far.

Det er Guds sæle jolehelsing  
til alle i den vide verd.  
Til kvart eit folkeslag det lyder  
at Jesus Kristus konge er!

*1977 – Toget Spydeberg–Ski.  
Ord av biskop Rangv. Indrebø, i "Noreg".*

### *Jernringen brast*

Ein jernring brast hin julekveld  
då Jesus inn i ætti steig.  
Då tendest det av von ein eld,  
ei sol som aldri sidan seig.

Då møttest atter Gud og mann,  
i sonen av Maria møy.  
Då knytttest fast dei brostne band.  
No fær me tru – og aldri døy.

Me kunne ikkje stiga opp, –  
men Herren sjølv til oss steig ned.  
Og no til himmeltind og –topp, –  
til evig liv – han tek oss med.

Ein jernring brast, – og eg er fri, –  
dei tunge lekkjor frå meg fall.  
Eg lova vil til evig tid  
det barn som føddest i ein stall. –

*1. juledag 1955*

## *Jul*

Det er klokkor som tonar frå tårn,  
det er vaksne som atter vert born.  
Det er von i vår midvinters-natt,  
det er bod om ein æveleg skatt.

Det er ekko av englar sin song,  
som for hyrdingar tona hin gong.  
Det er gleda ugrundeleg stor,  
til kvart lengtande hjarta på jord.

Det er stjerna som viser oss veg,  
der me fram på vår pilgrimsferd dreg.  
Det er freden so djup og so stor, –  
det er barnet, vår frelsar, vår bror. –

## *Jul*

Jul – du er ljuset i verdi.  
Jul – utan deg var det natt.  
Jul – du er soli på ferdi.  
Fredsvåpen smiest av sverdi.  
Du er vår dyraste skatt.

Jul – du er fryd, du er fagnad.  
Jul – du er fullnad og fred.  
Takk at i aust det har dagna.  
Takk for den ljuvlege lagnad!  
Takk at òg oss du tok med!

Jul – du er innbrot frå æva.  
Jul – du er framtid og von.  
Meiningsfylt er det å leva.  
Himlen vår takk vil me gjeva.  
Fødd er ein frelsar – Guds Son.

*Desember 1977 – Fjellhaug – heim*

## *Jul – du har så fin ein klang!*

Å jul, du har so fin ein klang!  
Me arme var forutan deg.  
Då skein ‘kje ljøs på lei og veg:  
han vonlaus var, og tung og lang.  
Men soli snur ved vintertid,  
og joli gjev osss voni blid.

Det er som tusund klokkors spel  
når namnet ditt me nemna får;  
der er ei dagning ljøs og klår,  
som lyser opp ei modlaus sjel.

Og barneminne strøymer på.  
Når er eit barn so glad som då?

Det største som har jordi hendt,  
er himmelgåva Gud oss gav.  
No syng me, sjølv ved opi grav,  
om stjerna Gud for oss har tendt.  
Med han kom himmelen til jord.  
Han gjesta òg det høge nord. –

*Desember 1943*

### *Jol på jord*

Så er det jolehelg igjen!  
Og tusen lys og stjernor brenn.  
I barne-augo strålar skin.  
Den glede er vel rein og fin.

Gud vere lov at det vart jol!  
Då rann den skire rettferdssol.  
Ho strålar over verdi vid,  
og skina skal til evig tid.

Kor godt at det vart jol på jord,  
med himmel-helsing, engle-ord,  
med verdsens frelsar, Gud av Gud,  
sjølv om han kom i armodskrud!

Velkomen, du all verdsens von,  
sann Gud, men òg vår slekt sin son!  
Du kom hit ned i fattigdom.  
No råder du i herlegdom.

I verdi var det dimt og døkt.  
No er vår sorg for evig sløkt.  
For, oss er fødd ein frelsar stor.  
Velkomen, Jesus, til vår jord!

*1974 – Til K.P.K.*

### *Julefryd og fred*

No sig den store freden inn,  
ein jule-aftans kveld.  
Han fyller heile hugen min,  
det varme, ljuve vell.

No sig den store gleða inn,  
i sjeli sår og mødd.  
Med song ho fyller barmen min:  
Oss er ein Frelsar fødd!

Og denne fred og julefryd  
skal vera hjartans skatt.  
Og gledebodet Gud meg byd,  
er ljøs i verdsens natt.

Og denne julefryd og fred  
som kom med Jesus Krist,  
skal i all æva vara ved, –  
og rikast vert til sist.

*Desember 1973 – Ord av Birger Breivik  
på kontor-juletreffesten. Siste vers 1974.*

## *Julens under*

Julens budskap er Jesus, –  
i ham er det samlet alt.  
I navnet som englene sang om,  
er julens saga fortalt.

Julens under er Jesus, –  
den løyndom er djup og stor.  
For barnet som kviler i krybben,  
er Gud – og vår egen bror.

Julens stjerne er Jesus, –  
den skinner i verdens natt.  
Han kom med det store daggry,  
en endeløs livsens skatt.

Julens gave er Jesus, –  
så si ham ditt hjertens ja!  
Da eier du Julens rikdom,  
og sjelen er frelst og glad.

*Desember 1961*

## *Kva var det som hende den første jol?*

Kva var det som hende den første jol?  
Då rann over verdi den signa sol.  
Guds sjølv kom i Sonen til jordi ned.  
Han helsa vår ætt med sin sæle fred.

Kva var det som hende den første gong  
då himmelens englar so glade song?  
Då gav Gud til verdi so dyr ein skatt.  
Då rømde for dagen den døkke natt.

Kva var det som hende den jolekveld,  
som gjer at me enno den høgtid held?  
Då gav Gud åt verdi ein frelsar stor.  
No lyder ein lovsong kring all vår jord.

*Sinsen kyrkje 2. juledag 1974*

## *Martyr-blomane*

Småborni leikar i Betlehem,  
som småborni allestad gjer.  
Dei unar seg godt, og dei høpp og spring.  
So glade dei blomar er.  
Men døden sin skugge var nær.

Hærmenn kjem frå Jerusalem.  
Eit ærend so fælsleg dei har.  
Herodes, kongen, var vond og arg.  
Han hatig på barnet var,  
og agg han til honom bar.

Han hadde høyrte av dei vise menn:  
Messias var komen til jord.  
Han skulle råda til evig tid –  
ein konge so sterk og stor.  
Herodes skolv ved dei ord.

Småborni leikar i Betlehem,  
mens soli i kvelden går ned.  
Men brått vert han broten, den djupe fred.  
Soldatar tek gutane med.

Det var dei minste dei med seg tok,  
kvar gut som var under to år.  
Dei tenkte: me Jesus då med oss får.  
Slik hadde dei rekna ut.

Sårt dei syrgde i Betlehem,  
og gråten, han stilnar 'kje av.  
So tek dei liki av gutane  
og legg i ei tidleg grav.  
For Jesus dei livet gav.

### *Med englar me syng vårt gloria*

Melodi: Fra fjord og fjære

Den store gleda  
Guds englar no oss byd.  
Hans lov dei kveda  
til himmelharpors lyd!  
I lys dei dalar  
frå høgdi ned til jord,  
dei til oss talar:  
“Fødd er ein frelsar stor!”  
Oss sælt hugsvalar  
dei gledefylte ord.

Dei engleordi  
som tona julenatt,  
om fred på jordi,  
dei er vår største skatt.  
Me trutt deim gøymer  
i hjartans perleskrin;  
om me deim gløymer,  
dei atter mot oss skin,  
og gleda strøymer  
so kjeldeklår og fin.

Guds store gåva  
til oss er Jesus Krist.  
Me han vil lova  
for denne livsens kvist.

Han er vår sæla,  
han er oss alt me tarv;  
me treng ei træla,  
men syng om livsens arv.  
Før laut me fæla,  
men sorg og sukker kvarv.

Han er ein frelsar  
frå all vår naud og natt.  
Me glade helsar  
vår morgonsol og skatt.  
Me slepp fortvila, –  
vår sorg i song er bytt, –  
mot Gud kan smila,  
for domens natt har flytt.  
Me trygt kan kvila;  
sjå, alt hev vorte nytt.

Med englehærar  
me syng vårt gloria,  
vår Frelsar ærar  
med høgt halleluja.  
Vår natt tok ende,  
sjå, dagen lyser klår;  
den skatt Gud sende,  
hans kjære Son, er vår.  
Den sol han tende,  
i auster evig står. –

*Juni 1943*

### *Men vi får feire jul*

Når vi får feire jul  
frå år til år,  
vi vil ei glemme dem

som intet lysstreif får.  
I håpløs natt de lever,  
i angsfylt mørke går.

Men vi får feire jul.  
Vi lyset har,  
om verdens frelser vet,  
en kjærlig Gud og Far.  
På livets mange gåter  
vi fikk så klart et svar.

Så vil vi sende sol  
og dag til dem,  
fortelle: Jesus Krist  
ble født i Betlehem.  
Han vil i lys oss lede  
igjennom verden – hjem.

*1. juledag 1978*

### *No kimer tusund klokkor*

No kimer tusund klokkor  
kring heile Noregs land,  
i bygder og i byar,  
frå tind til havsens strand.  
Kor stort at me frå år til år  
dei klokkor høyra kan!

No høyrest himmeltonen,  
det sæle englekvad:  
Vår jord har fått ein frelsar.  
Fryd deg, du jord! Ver glad!  
Med vismenn vil me tilbe han,  
Guds son i Davids stad.

Ja, tusund klokkor kimer  
her i det høge nord,  
frå ishavet til Oslo,  
for det er jul på jord.  
Og hjarta vårt no frydar seg  
ved sæle engle-ord.

*Julaften 1979 – På veg til julaften-gudsteneste  
i Sinsen kyrkje*

### *No lova Herren, kvart atom!*

Soli sig mot ås og fjell,  
glim og glør i æve-ro,  
logar over myr og mo.  
Og det er heilag julekveld.

Høyr, eit malmtungt tonevell  
ifrå det kvite kyrkjetårn!  
Syng med i takk, de mannsens born!  
for det er heilag julekveld.

Stjerne-sylv på snøen fell,  
ifrå det ævedjupe rom.  
No lova Herren, kvart atom,  
for det er heilag julekveld.

Hjarta juleandakt held, –  
eg synest æva kjem so nær.  
Ver glad – oss født ein Frelsar er.  
Og det er heilag julekveld. –

*Julaften 1966*

## *Rom finst for alle i Betlehems stall*

Rom finst for alle i Betlehems stall.  
Verdi er vådleg og nattmyrk og kald,  
men du derinne  
skal livslyset finne.  
Trongaste stall vart ein verdensvid hall.

Betlehems-stallen vert aldri for trong.  
Der tonar salig, tilbedande song,  
sumar og vetter,  
ætt etter ætter.  
Lovsong seg lyfter frå Betlehems vang.

Om du er einsam, uverdige, – kom inn!  
Gamal og ung, – alle Frelsaren finn.  
Ingen er gløynde,  
alle er gøynde  
djupt i hans hjarta, – han kallar deg sin.

Alle er med i hans heilage kall.  
Kom då, all verdi, til Betlehems stall!  
Sælaste lagnad:  
Snart skal det dagna,  
og me stig inn i den himmelske hall.

*1. juledag 1961*

## *Ser du den strålande stjerna?*

Ser du den strålande stjerna  
som funkla i austerlands natt?  
Ho varsla om Jesus Kristus,  
jordi sin største skatt.

Ser du dei hyrdingar trugne?  
Til Betlehem la dei sin veg.  
Og der fann dei verdsens frelsar, –  
føredøme for deg!

Ser du dei vismenn frå Austen?  
Dei Kongen den store vil sjå.  
Då drog dei so lange vegar.  
Du må dei likna nå!

Ser du det barnet i krybba,  
Marias, og Guds eigen Son?  
So fattig han kom til jordi.  
Lell er han all vår von.

Sjå – som om aldri du såg det –  
sjå denne signande sol!  
Skund deg til Betlehems-stallen!  
Då vert det dag – og jol.

*1975 – Sinsbakken, og i dr. Kr. Hannås  
sitt venterom i Oslo*

## *Slik er det ved juletide*

Tankane vankar so vide,  
på langferd dei gjerne dreg,  
og milde dei er, og blide.  
Slik er det ved juletide, –  
då gjeng dei so lang ein veg, –

minnest dei julekveldar  
der heime hjå far og mor, –  
dei barnslege glede-eldar.  
Og under dei kvite feldar  
ho kvilde, den kalde jord.

Tankane vidare vankar,  
ned gjennom dei tusund år.  
Og hjarta i barmen bankar, –  
for trui hev funne sitt anker:  
ei stjerna so skir og klår.

*1962 – Julefest på kontoret*

### *So fekk me feira ei jol med fred*

So fekk me feira ei jol med fred!  
Ei blodig krigs-sol til sist gjekk ned.  
Dei rasande stormar spakna.  
Den siste røyk frå kanonar kvarv,  
attente fekk me den dyre arv,  
og dagen den nye vakna.

So fekk me feira i fred vår jol!  
Me takkar han som er skjold og sol  
og ljuset til jordi sende.  
For kvar ei sjel som i verdi frys,  
er Jesus Kristus det klåre lys,  
som varmar til livsens ende.

So syng me sæle vårt gloria  
til tusund englars halleluja, –  
so sterkt denne lovsong brusar.  
Me frygdar oss i den nye fred,  
og mest i han som til jord kom ned.  
Høyr – freden si palma susar!–

*November 1945*

### *So vart det jul på jord*

Fordi Gud elska oss so høgt,  
so vart det jul på jord.  
Den Herre Krist vart ein av oss.  
Å, kjærleik djup og stor!

Fordi Gud elska oss so høgt,  
det påske vart på jord.  
Den Herre Jesus ofra seg  
for oss, i kjærleik stor.

Fordi Gud elsker oss so høgt,  
han barnerett oss gjev.  
Og i den gamle bibelbok  
me les hans kjærleiksbrev.

Fordi Gud elsker oss so høgt,  
han tek oss heim til seg.  
Der skal me i hans kjærleiks lys  
få leva æveleg.

*1980 – George Johnsens bok. Vers 3 på  
Norrøna hospits i Ålesund*

### *So vart det julehelg på jord!*

Gud sende Jesus inn i verdi.  
So vart det julehelg på jord.  
Det største som har hendt i soga,  
det er at Jesus vart vår bror.

Gud sende Jesus inn i verdi.  
Han gav sitt hjarteblod for oss.  
So vart det påskehelg på jordi,  
med lækjedom frå Kristi kross.



Gud sende Jesus inn i verdi.  
Og so det pinse vart til sist.  
Då fekk me livsens gode Ande,  
som herleggjer den Herre Krist.

Gud sende Jesus inn i verdi.  
Takk, frelsar, at du til oss kom!  
Du er vår sol, vår song, vår sæla.  
Til sist du kjem i herlegdom!

*1975 – Sinsen kyrkje 2. juledag, Magne C. Krohn*

### *Stjerna*

Stjerna lyste yver landet,  
fagert fyrste jolenatt,  
varsla: no var Kristus komen, –  
himlen gav sin dyre skatt.

Stjerna lyste yver jordi  
i dei mange hundrad år.  
Der dei milde strålar signa,  
vart det vakning, von og vår.

Stjerna lyste yver Noreg,  
ljuvleg ifrå ætt til ætt.  
Fedrane i år og aldrar  
hev den klåre stjerna sett.

Enno glimar ho og gløder,  
denne stjerna still og stor.  
Alltid vidare ho vandrar,  
til ho femner all vår jord.

Enno skin ho yver landet  
stjerna yver Betlehem.  
Fylgjer du den veg ho viser,  
heim til himmelen du kjem.

*Januar 1965*

### *Stjernor spør*

Kva var verdi utan sol?  
Kva var verdi utan jol?  
Men no hev me ljøs på ljøs,  
mål og med, og liv og los.

Stjernor spør i nord og sud:  
Kva var verdi utan Gud? –  
Alt var audt og daudt og kaldt.  
Me hev Gud – og me hev alt!

*September 1955*

### *Syng meg den sæle song!*

Seg meg den sæle song!  
Syng meg den same song  
som englane kvad  
over stjernestill stad,  
over Betlehems-vangen eingong!

Seg meg den store sanning!  
Syng meg det glade bod:  
For verdi vår mødd  
ein frelsar er fødd.  
Eg elsker den fredshelsing god.

Syng så dei tonar trengjer  
djupt i mitt hjarta ned:  
Eit under er hendt, eit livslys er tent.  
Å, syng om Guds hugnad, Guds fred.

Syng så all verdi høyrer  
tonen om fred på ny,  
så menneska må  
Guds herlegdom sjå  
og mørket for solrenning fly.

### *Syng meg en salme om julen!*

Syng meg en salme om julen!  
Syng om den glede og fred  
englene sang om for hyrder hin kveld  
Jesus til jorden kom ned!

Syng meg en salme om julen,  
solvervet Jesus har bragt!  
Syng meg et kvad som gjør hjertet glad,  
om Frelserens miskunn og makt!

Syng meg en salme om julen!  
Syng meg det salige bud!  
Sorteste natt er til daggry vendt,  
og verden forsonet med Gud.

Julen er her – jeg vil juble.  
Himlen er kommet her ned.  
Jesus er født, fra det høye kom hit  
med en fylde av glede og fred.

### *Takk at du kom!*

Takk, Herre, takk at du kom til jord,  
eit menneske vart, og vår ven og bror.  
Natt-svart var verdi, vår naud var stor.

Avkall du gav på din herlegdom.  
I krybba du fekk deg so trengt eit rom.  
Takk, Herre, takk at du til oss kom!

Du tok farvel med ditt paradys,  
og kom hit til verdi sin kalde is.  
Vår liv det vart – no me syng din pris.

*Juledag 1977*

### *Takk, mor, at du gjorde meg glad!*

Ein liten gut ein genser hadde fenge.  
Han hadde venta både vel og lenge;  
men no i julekvelden gild og god  
han blid med denne gjæve gåva stod.

So rik ei gleda han i hugen hyste,  
og smilen spela medan augo lyste.  
So slo han armane om mor og sa:  
“Takk, mor, fordi du gjorde meg so glad!”

Ja, gleda andre, det var det me skulle.  
Her er so mykje sorg og gråt og kulde.  
Og borni sine englar syng eit kvad  
kvar gong du gjer eit barn i hjarta glad.

*Desember 1945 – Vesle Lyder sa dette*

## *Tenk om det ikkje var hendt!*

Tenk om det ikkje var hendt!  
Tenk om Han ikkje var komen!  
Då var me enn under domen.  
Livs-lyset var ikkje tent.

Du, kor me rike er no!  
Me har ein levande Frelsar.  
No han velkomen oss helsar.  
Du, kor vår framtid er god!

No har me alt det me tarv:  
Æveleg liv utan like  
i himlens herlegdoms-rike,  
ein uforgjengeleg arv.

*1979 – Juleandakt ved gen.sekr. Bjarne Stoveland*

## *Til Betlehem*

Dei to drog opp til Betlehem,  
og der det store hende:  
Guds son vart fødd i Davids by, –  
ein frelsar himlen sende.  
Den natti Gud for ætti all  
so skir ei stjerna tende.  
Og difor kom for verdi kald  
det sæle tidarvende.  
Den stjerna aldri slokna skal, –  
ho skin til verdsens ende.

*Desember 1954*

## *Til Betlehem!*

Snart ringjer juleklokkor, –  
me går med vise menn  
til Betlehem, til krybba,  
der lovnad-stjerna brenn.

Snart ringjer helge-klokkor, –  
til Betlehem me går.  
Der lyser lovnad-stjerna,  
med von om evig vår. –

*Oktober 1972*

## *Usynlige klokker kimte julen inn*

Usynlige klokker kimte,  
ringte julen inn  
blant Galileas fjell  
den gangen  
en engel gjestet Maria  
i heimen hennes i Nasaret,  
fortalte: Du skal bli mor  
til verdens frelser.  
Gud selv slo tonen an.

Himmelske klokker kimte,  
ringte julen inn  
hin natt over Betlehems marker,  
da englene sa til de hyrder  
som nattevakt holdt over hjorden:  
I dag er det født en frelser,  
Herren i Davids by.  
Kristus, Messias, er kommet.

Og lovsangen steg til jubel  
da koret av himmelånder  
høylovet Gud og sa:  
Ære skje Gud i det høyeste,  
og fred på jorden.  
I mennesker Guds behag! –

Så var det jul på jorden.

1974

### *Varme tankar vide går*

No lakkar det og lir mot jol.  
Først snur ho stilt, vår vintersol.  
Det gjev so rik ei glede.  
So kjem den gilde, ljose fest.  
Då helsar me den høge gjest  
med hjartans takke-kvede.

So mang ei jol me no har fått.  
So snøgt har tidi frå oss gått,  
frå me var små og spede.  
Men ogso i dei gamle år –  
når sylvet skin i kruna vår –  
me kjenner joleglede.

Og varme tankar vide går,  
til alle dykk som nær oss står.  
Me hjarteleg dykk helsar.  
Ei signa jol til kvar og ein,  
med freden djup, med gleda rein,  
og fryd i verdens frelsar!

1977 – Toget Finse – Geilo

### *Verdens deiligste rose*

Verdens deiligste rose,  
den korsets merke bær.  
Den visnet engang på Golgata,  
men våknet ved englers halleluja.  
Nå evig den rosen er.

Verdens deiligste rose  
er tenkt til hver og én.  
Og finner du den, for visst jeg vet  
den bringer deg lykke og salighet,  
den rosen så skjær og ren.

Verdens deiligste rose  
sprang ut en julenatt.  
Og salig hver en i livets vår  
og de som mot høstens modning går,  
som favner den fagre skatt.

August 1971

### *Vi takker for julens glede*

Vi takker for julens glede.  
Den evig skal vare ved.  
Vi takker òg for Guds velbehag,  
for julens salige fred.

Den gleden er tenkt til alle,  
og freden for alle dem  
som åpner sin favn og tar imot  
det budskap fra Betlehem.

Vi takker for himlens glede,  
som kom til vår arme jord.  
Vi takker òg for Guds paradis,  
der gleden for evig bor.

*1. juledag 1978 – Kai Jensens bok*

### *Vismenn*

*Dei såg den store stjerna*

Dei såg den store stjerna, –  
so glade vart dei då.  
I Betlehem, i stallen,  
dei Frelsaren fekk sjå.

Dei bøygde seg for barnet,  
og opna sine skrin.  
Dei dyre gåvor enno  
som glime-steinar skin.

So langt dei hadde fare,  
men trega ikkje på  
dei stride ørken-miler  
då dei fekk barnet sjå.

For nåli på kompasset  
no fann sitt rette nord,  
og i den klåre kjelda  
dei sløkte torsten stor.

No Frelsaren var funnen  
og livsens gåta løyst.  
I hjartans djup det båra  
eit hav av fred og trøyst.

Eit siste blick på barnet, –  
ei takke-tåra brann. –  
Ein annan veg dei vender  
attente til sitt land.

Hav takk, de lære-meistrar  
for alle folk på jord!  
De fylgde hjarte-draget,  
de møtte stjerna stor.

*1961 – Møte på Fjellhaug, Sigurd Rydland*

## NYTTÅR

### *En takk i året siste dag*

Det toner takk i hjertets slag,  
en takk i årets siste dag,  
for hver en kveld, for hvert et gry.  
Hver morgen var Guds nåde ny.

Det toner takk i hjertets grunn,  
i årets aller siste stund.  
Ha takk for tidens dype elv,  
for solen klar på himlens hvelv.

Det toner takk i årets kveld  
for årets rike nådevell.  
Vi takker deg, o Jesus Krist,  
for håp om evig liv til sist.

*Nyttårsaften 1972 – Trikk til Misjonssalen*

### *Gud vil ikke slippe din skjelvende hånd*

Gud vil ikke slippe din skjelvende hånd,  
som du i hans sterke har lagt.  
Han går ikke fra deg, forlater deg ei.  
Det har i sitt løfte han sagt.

Og ingen kan rive deg ut av hans hånd.  
Så vær da frimodig og sterk!  
For Herren er med deg fra dag og til dag.  
Han selv vil fullende sitt verk.

Så kan du begynne hver gryende dag  
med takk til din himmelske Far.  
Han vil ikke slippe din skjelvende hånd.  
Det evige løftet du har.

Så kan du begynne hvert eneste år  
med frimod, med håp og med sang.  
For Jesus, som gir deg den evige trøst,  
vil følge deg livsdagen lang.

*1. nyttårsdag 1976 – Josva bok 1,5 fg.*

### *Takk Gud på årets siste dag!*

Takk Gud på årets siste dag,  
mens midnatts-klokker kimer!  
Takk ham for fred og gode kår,  
de mange lyse timer!

Takk ham fordi vår Frelser kom  
og gav oss nåde-året!  
Takk at han bar vår synd og dom  
og vant oss barne-kåret.

Takk ham at han i dag, i går  
og evig er den samme!  
Når han oss følger på vår ferd,  
skal intet vondt oss ramme.

Takk ham for håp om evig liv!  
Vår lengsel dit seg vender.  
Takk ham for herlighetens håp,  
et år som aldri ender!

*Nyttårsaften 1976 – Kai Jensens andaktsbok*

## *Året syng på sitt siste vers*

No syng det gamle året  
på siste verset sitt.  
So er den songen sungen.  
So er den striden stridt.

Når soli sig bak skogen  
i dag – og nok ein kveld,  
eit eventyr tek ende, –  
so sloknar årsens eld.

Slik hev eg ofte stade, –  
eg vert visst gamal no, –  
og sett kor året smuldrar  
i gull og glim og glod.

Slik hev eg ofte skygna  
i årsens siste kveld.  
Med purpur-brannen blandar  
seg hjartans sorgmods-eld.

Eg minnest barndoms-tidi, –  
eg liten var og sped.  
Men du kor vesleguten  
i småe ting seg gled!

Eg minnest ungdoms-åri,  
med lengting, strid og tvil.  
Men soli braut igjenom  
med tusund sæle smil.

Og tusund bylgjor bårar  
med sorgmod imot strand  
når far og mor eg minnest, –  
eg deim ei gløyma kan.

No er dei borte, borte, –  
nei, i ei betre verd  
dei er for evig *heime*.  
Å, var eg ogso der!

Slik talar tusund minne;  
snart strengt, snart mjukt og blidt, –  
når gamle-året mullar  
på siste verset sitt.

Eit år, – so rik ein gull-gang,  
ei fager perlerad.  
To perlor er attende –  
til siste soleglad.

*3. juledag 1961*

## *Årets siste aftan-eld*

Ein ekstra fin-fin rodnad  
har årsens siste kveld.  
Dei lette synsrand-skyer  
no brenn i purpur-eld.  
So fekk det gamle året  
ein vakker ende lell!

Når året mitt er enda,  
og kvelden min sig på,  
må eg ein fager ròde  
i livsens synsrand sjå, –  
og so med takk på tunga  
til ævedagen gå!

*Nyttårsaftan 1962*

## *Års-skifte*

Tempelstille skogar  
stend i togn og teier  
medan tårnet tonar  
ut det gamle år.

Høgtids-stille hallar  
helgekledde kviler  
medan malmar helsar  
høgt det nye år.

Vintervidder vekkjest  
ei, men yver snøen  
bylgjone ber bod om  
året ungt og nytt.

*Nyttårsaften 1956*

## PÅSKE

### *Bygd er livsens bru*

Morgonsoli glimar,  
tom er Jesu grav.  
Sæle påske-timar!  
Gud oss siger grav.

Store ting er hende;  
voni vann me att.  
Natti er til ende,  
dødsens myrke natt.

Syndi vår er sona,  
brotten dødsens brodd.  
Glade kan me vona.  
Livsens frø er sådd.

Jesus Krist hev vunne,  
yver grav og gru.  
No hev soli runne.  
Bygd er livsens bru.

*Palmesundag 1965*

### *Dei valde ein røvar*

Dei valde ein røvar og mordar;  
men Kristus, den heilage, reine,  
han let dei med spottar-ord steine.  
Der Jesus gjekk fram, vart det fryd og fest.  
No ropa dei mot han: Korsfest! Korsfest!



Pilatus deim prøvde å stagge;  
men ropet, det auka i velde.  
Til krossdøden Kristus dei selde.  
Me honom vil hylla, han er Guds son,  
forsonar og frelsar, vår einaste von.

I dag er det mange i verdi  
som heller det vonde vil velja;  
for småting dei Kristus vil selja.  
Me kan ikkje leva og døy utan han.  
Han fører oss fram til det livsæle land.

*Langfredag 1974*

### *Den Herre Krist braut dødens band*

Den Herre Krist braut dødens band  
med sterk og mektig guddomshand.  
No lever han i livsens land.  
Halleluja!

Dei lekkjene som heldt han fast,  
som spindeltev i gravi brast.  
Då rømde dødens drott i hast.  
Halleluja!

Han herleggjord or grava står,  
med velde i sitt rike rår.  
Hans store siger, den er vår.  
Halleluja!

*1977 – Bussen Løken–Fjellsrud*

### *Det aller største*

Det aller største  
i all vår verd:  
Den Herre Jesus  
oppstanden er.  
Han sprengde gravlekkja  
tung og svær.

Det aller beste  
eg minnast kan:  
Vår Frelsar er  
ved Guds høgre hand,  
men óg hos sine  
i alle land.

Kvar dag og time  
eg minnast får:  
I forbøn for meg  
min Frelsar går.  
Og himmelsk signing  
mitt hjarta når.

Ja, Jesus lever,  
oppstanden er!  
Det største under  
i all vår verd.  
Mi sjel, uendeleg  
rik du er!

*Påskelaurdag 1982 – Siesta*

## *Det er fullført! Jesus lever!*

Det er fullført! Jesus lever!  
Det er påskedagens bud.  
På den grunn vi trygt kan bygge.  
Vi har en forsonet Gud.

Ifra korset der han døde,  
og ifra den tomme grav  
veller nå ut over verden  
lysets, livets, håpets hav.

Denne store, sæle sannhet  
dag for dag vi minnes vil.  
Og til evig tid vi hører  
lyset, livet, himlen til.

*Skjærtorsdag 1979 – Heimen-trikken.  
Brev frå Brita Rognes, Stårheim.*

## *Det kosta*

Det kosta deg blodig sveitte  
og tornar og kross og grav,  
då du tok vårt tunge ansvar,  
utløysing og liv oss gav.

Det kosta deg hjartekvide,  
og angest og gråt og gru,  
då du braut dei tunge lekkjor  
og bygde til livet bru.

Me kan 'kje den kjærleik fata,  
og ikkje det lidings-djup  
du møtte då du oss henta  
attende frå helheims stup.

Men då du ditt “fullført!” ropa,  
var enda den tunge veg.  
No stig det ein evig lovsong  
frå himmel og jord mot deg.

*Langfredag 1957 – Edland, Telemark*

## *Det siste ord*

Det siste ord  
på denne jord  
det heter *oppstandelse*.  
Det blir en seier så skjønn og stor.  
Så skal vi være  
der Jesus bor –  
i evighet.

*1982 – Kai Jensens bok for 19. april*

## *Det største offer*

Det største offer  
som noen gang er bragt,  
ble gitt den gang da korset  
på Jesus tungt ble lagt,  
da vredens kalk han tømte,-  
så besk som døden selv.  
Men dette offer åpnet  
for livets klare elv.

Den høgste prisen  
som noen gang er gitt,  
den frelseren betalte  
med hjerteblodet sitt.

Da det til siste dråpe  
fra korset falt til jord,  
var verdens synder sonet,  
betalt vår brøde stor.

Den største gaven  
som noen verden gav,  
var livsens lyse lilje  
da Jesus steg av grav.  
Den urt skal aldri blekne  
i tid og evighet.  
Det er den største skatten  
som jeg i verden vet.

Den største seier  
som noen stridsmann vant,  
ble vunnet av vår Frelser  
da Satan selv han bandt.  
Det var for oss han kjempet.  
Hans seier, den er vår.  
Nå vi i håpets glede  
til livets vårland går.

*1974 – Radio-gudsteneste frå Ørsta frikyrkje,  
ord av bibelskulestyrar Olav Runestad*

### *Di sak er i trygge hender*

Jesus lever i herlegdom.  
Han går i bøn for deg.  
For Faderens åsyn kvar tid og stund  
for di skuld han syner seg.  
Di sak er i trygge hender.

Påskemorgon han sigra stort.  
Lys levande han er.

Ved han ogso du skal til evig tid  
få leva i livsens verd.  
Di sak er i trygge hender.

*August 1982*

### *Din lange fredag*

Din lange fredag  
vart for oss den gode.  
Ditt store tap  
ei vinning vart for oss.  
Til siste drope  
gav du hjarteblodet  
då ut du anda  
på ein pinslekross

Kven kan vel tolka  
kva du då laut lida  
då du forlaten vart  
av Gud, din Far?  
Me bare ana kan  
di harde kvida,  
den tunge børi  
som for oss du bar.

So vart din lange  
fredag lell den gode.  
Av alt vårt hjarta  
vil me lova deg.  
Du for vår frelsa  
ofra hjarteblodet.  
Hav evig takk  
for krossens tunge veg!

*Langfredag 1977 – Edland i Telemark*

## *Du tok ein røvar med til paradís*

Du tok ein røvar med til paradís.  
Der syng han evig no din lov og pris.  
Han var den første frukt av døden din.  
Må denne lagnad ogso verta min!

So høg, so djup, so rik di soning er:  
Du sjølv ein mordar til ditt rike ber.  
Han døyande deg om ein tanke bad,  
men fekk eit paradís, so sæl ein stad.

So er det ogso von for arme meg.  
Eg, Jesus, ber den same bøn til deg.  
So skal eg på di rekning målet nå,  
i fryd og undring paradiset sjå.

Kor stort, min frelsar, at i åndi sterk  
du gjorde dette sæle frelsesverk!  
Det alt deg kosta, – no er frelsa fri.  
No vil me lova deg til evig tid. –

*Desember 1976 – Kveld*

## *Døden sin brodd er borte*

Døden sin brodd er borte,  
broten av Jesus Krist.  
No treng eg ikkje engstast.  
Døden sin odd har mist.

No kan han ikkje skada.  
No han ei vinning er,  
bare eg trur på Kristus.  
Englar til Gud meg ber.

Jesus laut døden smaka.  
Det for oss alle var.  
Du vere evig lova  
at du vår dødsdom bar.

*1977 – Morgonandakt i NRK, biskop Juvkam*

## *Eg er so glad kvar påskehelg*

Eg er so glad kvar påskehelg,  
for då leid døden nederlag,  
om sterk han var, og diger.  
Eg er so glad i hjartans grunn  
når eg den ljose morgonstund  
kan minnast Jesu siger!  
mi sjel, syng sæl,  
høgt i fagnad,  
det hev dagna,  
soli skrider  
mot dei evig ljose tider!

Ein engel kom, som soli rein,  
og velta vekk den store stein,  
og braut det segl som stengde.  
Og Krist stod opp med guddomsmakt,  
den lekkja døden hadde lagt,  
med veldig kraft han sprengde.  
Ved han me kan  
evig leva,  
han vil gjeva  
livsens manna.  
Halleluja, hosianna!

Det tona ifrå englemunn,  
so sælt dei song den morgonstund:  
Han lever – Jesus lever!

Det tona høgt hin fyrste gong,  
snart andre kvad den same song:  
Han lever – Jesus lever!  
No kan kvar mann  
tru og vona,  
Jesus sona  
syndebrøden,  
stort han sigra yver døden.

Eg er so glad kvar påskehelg,  
då yver dødens djupe svelg  
vår Frelsar livsbru lagde.  
Hans hjarteblood til jordi flaut,  
men då han dødens giftbrodd braut,  
og helvet-hunden tagde.  
Fall no til ro!  
ljose lagnad,  
djupe fagnad:  
Krist har vunne,  
eg har evig siger funne.

*Fredlund 1. påskedag 1952*

### *Ei gyllen sol i hav gjeng ned*

Ei gyllen sol i hav gjeng ned.  
No famnar alt den store fred.

Ei aftan-sol gjeng ned i vest,  
og vitnar: Du er her ein gjest.

Ei morgon-sol gjeng opp or hav.  
Slik skal eg stiga or mi grav.

For Jesus yver døden vann,  
og opna veg til livsens land.

*2. påskedag 1951 – Fredlund–Løken*

### *Ein evig påskedag*

Med Jesus skal me feira  
ein evig påskedag.  
So skal med alltid vera  
med Herren Gud i lag.  
Den herleggjorde lekam  
og den fullkomne ånd  
skal æveleg få leva  
i livsens lyse land.

Det er so sæl ei framtid,  
meir rik enn me forstår:  
ein påskedag med Jesus  
i livsens sæle vår.  
Då skal vår sjel seg fryda  
og syngja til hans pris  
som opna vegen for oss  
til livsens paradis.

*1982 – Luthers bok for 22. april*

### *En levende Frelser*

Vi har en levende Frelser,  
og derfor et levende håp.  
Han for vår skyld måtte møte  
lidelsens angstfulle dåp.  
Himmelens Gud er forsonet,  
vegen er åpen og klar.

Kom da frimodig til Jesus,  
han som ditt sonoffer var!

Vi har en levende Frelser.  
Han er vår talsmann hos Gud.  
Vi står fullkomne i Jesus,  
i hans rettferdighets skrud.  
Kristus er Kyrios, Herren.  
Alt skal bli underlagt ham.  
Selv vil han fullende verket,  
Føre til himlen oss fram.

*1974 – Sørlandsbanen, påskebetraktning  
av Anders Hoas i "Utsyn"*

### *For eit lyshav påskemorgon!*

For eit lyshav påskemorgon  
ved vår Frelsars tome grav!  
Lat deg fanga inn av dette  
store, sterke ljøsens hav!

For eit lyshav utan like.  
Jesus Krist har gravi sprengt!  
No har hendt det store under,  
det som ingen hadde tenkt.

Dødsens natt, den dystre, døkke,  
treng det lys frå æva av.  
Lat deg fanga inn av dette  
store, sterke ljøsens hav!

Du med synd og svik og vonbrot  
treng den soning Jesus gav.

Lat deg fanga inn for evig  
av det store livsens hav!

*1977 – Prost Haakon E. Andersens  
påskeartikkel i "Vårt Land"*

### *Fortel meg meir om korset!*

Fortel meg meir om korset  
og det som hende der!  
Fortel meg om det offer  
som evig sæl meg gjer!  
Lat atter meg få høyra  
det store gledebod  
om han som syndi sona  
og gav sitt hjarteblod!

Fortel meg meir om korset,  
det store fredsforlik,  
so eg – ein fattig syndar,  
skal verta evig rik!  
Mi rekning han betalte,  
mi skuld, – so er eg fri.  
No vil eg honom lova  
i all mi levetid.

Fortel meg meir om korset,  
at han har fullført alt!  
Kva skal då eg vel gjera  
når skuldi er betalt?  
Jau, eg vil honom gjeva  
mitt liv, mi sjel, min song.  
So skal i fryd og fagnad  
eg skoda han eingong.

Fortel meg meir om korset,  
kvar dag på livsens ferd!  
Eg treng på nytt å høyra  
den soga dyr og kjær.  
Og når so dagen endar, –  
mi sol omsider glar, –  
fortel om Han på korset  
som mine synder bar!

1977 – Artikkel av Birger Breivik i Utsyns påskenummer

### *Frelserens siste hilsen*

Frelserens siste hilsen  
på korset sin store dag  
var seier: “Nå er det fullbragt!”  
Da mørket led nederlag.

Målet er nådd: “Det er fullført!”  
lød det fra Golgata.  
Nå toner det ut over verden  
et evig “viktoria”!

Så bøyde han hodet stille.  
Og Jesus gav opp sin ånd.  
Men seirende steg han fra graven,  
og sitter ved Guds høyre hånd.

1979 – *Natt*, George Johnsens bok

### *Fryd deg, Sions datter!*

Fryd deg storlig, Sions datter!  
Se, din konge kommer til deg.  
Fattig er han, full av frelse.

Rop av fryd et hosianna!  
Hils din konge varmt velkommen.  
Han er rik nok for ditt hjerte,  
evig vil din Konge være.

Fattig var han, full av frelse.  
Nå han eier jord og himmel,  
råder i all evighet.  
Og når verdensløpet ender,  
skal i herlighet han komme,  
dømme levende og døde.

April 1977

### *Gleden kjenner ingen grenser*

Gleden kjenner ingen grenser  
når vi hører påskens bud:  
Jesus lever, ja, han lever!  
Gud er en forsonet Gud.

Da får livet mål og mening.  
Når ved livets slutt vi står,  
har vi kun begynt å leve, –  
forsmak på en evig vår.

Vi er aldri mer alene.  
Jesus lever, – han er her,  
når vi fristes, kjemper, lider.  
Og i døden er han nær.

Da er den ei farlig lenger.  
For dens brodd er brutt for godt.  
Jesus oppstod, – vi skal oppstå.  
Da det store mål er nått.

Livet, det blir nytt her nede  
når vi på vår Frelser tror.  
Engang alle ting blir nye,  
på en ny, forklaret jord.

Han vil sammen med oss være,  
den oppstandne Jesus Krist,  
i vår helg og i vår hverdag,  
og i himmelen til sist.

Sammen med vår Gud og Frelser, –  
kristendommens gode bud.  
Jesus lever – vi skal leve!  
Evig lovet være Gud!

*Skjærtorsdag 1982 – Etter påskeartikkel  
i Vårt Land av biskop Sigurd Lunde*

### *Han måtte inn i natten*

Han måtte inn i natten.  
Han måtte inn i nøden, –  
Getsemane og Golgata, –  
ja, like inn i døden.

For oss han måtte lide –  
på korset og i hagen –  
men dødens lenker sprengte han,  
gikk ut i solskinns-dagen.

Nå lyset om oss flommer.  
Og vi er evig rike.  
I evighetens morgengry,  
da skal vi bli ham like.

Så vil vi høyt ham hylle,  
hver nådedag i tiden,  
lovsynge ham av hjertens grunn, –  
i evigheten siden.

*Tuddal 1976 – Radiogudsteneste frå Saltdal kyrkje,  
Arne Fylling*

### *Han opna døri inn til Gud*

Han opna døri inn til Gud,  
til livsens paradys,  
då han i blod på korset hang –  
den dagen dryg og tung og lang. –  
Me difor syng hans pris.

No er det open veg til Gud  
og inn til livsens tre.  
No hev me funne heim og hamn,  
ein kvilestad i Jesu namn.  
No finn me fryd og fred.

Me lever i so sæl ei stund,  
dei opne dørers tid.  
Inn til Guds truna kan me gå,  
for Jesu skuld all miskunn få,  
til siger i vår strid.

*1975 – Misjonssalen, ord av Gudmund Vinskei*

### *I Getsemane*

Du stridde sårt i hagen  
i natti skum og svart.



Me bur i solskinsdagen,  
i lyset blidt og bjart.

So sårt du måtte strida.  
Din svette draup som blod.  
For oss du hardt laut lida,  
i angstens heite glo.

Den beiske skåli fekk du  
å tøma, – og sa ja.  
Og sidan viljug gjekk du  
for oss til Golgata.

Mens månelysset flakka,  
du stridde sårt for oss.  
No kan me bare takka  
fordi du bar vår kross.

*Sjærtorsdag 1977 – Edland i Telemark*

### *Jesus betalte prisen*

Jesus betalte prisen.  
Min Gud, kor den kostbar var!  
Han sveitta blod, og på korset hang  
då verdas synder han bar.

Jesus betalte prisen.  
Hav takk at du gjorde det!  
Ja, takk at du gjekk den tunge veg  
og vann oss den dyre fred!

Jesus betalte prisen.  
Han ordna vår sak med Gud.

So får i æva eg vera fri,  
og eiga eit snøkvitt skrud.

*1978 – Lars Eritsland i “Mesteren er her”*

### *Jesus har ordna mi sak*

Jesus har ordna mi sak hos Gud,  
kler meg i skinande skrud.  
Halleluja.

Jesus har heila det sund eg braut.  
Blodet til soning på Golgata flaut.  
Halleluja!

Jesus har teke mi skuld på seg,  
opna til livet ein levande veg.  
Halleluja!!

Jesus har gjort at mi sak er god.  
Takk at på korset du ofra ditt blod!  
Halleluja!

*1981 – Morgonandakt i NRK, Siggen Myhre*

### *Jesus lever!*

Jesus lever! – Sæle sanning!  
Å, kor stort kvart morgongry  
minnast at han er i live.  
Då må tunge tankar fly.

Jesus lever! Største sanning  
i ei verd der døden rår!

Det ei ein som stort har sigra.  
Og hans siger, den er vår.

Jesus lever i sitt rike,  
går i forbøn for oss der.  
Gjerne vil han at hans vener  
alle skal få sjå han der.

Jesus lever! Eingong kjem han  
att i herlegdom og glans.  
Å, kor sælt å tru på honom,  
og so evig vera hans!

*1976 – Innskrift på eit grått plankegjerde  
når Høland-bussen kjører inn i Oslo*

### *Jesus lever! Ja han lever!*

Det lyder som ein mektig brus  
i påskemorgon-timar:  
Jesus lever! Ja, han lever!  
Høyr, livsens klokkor kimar!  
Han gav på korset sitt heilage blod.  
Men påskemorgon or gravi han stod.

Han sprengte alle dødens band  
med mektig guddomsvelde.  
Jesus lever! Ja, han lever!  
Guds fiendar er felde.  
No er det vår sterke, vår djupaste trong  
å hylla han høgt med ein sigers-song.

Det er ei sanning underfull,  
den sælaste i verdi:  
Jesus lever! Ja, han lever!

Det er vår fryd på ferdi.  
Sitt sonande blod han på korset gav,  
men påskemorgon han steig or si grav.

Ja, Jesus Kristus i live er!  
Og syndi har han sona.  
Jesus lever! Ja, han lever!  
No kan på han me vona.  
Og atter ein påskedag herleg renn.  
Då sigrande me opp or gravi stend.

*Påskemorgon 1976 – Tore Tunglands andaktsbok*

### *Jubla ut den sæle song!*

Rop det ut i verdi all!  
Jesus Kristus er oppstanden  
or gravi myrk og skum og kald!  
han sigra over dødens vald.

Syng i påskemorgon-gry:  
Jesus Kristus er oppstanden!  
For Jesu makt laut døden fly.  
Me fekk ein livsdag, evig ny.

Jubla ut den sæle song:  
Jesus Kristus er oppstanden!  
Sjå, ut han gjekk or gravi trong!  
Me sæle skal han sjå ein gong.

*1. påskedag 1981*

## *Korset – Guds kjærleiks ja*

Korset er Guds kjærleiks ja,  
himlens offergåva.  
Difor me for Golgata  
vil vår Frelsar lova.  
Blodet som på korset flaut,  
bøtte alt som sundt me braut.

Vreidens lyn frå kolsvart sky  
måtte Kristus kjenna.  
No han kan Guds smil oss by,  
fred som ei skal enda.  
Det er livd ved Kristi kors.  
Der ei domen råkar oss.

Alle innom korset må  
som vil livet vinna.  
Innmed korset lyt du stå  
vil du freden finna.  
Alt vart fullført der for deg.  
Legg om korset då din veg!

Ved det merket skal du visst  
vinna sigerskransen.  
Du som lit på Jesus Krist,  
stend i stråleglansen  
av ein dag som aldri dvin.  
Rettferdssoli evig skin.

*1958 – Hønefoss – Oslo*

## *Kristi krana*

Elska er Kristi krana,  
knytt av ein klunger-kvist,

då han for verdi blødde,  
kongen vår, Jesus Krist.

Aldri har nokon herre  
bore so kjær ein krans.  
No skin det glimesteinar  
evig i krana hans.

Herre, me høgt deg hyllar,  
no og i æve-år, –  
mest for den klunger-krana  
du bar for syndi vår.

*1954 – Etter gen.sekr: Duesunds morgenandakt*

## *Kristus skal skriva siste blad i saga*

Kristus skal skriva  
siste blad i saga.  
Og som i eldskrift  
skal dei ordi loga:  
”Sjå eg hev sigra,  
vunne yver verdi!”  
Kyrios Kristos!\*

Han er oppstaden, –  
fyrst han syndi sona;  
døden han gløypte;  
no me trygt kan vona.  
Det han hev vunne,  
vann han for oss alle.  
Kyrios Kristos!

\* Kristus er Herre

Pris han, du hav,  
og alle høge tindar,  
skinande snøfjell,  
og de solskins-vindar!  
Pris han, Guds folk,  
til jordi sine endar!  
Kyrios Kristus!

Sigrande skal han  
vidt om verdi fara,  
ættene vinna,  
vel si kyrkja vara.  
Snart kjem han att,  
sitt rike å fullenda.  
Kyrios Kristus!

No ved Guds høgref  
hand i himmelsalar  
sit han, vår hovding,  
og vår sak han talar.  
Sistpå skal alt  
og alle honom hylla,  
Kyrios Kristus!

*Hardangervidda. 1. påskedag 1964*

### *Kvar dag kan bli ein påskedag*

Kvar dag kan bli ein påskedag  
når bare me vil minnast  
at Jesus vann det store slag,  
lys levande iblant oss står.  
Det er ei sanning sterk og klår,  
den største som kan finnast.

Kvar dag kan bli ei påskehelg,  
for han stod opp, vår Frelsar,  
slo livs-bru over dødsens svelg.  
I audmjuk takk og von og tru  
me no kan gå på livsens bru.  
Velkomen han oss helsar.

So takkar me den Herre Krist  
som stridde og har vunne.  
Han vart for verdi livsens kvist.  
No skal me ikkje døden sjå,  
men sæle inn til livet gå.  
Ei evig sol har runne.

*1978 – Sinsen Terrasse stoppestad*

### *Kvifor græt du, konge på Oljeberget?*

Ein konge rid inn i Jerusalem.  
Han hadde so ring ei drakt.  
Eit lite esel, ein enkel klednad, –  
sjå, det var hans kongeprakt.

Ein konge rid inn i Jerusalem.  
Han stansar ei stund, i gråt.  
Kvi græt du, konge på Oljeberget?  
Kvifor er ditt kinn so våt?

Han veit kva som ventar: Getsemane, –  
og sidan kjem Golgata.  
Men grunnen til gråten er ikkje det.  
Kvi er du so lite glad?

Jau, folket som bur i Jerusalem,  
ei kjende si gjestings-tid.

Sjå, difor græt kongen på Oljeberget,  
på veg til den store strid.

Me hyllar deg, konge på Oljeberget.  
Me heidrar og helsar deg.  
Og evig skal tona vår takk til Jesus,  
som vandra den tunge veg.

*Palmesundag 1978 – Sinsen Terrasse stoppestad,  
på veg til Misjonssalen*

### *Me står med fryd ved Kristi grav*

Me står med fryd ved Kristi grav.  
Tomt er det mørke rom.  
Han er `kje der; den Herre Krist  
stod opp i herlegdom.

Me står med fryd ved Kristi grav.  
Han lever, Jesus Krist!  
Og aldri, aldri meir han døyr.  
Det veit me sant og visst.

Me står med fryd ved Jesu grav.  
Hans siger, den er vår.  
I tru på han ein påskedag  
og gravi ut me går.

Me står med fryd ved Jesu grav.  
Kvar dag me minnst kan:  
No døden mista hev sin brodd.  
Me går til livsens land.

*1973 – Møte Saron, Løken i Høland. Etter ord  
av Carl Fr. Wisløff.*

### *Me takkar for Golgata-verket*

Du har sona vår synd, Herre Jesus.  
Du ei blodig og naglemerkt hand  
ut frå korset på Golgata rekte  
då utfriing og frelsa du vann.

Du ein røvar tok med deg frå korset  
til ditt ljuvlege livs-paradis.  
No me tilbed deg, verdi sin frelsar,  
og me jublande syng til din pris.

Men det kosta langt meir enn me anar,  
oss å løysa frå synd og frå død.  
Men no går me med deg imot våren,  
du, vår livs-drykk, vårt levande brød.

Me i æva so lang skal deg lova  
at for oss du ditt hjarteblood gav.  
Me skal takka for Golgata-verket  
ved det store, krystallklåre hav. –

*1976 – Muselunden trikkesløyfe på Sinsen i Oslo*

### *No ei evig sol har runne*

Jesus lever! Me skal leva,  
no og sidan i all æva.  
Dødens makt er overvunnen,  
helheims fyrste basta, bunden.  
Og ein evig dag er runnen.

Jesus dødens lekkjer sprengjer,  
bryt seg gjennom alt som stengjer.

Me i han har siger vunne,  
og ein open himmel funne.  
No ei evig sol har runne.

*Påskemorgon 1977 – Edland i Vinje.  
Artikkel i Vårt Land av Otto Holmås.*

### *No korset står i stråleglans*

No korset står i stråleglans  
frå livsens sol.  
Vell og strøymer utan stans  
frå pol til pol.

So mørk den lange dagen var  
der korset stod.  
Og Jesu liding var so hard,  
med angst og blod.

No korset står i strålevell,  
og vitne ber  
at sonings-verket evig gjeld.  
Takk, Jesus kjær!

*1982 – Etter illustrasjon i bladet frå Liberty Corner*

### *Nå er du fri!*

Det tonar over all vår jord:  
No er du fri!  
Å høyr, å høyr det sæle ord!  
Jesus stridde all din strid.

Det tonar ifrå Golgata:  
No er du fri!

So tru det, tru det, takksam, glad!  
Jesus stridde all din strid.

Det tonar over verdi all:  
No er du fri!  
Seg ja, seg ja til himlens kall!  
Sæl du er til evig tid.

*Langfredag 1973 – Øivind Andersen i Norea Radio*

### *Nå ser vi fram til oppstandelsens dag*

Styrk min tro på oppstandelsens under!  
Intet er mer bekreftet enn den.  
La meg i nødens, anfektelsens stunder  
klamre meg til det, at du lever enn!

Takk at de sterkeste lenker du sprengte,  
døden – vår bitreste fiende – slo!  
Takk at du fjernet det skillet som stengte,  
synden som mellom vår Gud og oss stod!

Takk at du seirende står i Guds rike,  
elsker oss, ber for oss, taler vår sak!  
Takk, – vi skal se deg, og så bli deg like!  
Nå ser vi fram til oppstandelsens dag.

*1. påskedag 1982 – Trikk til Misjonssalen*

### *Over graven skinner håpet*

Over graven skinner håpet,  
når vi tror på Jesus Krist.  
Atter skal en påskemorgen  
livets seier gi til sist.

Han i lys gikk frem av graven.  
Da vår død forandret ble.  
Nå den er for oss en vinning.  
Det skal vi en gang få se.

Han tilintetgjorde døden,  
brøt dens brodd, hvor det er stort!  
Nå den kan ei mer oss stinge  
på vår vei til himlens port.

Han som gir oss håp, vi trenger,  
håp i natt og håp i nød,  
håp i frykt for alt som truer,  
håp i liv og håp i død.

Bare Jesus gir oss seier,  
han som døden overvant.  
Vi ei lenger er dens bytte.  
Ved hans død vi livet fant.

Jesus Krist er livets Herre.  
Hans oppstandelse er vår.  
Vi skal også triumfere,  
vi som leges ved hans sår.

### *Påskekløkkor kimar*

Ingen gjekk so tung ein gang  
som vår gode Frelsar.  
Difor gjennom æva lang  
takkesong han helsar.

Ingen bar so tung ei bær  
på dei trøytt herdar.  
Tornar sting, og foten blør.  
Takk, vår syndeberar!

Ingen sveitta blod som han,  
i den myrke hagen.  
Sterke skrik, – og tårer rann.  
Redsle-fylt var dagen.

Ingen bar ein klunger-krans  
som so sårt har stunge.  
No han skin i stråleglans, –  
rosor ut hev sprunge.

Ingen leid so djup ein kval  
i dei tunge timar.  
Soli steig or dødsens dal.  
Påske-klokkor kimar.

*Palmesundag 1965*

### *So er det sant*

So er det sant at Jesus lever.  
So er det sant at det har hendt,  
det største under i vår saga,  
som hev vår natt til dagning vendt.

So er det sant, – han er i live.  
Han råder no i himmelsk skrud.  
Eg sanna må, som forðum Tomas:  
Du er min Herre og min Gud!

På denne tru eg fast vil halda.  
Ho er mi trøyst, mi von, min song.  
I denne tru eg ut vil anda,  
og glad få møta han eingong.

*2. påskedag 1976*

## *Syng glade påsketonar!*

Tenk – Jesus lever, òg i dag!  
Han er deg nær, vil halda lag  
og hjelpa deg å strida.  
Han signar deg frå stund til stund  
og styrkjer deg i hjartans grunn  
når du lyt lengta, lida.

Ja, Jesus lever! Gled deg då!  
Kvar dag til han du opp får sjå.  
Han styrer livsens lagnad.  
Han Herre er til evig tid.  
Då er di framtid ljøs og blid.  
Snart skal for godt det dagna.

Kvar dag ein påskedag på jord!  
For Jesus lever, er vår bror,  
vår frelsar og forsonar.  
Han gjev oss all sin herlegdom  
og reider oss i himlen rom.  
Syng glade påsketonar!

1975

## *Ta påsken inn i din hverdag!*

Ta påsken inn i din hverdag,  
det salige gledebud  
at Jesus, din frelser, lever.  
Du har en forsonet Gud.

Ta påsken inn i din hverdag.  
Da fredfylt og god den blir.  
At Jesus, din frelser, lever,  
så herlig et håp det gir.

Ta påsken inn i din hverdag  
mens året ditt går mot høst.  
At Jesus, din frelser, lever,  
det gir imot døden trøst.

Ta påsken inn i din hverdag!  
Da makter du livets strid.  
Han lever, og du skal leve  
med Jesus til evig tid.

1977 – Bussen Løken–Lillestrøm

## *Takk at du døydde ogso for meg!*

Takk at du døydde ogso for meg,  
døydde for alle dei hine!  
Takk at du tok mine synder på deg!  
Takk for useielig pine!

Takk – du betalte ogso mi skuld.–  
Difor eg fri no kan standa –  
ikkje med sylv, og ei heller med gull.  
Blodkjøpt eg skuldfri kan anda.

Langfredag 1981 – Trikken til Misjonssalen

## *Takk at du villig ditt livsblod gav!*

Takk for Getsemanes bitre ve!  
Takk for din smerte på korsets tre!  
Takk at du villig ditt livsblod gav,  
siden stod opp fra den dunkle grav!

Takk at du kom til den arme jord,  
kom med det evige livets ord!



Takk at med frimod vi fram kan gå,  
engang det evige vårland nå!

*Langfredag 1982 – Trikken til Misjonssalen*

### *Takk for den fagre påskedag!*

Takk for den fagre påskedag,  
med sol ifrå gry til kveld.  
Over eit vaknande vårland  
livsbylgja brusar og vell.

Takk for den fagre påskedag!  
No soli gjeng gyllen ned.  
Takk for ditt kors, for gravi tom!  
No eig eg von, liv og fred.

*1. påskedag 1973*

### *Takk for tornekrona!*

Takk, Jesus, for tornekrona,  
som trufast du bar for oss!  
Takk at du syndi sona  
i liding på Golgata kross!

Takk, Jesus, for klungerkrona,  
som inn i di panne skar!  
No skal vår lovsong tona.  
Hav takk at vår byrde du bar!

Takk, Jesus, no tornekrona  
er bytt i ein ærekrans,

hos deg på di kongetrona  
skal stråla i æveleg glans.

*1975 – Ord av Ingrida i morgonandakten*

### *Takk til forsonaren*

Takk at ditt liv du gav for oss,  
hjartheblodet let fløyma!  
Gud no i kraft av Kristi blod  
syndi og skuldi kan gløyma.

Takk at du sprengde gravi di,  
opp stod i morgon-klåren.  
No er vår arv til evig tid  
livsfylden, voni og våren.

Takk at du gjekk den tunge veg,  
tornefull til det siste!  
No vil me alltid elska deg.  
Aldri me Jesus kan miste.

*Fredlund 1978 – Middags-kvild*

### *Takket være Jesus*

Guds nåde jeg eier,  
og hans fred,  
takket være Jesus  
som døde i mitt sted,  
og vant den store seier.

Guds barn får jeg være,  
arving med,

takket være Jesus  
som døden for meg led.  
Min synd han ville bære.

På klippegrunn står jeg,  
i Guds fred,  
takket være Jesus.  
Gud ser ham i mitt sted.  
Mot lysets rike går jeg.

*Mars 1978 – Ord av Engelsviken i Utsyns påskenummer*

### *Til alt var ordna*

Han vart her til alt var ordna,  
han vart her til alt var sagt.  
Og difor – då ut han anda –  
det lydde eit høgt “fullbrakt”.

Han vart her til alt var klåra  
og skuldi var heilt betalt.  
Då ut han på krossen anda,  
då hadde han sona alt.

I han kan me sjå Gud Fader, –  
i han ser Gud Fader oss.  
So vil me oss ikkje rosa  
av anna enn Kristi kross.

Fortapte me var – då tok han  
vår sak i si eiga hand,  
tok på seg vårt tunge ansvar,  
og løyste dei digre band.

Han veit kva det er å leva,  
han veit kva det er å døy.

Han døden for alle smaka,  
vann livet for mann og møy.

Han fører di sak igjennom, –  
so legg då di hand i hans.  
Ein dag han ditt hovud kronar  
med herlegdoms sigerskrans.

*1960 – “Ordet” av Kai Jensen i Kr. Dagblad*

### *Tornekrona*

Med i Jesu lidings-skål  
var ei klunger-krona.  
Men han henne bar med tål  
då vår synd han sona.  
Han vart spotta, pint og plaga,  
men han ikkje klaga.

Viljug var han, lydig, still,  
sjølv då hånord hagla  
og då dei i vondskap vill  
han til korset nagla.  
Tålig bar han tornekrona.  
Då vår synd han sona.

Jesus purpur-kappa bar,  
klungerkrans fekk bera.  
No den kvite drakt me har,  
og ei evig æra.  
Han for oss so hardt laut lida  
og til døden skrida.

Me som liv og frelsa fann,  
gjev han hyllings-kransen.

No i alle folk og land  
lyser morgonglansen.  
Hjartebloodet hans hev runne.  
Me hev freden funne.

Du som korset bar med tål  
og vår straff fekk bera,  
alle folk og tungemål  
gjev deg pris og æra.  
Me i tid og i all æva  
vil vår takk deg gjeva.

*1977 – T. Tunglands bok for 25. mars*

### *Trygt og godt ved Jesu grav*

Ved Jesu grav er trygt å stå.  
Der er min synd begravet.  
Der bølger det ustanselig  
et vell fra nådehavet.

Ved Jesu grav er godt å stå.  
Min død er overvunnet.  
Dens brodd er brutt ved Jesu død.  
Og livsens urt er funnet.

Så vil jeg stå ved Jesu kors,  
og ved hans grav i hagen.  
Der er jeg frelst, der er jeg fri.  
Og lys er framtidssdagen.

*1. påskedag 1979 – Heim på trikken  
frå Misjonssalen. Anders Hoas.*

### *Velsigna dag!*

Velsigna dag då Jesus kom til jord,  
og vart vår Frelsar, bergingsmann og bror!  
Det er det største som vår verd har hendt.  
Takk, store Gud, som har den gåva sendt!

Velsigna dag då på ein grov-hogd kross,  
på Golgata, han anda ut for oss!  
Då verdsens synd vart sont, vår skuld betalt.  
Takk, Jesus, takk at du oppretta alt!

Velsigna dag då Jesus opp att stod!  
No er vår framtid vonfull, lys og god.  
For døden overvunnen er for godt.  
Me evig liv og lækjedom har fått..

Velsigna dag når Jesus kjem igjen,  
og opp or gravi me forklåra stend.  
So skal me evig bu i lag med han,  
ein dag som aldri døyr, i livsens land.

*1980 – Etter ord av Ingfrida Vorpbuk,  
då eg såg om henne på Lille Tøyen sykehjem*

### *Ver helsa kors!*

Ave crux, spes unica!  
Ver helsa, kors! Mi von du er,  
den einaste i denne verd,  
velsigna kors på Golgata!

Ave crux, spes unica!  
Der Frelsaren for meg har blødt.  
Der vart min djupe skade bøtt.  
No er eg løyst. No er eg glad.

Ave crux, spes unica!  
So mange bryr seg ei om deg.  
Du er mi von på livsens veg,  
mitt lys når eg farvel skal ta.

Ave crux, spes unica!  
Eg lova skal i æva lang  
min Frelsar som på korset hang.  
Hav takk, o Gud, for Golgata.

*Fastelavenssundag 1975*

### *Vi hilser hverandre med gledens ord*

Vi hilser hverandre med gledens ord:  
Jesus er oppstanden!  
Et jubelrop høres i syd og nord:  
Ja, han er oppstanden.

Vi hilser hverandre med gledens bud:  
Herren Jesus lever!  
Vi jublende lovsynger allmaktens Gud.  
Ja, vår Frelser lever!

Vi hilser hverandre med hellig kvad:  
Døden er beseiret!  
I tro på den levende jubler vi glad:  
Ja, den er beseiret!

Vi hilser hverandre i håp og tro.  
Også vi skal leve!  
I lysets og livets land skal vi få bo.  
Evig skal vi leve!

*1977 – Prost Haakon E. Andersens artikkel  
i Vårt Lands påskenummer*

### *Vi skylder Golgata en takk*

Vi skylder Golgata en takk, –  
der stod så hard en strid.  
Der fløt vår Frelasers hjerteblod.  
Der kjøpte han oss fri.

Vi skylder Golgata en takk, –  
der ble vår sak gjort god.  
Der sloktes vredens varme brann.  
Og den ble slokt med blod.

Vi skylder Golgata en takk, –  
der brutt ble dødens brodd.  
Men først i Jesu hjerte inn  
gikk denne kvasse odd.

Så hvelver seg et herlig håp,  
ved Jesu sonings-strid.  
Vi skylder Golgata en takk,  
en takk til evig tid.

*1967 – Søster Sigrid, i eit vitnemål på “Saron”, Høland*

### *Voni om ein evig morgon*

Lys og lang var påskedagen.  
Men no sig ei sol bak fjelli.  
Dermed er for godt han enda.  
Gud som ville dagen senda,  
deg me lov og takk vil gjeva  
at i voni me får leva, –  
voni om ein evig morgon.

For vår Frelsar stort har vunne  
over døden, over gravi.  
Først han verdsens synder sona.  
Glade kan på han me vona  
på ein dag som aldri endar.

*Påskedag 1977 – Etter solefall, Edland i Vinje*

### *Å du – for fryd!*

Å du for fryd – vår frelsar lever!  
Kor stort å minnast det kvar dag!  
No sit han ved Guds høgre sida.  
Med sine vener held han lag.

Han er vår prest i heilagdomen,  
i forbøn for oss alltid går,  
gjer gjeldande sitt store offer  
og syner sine sonings-sår.

Me står for Gud i Jesu rettferd, –  
det reine, kvite, klåre skrud. –  
I denne drakt, som Jesus vann oss,  
kan me frimodig møte Gud.

Ja, det er fryd – vår Frelsar lever!  
Lys levande iblant oss går.  
Ved han me sigrar over døden,  
og sistpå paradiset når.

*1979 – Parken–heim*

### *Å, sæle jord som fekk ein påskedag!*

Å, sæle jord som fekk ein påskedag!  
Å, sæle ætt som såg den morgon grydde,  
då dødsens kalde, svarte skuggar flydde  
og vunne var det lagnadstunge slag!

Å, sæl kvar ein som fekk den tidend god  
at påskesoli er for evig runni  
og livsens urt til lækjedom er funni,  
og syndi sona ved det dyre blod!

Vel må me enno millom graver gå,  
og hjarteblodet vårt til sist må isna.  
Men livsens urt skal aldri, aldri visna.  
For Kristi skuld me paradis skal nå.

So skin då, påskesol, på vårsnø-lin!  
Og du, mitt hjarta, syng om din Forsonar!  
Eg høyrer alt dei sæle sigers-tonar.  
Og morgonstjerna alt i auster skin.

*Påskedags kveld 1947 – Det har klårna, og eg ser soli  
som går ned bak skogen*

## PINSE

### *Pinse på jord*

Det vert pinse på jord  
når Guds skapande ord  
gjer si gjerning i hjarta si mold.  
Det vert blom, det vert frukt  
ved Guds nåde og tukt,  
det vert skinande, fullmogne foll.

Utan pinse og vår  
vinter-vindande rår.  
Ikkje kjærleik, men ugraset gror.  
Herre, Anden din send  
over by, over grend,  
ved ditt veldige, levande ord!

Me treng pinse på jord,  
langt i sør, høgt i nord.  
Einast Anden kan fylla vår trong.  
Han gjev liv, han gjev vår,  
so mot himlen me går,  
med ein vonfull og sigrande song.

*Mai 1968 – Kontoret*

### *Pinsedag – en deilig dag*

Pinsedag – en deilig dag!  
Inn i Guds hjerte ser vi.  
For Ånden oss viser Guds hjertelag.  
Omssluttet av kjærlighet er vi.

Pinsedag – Guds gode Ånd,  
vår talsmann og forsvarer,  
til himlen oss knytter med sterke bånd,  
vår Herre og frelser forklarer.

Pinsedag – du livets fest!  
Vår takk og lovsang toner.  
Den Hellige Ånd er vårt hjertes gjest,  
og Faderen og vår forsoner.

Gud skje lov for pinsedag,  
det håp den med seg bringer!  
Med ham skal vi evig få bo i lag.  
Hør, himmelens klokker alt ringer!

*1. kvitsundag 1978 – Prost Håkon E. Andersen  
i NRKs gudsteneste frå Sandnes*

## 17. MAI

### *Bøn for fedrelandet*

Herre, eit underfullt land du oss gav,  
signa det rikt ifrå hei og til hav!  
Lyset har skine i tusen år,  
gav til vårt heimland den gode vår.

Her fekk me anda i fridom og fred,  
onna frå dagsprett til soli gjekk ned.  
Her fekk me odla den gode jord,  
høyra det evige livet sitt ord.

Herre, vår Gud, hald di mektige hand  
vernande, signande over vårt land!  
Lat ikkje mørket si nifse natt  
øyda vår dyre, vår evige skatt!

Herre, din nåde mot Noreg var stor.  
Enno i landet vårt lyser Guds ord.  
Mørket oss møter, – Gud, lat di hand  
verna, velsigna vårt Noreg, vårt land!

1975

### *Bøn for fedrelandet*

Ta vårt folk i di forvaring,  
store Gud og gode Far!  
Signe du kvar heim i landet,  
kvar ei grend og kvar ein gard!  
Myrke makter vil oss herja.  
Herre, du må Noreg verja!

Kristenarven som du gav oss,  
hjelp oss han å vakta vel!  
Å, må ingen ta ifrå oss  
voni for vår dyre sjel!  
Utan deg me døyr og dårnar.  
Lys og liv hjå deg me lånar.

Lysestaken som du eingong  
planta høgt på Noregs fjell,  
lat han skina yver landet  
alt til siste tidar-kveld!  
Når me so gjeng inn i æva,  
skal hjå deg me sæle leva. –

April 1967

### *Den venaste duken i verdi*

Den venaste duken i verdi  
er flagget i raudt, blått og kvitt.  
Det vitnar so reint og so vakkert  
at Noreg, vårt heimland, er fritt.

Den kjæraste duken i verdi  
er flagget i raudt, kvitt og blått.  
Det minner, – med korset som midtpunkt:  
So fager ein arv har me fått.

Ha takk for det kors-prydde merket!  
Ha takk for det allfagre land!  
Gud verne i miskunn vårt Noreg!  
Gud signe kvar møy og kvar mann!

17. mai 1979 – Såg i TV barnetoget i Oslo

## *Det største som heimlandet hendte*

Det var en ufattelig nåde  
at Guds evangelium kom  
til Norge for tusen år siden, –  
hans lys fikk i hjertene rom.

Det største som heimlandet hendte, –  
da mørket var stort her i nord:  
Den Kvite Krist selv kom til Norge,  
oss gav sitt livsalige ord.

Historiens Herre vi takker.  
Han gav oss det salige bud.  
Vi lykkelig lever på jorden.  
Til sist får vi hjemlov til Gud.

*1979 – Ord av Kai Sveistrup på misjonsfest  
i "Salen", Ullerøy*

## *Eit fint forma land*

Skaparens hand,  
so fint har ho forma  
vårt veldige land.  
Det skifter med syner  
frå sud og til nord,  
med skogar og sjøar,  
med fjell og med fjord, –  
so festleg og fagert  
i sumarens skrud.  
Ei gåva frå Gud.

Glitrande sol  
velsignar vårt heimland  
her høgt under pol.  
Det grønkar i hagar,  
i åker og eng.  
Ei livs-elv so stilt  
gjennom landet vårt gjeng.  
Men kjærast av alt  
i vårt Noreg her nord:  
Guds evige ord.

For Noreg, vårt land,  
historias Gud  
me ei fulltakka kan.  
Kor stort å få bu  
i den bygd under pol,  
der strålane strøymer  
frå lækjedoms-sol!  
Kor sælt å sjå fram  
mot ein æveleg dag  
med himlen i lag!

*1979 – Bussen Fetsund–Fjellsrud.  
Siste vers Olsok-dagen.*

## *Gud har gitt oss dette landet*

Gud har gitt oss dette landet  
i det høge nord.  
Fagert er det utan like, –  
blide bygder, fjell og fjord.  
So me vil vår skapar lova  
for den gåva gild og stor.



Gud har gitt oss dette landet  
i det gamle nord.  
Her har våre fedre bygt det,  
og her budde far og mor.  
Største skatten i vårt heimland  
er det gode livsens ord.

Gud har gitt oss dette landet  
i det frie nord.  
Enno vaknar nye vårar.  
Livet lyser, blømer, gror.  
Herre, takk for fedrelandet.  
Mest hav takk for livsens ord!

*17. mai 1980 – Morgon-fest på Fjellhaug,  
ord av husmor Birgit Svindland*

### *Gud, signe vårt land!*

Gud, signe det land du har gitt oss,  
vårt Norge, her høgt imot nord!  
Ha takk for det land som er blitt oss  
den kjæreste heimen på jord.

Her fedrene bygde og bodde,  
og ryddet i troskap vår jord.  
Og folket på Kvitekrist trodde  
og æret hans evige ord.

Og ennå er Norge det samme,  
med skoger og fjorder og fjell,  
med nordlysets luende flamme  
og fossenes doggriske vell.

Gud signe vårt land under polen  
i kommende aldrer og år!  
Må livslyset skinne som solen!  
Gud, må vi ei miste din vår!

*1981 – Sinsen Terrasse stoppestad, bussen til Fornebu*

### *Noreg – eit lite land?*

På kartet er Noreg eit lite land.  
I allheimen er det eit korn av sand.  
Og lell er vår bygd i det høge nord  
so vid og so veldig, so ovleg stor.

Du dreg gjenom landet frå vest mot aust,  
og skogane strekkjer seg endelaust.  
Og dalane dryge og lange er.  
Av høg fjell so hev me ein mektig hær.

Og øyar og fjordar i tusundtal.  
Bre-elveane glid i den djupe dal.  
Sjå, sjøane blenkjer, ei tallaus mengd.  
Og lidene ligg der, i mile-lengd.

Og frå dette landet, som mest kjem bort  
på verds-kartet, det kom noko stort.  
Til fjernaste kystar gjekk fagnadbod  
om himmelens rike, ein tidend god.

Gud valde seg tidt det som lite er,  
til signing stor for den vide verd.  
So takkar me han for vårt fedreland,  
med himmelens lys over fjell og strand.

*1978 – Toget Hønefoss–Grefsen*

### *Takk for det allfagre heimland!*

Takk for det ljuvlege heimland,  
med sommar og vinter og vår!  
Og ikkje me hausten må gløyma,  
med himmelen høg-kvelvd og klår.

Takk for det allfagre heimland,  
der nattsoli strålar og skin,  
og nordlyset logar og leikar, –  
kring tinden ligg lysande lin.

Takk for det draumvene Noreg,  
med skogar og flyer og fjell,  
med dalane djupe og dryge,  
og elvar der fossane fell!

Takk for det allgode landet,  
med fridom og fred her i nord.  
Mest takk for den skinande skatten:  
Guds evige, lysande ord!

Takk for det heimland du gav oss,  
at her me får byggja og bu,  
sjå fram mot vårt evige heimland!  
Det er vår ljuvlege tru.

*Mai 1977*

### *Takk for det draum-vene Noreg!*

Dagen i dag var so ljøs og lang.  
Vårsoli spela høgt over vang,  
glitra og glima og skapa fest.  
No stend ho strålande langt i vest.

Dagen i dag var vår fridomsdag.  
Småborni jubla og lo i lag.  
Flagget, det blakra høgt på si stong.  
Fagert han tona, vår fridoms-song.

Hagane stod med eit blome-vell.  
Skin enn i kvelden den kvite eld.  
Bjørkene stod i sitt skire skrud.  
Skapningi høglovar livsens Gud.

Herre, hav takk for det fagre land!  
I hjarto det logar ein lukke-brand.  
Takk for det draum-vene Noreg her nord!  
Mest takk, vår skapar, for livsens ord!

*17. mai 1974*

### *Takk for det gode landet!*

Takk for det fine landet,  
med skifting frå nord til sud,  
med høg fjell og fjordar og skinande bre  
og skogen sitt grønkande skrud.  
Ein blånande himmel over.

Takk for det gilde landet,  
med romslege, trygge kår!  
Her fekk me anda i fagnad og fred,  
i fridom frå år og til år,  
med æveleg himmel over.

Takk for det gode landet,  
som lyser langt oppe i nord!  
Mest me deg lovar, vår store Gud,

for livet og lyset sitt ord, –  
ein himmel som ventar og vinkar. –

*Palmesundag 1974 – På veg ned frå fjellet til Tonstadli*

### *Takk for kristen arv i Noreg!*

Takk for kristen arv i Noreg,  
gullet som i aldrar gleim!  
Herre, takk for lysestaken!  
Takk for kvar ein kristen heim!

Takk for kristne pilegrimar,  
vandringsmenn i by og bygd!  
Takk for dei som varleg vandra,  
audmjukt, stilt, i tru og dygd!

Takk for kvart eit tårn som tøyer  
seg mot himlen høg og blå!  
Takk for alle bønnetempel  
med den enkle krossen på!

Herre, må den dyre arven  
auka i dei nye år!  
Må vårt Noreg alt til enden  
eiga livsens fagre vår!

*1973 – Etter vene-samvær hjå grosserar Olav Østebo*

### *Takk for vårt heimland*

Herre, hav takk for vårt heimland.  
Me fekk det so fint og so fritt.  
Kor stort å få seia at Noreg,  
det landet er ditt! Det er mitt!

Me fekk det med skogar og sjøar.  
Me fekk det med fjordar og fjell.  
Me fekk det med lauvkledde lider,  
med flyer og fossande vell.

Me fekk det med sommar og vinter,  
med haust og den venaste vår.  
Me fekk det med sol og med stjernor,  
med nordlys og nysnøen klår.

Me fekk det med tusentals heimar,  
med unge og gamle, og born.  
Me fekk det med tonen frå himlen.  
Det kimar frå korsprydde tårn.

Me takkar deg, Herre, for Noreg.  
Kor stort at me her skal få bu!  
Kor sælt at me her skal få anda  
i kjærleik, i von og i tru!

*1977 – Toget Drammen–Holmestrand. Siste vers i  
Holmestrand kyrkje. Vart lese i kyrkja same kvelden.*

### *Vi har det så godt i Norge*

Vi har det så godt i Norge.  
Så takker vi vel for det, –  
for tusenårs kristent arvegull,  
for frihet og landefred?

Så mange i verden vide  
som vi gav det glade bud,  
takknemlige ber for Norges land,  
til himmelens store Gud.

Kan hende at det er derfor  
vi har det så godt og fritt?  
Så må vi ei glemme å takke ham  
for det land som er ditt og mitt!

*1982 – Ord av misjonær Johs. Eiken under  
generalforsamlinga i Ekeberghallen*

### *Vis vyrdnad for Noregs grunnlov!*

Vis vyrdnad for Noregs grunnlov,  
den dyre og fagre skatt,  
som Eidsvolls-mennene gav oss  
då landet fekk fridomen att!

Vis vyrdnad for ferdrearven,  
som Kvite Krist Noreg gav!  
Me må 'kje den perla kasta  
i lettsinn i djupe hav!

Vis vyrdnad for Noregs banner,  
vår freds og vår fridoms tolk!  
Vis vyrdnad for Noregs merke,  
du friborne norske folk!

*1975 – Etter eit bilete i Aftenposten*

### *Vårt allfagre land*

So useieleg vent er det land me har fått.  
Det oss møter i gull og i grønt og i blått.  
Og det lyser imot oss i skinande kvitt,  
og eg minnest med takk: Dette landet er mitt.

Her har fedrande onna og heimane bygt,  
ifrå ætt og til ætt sat på tuftene trygt.  
Stundom møtte dei motgang og uår og strid.  
Atter stormane stilna, og sjøen låg blid.

Her skein lyset frå himmelen år etter år,  
og i hjarta brann freds-logen fager og klår.  
Kyrkjeklokkone kalla og kima frå tårn.  
Fagnadbodet gav livs-von til gamle og born.

Dette allfagre land som seg lyfter or hav,  
er ei gåva so dyr som oss himmelen gav.  
Her er godt å få anda, på Kvitekrist tru.  
Herre, takk at i Noreg, vårt land, me får bu.

*1975 – Toget Drammen–Kongsberg, på veg til 20 års  
jubileum på Kvitsund*

## HØSTTAKKEFEST

### *Vær lovet, vår Far i det høge!*

Melodi: Du kan ikke tro

Vår Gud som gir grøde og fullmoden frukt, –  
et under av allmaktens hender, –  
når sommerens skinnende soltid er slukt,  
en tone av takk vi deg sender.  
Vær lovet, vår Far i det høge.

Fra år og til år åpner rikt du din hånd,  
oss metter med godhet og nåde.  
Du gir oss din himmelske Hellige Ånd,  
oss trøster i ve og i våde.  
Vær lovet, vår Far i det høge!

Vi kastet vårt korn i den vårvarme muld, –  
det ble til den fagreste grøde.  
Og grenen av solmodne frukter ble full, –  
til glede og gavn og til føde.  
Vær lovet, vår Far i det høge!

Hvor stort å få være med himlen i pakt,  
med hellige, gudgitte lover!  
Hvor stort å få skue hans visdom og makt  
som modner mens mennesker sover!  
Vær lovet, vår Far i det høge!

Så gir vi med glede av det du oss gav,  
et kjærlighets-offer tilbake, –  
med takk for et grenseløst miskunnhets hav, –  
at vi fikk din kjærlighet smake.  
Vær lovet, vår Far i det høge!

## ALLEHELGENSDAG

### *Allehelgensdag*

Heilt utan sol var allehelgensdagen,  
men sistpå klårna han – då det vart kveld.  
Og som eg gjekk og rusla her i hagen,  
det strøymde mot meg, dette skire vell.

So fall den siste skimten yver hekken,  
og yver tagal skog i austerli.  
Og ein og annan strålen nådde bekken  
som fór med haustkaldt vatn so snøgt forbi.

So stend eg her i allehelgensdagen,  
alt medan soli nærmar seg sin skog.  
Velsigna smil som fann meg her i hagen! –  
ei helsing ifrå deim som fyre drog?

*1950 – Fredlund i solefallet*

### *Det ventar ei evig sabbats-helg*

Melodi: Jeg vet meg en søvn i Jesu navn

Det venter ei evig sabbatshelg,  
med kvila ved livsens kjelda.  
Kor stort å få minnast denne dag  
når det her på jord skal kvelda!  
Kor sælt å få bu i paradís,  
der straumar av vår skal vella!

Det ventar ei evig sabbatshelg.  
Vår Frelsar har henne vunne.  
På Golgata kors for syndi vår  
hans blod har til soning runne.

Han stridde so sårt, til døden trøyyt.  
Hans kvila me no har funne.

Det ventar ei evig sabbatshelg.  
Dit opp me i lengting stundar.  
Den lengsla vert meire djup og sterk  
når år etter år me rundar.  
Me pilgrimar er på jordi her.  
På Jesus vår von me grunnar.

Det ventar ei evig sabbatshelg.  
Det ut imot æva lakkar.  
I voni me gled oss når me gjeng  
dei tunge og bratte bakkar.  
For paradiskvila ljuv og god  
vår Gud me i æva takkar.

Det ventar ei evig sabbatshelg  
når ferdi på jord er enda.  
Kor sælt: me skal der ved livsens elv  
ei fullkomen kvila kjenna!  
I år utan ende hos vår Gud  
skal kjærleikens loge brenna.

*1977 – Allehelgensdag, T. Tunglands bok*

## *Sjå han som han er*

Ei stjerna skin der framme,  
på pilegrimens ferd:  
Eg skal min Frelsar møta,  
og sjå han som han er.

Eg gled meg til å famna  
kvar ven, kvar kjend og kjær, –  
men størst å møta Jesus,  
og sjå han som han er.

I voni er eg salig,  
alt no uend'leg rik, –  
men størst å sjå min Frelsar  
og verta honom lik.

Det vert vår største sæla:  
å sjå han som han er,  
og so – i alle ævor –  
å vera Jesus nær. –

*1967 – Allehelgensdag i Forbundssalen,  
Tore Tunglan*